# Årsmelding 2025 Vestland fylkeskommune

## Innhald


Årsmelding 2025 Vestland fylkeskommune ... 1
Om årsmeldinga ... 9
Fylkesdirektøren har ordet ... 9
Vi utviklar Vestland ... 11
Oversikt over planar ... 11
Status på planarbeidet ... 12
Berekraft ... 12
Berekraftsindikatorar ... 12
Berekraftig samfunnsutvikling er godt folkehelsearbeid ... 13
Arbeid med helsefremming i Vestland tannhelseteneste ... 13
Økonomirapportering drift ... 14
Totaloversikt økonomi ... 14
Sentrale inntekter ... 15
Sentrale utgifter ... 15
Finansinntekter og -utgifter ... 16
Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar ... 16
Utvikling i netto driftsresultat ... 16
Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde ... 19
Utvalde tal frå balansen ... 19
Premiss for løyving ... 20
Investeringar ... 22
Status investeringar aggregert ... 23
Bygg, eigedom og fellesfunksjonar ... 23
Fylkesveg ... 23
Mobilitet og kollektiv ... 23
Oversikt investering og finansiering ... 24
Oppfølging av vedtak og oppdrag ... 25
Status oppdrag ... 25
Verbalvedtak (P) ... 25
Personal og organisasjon ... 39
Om organisasjonen ... 39
Årsverk ... 39

Likestilling - Løn ... 40
Likestilling ... 41
Status for likestilling mellom kjønna ... 41
Arbeid for likestilling og mot diskriminering ... 47
Helse, miljø og sikkerheit ... 50
Kvalitetsstyring ... 51
Sjukefråvær ... 52
Nærværstiltak og oppfølging ... 52
Internkontroll ... 54
Samfunnssikkerhet og beredskap ... 54
Overordna sikkerheit og beredskap ... 55
IKT-sikkerheit ... 55
Personvern ... 55
Varsling ... 56
Etikk, habilitet og antikorrupsjon ... 56
Statleg tilsyn ... 57
Status sjekkliste ... 58
Overordna status Vestland fylkeskommune ... 58
Status sjekklistekategoriar ... 59
Klima og natur ... 63
Samandrag ... 63
Energi og klima – status i Vestland 2025 ... 63
Klimafotavtrykket til Vestland fylkeskommune som verksemd ... 64
Korleis ligg vi an mot klimamåla? ... 65
Klimarisiko ... 65
Naturen i Vestland – verd å ta vare på ... 65
Areala i Vestland ... 66
Naturkonsekvensar til Infrastruktur og veg samt Eigedom og utbygging ... 67
Vann og marine ressursar ... 67
Status klimaoppdrag ... 67
Andre samfunnseffekter ... 67
Direkte utslipp ... 71
Indirekte utslipp ... 79
Fylkeskommunen sine rammeområde ... 85
Politisk styring og kontrollorgan ... 85

Organisering ... 85
Skildring av rammeområde ... 85
Politisk styring ... 85
Fylkestinget i Vestland 2023–2027 ... 85
Møte og saker i folkevalde organ ... 86
Kontrollutvalet ... 87
Status økonomi i rammeområdet ... 88
Kommentar til status økonomi ... 88
Organisasjon og økonomi ... 89
Organisering ... 89
Skildring av rammeområde ... 89
Status økonomi i rammeområdet ... 89
Kommentar til status økonomi ... 90
Grafar Økonomi ... 90
Resultat og vesentlege forhold ... 90
Strategiar ... 90
Status politiske vedtak ... 91
Årsverk ... 92
Forklaring til årsverk ... 92
Sjukefråvær ... 93
Status sjukefråvær og HMS ... 93
IKT og digitalisering ... 94
Organisering ... 94
Skildring av rammeområde ... 94
Status økonomi i rammeområdet ... 94
Kommentar til status økonomi ... 95
Grafar Økonomi ... 95
Status økonomiplantiltak ... 95
Status investeringsprosjekt ... 97
Resultat og vesentlege forhold ... 97
Strategiar ... 97
Samla vurdering strategiar ... 97
Status politiske vedtak ... 97
Årsverk ... 98
Forklaring til årsverk ... 98

Sjukefråvær ... 98
Status sjukefråvær og HMS ... 98
Organisering ... 99
Skildring av rammeområde ... 99
Status økonomi i rammeområdet ... 99
Kommentar til status økonomi ... 100
Grafar Økonomi ... 100
Status økonomiplantiltak ... 100
Status investeringsprosjekt ... 101
Samandrag status investeringar ... 102
Resultat og vesentlege forhold ... 102
Strategiar ... 103
Samla vurdering strategiar ... 103
Status politiske vedtak ... 104
Årsverk ... 106
Forklaring til årsverk ... 106
Sjukefråvær ... 107
Status sjukefråvær og HMS ... 107
Tannhelse ... 108
Organisering ... 108
Skildring av rammeområde ... 108
Status økonomi i rammeområdet ... 109
Kommentar til status økonomi ... 109
Grafar Økonomi ... 109
Status økonomiplantiltak ... 109
Status investeringsprosjekt ... 111
Resultat og vesentlege forhold ... 111
Strategiar ... 111
Samla vurdering strategiar ... 112
Status politiske vedtak ... 112
Samla vurdering - Oppdrag ... 112
Årsverk ... 112
Forklaring til årsverk ... 112
Sjukefråvær ... 113
Status sjukefråvær og HMS ... 113

Næring, plan og innovasjon ..... 114
Organisering ..... 114
Skildring av rammeområde ..... 114
Status økonomi i rammeområdet ..... 115
Kommentar til status økonomi ..... 115
Grafar Økonomi ..... 115
Status økonomiplantiltak ..... 116
Resultat og vesentlege forhold ..... 117
Strategiar ..... 118
Samla vurdering strategiar ..... 118
Status politiske vedtak ..... 118
Årsverk ..... 128
Forklaring til årsverk ..... 128
Sjukefråvær ..... 128
Status sjukefråvær og HMS ..... 128
Opplæring og kompetanse ..... 129
Organisering ..... 129
Skildring av rammeområde ..... 129
Status økonomi i rammeområdet ..... 129
Kommentar til status økonomi ..... 130
Grafar Økonomi ..... 130
Status økonomiplantiltak ..... 131
Status investeringsprosjekt ..... 134
Resultat og vesentlege forhold ..... 134
Gjennomføring ..... 134
Elevundersøkinga 2025/26 ..... 134
Lærlingundersøkinga ..... 136
Opplæring i bedrift ..... 140
Resultat og analyse frå opplæringssektoren ..... 140
Strategiar ..... 140
Status politiske vedtak ..... 140
Årsverk ..... 143
Forklaring til årsverk ..... 144
Sjukefråvær ..... 144
Kultur og folkehelse ..... 145

Organisering ..... 145
Skildring av rammeområde ..... 145
Status økonomi i rammeområdet ..... 145
Kommentar til status økonomi ..... 145
Grafar Økonomi ..... 146
Status økonomiplantiltak ..... 146
Resultat og vesentlege forhold ..... 147
Strategiar ..... 149
Samla vurdering strategiar ..... 149
Status politiske vedtak ..... 149
Årsverk ..... 151
Sjukefråvær ..... 151
Status sjukefråvær og HMS ..... 151
Mobilitet og kollektivtransport ..... 152
Organisering ..... 152
Skildring av rammeområde ..... 152
Status økonomi i rammeområdet ..... 153
Kommentar til status økonomi ..... 153
Grafar Økonomi ..... 153
Status økonomiplantiltak ..... 154
Status investeringsprosjekt ..... 156
Samandrag status investeringar ..... 156
Resultat og vesentlege forhold ..... 156
Strategiar ..... 158
Samla vurdering strategiar ..... 159
Status politiske vedtak ..... 160
Årsverk ..... 167
Forklaring til årsverk ..... 167
Sjukefråvær ..... 167
Status sjukefråvær og HMS ..... 168
Infrastruktur og veg ..... 169
Organisering ..... 169
Skildring av rammeområde ..... 169
Status økonomi i rammeområdet ..... 169
Kommentar til status økonomi ..... 170

Grafar Økonomi ... 170
Status økonomiplantiltak ... 170
Investeringar ... 171
Samandrag status investeringar ... 173
Resultat og vesentlege forhold ... 174
Strategiar ... 174
Samla vurdering strategiar ... 175
Status politiske vedtak ... 176
Årsverk ... 183
Forklaring til årsverk ... 183
Sjukefråvær ... 183
Status sjukefråvær og HMS ... 183
Årsrekneskap ... 184
Fullstendeerklæring frå leiinga ... 184
Uttale frå revisjonen ... 184
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd ... 184
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd ... 185
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd ... 186
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd ... 187
1. Investeringar i varige driftsmidlar ... 187
2. Tilskot til andre sine investeringar ... 191
3. Investeringar i aksjar og andelar ... 192
4. Utlån ... 192
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6 ... 193
Balanserekneskap - § 5-8 ... 194
Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar etter § 5-9 ... 196
Note 1 - Endring i arbeidskapital ... 198
Note 2 - Kapitalkonto ... 199
Note 3 - Vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp ... 200
Note 4 - Varige driftsmidlar ... 201
Note 5 - Aksjar og andelar ... 202
Note 6 - Utlån (finansielle anleggsmidlar) ... 205
Note 7 - Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar ... 206
Note 8 - Sikring av finansielle eigendelar og forpliktingar ... 206
Note 9 - Lån ... 207

Note 10 - Avdrag på lån ... 207
Note 11 - Pensjon ... 208
Note 12 - Garantiar gitt av fylkeskommunen ... 209
Note 13 - Vesentlege bundne fond ... 211
Note 14 - Sjølvkost ... 212
Note 15 - Sal av aksjar ... 213
Note 16 - Ytingar til leiande personar ... 213
Note 17 - Revisjon ... 213
Note 18 - Forskottering av fylkesvegar ... 213
Note 19 - Resultatoppstilling for maritime og offshorerelaterte sikringskurs ... 214
Note 20 - Tannhelsetenesta ... 215
Vedlegg ... 216
Energi og klima ... 216
Klimarekneskap for fylkeskommunen som verksemd ... 217
Nøkkeltal for direkte utslepp ... 219
Nøkkeltal for indirekte utslepp frå energi ... 220
Nøkkeltal for indirekte utslepp knytt til innkjøpte varer og tenester (scope 3) ... 223
Ressursbruk og sirkularitet ... 231
Klimarisiko ... 233
Natur og areal ... 234
Naturen i Vestland – Verd å ta vare på ... 234
Areala i Vestland - Arealrekneskap for planlegging og forvalting ... 235
Vatn og marine ressursar ... 241
Vedlegg 1: Meir om dataa brukt i kapitlet ... 244

## Om årsmeldinga

Årsmelding 2025 for Vestland fylkeskommune er utarbeidd i samsvar med §§ 14-7, 14-8, 25-1 og 25-2 i kommunelova og § 26 i likestillings- og diskrimineringslova.

Årsmeldinga gir ei samla framstilling av verksemda, resultata og den økonomiske utviklinga i fylkeskommunen det siste året. Ho viser i kva grad måla og prioriteringane i økonomiplanen og årsbudsjettet er følgde opp, og korleis ressursane er forvalta. Gjennom ei heilskapleg vurdering av måloppnåing, tenesteleveransar og økonomiske resultat gir årsmeldinga eit grunnlag for politisk styring, læring og vidare utvikling av tenestene.

Rapporten gjer òg greie for den økonomiske stillinga og berekrafta i fylkeskommunen. Dette omfattar utviklinga i inntekter, utgifter, gjeld og fond, samt vesentlege avvik og risikoforhold. I tråd med krava i kommunelova gir årsmeldinga dessutan ei overordna omtale av internkontroll og andre sentrale forhold som har betydning for verksemda.

Fylkesdirektøren er ansvarleg for publikasjonen. Alle avdelingane i fylkeskommunen har rapportert for sine rammeområde og fleire har bidratt med innhald i dei sentrale kapitla. Redaksjon er avdeling for organisasjon og økonomi ved seksjon for økonomi i samarbeid med kommunikasjonsseksjonen. Arbeidet med årsmeldinga er avslutta i mars 2026 og vert lagt fram av fylkesdirektøren som sak til fylkestinget i juni 2026.

## Fylkesdirektøren har ordet

Vi startar med å takke alle tilsette som har bidrege til endå eit godt fylkeskommunalt år. Takk til alle lærarar, miljøarbeidarar, reinhaldarar og andre tilsette på dei over 40 skulane våre. Vi veit at de jobbar kvar dag for ein best mogleg skulekvardag for alle elevane våre. Det er framtidsretta arbeid. Takk til tannlegar og tannpleiarar, til dykk som jobbar med næringsutvikling og naturmangfald, kollektivtrafikk og kulturutvikling, folkehelse og fylkesvegar. Takk til dykk som sørgjer for at vi følgjer innkjøpsregelverket, avviklar politiske møte på rett vis og til dykk som digitaliserer oss – og til alle over 6000 andre tilsette i Vestland fylkeskommune. Saman utviklar vi Vestland.

I 2025 opna vi 14 600 kvadratmeter ny skule på Stord. Skulen er bygd i 90 prosent tre, med fasadar i malmfuru og karbonatisert tre. Taket er tekt med grøne planter. Klima og naturmangfald er eit premiss for samfunnsutviklinga i Vestland, og mellom anna slik løyste vi det på Stord. På Leikanger opna vi om lag 20 000 hyllemeter med lagringsplass. Her tek vi vare på den kollektive hukommelsen og kulturarven vår. Vi lagrar blant anna foto, film, gamle kommunestyreprotokollar og arkiv frå lag og organisasjonar, og vi gjer det for og i samarbeid med aktørar i heile fylket.

Investeringane våre til fylkesveg auka med om lag 550 mill. kr i 2025. Kvar krone går til skulevegar, pendlarvegar, gang- og sykkelvegar – viktige kvardagsvegar for folk i fylket. Vi har gjort eit omfattande arbeid med bru- og kaivedlikehald, tunneloppgraderingar, tiltak for mjuke trafikantar og tiltak for skredsikring. Tre nye vegstrekningar er opna: Åsen–Helleskaret i Bjørnafjorden, Notland–Mosterhamn på Bømlo og Lavik–Haugland i Askøypakken.

Eitt av hovudmåla i utviklingsplanen vår er samarbeid. Det er gjennom samarbeid vi kan og skal utvikle Vestland. Det gjer vi blant anna gjennom prosjektet Inkludering i Vest, som hadde kick off på Vestlandshuset 3. november. Her samarbeider vi med Nav, NHO, LO og KS om å få 15 000 fleire i jobb. Vi skal løfte fram og dele tiltaka som verkar. Samfunnet treng alle i arbeid for å møte ei framtid med demografiske endringar, og alle treng å vere inkluderte i arbeidslivet. Ingen skal stå utanfor.

Kvar einaste dag fraktar vi vestlendingar, og folk som er på besøk i fylket, rundt på bussar, bybane, ferjer og hurtigbåtar. I 2025 hadde vi 101 millionar påstigingar, mot 98 millionar året før. Skyss hadde eit mindreforbruk på kostnadar i transportkontraktane på 76 mill. kr. Hovudårsaka er at kostnadsindeksane på alle kontraktsområda utvikla seg betre enn vi hadde lagt til grunn i budsjettet. Det er positivt for heile den fylkeskommunale økonomien.

I desember lanserte vi ein ny, digital læringsportal, noko som markerer starten på ein meir målretta måte å utvikle kompetansen vår på. Vi er gode og skal bli endå betre på kompetanseutvikling. Slik skal vi gjere oss klare for framtida og levere endå betre tenester til innbyggjarane i fylket.

Vi står midt i ein digital transformasjon i ei verd i endring, og vi har eit stadig endra digitalt risikobilde. Både Vestland fylkeskommune og alle som brukar tenestene våre er avhengige av sikre og stabile IKT-tenester, som er tilgjengelege og fungerer. Vi arbeider kontinuerleg med å styrke informasjonssikkerheita i tråd med krava i den nye, digitale tryggleikslova. Vi tek i bruk ny teknologi og har etablert ei eiga fageining for kunstig intelligens og teknologiutvikling.

Det er usikre og utfordrande tider i kommune-Noreg. Det økonomiske resultatet Vestland fylkeskommune hadde i 2025 syner at vi ikkje er blant dei som er verst stilte. Dei siste åra har rekneskapen kome ut med betre tal enn vi hadde budsjettert. Vi har såleis ikkje tappa delar av disposisjonsfonda, slik det var lagt opp til i økonomiplanen. Likevel merkar vi tydeleg at det er økonomisk trongare tider. Vi kan neppe vente like sterk inntektsvekst som vi har hatt dei siste åra. Signala frå regjeringa er strammare rammer. Det blir sterkare behov for å prioritere.

Samfunnet kjem til å endre seg mykje dei neste ti åra. Vi ser nok ikkje i dag alle dimensjonane av dette, men vi er sikre på ein ting: Vestland fylkeskommune skal spele ei viktig rolle i utviklinga av vestlandssamfunnet til det beste for alle oss som bur og jobbar her. No har vi lagt 2025 bak oss. Vi gjennomførte eit administrativt toppleiarbyte 1. januar, då Robert tok over for Rune som fylkesdirektør. Årsmeldinga er difor frå oss begge.

Robert Rastad og Rune Haugsdal

# Vi utviklar Vestland

Utviklingsplanen er den regionale planstrategien til Vestland fylkeskommune og det overordna strategiske dokumentet for samfunnsutvikling i fylket. Planen skal fremje heilskapleg regional utvikling og gjere planlegginga meir forpliktande og målretta. Han byggjer på styrkane og moglegheitene til fylkeskommunen, slik dei er identifiserte i kunnskapsgrunnlaget, og på politiske prioriteringar.

I Utviklingsplan for Vestland 2024–2028 er det fastsett fire prioriterte satsingsområde for samfunnsutviklinga dei komande åra:

- velferd og verdiskaping
- demografi og likeverd
- klima og natur
- samarbeid

Satsingsområda svarer på dei samansette utfordringane Vestland står overfor. Kunnskapsgrunnlaget viser at dei største utfordringane heng tett saman på tvers av tradisjonelle sektorar, fagområde og politikkområde. Skal samfunnet utvikle seg i ønskt retning, må vi i større grad sjå desse samanhengane og samarbeide om løysingar. Difor er samarbeid løfta fram som eit eige satsingsområde i utviklingsplanen.

I planen peikar fylkeskommunen særleg på behovet for å vidareutvikle rolla som samarbeidspart og samfunnsutviklar. Dette blir følgt opp gjennom brei involvering av kommunar, statlege aktørar, næringsliv og sivilsamfunn gjennom heile planperioden.

Utviklingsplanen omfattar òg ti strategiar, som saman skal bidra til å nå måla i satsingsområda. Kvar strategi skal understøtte minst to mål, helst fleire. Dette er ein del av ei berekraftig tilnærming, der vi ser sektorar og politikkområde i samanheng. Avdelingane har rapportert på korleis mål og strategiar er følgde opp i året som har gått. Dette går fram under omtalen av strategiar i kvart rammeområde.

Vestland fylkeskommune arbeider breitt og målretta med samfunnsutfordringar i alle avdelingar. Samstundes er det behov for å samordne innsatsen betre og få ei meir heilskapleg oversikt over samla innsats, resultat og effekt. I 2024 vart det difor gjennomført ein konseptfase for å utvikle ei løysing for måling av berekraftig samfunnsutvikling. Dette arbeidet vart vidareført i 2025.

Vidare utvikling av dette arbeidet skal setje fylkeskommunen betre i stand til å vurdere kor godt vi lukkast med å følgje opp planane våre. Det vil òg bidra til betre oppfølging av nasjonale forventingar til regional planlegging, nasjonale og internasjonale avtalar og berekraftsmåla.

## Oversikt over planar

Det er laga ei digital planoversikt for Vestland fylkeskommune. Her finn du gjeldande regional planstrategi, regionale planar, temaplanar og strategiar.

## Status på planarbeidet

I følgje utviklingsplanen skal følgande planarbeid gjennomførast i inneverande valperiode:

- To nye regionale planar:
  - Regional plan for areal og mobilitet er under arbeid.
  - Regional plan for verdiskaping og kompetanse er under arbeid.
- Revisjon av Regional plan for vassforvalting Vestland er under arbeid.
- Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane er oppheva gjennom vedtak i fylkestinget 17. juni 2025.
- Rullering av handlingsprogram for regionale planar for folkehelse er under arbeid.
- Ny temaplan plan for bevaring av privat arkiv vart vedteken i 2025.
- Rullering av handlingsprogram for temaplan Fornye og forbetre – Auka gjennomføring vart vedteken i 2025.
- Utvikling av kunnskapsgrunnlag for nærare vurdering av planbehov Vestnorsk fjordlandskap – verdsarvområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er under arbeid.

# Berekraft

Dei 17 berekraftsmåla til FN ligg til grunn for utviklingsplanen for Vestland. Berekraft handlar om korleis tiltak her og no påverkar moglegheitene til komande generasjonar. Vi må vurdere langsiktige moglegheiter og konsekvensar knytt til korleis vi driv samfunnsutvikling. Planlegging er hovudverktøyet, men heile verkemiddelapparatet må setjast i sving for å få resultat. Det gjeld styring, økonomi, mobilisering av individuell og kollektiv handling, forsking, teknologi og innovasjonsevne.

Utviklingsplanen legg opp til styrka kunnskap om samanhengane mellom samfunnsutfordringar som til dømes klimarettferd og auka digitalisering i kommunale tenester. Breie samfunnsutfordringar heng tett saman og påverkar kvarandre, på same måte som berekraftsmåla gjer det. Interessemotsetnadar mellom berekraftsmål er ein del av grunnlaget for å definere hovudutfordringar, mål og strategiar.

## Berekraftsindikatorar

2025 har Vestland fått sitt første sett med berekraftsindikatorar. Indikatorsettet kan brukast av kommunar, private aktørar, lag og organisasjonar. For å måle om vestlandssamfunnet er på rett veg i arbeidet med utviklingsplanen, har vi utvikla eitt dashboard med berekraftsindikatorar. Indikatorane er bygde på til måla i utviklingsplanen. Arbeidet har gått føre seg hausten 2024 og våren 2025. Det byggjer på eit samarbeid i det nasjonale berekraftsnettverket, som er leia av KS. Arbeid med indikatorsettet er eit nybrottsarbeid og vil bli revidert neste gong våren 2026.

## Berekraftig samfunnsutvikling er godt folkehelsearbeid

Vestland fylkeskommune arbeider kontinuerleg med folkehelse gjennom regionale verkemiddel, tenesteutvikling og i samarbeid med kommunar og andre aktørar. I 2025 har fylkeskommunen hatt ei særleg viktig rolle i det nasjonale samfunnsoppdraget "Ingen barn og unge utanfor", som skal redusere utanforskap blant barn og unge fram mot 2035. Arbeidet er forankra gjennom Program for folkehelsearbeid i kommunane, der fylkeskommunen har erfaringar som koordinator mellom kommunar og fagmiljø for å styrkje systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Som del av dette er arbeidet med ein regional rapport starta opp for å kartleggje status, barrierar og behov for forsking og innovasjon, og for å styrkje regional samordning i innsatsen mot utanforskap. Samfunnsoppdraget "Ingen barn og unge utanfor" vert såleis viktig forlenging av prosjektet "Inkludering i Vest".

I 2025 har fylkeskommunen gjennomført "ABC Vestland – sterkare saman". ABC er ein nasjonal informasjonskampanje for å styrke psykisk helse og livskvalitet. I 2025 er det gitt tilskot til 16 kommunar og 7 frivillige organisasjonar, som har utvikla og gjennomført helsefremjande tiltak tilpassa lokale behov. Tiltaka omfattar møteplassar og aktivitetar som fremjar deltaking, tilhøyrsle og meining i kvardagen for mellom anna barn og unge, eldre, personar med psykiske helseutfordringar, flyktningar og minoritetar.

### Arbeid med helsefremming i Vestland tannhelseteneste

For å styrkje den interne kompetansen innan helsefremmande arbeid har tre medlemmar i ressursgruppa for helsefremming i Vestland tannhelseteneste fullført vidareutdanning i tannpleie og helsefremmande arbeid i 2025. Dette har bidrege til auka fagleg kapasitet og eit styrkt grunnlag for vidare utvikling av tannhelsetenesta.

Med utgangspunkt i Temaplan for Vestland tannhelseteneste 2024–2036 har tannhelsetenesta hatt særleg merksemd på demografiske utfordringar og behovet for å utjamne sosiale helseskilnader. Det helsefremmande arbeidet har i hovudsak vore retta mot prioriterte grupper, særleg barn og unge, samt personar med utfordringar knytte til rus og psykisk helse.

Gjennom kompetansehevande tiltak som webinar, informasjonskampanjar og undervisningsopplegg har tannhelsetenesta bidrege til å styrkje kunnskapen om tann- og munnhelse, både i befolkninga generelt og blant tilsette i kommunane.

# Økonomirapportering drift

## Totaloversikt økonomi

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sentrale inntekter | -13 132 790 | -13 894 718 | -14 108 286 | -14 224 758 | 116 472 | 0,8 % |
| Sentrale utgifter | -120 102 | -16 100 | -79 459 | -54 956 | -24 503 | -30,8 % |
| Netto finansutgifter og inntekter | 1 193 757 | 1 407 800 | 1 407 300 | 1 318 812 | 88 488 | 6,3 % |
| Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar | 453 281 | 259 451 | 344 133 | 620 513 | -276 379 | -80,3 % |
| **Til disposisjon** | **-11 605 854** | **-12 243 567** | **-12 436 312** | **-12 340 390** | **-95 922** | **-0,8 %** |
| Fellesutgifter- og inntekter | 42 625 | 21 746 | 21 996 | 47 967 | -25 971 | -118,1 % |
| Politisk styring og kontrollorgan | 64 543 | 72 316 | 71 758 | 72 900 | -1 143 | -1,6 % |
| Organisasjon og økonomi | 163 258 | 193 743 | 205 292 | 205 052 | 240 | 0,1 % |
| IKT og digitalisering | 195 635 | 204 442 | 195 759 | 195 750 | 9 | 0,0 % |
| Eigedom og utbygging | 599 141 | 612 560 | 620 907 | 596 231 | 24 676 | 4,0 % |
| Tannhelse | 378 014 | 428 439 | 464 371 | 463 801 | 570 | 0,1 % |
| Næring, plan og innovasjon | 211 126 | 216 744 | 219 925 | 219 925 | 0 | 0,0 % |
| Opplæring og kompetanse | 4 100 148 | 4 223 614 | 4 308 049 | 4 308 027 | 22 | 0,0 % |
| Kultur og folkehelse | 381 985 | 423 648 | 418 635 | 421 053 | -2 417 | -0,6 % |
| Mobilitet og kollektivtransport | 3 699 601 | 3 925 117 | 3 928 550 | 3 836 825 | 91 725 | 2,3 % |
| Infrastruktur og veg | 1 769 779 | 1 921 197 | 1 981 070 | 1 972 859 | 8 212 | 0,4 % |
| **Sum disponering** | **11 605 854** | **12 243 567** | **12 436 312** | **12 340 390** | **95 922** | **0,8 %** |
| **Meirforbruk +/mindreforbruk -** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0,0 %** |

Dei fleste rammeområda viste positivt avvik mellom budsjett og rekneskap i 2025. Mobilitet og kollektivtransport har hatt dei største budsjettoverskridingane dei siste åra, men i 2025 var det denne sektoren som hadde størst innsparinga med 91,7 mill. kr. Kontraktane med ruteselskapa vert regulerte etter ulike kostnadsindeksar. I 2025 har indeksreguleringane vore mindre enn forventa i budsjettet.

Avdeling for eigedom og utbygging hadde positivt avvik på knapt 25 mill. kr som skuldast lågare straumkostnader enn budsjettert og innsparing i budsjetta som gjeld utleige av eigedommar/husleige for leigelokale. Infrastruktur og veg hadde også mindreforbruk. For dei andre sektorane var det små avvik frå budsjettet.

Vidaregåande skular og tannhelseområda har i samsvar med fullmakt sett av midlar/disponert midlar frå fond i samband med rekneskapsavsluttinga.

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Frie disponible inntekter** | | | | | | |
| Inntekts- og formuesskatt | -4 919 353 | -5 358 149 | -5 348 156 | -5 474 329 | 126 173 | 2,4 % |
| Rammetilskudd | -7 558 985 | -8 105 269 | -8 328 830 | -8 242 212 | -86 618 | -1,0 % |
| Andre generelle driftsinntekter | -277 282 | -165 300 | -165 300 | -128 028 | -37 272 | -22,5 % |
| Konsesjonskraftinntekter | -377 170 | -266 000 | -266 000 | -380 189 | 114 189 | 42,9 % |
| **Sum Frie disponible inntekter** | **-13 132 790** | **-13 894 718** | **-14 108 286** | **-14 224 758** | **116 472** | **0,8 %** |

Skatteinntektene auka med 11,3 prosent frå 2024 til 2025. Per innbyggjar vart skatteinntektene 1,8 prosent høgare enn landsgjennomsnittet. 2024 var første året Vestland kom over landsgjennomsnittet. Tidlegare har vi alltid lege under.

Det kom inn 126,2 mill. kr meir enn budsjettert i skatt. 86,6 mill. kr vart trekt gjennom inntektsutjamninga slik at fylkeskommunen sat att med 39,6 mill. kr.

Summen av skatt og rammetilskot auka med 9,9 prosent.

Andre generelle driftsinntekter omfattar havbruksfond og rentekompensasjon. Utbetalingane frå havbruksfondet svingar mykje frå år til år. I 2025 var utbetalinga 58,7 mill. kr, mot eit budsjett på 99 mill. kr.

Konsesjonskraftinntektene vart 380,2 mill. kr, 114,2 mill. kr høgare enn budsjettert.

## Sentrale utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sentrale utgifter** | | | | | | |
| Lønsavsetjing | 0 | 104 800 | -13 030 | -13 600 | 570 | 4,4 % |
| Premieavvik | -120 102 | -120 900 | -66 429 | -41 356 | -25 073 | -37,7 % |
| **Sum Sentrale utgifter** | **-120 102** | **-16 100** | **-79 459** | **-54 956** | **-24 503** | **-30,8 %** |

Lønsavsetjing er ein sum i budsjettet som vert fordelt ut på avdelingane etter at tariffoppgjeret er gjennomført. Den budsjetterte summen var rekna ut på grunnlag av lønsutgifter i driftsbudsjettet. I praksis vart det også gjeve kompensasjon for lønsutgifter som vart belasta investeringsprosjekt.

Den negative summen på 13,6 mill. kr i rekneskapen gjeld periodisering av pensjonspremie. Summen er ført samla, i staden for å korrigere pensjonspremien som er belasta kvar avdeling.

Premieavvik er differansen mellom betalt pensjonspremie og pensjonskostnaden som etter forskriftene skal førast i rekneskapen det einskilde året. Differansen vert etter rekneskapsreglane nedbetalt (amortisert) over sju år slik at ein etter sju år vil ha rekneskapsført den betalte pensjonspremien. Rekneskapsført kostnad vart i 2025 41,4 mill. kr lågare enn betalt pensjonspremie.

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Finansinntekter/-utgifter** | | | | | | |
| Renteinntekter | -241 990 | -200 200 | -200 200 | -309 403 | 109 203 | 54,5 % |
| Utbytte og eieruttak | -17 200 | -25 000 | -25 000 | -22 487 | -2 513 | -10,1 % |
| Renteutgifter | 602 747 | 733 000 | 732 500 | 750 702 | -18 202 | -2,5 % |
| Avdrag på lån | 850 200 | 900 000 | 900 000 | 900 000 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Finansinntekter/-utgifter** | **1 193 757** | **1 407 800** | **1 407 300** | **1 318 812** | **88 488** | **-6,3 %** |

Tabellen viser finansinntekter og -utgifter som er førte sentralt. I tillegg er det ein del renteinntekter av øyremerkte statstilskot som vert ført på dei aktuelle føremåla.

Renteinntektene vart 109,2 mill. kr høgare enn budsjettert. Det skuldast høgare innskot enn lagt til grunn i budsjettet. Renteutgiftene vart 18,2 mill. kr høgare enn budsjettert. Det skuldast at låneopptaka vart gjort tidleg på året. I 2025 fekk ein stort sett høgare rente på bankinnskota enn ein betalte på låna og dermed netto gevinst på å gjera tidleg låneopptak.

Netto meirinntekt på finanspostane vart 88,5 mill. kr.

## Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Rev.bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Avsetnader og bruk av avsetnader** | | | | | | |
| Til ubundne avsetninger | 30 369 | 3 706 | 140 757 | 140 757 | 0 | 0,0 % |
| Bruk av ubundne avsetninger | -291 250 | -344 255 | -314 768 | -38 389 | -276 379 | -87,8 % |
| Overføring til investering | 714 161 | 600 000 | 518 144 | 518 144 | 0 | 0,0 % |
| **Netto avsetnader** | **453 281** | **259 451** | **344 133** | **620 513** | **-276 379** | **80,3 %** |

Budsjettavviket på 276,4 mill. kr i tabellen over viser kor mykje vi kunne stryke av budsjettert bruk av disposisjonsfond for at rekneskapen skulle kome ut i balanse. Disposisjonsfondet vart dermed tilsvarande større ved utgangen av året enn det som var lagt opp til ved utarbeiding av budsjettet.

## Utvikling i netto driftsresultat

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Bruk av avsetninger** | | | | | | |
| Bruk av bundne driftsfond | -1 130 025 | -88 770 | -1 038 358 | -1 161 881 | 123 523 | 11,9 % |
| Bruk av disposisjonsfond | -453 484 | -345 856 | -356 946 | -137 991 | -218 955 | -61,3 % |
| **Sum bruk av avsetnader** | **-1 583 508** | **-434 626** | **-1 395 304** | **-1 299 872** | **-95 432** | **-6,8 %** |
| **Avsetninger** | | | | | | |
| Overføring til investering | 771 104 | 600 000 | 656 593 | 656 593 | 0 | 0,0 % |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 1 194 529 | 0 | 0 | 1 344 454 | -1 344 454 | 0,0 % |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 91 212 | 3 706 | 156 966 | 280 271 | -123 305 | -78,6 % |
| **Sum avsetnader** | **2 056 846** | **603 706** | **813 559** | **2 281 318** | **-1 467 759** | **-180,4 %** |
| | | | | | | |
| **Netto driftsresultat** | **-473 337** | **-169 080** | **581 745** | **-981 446** | **1 563 191** | **268,7 %** |
| | | | | | | |
| **Sum driftsinntekter** | **-18 213 754** | **- 17 175 333** | **- 17 247 993** | **-19 606 381** | **2 358 388** | **13,7 %** |

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter** | **2,6 %** | **1,0 %** | **-3,4 %** | **5,0 %** | **66,3 %** | **0,0 %** |

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva vi har igjen etter at alle driftsutgifter, inkludert renter og avdrag er dekka. I 2025 vart netto driftsresultat 981,4 mill. kr, som utgjer 5,0 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittleg netto driftsresultat for fylkeskommunane var 4,3 prosent.

Netto driftsresultat er disponert slik:

| Disponering av netto driftsresultat | |
|---|---|
| Overført til investering | 656,6 |
| Netto avsett til disposisjonsfond | 142,3 |
| Netto avsett til bundne fond | 182,6 |
| **Sum** | **981,4** |

Avsetjinga til bundne fond er øyremerkte midlar som enno ikkje var nytta ved årsskiftet. Det kan argumenterast for at desse midlane ikkje bør reknast med i netto driftsresultat og korrigerast for avsetjingar til bundne fond. Om ein held summen på 182,6 mill. kr, jf. tabellen ovanfor, vert netto driftsresultat 4,1 prosent. Dette er likevel over tilrådinga om at netto driftsresultat minimum bør liggje på 4 prosent.

## Finansielle måltal

### Finansielle måltal

| | Vestland 2024 | Vestland 2025 | Landet uten Oslo 2025 | Rogaland 2025 | Trøndelag 2025 | Møre og Romsdal 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | 9,4 % | 9,4 % | 12,8 % | 13,2 % | 10,7 % | 8,8 % |
| Frie inntekter per innbygger (kr) (B) *) | 19 807 | 20 835 | 18 321 | 16 623 | 18 608 | 24 560 |
| Netto driftsresultat Andel av brutto driftsinntekter (prosent) (B) | 2,6 % | 5,0 % | 4,3 % | 5,2 % | 3,0 % | 7,1 % |
| Netto lånegjeld Andel av brutto driftsinntekter (prosent) (B) | 92,5 % | 90,7 % | 70,8 % | 57,3 % | 107,4 % | 115,2 % |
| Netto lånegjeld per innbygger (B) *) | 26 744 | 27 004 | 17 800 | 13 064 | 27 539 | 36 599 |
| Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 6,3 % | 6,6 % | 4,2 % | 4,6 % | 7,2 % | 7,6 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov*

Netto driftsresultat har vist nedgang i perioden 2022–2024, men utviklinga snudde i 2025. Det er gledeleg at vi no er over målet på 4 prosent.

Eit mål som har hatt mykje merksemd, er netto gjeldsgrad. VI har i mange år hatt som mål at gjeldsgraden ikkje skal overstige 115 prosent av driftsinntektene. Med dagens rentenivå vil renteutgiftene bli svært tyngjande før ein når ein gjeldsgrad på 115 prosent.

I 2025 har selskapet Nordic Credit Rating(NCR) gjennomført kredittrating av Vestland fylkeskommune. Resultatet vart rating-karakteren AAA, som er det beste vi kan oppnå. Dette vil bidra til at fylkeskommunen vil få best mogeleg rentevilkår i marknaden.NCR kommenterte i ratingrapporten at dersom netto gjeldsgrad passerer 110 prosent, vil ein måtte vurdere rating-resultatet på nytt. På bakgrunn av dette vil målet framover vere at gjeldsgraden ikkje skal overstige 110 prosent.

Netto gjeldsgrad vart 90,7 prosent i 2025, som er ein liten nedgang frå 2024. Driftsinntektene auka noko meir enn forventa og låneopptaket vart nedjustert i løpet av 2025.

Rente- og avdragsbelastning kan vere ein interessant storleik, til dømes når vi samanliknar oss med andre fylkeskommunar. Jo større del av inntektene som går med til renter og avdrag, jo mindre har vi igjen til drift i sektorane. Men det er ikkje nødvendigvis slik at dette nøkkeltalet bør vere så lågt som råd. Vestland fylkeskommune betaler meir i avdrag enn minimumsavdraget vi er pliktige til etter kommunelova. Vi har dermed moglegheit til å setje ned avdraga. Men å trappe ned avdraga for å møte aukande renteutgifter er ikkje ei løysing som er berekraftig på sikt. Tabellen over syner netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter medan brutto finans og avdrag er 8,4 %.

Disposisjonsfonda er 9,4 prosent til av driftsinntektene og uendra frå 2024. Fylkestinget har dei siste åra prioritert å bruke av disposisjonsfond, ikkje minst til å ruste opp fylkesvegane. Målet er ikkje å byggje opp størst moglege fond, men å setje midlane ein disponerer i arbeid.

## Vurdering av den økonomiske stillinga

Mange kommunar og nokre fylkeskommunar har opplevd 2024 og 2025 som vanskelege år. Resultatet for 2025 for Vestland fylkeskommune viser at vi ikkje er mellom dei som er verst stilte. Dei siste åra har rekneskapen kome ut med betre resultat enn budsjettert. Vi har dermed ikkje tappa disposisjonsfonda, slik det var lagt opp til i økonomiplanen.

Ein del investeringsprosjekt har gått noko langsamare enn planlagt. Veksten i gjelda har dermed ikkje blitt så sterk som det var lagt opp til i budsjettet.

Av måltala som er vist framanfor, ligg vi godt i tråd med måla for netto driftsresultat og disposisjonsfond. Netto gjeldsgrad ligg godt under grensa vi har sett, men er likevel relativt høg samanlikna med andre fylkeskommunar. Ideelt sett burde vi ha som mål å kome ned mot 75 prosent. Rente- og avdragsbelastning ligg noko høgare enn ønskjeleg.

Når vi ser framover, kan vi neppe vente like sterk inntektsvekst som vi har hatt dei føregåande åra. Signala frå regjeringa er at vi må rekne med stramme rammer dei komande åra. Når talet på elevar i vidaregåande utdanning begynnar å gå ned, må vi truleg vere budde på at dette vil vise igjen i rammene staten stiller til disposisjon for fylkeskommunane.

Det vil vere behov for å gjere strenge prioriteringa. Det vil neppe vere rom for å setje i gang alle ønska investeringar og driftstiltak.

## Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

*Beløp i 1000*

| Rammeområde | Rekneskap 2024 | Opph. budsjett 2025 | Revidert budsjett 2025 Utgift | Revidert budsjett 2025 Inntekt | Revidert budsjett 2025 Budsjett 2025 | Rekneskap 2025 Utgift | Rekneskap 2025 Inntekt | Rekneskap 2025 Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fellesutgifter- og inntekter | 42 625 | 21 746 | 21 996 | 0 | 21 996 | 1 856 175 | -1 808 207 | 47 967 |
| Politisk styring og kontrollorgan | 64 543 | 72 316 | 75 460 | -3 702 | 71 758 | 79 113 | -6 213 | 72 900 |
| Organisasjon og økonomi | 163 258 | 193 743 | 216 470 | -11 178 | 205 292 | 228 238 | -23 186 | 205 052 |
| IKT og digitalisering | 195 635 | 204 442 | 196 919 | -1 160 | 195 759 | 222 855 | -27 105 | 195 750 |
| Eigedom og utbygging | 599 141 | 612 560 | 730 707 | -109 800 | 620 907 | 803 762 | -207 531 | 596 231 |
| Tannhelse | 378 014 | 428 439 | 622 556 | -158 185 | 464 371 | 682 079 | -218 278 | 463 801 |
| Næring, plan og innovasjon | 211 126 | 216 744 | 445 706 | -225 780 | 219 925 | 518 049 | -298 124 | 219 925 |
| Opplæring og kompetanse | 4 100 148 | 4 223 614 | 5 445 969 | -1 137 919 | 4 308 049 | 6 002 951 | -1 694 924 | 4 308 027 |
| Kultur og folkehelse | 381 985 | 423 648 | 884 376 | -465 740 | 418 635 | 1 003 076 | -582 024 | 421 053 |
| Mobilitet og kollektivtransport | 3 699 601 | 3 925 117 | 6 023 278 | -2 094 728 | 3 928 550 | 6 672 974 | -2 836 149 | 3 836 825 |
| Infrastruktur og veg | 1 769 779 | 1 921 197 | 1 993 120 | -12 050 | 1 981 070 | 2 521 141 | -548 282 | 1 972 859 |
| Aktivitetar utanfor fylkeskommunalt område | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 111 370 | -111 370 | 0 |
| **Totalsum** | **11 605 854** | **12 243 567** | **16 656 555** | **-4 220 243** | **12 436 312** | **20 701 782** | **-8 361 393** | **12 340 390** |

## Utvalde tal frå balansen

| | | Mill. kr |
|---|---|---|
| | **2024** | **2025** |
| Bankinnskot og kontantar | 4 939,7 | 4 877,5 |
| Rentefond | 248,0 | 412,5 |
| **Sum likvide midlar** | **5 187,7** | **5 290,0** |
| | | |
| Disposisjonsfond | 1 701,3 | 1 843,6 |
| Bundne driftsfond | 1 037,7 | 1 220,2 |
| Ubundne investeringsfond | 83,6 | 83,7 |
| Bundne investeringsfond | 282,9 | 276,1 |
| **Sum fond** | **3 105,5** | **3 423,5** |
| | | |
| **Langsiktig gjeld** | **17 539,0** | **18 124,0** |

### Likviditet

Sum likvide midlar var 5 290 mill. kr ved utgangen av 2025. Likvide midlar auka med 102,3 mill. kr frå 2024. Fylkeskommunen har med dette god likviditet. Ein viktig grunn til den gode likviditeten er at fylkeskommunen har relativt store beløp avsett på fond, totalt i overkant av 3,4 mrd. kr. Nær 1,5 mrd. kr er bundne fond, og vel 1,8 mrd. kr er disposisjonsfond. Den delen av likvide midlar som overstig fondsmidlane tilsvarer om lag det som går ut av bankkontiane i løpet av ein månad.

Avkastning på konsernkontoen har hatt ei rente på 3 mnd. Nibor pluss ein margin på 0,47 %. I 2025 har dette gitt ei gjennomsnittleg avkastning på 4,86 %. Mesteparten av midlane er plasserte som bankinnskot, ettersom det er vanskeleg å oppnå vesentleg høgare avkastning utan å ta høgare risiko. Utover bankinnskota har ein i 2025 plassert 400 mill. kr i rentefond.

### Fond

Sum fond utgjorde 3 423,5 mill. kr ved utgangen av året. Dette er ein auke på 318,1 mill. kr. Disposisjonsfond auka med 142,3 mill. kr til 1 843,6 mill. kr. Bundne driftsfond på 1 220,2 mill. kr gjeld midlar som er øyremerka til bruk for spesifiserte føremål.

### Lån

Lån utgjorde 18 124 mill. kr ved utgangen av 2025, ein auke på 585 mill. kr. Låneporteføljen er på 42 lån og gjennomsnittleg avdragstid for gjelda er 19 år. Minimumskravet i rekneskapsforskrifta er at ein betalar ned gjelda minst i same takt som ei avskriv eigendelane. Gjennomsnittleg avskrivingstid for eigendelane er knapt 30 år, så kravet om avdragsbetaling er oppfylt med god margin.

Tre av låna har det som er kalla grøne rentevilkår, m.a. til finansiering av Vestlandshuset. Til saman utgjer dette lån på 1 578 mill. kr. Fylkeskommunen har nybygg som oppfyller vilkåra for å få «grøne lån», så det kan bli aktuelt med fleire slike låneopptak  framover.

---

## Premiss for løyving

Den viktigaste premissen for inntektssida i budsjettet er det statlege inntektssystemet, der rammetilskotet til fylkeskommunen kjem fram, i tillegg til kva nivå vi kan vente på skatteinntektene. Andre viktige budsjettpremissar på inntektssida er kollektivtrafikkinntektene.

Budsjettet er vedteke på rammenivå for dei ulike sektorane. Budsjettreglementet regulerer fullmakter til å gjere budsjettendringar både på politisk og administrativt nivå.

Fylkesdirektøren har utarbeidd oppdragsbrev til direktørane. Breva viser kva fylkesdirektøren ventar at direktørane skal gjennomføre i året og peiker på ansvarsområdet til direktøren, under dette samla budsjettramme. Fylkesdirektøren har regelmessige statusmøte for å sikre framdrifta og følgje opp økonomistyringa.

### Rutinar for oppfølging

Budsjettoppfølging gjennom året følgjer to løp, eit politisk og eit administrativt.

Politisk nivå har budsjettoppfølging gjennom rapportar til fylkestinget kvart tertial, i tillegg til godkjenning av rekneskapen etter at denne er lagt fram. Fylkestinget handsamar to tertialrapportar gjennom året, per april og august. Tertialrapportane gjennomgår utviklinga og har prognose for resten av året både for investerings- og driftsbudsjettet. Til dømes vert framdrift for store investeringsprosjekt vurdert. Fylkestinget gjennomfører budsjettendringar ved større avvik frå premissen for bruk av løyvinga både for investerings- og driftsbudsjettet.

For finanssektoren vert det lagt fram eigne rapportar til fylkestinget kvart tertial. I første kvartal året etter vert det i tillegg lagt fram ein årsrapport for finans, der vi ser utviklinga i året mellom anna opp mot det vedtekne finansreglementet.

I samband med budsjettvedtaket gjer fylkestinget også det som vert kalla vedtak om verbalpunkt. Det er politiske premissar for einskilde delar av budsjettet, for spesielle saker eller område. Verbalpunkta er i mange tilfelle initiativ som krev utgreiing og sakshandsaming, der framdrifta for arbeidet vert rapportert til fylkestinget.

Administrativt nivå har i tillegg kvartalsvis budsjettoppfølging. Fylkesdirektøren har sektorvise møte med direktørane med gjennomgang av budsjettutviklinga. Til desse møta er det utarbeidd sektorvise prognosar for rekneskapen mot slutten av året opp mot vedteke budsjett. I tillegg går fylkesdirektør og den einskilde direktør gjennom korleis sektoren følgjer opp budsjettvedtaket til fylkestinget, for å sikre at vi gjennomfører premissane fylkestinget har sett for løyvinga.

## Vurdering av risiko

Budsjettet til Vestland fylkeskommune er stort og femner om ulike sektorar. Storleiken på sektorane varierer mykje. Opplæring og kompetanse har mange vidaregåande skular og dermed mange tilsette. Mobilitet og kollektiv har stort budsjett, men færre tilsette, ettersom kollektivtransporten er konkurranseutsett. Risikovurderingane er difor ulike frå sektor til sektor.

Størst økonomisk risiko har det dei siste åra vore innanfor premissane som er lagde for kollektivtrafikken, både inntekter og utgifter. Inntektene vert bestemt av utviklinga i talet på reisande, val av periodebillett eller einskildbillett. Utgiftene vert påverka av justering av kontraktane etter ulike kostnadsindeksar, lovpålagde teknologikrav og konkurransesituasjonen i samband med anbod.

Innanfor infrastruktur og veg kan flaum og ras gje uføresette utgifter.

Skatteinntektene er alltid ein usikker faktor. Fylkeskommunen legg normalt statsbudsjettet sine overslag til grunn. Desse prognosane er relativt forsiktige overslag, og dei fleste åra har inntektene vorte noko høgare.

Eit anna område der det er risiko, er utviklinga i rentenivået. Men ved å binde renta på om lag halvparten av låneporteføljen, avgrensar ein avvika innanfor kvart budsjettår. Renteendringar på den delen av låna som har flytande rente, vert i stor grad motverka av rente på innskot og rentekompensasjonsordningar.

Fylkesdirektøren følgjer utviklinga i risikobiletet tett gjennom året i nært samarbeid med dei ulike fageiningane.

# Investeringar

Rekneskapen viser investeringar på totalt 4222,1 mill. kr i 2025. Dette er 157,6 mill. kr lågare enn revidert budsjett. I løpet av året vart budsjettet sett ned med 330 mill. kr. I 2024 vart det investert for 4016,7 mill. kr. Investeringane ligg altså på eit jamt høgt nivå.

Vi finn meir detaljar om investeringane under rammeområda eigedom og utbygging, mobilitet og kollektivtransport og infrastruktur og veg.

Den største finansieringskjelda for investeringane var lån med 1957,7 mill. kr eller vel 46 prosent lånefinansiering. Tilskot frå andre på 877,5 mill. kr inkluderer 683,8 mill. kr i bompengemidlar som bompengeselskapet Ferde stiller til rådvelde i samsvar med vedtak om finansiering av ulike bompegeprosjekt.

Overføring av driftsmidlar til finansiering av investeringar var i 2025 på 656,6 mill. kr og 643,3 mill. kr var momskompensasjon for investeringane.

## Status investeringar aggregert

### Bygg, eigedom og fellesfunksjonar

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | |
|---|---|---|
| **Grupperingsnivå** | **Rev. bud.** | **Rekneskap hiå.** |
| Fellesfunksjonar | 67 100 | -35 464 |
| Finansiering | 0 | 2 172 |
| IKT-investeringar | 41 660 | 30 942 |
| Kultur og Regional utvikling | 51 100 | 51 178 |
| Opplæring | 915 849 | 836 975 |
| Samferdsel | 103 800 | 71 872 |
| Tannhelse | 41 625 | 59 832 |
| **Sum** | **1 221 133** | **1 017 506** |

### Fylkesveg

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | |
|---|---|---|
| **Grupperingsnivå** | **Rev. bud.** | **Rekneskap hiå.** |
| Andre tiltak | 46 700 | 42 061 |
| Bru og kai | 191 100 | 163 217 |
| Byvekstavtalen Miljøløftet, eks bybanen | 340 100 | 328 437 |
| Finansiering | 0 | 1 993 |
| Planlegging | 79 210 | 104 864 |
| Samfinansiering | 11 200 | 7 087 |
| Skredsikring | 138 100 | 134 083 |
| Strekningsvise prosjekt | 105 100 | 108 511 |
| Tilrettelegging for mjuke trafikanter | 173 000 | 148 977 |
| Trafikktryggleik/mindre utbetringar | 284 250 | 273 363 |
| Tunneloppgradering | 265 300 | 248 496 |
| Veg- og bompengepakkar, eksl. Miljøløftet/Byvekstavtalen | 787 000 | 873 230 |
| Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv | 8 200 | 5 307 |
| Vegprosjekt | 501 675 | 545 065 |
| **Sum** | **2 930 935** | **2 984 691** |

### Mobilitet og kollektiv

*Beløp i 1000*

| | Budsjett for året | |
|---|---|---|
| **Grupperingsnivå** | **Rev. bud.** | **Rekneskap hiå.** |
| Kollektiv | 218 410 | 219 861 |
| **Sum** | **218 410** | **219 861** |

## Oversikt investering og finansiering

| Artsgruppe | Rekneskap hiå. | Oppr. bud. | Rev. bud. | Rekneskap i fjor | Avvik rev.bud. - rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| Avdrag på lån | 46 000 | 0 | 0 | 36 300 | -46 000 |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 104 656 | 0 | 90 000 | 1 025 | -14 656 |
| Investeringer i varige driftsmidler | 4 085 740 | 4 709 610 | 4 262 478 | 3 862 386 | 176 738 |
| Tilskudd til andres investeringer | 3 844 | 0 | 0 | 72 405 | -3 844 |
| Utlån av egne midler | 27 818 | 0 | 18 000 | 44 611 | -9 818 |
| **Sum finansieringsbehov** | **4 268 058** | **4 709 610** | **4 370 478** | **4 016 727** | **102 420** |
| Bruk av lån | -1 957 653 | -2 536 920 | -2 158 636 | -1 634 256 | -200 983 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | -643 259 | -722 475 | -650 395 | -653 488 | -7 136 |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler | -117 196 | 0 | 0 | -73 937 | 117 196 |
| Salg av finansielle anleggsmidler | -2 374 | 0 | 0 | 0 | 2 374 |
| Salg av varige driftsmidler | -6 663 | -16 000 | -16 000 | -147 058 | -9 337 |
| Tilskudd fra andre | -877 501 | -834 215 | -880 167 | -726 761 | -2 666 |
| Avsetninger til bundne investeringsfond | 910 | 0 | 0 | 447 | -910 |
| Avsetninger til ubundet investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | -7 728 | 0 | -8 687 | -10 570 | -959 |
| Bruk av ubundet investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligere års udekket beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring fra drift | -656 593 | -600 000 | -656 593 | -771 104 | 0 |
| **Sum finansiering** | **-4 268 058** | **-4 709 610** | **-4 370 478** | **-4 016 727** | **-102 420** |
| **Sum finansieringsbehov** | **4 268 058** | **4 709 610** | **4 370 478** | **4 016 727** | **102 420** |
| **Sum finansiering** | **-4 268 058** | **-4 709 610** | **-4 370 478** | **-4 016 727** | **-102 420** |
| **Udekket finansiering** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Oppfølging av vedtak og oppdrag

## Status oppdrag

### Verbalvedtak (P)

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
| --- | --- | --- | --- |
| EIU - Opprinnelsesgaranti | Det bli sett av midlar på driftsbudsjettet til å kjøpe opprinnelsesgaranti for straumbruken i fylkeskommunen. Det er ein del av scope 2 som skal rapporterast på i tråd med GHG-protokollen. | Ferdig | **13 Eigedom og utbygging**<br><br>Opprinnelsesgaranti kjøpt 15. januar for 109.000.000 KWh, som er tilnærma forventa forbruk for Vestland fylkeskommune, inkludert Bybanen, ut 2025. |
| IDI-TAN - Samlokalisering Årstadvollen | Sikre finansiering til nye samlokaliserte arealer for tannhelsetenesta sitt kompetansesenter på Årstadvollen. | Iht. plan | 18 Tannhelse<br><br>Saka har vore oppe i fylkesutvalet, og fylkesdirektøren har fått mynde til å starte forhandlingar om lokale. Administrasjonen er i dialog med Helse- og omsorgsdepartementet om statleg finansiering. Avdeling for eigedom og utbygging har signert intensjonsavtale med huseigar. Vidare er det laga eit rom- og funksjonsprogram. |
| INV - 1. Skredsikring | Fylkestinget syner til budsjettmerknad i PS 116/23 om planlegging, framdrift og finansiering av skredsikring. Ein bed om at arbeidet vert intensivert og at Fylkesdirektør ser på mogelegheita med å samkøyra reguleringsplanarbeid og prosjektering slik det vert gjort på utbygging av bybanen.<br><br>Fylkestinget har ei klar forventning om at Vestland fylkeskommune og Kontaktutvalet som er oppretta for prosjekta på Fv 49, Tokagjelet og «Poll til Poll», som ein del av E 134 arm til Bergen, også arbeider for samfinansiering av desse prosjekta.<br><br>Fylkestinget ber fylkesordførar om å gå i dialog med staten om korleis staten vil auka rammene for førebyggjing av skred og flaum, der nye og rimeleg løysingar kan vera ein del av arbeidet. | Iht. plan | 60 Infrastruktur og veg<br><br>Statens vegvesen utarbeidar ein utviklingsstrategi for Arm til Bergen i samarbeid med Vestland fylkeskommune og Nye veier AS. Utviklingsstrategien skal angje prioritering og finansiering av tiltak. Fylkesdirektøren legg til grunn at utviklingsstrategien må føresette statleg delfinansiering av sentrale prosjekt på fv. 49, då det er aktuelt at vegen blir omklassifisert til riksveg på eit seinare tidspunkt. Det er oppretta eit interkommunalt politisk råd for Arm til Bergen, og rådet vil mellom anna arbeide for å sikre statleg delfinansiering av desse prosjekta. |
| INV - 2. Innovativ skredsikring, overføre frå tunnelsikring | Fylkestinget bed Fylkesdirektør leggje fram sak med vurdering av omfordeling | Iht. plan | 60 Infrastruktur og veg |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | av heile eller deler av uprioriterte midlar til tunelloppgradering kan nyttast til innovativ skredsikring. Fylkestinget delegerar til fagutvalet å fatte endeleg vedtak. | | Det er lagt fram sak i hovudutval for samferdsel og mobilitet 23. april, jf. PS-31/2025 Vurdering av overføring av midlar frå tunneloppgradering til innovativ skredsikring. Det vart gjort slikt vedtak:<br><br>1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet meiner det er viktig å halde oppe frmdrifta i tunneloppgraderinga i økonomiplanperioden og omprioriterer ikkje desse løyvingane til andre investeringsføremål.<br>2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet legg til grunn at innovativ skredsikring kan finansierast innanfor løyvinga til skredsikring på investeringsbudsjettet.<br>3. Utval for samferdsle og mobilitet ber om at det vert lagt fram ei sak om korleis ein kan gjennomføre eit pilotprosjekt med innovativ skredsikring. Saka skal peike på aktuelle område å gjennomføre eit slikt pilotprosjekt. Dette for å sikra meir veg for pengane og bærekraftige løysingar.<br><br>Det er lagt fram sak til hovudutval for samferdsel og mobilitet i september: RS 65/2025 Pilot innovativ skredsikring - status og framdrift. |
| INV - 3. Naturrestaurering | Fylkeskommunen skal framleis søke statlege midlar og påverke staten til å styrke finansiering av naturrestaurering. | Iht. plan | 60 Infrastruktur og veg<br><br>Fylkeskommunen har i 2025 søkt og fått tilsegn på tilskot frå ordninga Miljødirektoratet har for tilskot til naturrestaurering til planlegging og prosjektering av naturrestaurering av Flostranda i Stryn kommune. Tilskottet var på 1,95 mill. kr |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | med utgangspunkt i finansiering av 50 prosent av utgiftene og må nyttast i løpet av året.<br><br>Det har synt seg av vi ikkje klarar å nytte midlane innanfor tidsramma og må seie frå oss tilskotet. Søknadsordninga vert vidareført, og det vil bli søkt om midlar i 2026 til restaurering av gamle fv. 500 utanfor Krokatunnelen. |
| INV - 4. Atløy | Det er ein føresetnad at fylkestinget i oppstartsvedtaket har høve til å vurdere saka på nytt dersom utbyggingskostnadane vert vesentleg høgre enn det som ligg til grunn i saka. Vi meiner tilknytingsvegar og bru bør lysast ut i ein heilskap, slik at ein har betre kontroll med kostnadane.<br><br>Dersom det ikkje er nok planleggingskapasitet hos fylkeskommunen, ber vi om at fylkesdirektøren kjem attende med ei sak.<br><br>Det må arbeidast vidare mot staten for at rentekompensasjonsordninga vert utvida utover 01.06.2027, og at ferjeavløysingsordninga totalt sett vert betre. | Iht. plan | 60 Infrastruktur og veg<br><br>Det er lagt fram PS-63/2025: Ferjeavløysing Atløysambandet - godkjenning av kostnadsramme og byggestart til fylkestinget i juni.<br><br>Fylkestinget gjorde følgjande vedtak:<br><br>1. Fylkestinget godkjenner utlysing og byggestart for prosjektet Ferjeavløysing Atløysambandet i Askvoll kommune innanfor ei kostnadsramme på 1 831 mill. 2025-kr.<br>2. Fylkesdirektør får fullmakt til å signere kontraktar under føresetnad av at dei samla prosjektkostnadene er innanfor kostnadsramma.<br>3. Dersom dei samla prosjektkostnadane er utanfor kostnadsramma blir prosjektet lagt fram for fylkestinget til ny handsaming. |
| INV - 5. Tokagjelet og Poll-til-poll | Fylkesdirektør skal setja i gang arbeidet med Tokagjelet utan opphald i 2025. Tokagjelet er eit stort prosjekt, og det vert arbeidd med samfinansiering i dialog med staten og kommunane. | Iht. plan | 60 Infrastruktur og veg<br><br>Vestland fylkeskommune har no sendt framlegg til reguleringsplan for tunell frå Steinsdalen til Eikedalen ut på høyring. Merknadsfristen var 24. oktober. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | Det er i utgangspunktet lagt opp til å lyse prosjektet ut som totalentreprise, der entreprenøren både prosjekterer og byggjer prosjektet. Med dette kan tiltaket bli gjennomført raskare, og vi kan nytte kompetansen hjå entreprenøren for å velje dei kostnads- og framdriftsmessig beste løysingane. Det kan vere aktuelt å lyse ut mindre førebuande kontraktar før hovudentreprisen, til dømes for skredsikring av påhogga. Det kan korte inn tida for utbygginga noko. |
| KFO - 1. Styrke tilskot Kulturelt utviklingsprogram (KUP) | Fylkestinget ønskjer å opprette eit slagkraftig regionalt kulturfond på 15 millioner ved å slå saman Kulturelt utviklingsprogram med staten si nye satsing på regionale kulturfond. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering får i oppgåve å opprette ordninga. | Ferdig | **40 Kultur og folkehelse**<br><br>Etablert regionalt kulturfond |
| KFO - 2. Planlegging Samlingssentrum/fellesmagasin | Fylkestinget ber fylkesdirektør intensivera arbeidet med å byggja eit nytt fellesmagasin. Den fylkeskommunale tomten på Haukås vert mellom lokalitetane som vurderast. | Iht. plan | 40 Kultur og folkehelse<br><br>I samarbeid med avdeling for eigedom og utbygging. |
| KFO - 3. Støtte til Friluftslivets år 2025 | Vestland fylkeskommune sett av 1 million kronar til arbeid med å få fleire med i friluftslivet. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering får i oppgåve å fordele midlane. | Ferdig | **40 Kultur og folkehelse**<br><br>Ferdig og avslutta i samsvar med plan. |
| MOK - 01. Kollektivtilbod i distrikt | Fylkestinget ønskjer å betra kollektivtilbodet i distrikta ved å be fylkesdirektør utarbeida framlegg (politisk sak) til korleis rutetilbodet kan styrkjast, med særleg vekt på å sikra gode korrespondansar buss/ferje/båt. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Fylkesdirektøren vurderer at verbalpunktet er svart ut gjennom fleire saker som samla sett gir ei brei utgreiing av kollektivtilbodet i distrikta. Gjennom 2024 og 2025 har fylkesdirektøren synleggjort korleis tilbodet er i dag, og kva vurderingar som ligg bak. Vidare har ein lagt fram retningslinjer for vidare tilbodsutvikling og -struktur.<br><br>Følgjande blir vurdert som dei mest sentrale og overordna sakene som syner korleis |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | kollektivtilbodet i distrikta kan styrkast vidare:<br><br>• Verktøykasse: RS 70/2025: Verktøykasse for tiltak og prioriteringar innan kollektiv- og mobilitetssystemet i Vestland - fylkesutvalet, 23.11.2025<br>• PS 50/2025: Retningslinjer for båttilbodet i Vestland - fylkesutvalet, 05.03.2025<br>• PS 290/2024: Kartlegging og vurdering av ferjetilbodet i Vestland - fylkesutvalet, 26.11.2024<br><br>Gode korrespondansar og gode tilhøve for omstiging er viktig for å skape eit samla nett av regionale og lokale linjer i distrikta, der det gjerne går færre avgangar. Korrespondanse er eit nullsumspel, og endring av rutetider for å etablere ny korrespondanse kan risikere å bryte eksisterande samband med større reisestraumar. Fylkesdirektøren vil kontinuerleg vurdere korleis vi kan optimalisere heilskapen i tilbodet innafor vedtekne rammer. |
| MOK - 02. Kollektivtilbod kommersielle aktørar | Fylkestinget ber fylkesdirektør om å gå i dialog med dei private kollektivselskapa med mål om å få til eit betre og meir samanhengande kollektivtilbod samla sett. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Det er sendt ut ein førespurnad til dei kommersielle busselskapa som køyrer i fylket på Doffin, der vi har spurt om innspel til dette punktet. Førespurnaden var samordna med spørsmål om kommersialisering av ruter, men tydeleggjort som eit eige punkt.<br><br>Det kom innspel frå to aktørar. Ingen av desse var tydelege på tiltak, men hadde kort generell formulering om viktigheita av samspel mellom kommersielle og fylkeskommunale ruter, både knytt til ruteplanlegging og takstsamarbeid. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | Skyss har god dialog med dei kommersielle aktørane. |
| MOK - 03. Heilskapleg ferje- og hurtigbåttenester | Fylkestinget understrekar forventninga om ei oppfølging og ferdiggjering av ei sak om heilskapleg ferje- og hurtigbåttenester i Vestland fylkeskommune. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Fylkesdirektøren vurderer at verbalpunktet er svart ut gjennom fleire saker som samla sett utgjer ei samla sak om heilskapleg ferje- og hurtigbåttenester i Vestland fylkeskommune.<br><br>Følgjande blir vurdert som dei mest sentrale og overordna sakene:<br><br>• Verktøykasse: RS 70/2025: Verktøykasse for tiltak og prioriteringar innan kollektiv- og mobilitetssystemet i Vestland - fylkesutvalet, 23.11.2025<br>• PS 50/2025: Retningslinjer for båttilbodet i Vestland - fylkesutvalet, 05.03.2025<br>• PS 290/2024: Kartlegging og vurdering av ferjetilbodet i Vestland - fylkesutvalet, 26.11.2024 |
| MOK - 04. Kollektivtilbod og reiseliv | Fylkestinget ber fylkesdirektør ta opp att arbeidet med å sjå kollektivtilbodet og reiselivet i samanheng (t.d. «Travel like the locals), for å både betre mobiliteten til turistar og auke inntektene til Skyss. Fylkestinget viser til veksten i reiselivet i Vestland, og ber fylkesdirektør gå i kontakt med næringa for å finne løysingar som sikrar god besøksforvaltning, god kollektivpolitikk og auka billettinntekter. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>I referatsak 85/2025 orientering om oppfølging av vedtak om kollektivtrafikk og turisme i hovudutval for samferdsel og mobilitet 18. november vart det informert om korleis verbalpunkt 4, 5 og 6 er handterte. |
| MOK - 05. Turistrute - buss - betalingsevne | Fylkestinget ber Skyss innføra eige takstopplegg for ruta tilpassa betalingsevna i turistnæringa. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>I referatsak 85/2025 orientering om oppfølging av vedtak om kollektivtrafikk og turisme i hovudutval for samferdsel og mobilitet 18. november vart det informert om korleis |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | verbalpunkt 4, 5 og 6 er handterte. |
| MOK - 06. Turistrute - buss - kommersialisering | Fylkestinget ber Fylkesdirektør gå i dialog med reiselivsnæringa om å overta ruteproduksjonen som gjeld turisme. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>I referatsak 85/2025 orientering om oppfølging av vedtak om kollektivtrafikk og turisme i hovudutval for samferdsel og mobilitet 18. november vart det informert om korleis verbalpunkt 4, 5 og 6 er handterte. |
| MOK - 07. Turistrute Hardanger - båt - billettordningar | Vestland har ein betydeleg vekst i turismen. Det må difor vera eit mål at ruter som er reine "turistruter» vert utvikla og drivne kommersielt. Fylkesdirektør vert beden om å ha dialog med involverte partar om korleis dette kan skje på ein føreseieleg og god måte. Turistruta vert vidareført, og billettakstar for turistar vert heva til same nivå som for turistrute Sogn. Me ber likevel Skyss vurdera billettordningar som sikrar at ruta kan vera eit kollektivtilbod til lokale innbyggjarar. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Fylkesdirektøren syner til sak i fylkesutvalet 21.10: RS 85/2025: Orientering om status for båtruta Turistrute Hardanger. |
| MOK - 08. Betalingsordningar/transaksjonskostnader | Fylkestinget ber Skyss gjera det lettare å velja ulike betalingsordningar for periodekort, og ber Skyss om å tilby ulike betalingsordningar som reduserer transaksjonskostnader og forenklar administrasjonen. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Fylkesdirektøren vurderer at verbalpunkt 8, 9 og 10 må sjåast i samanheng med kvarandre og overgang til Tet Digital AS. Verbalpunkta vil bli følgde opp som del av innføring av nye Tet-applikasjonar.<br><br>Verbalpunktet vurderast som svart ut på bakgrunn av tidlegare referatsaker om migrasjon til Tet Digital AS og orientering i hovudutval for samferdsel og mobilitet. Arbeidet er pågåande, og fylkesdirektøren vil orientere om utviklinga i saka med nye saker i 2026. |
| MOK - 09. Kollektivabonnement | For å gjera det å vera fast kollektivreisande enklast råd, ber fylkestinget Skyss om å utgreia eit "kollektivabonnement" som produkt, som brukar automatisk trekk av | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Fylkesdirektøren vurderer at verbalpunkt 8, 9 og 10 må sjåast i samanheng med kvarandre og overgang til Tet Digital AS. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | betalingskort (slik som ved strøymetenester). | | Verbalpunkta vil bli følgde opp som del av innføring av nye Tet-applikasjonar.<br><br>Verbalpunktet vurderast som svart ut på bakgrunn av tidlegare referatsaker om migrasjon til Tet Digital AS og orientering i hovudutval for samferdsel og mobilitet. Arbeidet er pågåande, og fylkesdirektøren vil orientere om utviklinga i saka med nye saker i 2026. |
| MOK - 10. Ny app - reiseplanleggar og billettkjøp | Fylkestinget ber fylkesdirektør i arbeidet med endra sonestruktur også arbeida ut ny app-løysing, som kombinerer reiseplanleggar og billettkjøp, med funksjonar som td Ruter har. Målet er at ny app vert innført i samband med endring av Sone A. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Fylkesdirektøren vurderer at verbalpunkt 8, 9 og 10 må sjåast i samanheng med kvarandre og overgang til Tet Digital AS. Verbalpunkta vil bli følgde opp som del av innføring av nye Tet-applikasjonar.<br><br>Verbalpunktet vurderast som svart ut på bakgrunn av tidlegare referatsaker om migrasjon til Tet Digital AS og orientering i hovudutval for samferdsel og mobilitet. Arbeidet er pågåande, og fylkesdirektøren vil orientere om utviklinga i saka med nye saker i 2026. |
| MOK - 11. Sonestruktur | Fylkestinget endrar ikkje Sone A no, men arbeidar vidare i 2025 for å sjå på moglege endringar i Sone A frå 2026. Endringane skal drøftast mellom partane i Miljøløftet. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Fylkesdirektøren syner til sak i fylkesutvalet 21.10.: RS 84/2025: Utgreiing – deling av sone A. |
| MOK - 12. Kollektivtilbod Bergen lufthavn på natt | Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie mogleg kollektivtilbod på nattestid mellom Bergen Busstasjon og Bergen Lufthavn Flesland. Bergen Lufthavn åleine er ein stor arbeidsplass med 4000 arbeidstakarar, og fleire av dei arbeidar på natt grunna arbeid knytt til første og siste flyavgang. Det er og andre arbeidsplassar i området med nattskift. I utgreiingsarbeidet blir lokale verksemder/arbeidstakarorganisasjonar inkludert. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Fylkesdirektøren syner til sak i fylkesutvalet 23.09.: RS 73/2025: Utgreiing av kollektivtilbod til Bergen lufthavn på natt. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| MOK - 13. Sniking | Snik skal reduserast. Fylkestinget ber Skyss auka innsatsen mot sniking på kollektiv, då dette undergrev legitimiteten til betalingsviljen og dermed heile kollektivtilbodet. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Skyss hadde referatsak om tematikken hausten 2024. I referatsak 86/2025 Status auka billettkontroll og tiltak for betre inntektssikring i hovudutval for samferdsel og mobilitet 18. november vart det orientert om tiltak som er og vil bli gjennomførte for å redusere omfang av sniking. |
| MOK - 14. Kompensasjon gratisferjer og ekstra ruteproduksjon | Fylkestinget ber administrasjonen gå i dialog med staten for å få kompensert for kostnadsauke og der gratisferjer medfører auka ruteproduksjon. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Det er løpande aktivitet å arbeide for betre rammevilkår. |
| MOK - 15. Kompensasjon gratisferjer - folkeregistrert adresse | Fylkestinget ber Regjeringa greia ut om høve til å reise gratis kan bli knytt til folkeregistrert adresse gjennom autopassavtalane for ferje. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Samferdselsdepartementet har sagt at det kan gjerast unntak frå gratisferjeordninga der det ligg føre særskilde trafikale forhold, og det er utvikla ei løysing i AutoPASS der ordninga vil vere knytt til køyretøy. Basert på dette har fylkesdirektøren føreslege løysing for fastbuande på Lerøy og Bjelkarøy i fylkesutvalssak 242/2025. Saksframlegget vil kunne brukast som utgangspunkt for liknande problemstillingar i andre samband. |
| MOK - 16. Kollektivproduksjon i byvekstområdet | Fylkestinget inviterer Bergen kommune og kommunane i Miljøløftet til samtalar om å få til den nødvendige auken i kollektivproduksjon. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Det er løpande aktivitet og god dialog/samhandling mellom fylkeskommunen, Bergen kommune og dei andre kommuane i Miljøløftet. |
| NPI - 1. Tidlegfasefond | Visar til sak i Fylkestinget PS 106/24 om tidlegfasefond. Fylkestinget ber om at eventuelt innskot i eit nytt tidlegfasefond vert avgjort i sak i fylkesutvalet snarast råd. Fylkesutvalet får fullmakt i saka. | Ferdig | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Innskot i eit tidlegfasefond er vedteke i fylkesutvalet, og teikningsavtale for teikning av aksjar i fondet for 15 millionar kroner er signert av fylkesdirektøren. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | Vedtak i fylkesutvalet i PS 14/25 Investering i Tidligfasefond Vestland I AS:<br><br>1. Vestland fylkeskommune støttar oppretting av nytt lokalt forankra tidlegfasefond i Vestland.<br>2. Vestland fylkeskommune investerer 15 millionar kroner i Tidligfasefond Vestland 1 AS, og blir medeigar i fondet. Eigardel vil vere avhengig av endeleg storleik på fondet. Målsetting for fondet er fondskapital på 40 millionar kroner, då blir Vestland fylkeskommune sin eigardel 37,5 %. Øvre grense for fondskapital er 60 millionar kroner, då blir Vestland fylkeskommune sin eigardel 25 %<br>3. Investeringa blir gjort ved bruk av midlar frå Vestland fylkeskommune sitt disposisjonsfond. Investeringsramma ligg fast for den avtalte levetida til fondet på maksimalt 10 år.<br>4. Fylkesutvalet ber fylkesdirektøren sørgje for koordinering og avklaring for å sikre at fondet si gjennomføring av investeringar er i tråd med fylkeskommunen sin politikk for innovasjon og næringsutvikling, slik det kjem til uttrykk i førande dokument for eigarskap. Fylkesutvalet gir fylkesdirektøren fullmakt til å inngå aksjonæravtalen i tråd med prinsippa i denne saka og |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen. |
| NPI - 2. Biokol | Biokol kan ha ei viktig rolle i å redusera klimagassutsleppa . Fleire fylker deltek i eit konsept via Regionalt miljøprogram i landbruket, samarbeid med private bedrifter og bønder i eit spleiselag. Fylkestinget bed fylkesdirektør undersøkje korleis Vestland også kan delta her, og komme tilbake til hovedutval for Næring med eiga sak. | Ferdig | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Referatsak om biokol vart handsama i hovudutval for næring 11. mars 2025 (PS 24/25). |
| NPI - 3. Ny ordning raudt til grønt | Fylkestinget set av 5 mill for å auka kunnskapen om påverknad på villaks og aure i PO3 og PO4. Prosjektet skal ha som målsetjing at Vestland kjem i grøn sone i trafikkljossystemet, og gjennomførast i samarbeid med forskningsmiljø og næringa. Hovudutval for næring arbeidar videre med innretning. | Ferdig | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Det vart lyst ut 4,8 millionar kroner i søkbare ordningar med søknadsfrist 1. september 2025. Handsaming av innkomne søknader er no gjennomført, og alle utlyste midlar er tildelt.<br><br>Vedtak i hovudutval for næring i PS 32/25 Frå raudt til grønt - auka kunnskap om påverknad på villaks og sjøaure i PO3 og PO4:<br><br>1. Hovudutval for næring set av inntil 2,8 millionar kroner til utlysing av FoU-prosjekt som kan styrke næringa sitt arbeid med å redusere talet på lakselus i oppdrettsanlegg. Utlysinga skal også opne for prosjekt som evaluerer pågåande arbeid med nye tekniske løysingar og førebyggjande tiltak mot lakselus.<br>2. Hovudutval for næring set av inntil 2,0 millionar kroner til utlysing av prosjektmidlar som kan avdekke ulike årsaker til nedgang/variasjon i lakse- og sjøaurebestandane. Forsterking og vidare utvikling av nokre pågåande kunnskapsprosessar er mellom aktuelle mottakarar av støtte.<br>3. Hovudutval for næring gir fylkesdirektøren |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | fullmakt til å avgjere innkomne søknader. Utvalet ber om ei referatsak med oversikt over desse vedtaka.<br>4. Hovudutvalet set av inntil 200 000 kroner til å organisere nye samarbeidsarenaer der næring, forsking og forvaltning kan møtast for å drøfte kunnskap og synspunkt på konsekvens av lakselus for oppdrett og villaks i Vestland fylke. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere desse midlane.<br>5. Hovudutvalet ber om ei ny sak tidleg i 2026 for å kunne evaluere tiltaka som grunnlag for vidareføring av arbeidet.<br>6. Tiltaka vert dekka med midlar i budsjett 2025 som er sett av til å auke kunnskapen om påverknad på villaks og aure. |
| OPK - 1. Utgreiingsressursar til verbalpunkt | Fylkestinget ber fylkesdirektør prioritere utgreiingsressursar til verbalpunkt og notar i budsjettet for 2023 og 2024 innan opplæringssektoren, og ber om at fylkesdirektør svarar på desse slik at det dannar grunnlag for arbeid i budsjett for 2026 og vidare. Særleg ordlyden frå budsjettvedtak i 2024: «Det er behov for ein gjennomgang av korleis vi løyser oppgåver og nivå/omfang av desse, for å sikre at opplæringssektoren fornyar og forbetrar seg i tråd med vår eigen temaplan og sentrale føringar. I kunnskapsgrunnlaget skal ein sjå på nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene. Det skal også gjennomførast ei konsekvensvurdering for ulike nivå av innsparing. Det er viktig at hovudutvalet er tett kopla på slik at justering av omfang og nivå er godt politisk forankra.» | Iht. plan | 30 Opplæring og kompetanse<br><br>Direktør for opplæring og kompetanse la fram politisk sak 39/2025 "Oppfølging av verbalpunkt vedteke i FT-sak 138/2024 Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028 - konsekvensvurdering for ulike nivå av innsparing" for hovudutval for opplæring og kompetanse i mai 2025. Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:<br><br>*Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til orientering. Jamfør tidlegare vedtak ligg dei politiske satsingane fast og skal ikkje utgreiast vidare for kutt. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber avdelingsdirektøren legge fram ei sak som svarar på bestillinga om nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene i sektoren* |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | *og som visar korleis ein kan fornye og forbetre i tråd med temaplanen og sentrale føringar.*<br><br>Vedtaket er følgt opp vidare som del av budsjett- og økonomiplanarbeidet. |
| OPK - 2. Mål, strategi og inntektspotensiale for Fagskulen i Vestland | Fylkestinget ber om ei sak som ser på dei overordna måla og strategiane til Fagskulen i Vestland, og saka leggjast fram for fylkestinget før sommaren 2025. Vidare ber fylkestinget styret for Fagskulen sjå på auka inntektspotensiale gjennom brukarbetaling frå skuleåret 2025-2026. | Iht. plan | 30 Opplæring og kompetanse<br><br>Fylkesdirektøren la fram politisk sak 58/2025 "Overordna mål og strategiar for Fagskulen vestland" for fylkestinget i juni 2025.<br><br>Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i saka:<br><br>1. *Fylkestinget tek saka til orientering.*<br>2. *Jamfør vedtak i sak 67/2024 Roller, styring og utvikling av Fagskulen Vestland, skal fagskulen ha ei tydeleg rolle i relevante fylkeskommunale plandokument, her under også regional plan for verdiskaping og kompetanse. Hovudutval for opplæring og kompetanse og hovudutval for næring vert involvert i fagskulen sin vidare prosess med strategiarbeid.* |
| OPK - 3. Inkludering og fullføring | Fylkestinget legg inn ekstra 20 millionar kroner til ekstra stimuleringstiltak pr år i perioden 2025-28, for å styrke denne innsatsen. Vi står også framfor fullføringsreformen, som vil tilrettelegge for at fleire kjem i utdanning og etterkvart i arbeid. Dette er positivt, men vil også krevje ekstra ressursar. Derfor er ei slik satsing på fullføring med 80 millionar over 4 år svært viktig å få sett i gang med. Hovudutval for opplæring og kompetanse får ansvaret med å administrere dei. | Iht. plan | 30 Opplæring og kompetanse<br><br>Politisk sak 25/2025 "Rullering av handlingsprogrammet Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring" legg føringar for bruken av løyvinga.<br><br>På bakgrunn av vedtak i politisk sak 24/2025 til hovudutval for opplæring og kompetanse "Justering av opplæringstilbodet 2025/2026" er 7 mill. kr av løyvinga i 2025 nytta til finansiering av ekstra klassar hausten 2025. Dei resterande 13 mill. kr er fordelte på skulane ut frå tal elevar i ordinær |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | vidaregåande opplæring inkludert individuelt tilrettelagt opplæring skuleåret 2024/25.<br><br>Midlane skal nyttast med mål om auka frammøte og deltaking i læringsarbeidet:<br>• redusere fråvær til under 5 prosent<br>• god leiing av læringsarbeid<br>• elevmedverknad og inkludering<br>• førebyggje psykisk uhelse<br><br>Skulane skal prioritere bruken av midlane ut frå lokalt utfordringsbilete. Skulane blir bedne om å lage ein plan for arbeidet og bruk av midlane og må sjå dette i samanheng med utviklingsarbeidet til skulen.<br><br>Hovudutval for opplæring og kompetanse skal ha halvårleg rapportering om kva midlane er brukte til, og kor mykje midlar som er nytta. |
| ORO - 1. Meir digitalisering, mindre reising | Fylkesutvalet held fleire møte digitalt, og elles i Bergen og Leikanger. Hovudutvala held fysiske møte rundt om i fylket, men held fleire digitalt. | Ferdig | **11 Organisasjon og økonomi**<br><br>Fylkesutvalet og hovudutvala har hatt fleire digitale møte i 2025 enn i 2024. |
| ORO - 2. Skjerpa stillingskontroll | Fylkesutvalet held ein fast dialog med fylkesdirektør om korleis vidareutvikla ein sterk, framoverlent organisasjon som løyser oppgåvene rimelegast mogleg, og viser veg i beste praksis i offentleg sektor. | Ferdig | **11 Organisasjon og økonomi**<br><br>Det har vore mykje merksemd på stillingar, og det er vesentleg lågare tal årsverk enn budsjettert. Dette som følgje av at vi har løyst stillingsbehovet ved å bruke allereie eksisterande ressursar, der dette har vore mogleg. |

# Personal og organisasjon

## Om organisasjonen




1.januar 2026 tok Robert Rastad over som ny fylkesdirektør etter Rune Haugsdal. Anne Iren Fagerbakke fråtredde stillinga som direktør for mobilitet og kollektivtransport 13.02.26. Jostein Fjærestad er konstituert i stillinga.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| Politisk styring og kontrollorgan | 5,14 | 5,08 | -0,06 |
| Organisasjon og økonomi | 135,07 | 136,43 | 1,36 |
| IKT og digitalisering | 144,72 | 146,93 | 2,21 |
| Eigedom og utbygging | 390,44 | 370,03 | -20,41 |
| Tannhelse | 490,56 | 495,92 | 5,36 |
| Næring, plan og innovasjon | 104,20 | 104,61 | 0,41 |
| Opplæring og kompetanse | 3 934,37 | 3 949,87 | 15,50 |
| Kultur og folkehelse | 121,85 | 120,86 | -0,99 |
| Mobilitet og kollektivtransport | 128,37 | 124,90 | -3,47 |
| Infrastruktur og veg | 388,21 | 388,69 | 0,48 |
| Aktivitetar utanfor fylkeskommunalt område | 0,00 | 5,61 | 5,61 |
| **Total** | **5 842,93** | **5 848,93** | **6,00** |

Denne tabellen syner utførte årsverk for 2024 og 2025 for dei ulike avdelingane i Vestland fylkeskommune. Totalt sett utførte tilsette i Vestland fylkeskommune 5849 årsverk. Det er ei auke på seks årsverk frå 2024. Tal årsverk innan Eigedom og utvikling er redusert med rundt 20 årsverk som følgje av nedskalering av utbyggingsorganisasjonen for Bybanen. Opplæring og kompetanse har på si side auka opp med rundt 15 årsverk. Dette heng m.a. saman med auka klassetal. For dei andre områda er det berre mindre justeringar.

## Likestilling - Løn

| | Årsverk | | Kjønnsfordeling i % | | Gj.snitt årslønn | | Kvinner si gjennomsnittlege løn i prosent av menn si løn | Gj.snitt stillingsprosent | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **KS stillingsgruppe** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | | **Kvinner** | **Menn** |
| Kap 3 - Ledere kap. 3.4.1 | 3,00 | 6,00 | 33,33 % | 66,67 % | 1 718 000 | 1 754 444 | 97,92 % | 100,00 % | 100,00 % |
| Kap 3 - Ledere kap. 3.4.2 | 79,53 | 79,57 | 52,20 % | 47,80 % | 1 053 273 | 1 092 115 | 96,44 % | 104,40 % | 99,06 % |
| Kap 3 - Ledere kap. 3.4.3 | 166,75 | 123,78 | 58,49 % | 41,51 % | 898 401 | 927 524 | 96,86 % | 99,55 % | 104,26 % |
| Kap 4 - Stillingskoder for arbeidsleder/formann, leder og fagleder | 22,81 | 31,78 | 40,91 % | 59,09 % | 635 243 | 656 501 | 96,76 % | 91,90 % | 87,50 % |
| Kap 4 - Stillinger uten særskilt krav til utdanning | 152,75 | 39,95 | 75,08 % | 24,92 % | 468 794 | 445 437 | 105,24 % | 83,19 % | 75,61 % |
| Kap 4 - Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger | 642,90 | 400,25 | 61,13 % | 38,87 % | 551 900 | 600 744 | 91,87 % | 86,02 % | 102,18 % |
| Kap 4 - Stillinger med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning | 14,98 | 13,00 | 46,15 % | 53,85 % | 547 446 | 661 269 | 82,79 % | 92,39 % | 103,38 % |
| Kap 4 - Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning | 285,52 | 74,56 | 78,46 % | 21,54 % | 601 484 | 613 585 | 98,03 % | 96,92 % | 88,52 % |
| Kap 4 - Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning | 139,98 | 177,44 | 46,53 % | 53,47 % | 643 568 | 660 842 | 97,39 % | 90,30 % | 92,72 % |
| Kap 4 - Adjunkt med tilleggsutdanning og Stillinger med krav om 5-årig U/H-utdanning | 469,82 | 415,36 | 54,49 % | 45,51 % | 712 178 | 715 166 | 99,58 % | 91,22 % | 92,11 % |
| Kap 4 - Lektor og Stillinger med krav om mastergrad | 69,58 | 52,62 | 57,95 % | 42,05 % | 671 280 | 704 083 | 95,34 % | 91,67 % | 91,05 % |
| Kap 4 - Lektor med tilleggsutdanning | 708,37 | 457,81 | 60,49 % | 39,51 % | 779 928 | 766 882 | 101,70 % | 93,36 % | 92,16 % |
| Kap 5 | 636,85 | 462,66 | 59,11 % | 40,89 % | 776 243 | 793 631 | 97,81 % | 100,14 % | 107,56 % |
| Kap 5 - Stillingskoder for ledere | 23,36 | 5,00 | 83,33 % | 16,67 % | 766 540 | 705 360 | 108,67 % | 93,69 % | 100,00 % |
| Andre stillinger | 8,75 | 8,74 | 53,33 % | 46,67 % | 789 405 | 879 559 | 89,75 % | 55,78 % | 62,32 % |
| Andre stillinger - Utdanningsstillinger | 10,20 | 24,18 | 28,85 % | 71,15 % | 432 877 | 444 384 | 97,41 % | 48,10 % | 74,38 % |
| **Total** | **3 435,15** | **2 372,70** | **59,27 %** | **40,73 %** | **690 913** | **717 788** | **96,26 %** | **95,43 %** | **98,47 %** |

Tabellen viser ei oversikt over løna til kvinner og menn per KS-stillingsgrupper. For heile organisasjonen utgjer den gjennomsnittlege løna til kvinner 96,26 prosent av løna til menn.

På grunn av ulike utrekningsmåtar og forskjellar i korleis stillingar er grupperte, avvik tala i denne tabellen noko frå tala i tabell 6 i delkapittel om fordeling av løn. Der er den gjennomsnittlege avtalte fastløna til kvinner 95,4 prosent av menn si. Den gjennomsnittlege avtalte fastløna for både kvinner og menn er òg høgare i tabell 6 i delkapittel om fordeling av løn enn den gjennomsnittlege løna som er nytta i denne tabellen. Årsaka til dette er at tabellen med KS-stillingsgruppering ser på heile året under eitt, medan tabell 6 fordeling av løn syner status per 31.12. Det betyr at tabellen over òg har med seg lønsdata frå før justering av løn i samband med lønsforhandling.

## Likestilling

Vestland fylkeskommune jobbar aktivt for likestilling og mot diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk og kombinasjonar av desse grunnlaga. I organisasjonsstrategien vår seier vi det slik: "Vi ser mangfald og forskjell som ein styrke". Det set retning for likestillingsarbeidet vårt.

Frå organisasjonsstrategien:

- Vi har eit sunt og inkluderande arbeidsmiljø der alle opplever likestilling og like moglegheiter, uavhengig av kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, språk, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og alder
- Vi jobbar aktivt med å fremje likestilling og kompetanse om mangfald. Vi ser mangfald og forskjellar som ein styrke som gjer organisasjonen vår betre og rikare for alle. Ved å vere opne for nye tankar og idear, og vere nysgjerrige på alle som er annleis enn oss sjølve, lærer vi meir og blir i betre stand til å levere gode, inkluderande og nyskapande tenester og løysingar.
- Vi har som mål at arbeidsstyrken vår skal representere breidda i samfunnet rundt oss. Når organisasjonen rommar fleire erfaringsbakgrunnar og perspektiv, blir det lettare for oss å oppdage og forstå utfordringar og behov hos innbyggjarar og i samfunnet.

### Status for likestilling mellom kjønna

Vestland fylkeskommune har gjennomført ei kartlegging av likestilling mellom kjønna. Vi har kartlagt kjønnsbalansen i verksemda, kor mange tilsette som jobbar mellombels hjå oss, kor mange deltidstilsette vi har, kva gjennomsnittleg uttak for foreldrepermisjon er for kvinner og menn, og fordeling av fråvær grunna sjukt barn mellom kvinner og menn. Dette blir vist i tabellane nedanfor, og under tabellen følgjer ei forklaring. Tabellane viser også endringar frå 2024 til 2025.

#### Balanse mellom kjønna

| År | Kvinner | Menn |
| --- | --- | --- |
| **2023** | 3802 (59 %) | 2697 (41 %) |

| År | Kvinner | Menn |
|---|---|---|
| **2024*** | 3733 (59 %) | 2569 (41 %) |
| **2025** | 3850 (59 %) | 2627 (41 %) |

Tabell 1: Tal på tilsette kvinner og menn og fordeling i prosent. * I tala for 2024 har vi identifisert at 96 av stillingane ikkje blei rekna med i talgrunnlaget, slik at tal kvinner og menn per 31.12.24 er noko høgare enn det vi rapporterte.

Det jobba 6477 personar i Vestland fylkeskommune per 31. desember 2025, 3850 (59 prosent) kvinner og 2627 (41 prosent) menn. Tala frå dei tre siste åra viser at fordeling mellom kjønn i Vestland fylkeskommune har vore stabil, med 59 prosent kvinner og 41 prosent menn.

### Mellombels tilsette

| År | Kvinner | Menn |
|---|---|---|
| **2024** | 277 (60 %) | 182 (40 %) |
| **2025** | 327 (62 %) | 204 (38 %) |

Tabell 2: Tal mellombels tilsette og fordeling i prosent mellom kvinner og menn.

Det var 531 mellombels tilsette ved utgangen av 2025 der 327 av dei er kvinner (62 prosent) og 204 menn (38 prosent). Tilsette som både har ei fast stilling og ei mellombels stilling hjå oss (til dømes vikariat i anna stilling, prosjektstilling og anna), er ikkje rekna med i talet for mellombels tilsette. Det er ei auke frå 2024 til 2025 i tal mellombels tilsette, men prosentvis fordeling mellom kjønna er tilnærma den same for begge år.

Lærlingar og traineear blir ikkje rekna som mellombels tilsette fordi dette er utdanningsstillingar og rekrutteringsstillingar. I 2025 hadde Vestland fylkeskommune 73 lærlingar og 3 traineear.

### Foreldrepermisjon

| År | Kvinner | Menn |
|---|---|---|
| **2024** | 13 veker | 9 veker |
| **2025** | 13 veker | 9 veker |

Tabell 3: Gjennomsnitt tal veker foreldrepermisjon for kvinner og menn.

317 kvinner og 160 menn hadde foreldrepermisjon i 2025. Tala for foreldrepermisjon viser at kvinner i gjennomsnitt tek 13 veker og menn tek 9 veker. Gjennomsnitt tal veker foreldrepermisjon for kvinner og menn er likt for 2024 og 2025.

## Deltid og ufrivillig deltid

| År | Kvinner | Menn |
|---|---|---|
| **2024** | 709 (68 %) | 330 (32 %) |
| **2025** | 699 (68 %) | 331 (32 %) |

Tabell 4: Tal tilsette og fordeling i prosent mellom kvinner og menn som jobbar deltid.

Per 31. desember 2025 var 1 030 personar tilsette i deltidsstilling i Vestland fylkeskommune, der 699 (68 prosent) er kvinner og 331 (32 prosent) er menn. Vi reknar tilsette med ein eller fleire stillingar som tilsaman har ein tilsettingsprosent på under 100 prosent som deltidstilsett. Samanlikna med tala for 2024 er det ein liten reduksjon i talet på tilsette i deltidsstillingar. Prosentvis fordeling mellom kjønna er stabil. Vestland fylkeskommune har som mål å tilsette i faste, heile stillingar og å motarbeide ufrivillig deltid. Samstundes meiner vi at eit inkluderande og likestilt arbeidsliv også inneber å gje rom for dei som av ulike årsaker ikkje kan jobbe fulltid.

I november/desember 2025 sendte vi ut ei undersøking til 1041 deltidstilsette for å få vite meir om årsaka til deltidsarbeid. 446 tilsette svarte på heile undersøkinga. Respondentane i undersøkinga forklarar deltidsarbeid i hovudsak med at arbeidsgjevar ikkje har tilbydd høgare stillingsprosent. Samstundes viser undersøkinga at familie- og/eller livssituasjon, anna jobb/student/sjølvstendig næringsdrivande, og mangel på ønskte arbeidsoppgåver/ikkje relevant heiltidsstilling å søke på, også er ein del av forklaringa til deltidsarbeid.  Ufrivillig deltid er når ein tilsett ønskjer og er tilgjengeleg for å jobbe meir. 44 prosent av respondentane svara at dei «ønskjer og er tilgjengeleg for å jobbe meir» på dette spørsmålet. Det indikerer at om lag halvparten av dei som jobbar deltid, jobbar ufrivillig deltid. 54 prosent svara at dei ønskjer å behalde stillingsprosenten dei har.

Når vi ser på på ulike avdelingar, viser resultata at det i avdeling opplæring og kompetanse er 49 prosent av respondentane som svarar at dei ønskjer og er tilgjengelege for å jobbe meir. I avdeling for opplæring og kompetanse var det per 31.10.25 199 miljø- og kantinepersonell med 100 prosent tilsettingsprosent. Desse har forkorta arbeidsår fordi dei følgjer skuleruta. Det inneber at dei utfører eit årsverk på 0,89 og har ein tilsvarande lønsreduksjon på 11 prosent. Ei undersøking blant tilsette med denne arbeidstidsordninga viser at 50 prosent av respondentane ønskjer å behalde stillinga slik ho er, med forkorta arbeidsår og redusert løn, medan 50 prosent ønskjer og er tilgjengelege for å jobbe meir. I avdelingane eigedom og utbygging og IKT og digitalisering (inkludert tannhelse) svarar høvesvis 29 prosent og 31 prosent av dei ønskjer og er tilgjengelege for å jobbe meir. Vestland fylkeskommune arbeider for at flest mogleg av dei som ønskjer og har høve til å jobbe meir, skal få moglegheit til det, innanfor rammene av arbeidskraftbehovet i organisasjonen.

## Fråvær grunna sjukt barn

| Kvinner | Menn |
|---|---|
| 2 933 dagar (66 %) | 1 516 dagar (34 %) |

Tabell 5: Fråværsdagar grunna sjukt barn for kvinner og menn i 2025.

Tabellen viser fordeling av fråværsdagar grunna sjukt barn for kvinner og menn i 2025. I nesten to av tre tilfelle der barn/barnepassar var sjuk var kvinner heime frå jobb. Noko av forklaringa på dette ligg i at

omlag seks av ti tilsette i Vestland fylkeskommune er kvinner, og kjønnsskilnaden er skeivare i dei yngste enn dei eldste arbeidstakargruppene.

## Fordeling av løn

Vestland fylkeskommune er ein stor arbeidsgjevar som treng eit breitt spekter av kompetanse. Vi har gruppert stillingar basert på kva type arbeidsoppgåver som ligg til dei forskjellege stillingane.

Tabellen nedanfor viser gjennomsnitt for ulike kontante ytingar for kvinner og menn i ulike stillingsgrupper. Gjennomsnitt kontante ytingar er summen av gjennomsnitt avtala fastløn, gjennomsnitt uregelmessige tillegg og gjennomsnitt overtidsgodtgjersle. Tabellen viser også dei ulike kontante ytingane til kvinner i prosent av ytingane til menn.

| Stillingsgruppe | Tal stillingar kvinner (prosent) | Tal stillingar menn (prosent) | Gjennomsnitt kontante ytingar kvinner | Gjennomsnitt kontante ytingar menn | Kontante ytingar kvinner i prosent av menn | Gjennomsnitt avtalt fastløn kvinner | Gjennomsnitt avtalt fastløn menn | Kvinner si avtalte fastløn i prosent av menn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Drifts- og støttestillingar | 978 (74,4 %) | 337 (25,6 %) | 545 876 | 568 071 | 96,1 % | 539 261 | 553 641 | 97,4 % |
| Fagstillingar og andre profesjonsstillingar | 96 (81,4 %) | 22 (18,6 %) | 669 517 | 722 269 | 92,7 % | 663 685 | 714 632 | 92,9 % |
| Kontorstøttestillingar | 265 (83,9 %) | 51 (16,1 %) | 611 086 | 641 091 | 95,3 % | 602 149 | 631 199 | 95,4 % |
| Leiarstillingar | 148 (65,8 %) | 77 (34,2 %) | 954 704 | 1 092 279 | 87,4 % | 939 038 | 1 067 987 | 87,9 % |
| Pedagogiske leiarstillingar | 140 (50,5 %) | 137 (49,5 %) | 977 226 | 997 214 | 98 % | 968 409 | 981 663 | 98,6 % |
| Pedagogstillingar | 1 738 (53,8 %) | 1 491 (46,2 %) | 773 496 | 769 628 | 100,5 % | 738 660 | 722 617 | 102,2 % |

| Stillingsgruppe | Tal stillingar kvinner (prosent) | Tal stillingar menn (prosent) | Gjennomsnitt kontante ytingar kvinner | Gjennomsnitt kontante ytingar menn | Kontante ytingar kvinner i prosent av menn | Gjennomsnitt avtalt fastløn kvinner | Gjennomsnitt avtalt fastløn menn | Kvinner si avtalte fastløn i prosent av menn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rådgjevarstillingar | 448 (61,5 %) | 281 (38,5 %) | 781 036 | 821 123 | 95,1 % | 775 202 | 811 233 | 95,6 % |
| Tannlegestillingar | 177 (77 %) | 53 (33 %) | 872 034 | 875 841 | 99,6 % | 868 063 | 869 193 | 99,9 % |
| Tekniske stillingar | 90 (28,7 %) | 224 (71,3 %) | 757 363 | 783 578 | 96,7 % | 745 444 | 762 574 | 97,8 % |
| **Total** | **4080 (60,4 %)** | **2673 (39,6 %)** | **724 219** | **771 611** | **93,9 %** | **705 058** | **738 852** | **95,4 %** |

Tabell 6: Kvinner og menn i ulike stillingsgrupper, gjennomsnitt sum kontante ytingar for kvinner og menn, gjennomsnitt avtala fastløn for kvinner og menn, og kvinner i prosent av menn for begge kategoriane. Merk at vi har fleire stillingar enn tilsette personar, då ein person kan ha fleire stillingar. Sum kontante ytingar er sum av avtala fastløn, uregelmessige tillegg og overtidsgodtgjersler. Sjå tabell 7 for oversikt over uregelmessige tillegg og overtidsgodtgjersler.

Ved utgangen av 2025 var avtalt fastløn for kvinner 95,4 prosent av avtalt fastløn for menn totalt i heile organisasjonen. Tabell 6 viser at det er ei overvekt av kvinner i kontorstøttestillingar og drifts- og støttestillingar. I desse stillingskategoriane er gjennomsnittleg avtalt fastløn for både kvinner og menn lågast. Det at det er mange kvinner i desse stillingane, er med på å dra ned snittet for kva kvinner tener. Samstundes er det ei overvekt av kvinner i tannlegestillingar. Det er ein stillingskategori med høg løn og er med på å dra opp gjennomsnittet for avtalt fastløn.

Kvinner si avtalte fastløn i prosent av menn er relativt lik mellom stillingsgruppene med unntak av leiarstillingar i kapittel 3 og 5. Der viser tabellen at avtalt fastløna for kvinnelege leiarar er 87,9 prosent av fastløna til mannlege leiarar. Dette kan forklarast med forskjell i fordeling av kjønn på ulike yrkesgrupper. Avdeling for eigedom og utbygging har til dømes mange kvinner i leiarstillingar innan reinhald. Kvinnedominerte yrke er ofte lågare betalt samanlikna med mannsdominerte yrke. Det er med på å dra ned snittet for kva kvinner i leiarstillingar i Vestland fylkeskommune tener. Såleis blir løna til kvinner også lågare i prosent av løna til menn for denne stillingsgruppa.

| Stillingsgruppe | Gjennomsnitt uregelmessige tillegg kvinner | Gjennomsnitt uregelmessige tillegg menn | Uregelmessige tillegg kvinner i prosent av menn | Gjennomsnitt overtidsgodtgjersler kvinner | Gjennomsnitt overtidsgodtgjersler menn | Overtidsgodtgjersler kvinner i prosent av menn |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Drifts- og støttestillingar | 5 466 | 8 730 | 62,6 % | 1 149 | 5 700 | 20,2 % |
| Fagstillingar og andre profesjonsstillingar | 4 544 | 7 186 | 63,2 % | 1 288 | 451 | 285,7 % |
| Kontorstøttestillingar | 6 172 | 4 786 | 129 % | 2 765 | 5 106 | 54,2 % |
| Leiarstillingar | 11 820 | 20 357 | 58,1 % | 3 846 | 3 932 | 97,8 % |
| Pedagogiske leiarstillingar | 7 450 | 11 669 | 63,8 % | 1 367 | 3 882 | 35,2 % |
| Pedagogstillingar | 23 701 | 27 389 | 86,5 % | 11 135 | 19 622 | 56,8 % |
| Rådgjevarstillingar | 2 827 | 3 486 | 81,1 % | 3 007 | 6 404 | 47 % |
| Tannlegestillingar | 3 462 | 6 218 | 55,7 % | 509 | 430 | 118,4 % |
| Tekniske stillingar | 3 406 | 5 224 | 65,2 % | 8 513 | 15 780 | 54 % |
| **Total** | **13 206** | **18 678** | **70,7 %** | **5 955** | **14 081** | **42,3 %** |

Tabell 7: Gjennomsnitt uregelmessige tillegg for kvinner og menn, gjennomsnitt overtidsgodtgjersler for kvinner og menn, og kvinner i prosent av menn for begge kategoriane.

For alle stillingsgrupper utanom fagstillingar og andre profesjonsstillingar, har menn i gjennomsnitt meir i uregelmessige tillegg og overtidsgodtgjersler samanlikna med kvinner. Uregelmessige tillegg og overtidsgodtgjersler er med på å auke forskjell i løn mellom kvinner og menn. Sjølv om forskjellane er små, ser vi at kvinner si løn i prosent av menn si løn for alle stillingsgrupper når det gjeld kontante ytingar er lågare enn for avtala fastløn.

Det er stor merksemd på dette området i fylkeskommunen, og vi vil halde fram arbeidet med å jamne ut slike kjønnsbaserte lønsforskjellar i samband med årlege lønsforhandlingar. Vestland fylkeskommune er i gang med å førebu innføringa av det nye likelønnsdirektivet frå EU som venteleg vil tre i kraft i 2027.

## Utvikling i fordeling av løn

Tala i denne tabellen viser at forskjell i løn mellom kvinner og menn har vore ganske stabil på rundt 95 prosent sidan 2021.

| 2025 | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| 95,4 % | 95,3 % | 95,6 % | 96,2 % | 95,8 % |

Tabell 8: Kvinner si gjennomsnitt avtala fastløn i prosent av menn si avtala fast løn frå 2021 til 2025.

## Arbeid for likestilling og mot diskriminering

Vestland fylkeskommune arbeider systematisk og målretta med likestilling, mangfald og inkludering. Arbeidet for å auke likestilling og hindre diskriminering er forankra på øvste nivå i organisasjonen. Hausten 2022 vedtok administrasjonsutvalet at Vestland fylkeskommune skal bli del av sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv. Sidan då har vi jobba aktivt med likestillingsarbeidet ved hjelp av verktøya vi har tilgang til gjennom sertifiseringsordninga. I juni 2024 vart Vestland fylkeskommune sertifisert som Likestilt arbeidsliv-arbeidsplass.

Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering i Vestland fylkeskommune:

- Vi lanserte den nye organisasjonsstrategien vår i mars 2024. Likestillingsarbeidet er forankra i denne gjennom ambisjonen: «Vi ser mangfald og forskjell som ein styrke».
- I 2021 utarbeidde vi ny retningslinje for å handtere og førebyggje mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme.
- Vi reviderte rutine for varsling i april 2024. Seksuell trakassering og kjønnsbasert vald inngår etter varslingsrutinen som kritikkverdige forhold og skal varslast om.
- Likestilling og ikkje-diskriminering er også fremma i anna personalpolitikk som lønspolitikk og etiske retningslinjer.
- Prosedyren vår for rekruttering er tydeleg på korleis vi skal gjennomføre strukturerte rekrutteringsprosessar.

### Slik jobbar vi for å identifisere risiko for diskriminering og hinder for likestilling

Vestland fylkeskommune starta arbeidet med sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv i 2022. Ordninga inkluderer alle diskrimineringsgrunnlaga og alle personalområda gjennom følgjande sju innsatsområde:

1. forankring
2. inkluderande arbeidsmiljø
3. rekruttering og karriere
4. tilrettelegging
5. heiltidskultur
6. livsfase
7. likeløn

I juni 2024 blei vi sertifisert i innsatsområda foranking, rekruttering og karriere, tilretteleggig og heiltidskultur. I 2026 skal vi resertifiserast i dei tre siste innsatsområda inkluderande arbeidsmiljø, livsfase og likeløn. Prosjektgruppa som har jobba med sertifisering og resertifisering har bestått av leiarar, tillitsvalde, verneombod, tilsette og HR-rådgjevarar. Alle avdelingane i fylkeskommunen har vore representerte.

Prosjektgruppa har brukt verktøya som ligg til sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv for å kartlegge diskriminering og hinder for likestilling i Vestland fylkeskommune. Kartleggingsverktøya består av ei sjekkliste kor vi har rangert oss sjølve på ulike kriterium innan kvart innsatsområde; dokumentanalyse kor vi har gått gjennom kva rutinar, retningslinjer og rettleiarar vi har som bidrar til å fremje likestilling og hindre diskriminering; og risiko- og sårbarheitsanalyse for kvart innsatsområde. Basert på kartlegginga har vi foreslått tiltak som skal fremje likestilling og hindre diskriminering.

Gruppa har vidare informert om arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering i ulike forum, som HR-forum, fylkesdirektøren si leiargruppe, administrasjonsutvalet og informasjons- og drøftingsmøte. Heiltid og arbeidet med å hindre ufrivillig deltid er fast tema i arbeidsmiljøutvalet ein gong i året. Etter at prosjektgruppa leverte frå seg forarbeidet sitt til resertifisering i juni 2025, oppretta vi ei eiga gruppe for likestilling, inkludering og mangfald (LIM-gruppe) hausten 2025 for å sikre kontinuitet i arbeidet. LIM-gruppa skal jobbe for å fremje likestilling og hindre diskriminering i tråd med likestillings- og diskrimineringslova og sertifiseringsordninga Likestilt arbeidsliv. Gruppa har eige mandat og består av fire hovudtillitsvalde frå dei fire hovudsamanslutningane, assisterande fylkeshovudverneombod og representantar frå HR-seksjonen.

## Risikoar for diskriminering og hinder for likestilling i Vestland fylkeskommune

I dette delkapittelet vil vi skildre kva risikoar for diskriminering og hinder for likestilling i Vestland fylkeskommune vi har kome fram til gjennom arbeidet vårt med risiko- og sårbarheitsanalysar for dei sju innsatsområda i Likestilt arbeidsliv.

Overordna ser vi at heile organisasjonen treng meir informasjon om korleis vi arbeider for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Det er også eit behov for at alle tilsette får meir kunnskap om likestilling, mangfald og inkludering i arbeidslivet.

### Rekruttering, karriere, utvikling og forfremjing

Vestland fylkeskommune ønskjer å spegle mangfaldet i befolkninga i Vestland i rekrutteringsarbeidet. Det er likevel ein risiko for at vi ikkje rekrutterer i samsvar med dette målet. Vi har ein intern prosedyre for strukturert rekruttering som hjelp til dei som rekrutterer. Vi arbeidar kontinuerleg for at denne rutinen skal vere kjend i organisasjonen slik at dei som rekrutterer har kunnskap om strukturerte rekrutteringsprosessar.

Det kan vere vanskeleg for personar som står utanfor arbeidslivet å få jobb i Vestland fylkeskommune. Det kan forklarast med kvalifikasjonsprinsippet, der den objektivt best kvalifiserte søkaren ut frå krava til den aktuelle stillinga, skal få tilbodet. Fylkestinget løyvde 5 mill. kr til inkluderande rekruttering for 2025 og ut økonomiplanperioden (2028). Les meir om inkluderande rekruttering i eige delkapittel.

## Løns- og arbeidsvilkår

Lønspolitikken vår slår fast at tilsette i Vestland fylkeskommune skal likebehandlast i vurdering av løn og avansement for arbeid av lik verdi uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, seksuell orientering, religion og livssyn, etnisitet og funksjonsevne. Omsorgsansvar og helseutfordringar skal ikkje påverke den generelle lønsutviklinga.

Vi viser her til omtale av kjønnsbaserte lønsforskjellar og kartlegging av deltidsarbeid under avsnitta fordeling av løn og deltid.

## Tilrettelegging

Tilrettelegging er arbeid for at medarbeidarane kan vere i arbeid som lenge som mogleg. Vestland fylkeskommune har gode rutinar for oppfølging av sjukmelde, inkludert oppfølging av hyppig fråvær. Arbeidsgjevar har ei tilretteleggings- og omsorgsplikt, og arbeidstakar ei medverknadsplikt.

Tilretteleggingsplikta er ikkje absolutt, arbeidsgjevar skal balansere tilrettelegging for den einskilde mot arbeidsmiljøet for heile arbeidstakargruppa. Det er risiko for at det ikkje blir tilrettelagt godt nok for tilsette som har behov for tilpassing av arbeidet. Ein årsak kan vere behov for meir kunnskap om korleis vi sikrar at arbeidsplassen er tilgjengeleg for alle, andre årsaker kan vere manglade oppfølging av eksisterande rutinar og retningsliner, og manglande kultur for å be om og kome i møte når ein arbeidstakar treng tilrettelegging for å halde fram i arbeid. Dette arbeidet må styrkast i 2026, og retningsline eller rutine for tilrettelegging kan vere til hjelp for både leiar og medarbeidar, slik at dei kan finne fram til gode løysingar for tilrettelegging saman.

## Livsfase

Vi ser ein risiko for at ulike livsfasar kan medføre fråvær frå arbeidet, redusert arbeidsevne og at tilsette går av med pensjon tidlegare enn kva både den tilsette og arbeidsgjevar ønskjer. Det kan handle om manglande merksemd og kunnskap om ulike hendingar som kan oppstå i ulike fasar av livet, til dømes kvinnehelse og overgangsalder og manglande tilrettelegging. Vestland fylkeskommune held på å lage ein livsfasepolitikk som skal bidra til ein god balanse mellom arbeidsliv og ulike livshendingar.

Vi ønskjer at tilsette som har vore lenge vekke frå arbeid, til dømes grunna sjukdom eller permisjon, skal få god oppfølging når dei startar i jobb att. Det er ein risiko for at tilsette etter langtidsfråvær ikkje blir tilstrekkeleg ivaretekne når dei kjem att på jobb. Ei mogleg forklaring på dette kan vere at vi som organisasjon ikkje er nok bevisste på kva det kan innebere for den tilsette å komme tilbake i jobbe etter eit lengre fråvær.

## Trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald

Arbeidet vårt med risiko- og sårbarheitsanalysen for innsatsområdet inkluderande arbeidsmiljø, viser at det er ein risiko for at tilsette i for liten grad rapporterer uønskte hendingar som trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Det kan handle om manglande meldingskultur og frykt for å melde frå. Sjølv om vi har ein varslingsrutine og retningsliner for å førebygge mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme, bør vi gjere meir for auke kjennskapen til denne mellom medarbeidarane. Vi

bør syte for at tilsette aktivt brukar varslingssystemet når det er behov for det. I medarbeidar-undersøkinga som vert gjennomført vinteren 2026, vil vi ha særleg merksemd på å kartleggje opplevd mobbing, trakassering, trugslar og vald.

### Status og resultat for tiltak vi gjennomførte i 2025

Fylkestinget løyvde 5 mill. kr til inkluderande rekruttering for 2025 og ut økonomiplanperioden (2028). Ledige stillingar i offentleg sektor skal som hovudregel lysast ut offentleg. KS og organisasjonane i kommunal sektor har sidan 2025 klarlagt fire unntak frå kvalifikasjonsprinsippet:

- Øyremerking av stillingar
- Mellombels tilsetting i inntil to år med lønstilskot utan utlysing
- Tilsetting utan utlysing etter to eller tre år i traineeprogram
- Bruk av skjønn

Vestland fylkeskommune har sett ned ei arbeidsgruppe med representantar for dei hovudtillitsvalte og medarbeidarar i HR-seksjonen, eksterne deltakarar er Nav Bergen og Nav Sogn. Det har vore dialog med alle åtte avdelingar om inkluderande rekruttering. I løpet av 2025 var totalt elleve personar engasjerte gjennom inkluderande rekruttering i seks av avdelingane. Kandidatane hadde ulik utdanning og bakgrunn, og årsaka til at dei vart vurderte som aktuelle for inkluderande rekruttering var funksjonsnedsetting, språkutfordringar og/eller hol i CV. Så langt er ingen av kandidatane fast tilsette, men fleire har fått forlenga arbeidsforholdet sitt ut i 2026. Tilbakemeldinga frå Nav er at sjølv om dei primært vonar kandidatane vert fast tilsett, er arbeidserfaringa og den kollegiale felleskapen, i tillegg til løna, særs viktig for kandidatane og sjansane deira på arbeidsmarknaden framover.

I tillegg gjennomfører vi ulike aktivitetar kvart år som også er relevante i arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering i organisasjonen. Til dømes har vi fleire kurs for seniorar kvart år. Desse kursa består av eit motivasjonsføredrag og informasjon om pensjon. Vi har også rekrutteringsdagar for leiarar med rekrutteringsmynde, med mål om å styrke rekrutteringskompetansen i organisasjonen. I 2024 starta HR-seksjonen HR-timen, som er ein månadleg digital informasjonstime for alle leiarar. Mange av temaa som blir tatt opp i denne timen er viktige i arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering.

## Helse, miljø og sikkerheit

Vestland fylkeskommune har organisert HMS-arbeidet med eit sentralt arbeidsmiljøutval for fylkeskommunen (AMU VLFK), arbeidsmiljøutval (AMU) for alle avdelingane og på alle skular, i nokre seksjonar og for tannhelsetenesta. Organiseringa gjev leiinga betre oversikt over eigne område, og det sikrar tettare oppfølging av HMS-arbeidet i kvar avdeling/sektor.

Det sentrale AKAN-utvalet jobbar førebyggjande mot rus- og speleavhengigheit. Det førebyggande arbeidet skal handsamast i dei lokale AMU, men dei skal ikkje handsame einskildsaker. Det sentrale AKAN-utvalet har hatt tre digitale temamøte for AKAN-kontaktane i 2025.

Vernetenesta har eit fylkeshovudverneombod i full stilling og eit assisterande fylkeshovudverneombod i 60 prosent stilling. Det er 55 hovudverneombod i dei ulike avdelingane og einingane i fylkeskommunen.

I samarbeid med fylkeshovudverneomboda vart det gjennomført ei fysisk samling for alle hovudverneomboda i januar 2025.

HR - Organisatorisk støtte og HMS syter for informasjon, bistand og opplæring i det systematiske HMS-arbeidet i fylket. I 2025 har vi gjennomført HR-timen kvar månad med ulike tema. Målgruppa er alle leiarane. I tillegg har vi mellom anna arrangert kurs i førebygging og handtering av vald og truslar, konflikthandtering og varsling.

Det vart gjennomført tre HMS-grunnkurs med digitale og fysiske samlingar i 2025. Rundt 100 leiarar, verneombod, tillitsvalde og AMU-medlemmar deltok på grunnkursa. I tillegg har lærlingane i fylket deltatt på innføringskurs i HMS-arbeid. Som ein del av den lovpålagde internkontrollen har det vore gjennomført ei HMS-rapportering. Sjå kapittel om internkontroll for omtale av resultat frå undersøkinga.

Avonova er bedriftshelseteneste for Vestland fylkeskommune, og møter i det sentrale arbeidsmiljøutvalet og AKAN-utvalet.

I 2025 har HR-seksjonen førebudd medarbeidsundersøkinga (MU) som vart gjennomført 26. januar–6. februar 2026. Avonova Census leverer MU til Vestland fylkeskommune. Einingane har frist til 1. september med å utarbeide tiltaksplan med forbetring- og bevaringsområde.

## Kvalitetsstyring

Kvalitetssystemet er sentralt i arbeidet med å dokumentere og sikre internkontroll. For tilsette utan særskilde oppgåver i kvalitetsarbeidet, fungerer systemet som ei e-handbok med oversyn over rutinar og retningsliner. Det er også her vi melder avvik, slår opp i stoffkartoteket og finn relevante lover, forskrifter og avtalar.

Det er lokale HMS- og kvalitetskoordinatorar i alle avdelingar, i nokre større seksjonar og på alle skulane. Koordinatorane skal støtte lineleiar, verneombod og medarbeidarar i HMS-arbeidet. Dei overordna kvalitetsansvarlege, minst ein frå kvar avdeling, er med i kvalitetsforum. Oppgåva til forumet er å sikre fagleg oppdatering, erfaringsutveksling, utvikle gode rutinar og drive fram systemutvikling. I perioden 2023–2025 har vi særleg arbeidd med avviksrapportering og -handtering, i tråd med HMS-måla.

I dokumentmodulen var det ved utgangen av 2025 publisert om lag 5500 dokument. HMS-arbeidet i fylkeskommunen skal sikre trygge og helsefremjande arbeids- og opplæringssituasjonar.

I 2025 var det registrert 1339 saker i kvalitetssystemet til Vestland fylkeskommune, sju færre enn året før. 1150 av dei var uønskte hendingar og avvik, 111 forbetringsforslag, 41 leverandøravvik, 1 varsel og 36 nesten-ulukker. Av 1150 uønskte hendingar og avvik, gjaldt 363 personskadar/yrkessjukdom.

Tabellen viser statistikk for meldingar om uønskte hendingar og avvik m.m.

| Type hending | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|
| Uønskte hendingar og avvik | 854 | 1137 | 1150 |
| Forbetringsforslag | 91 | 88 | 111 |
| Leverandøravvik | 37 | 67 | 41 |

| Type hending | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|
| Varsel | 34* | 20 | 1** |
| Nesten-ulykke | 31 | 36 | 36 |

* Fleire av desse var ikkje varsel etter arbeidsmiljølova.

** Rutinane for varsling vart justerte, og varsel skal som hovudregel ikkje rapporterast gjennom avvikssystemet.

Vestland fylkeskommune har etablert eit eige varslingsutval som vurderer varslingar. I 2025 mottok varslingsutvalet ti meldingar som vart vurdert å vere varsel etter arbeidsmiljølova. I tillegg vart det motteke sju meldingar som ikkje vart rekna som varsel, og som difor ikkje vart undersøkt etter varslingsrutinen. Døme på saker/meldingar som ikkje vert handtert etter varslingsrutinen er saker som gjeld arbeidstakar sitt eige arbeidsforhold (som ikkje er omfatta av varslingsreglane), forhold som fell utanfor arbeidsmiljølova, avvik og ønske om rettleiing.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,37 % | 3,77 % | 6,15 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 2,25 % | 3,66 % | 5,92 % |

Vestland fylkeskommune nådde nærværsmålet på 94 prosent i 2025. Samla fråvær i heile organisasjonen var 5,92 prosent, det same som i 2023 og med ei lita betring frå 6,15 prosent i 2024.

Sjukefråværet gjekk ned for både kvinner og menn i 2025 samanlikna med året før. Nedgangen var størst blant menn. Kvinner har framleis om lag dobbelt så høgt sjukefråvær som menn. Sjukefråværet for kvinner var 7,51 prosent, medan det var 3,37 prosent for menn. Kjønnsskilnaden i sjukefråværet i fylkeskommunen er på line med det vi elles ser i norsk arbeidsliv.

Sjukefråværet varierer mellom aldersgruppene, frå 4,94 prosent i aldersgruppa under 20 år til 6,13 prosent i aldersgruppa 50–59 år. Det er òg i denne aldersgruppa flest medarbeidarar går over på heil eller gradert arbeidsavklaringsyting etter eitt år med sjukmelding, og vidare over til heil eller gradert uførepensjon.

Seks av åtte avdelingar hadde auka nærvær i 2025 samanlikna med året før. Reduksjonen i sjukefråværet var størst i avdelingane organisasjon og økonomi og infrastruktur og veg. Stillingsgruppene tannhelsepersonell, reinhaldspersonell og miljøarbeidarar har framleis høgast sjukefråvær. Også i avdeling for opplæring og kompetanse gjekk sjukefråværet ned. Sidan ein stor del av medarbeidarane i Vestland fylkeskommune arbeider i denne avdelinga, har det bidrege til å redusere det samla sjukefråværet.

### Nærværstiltak og oppfølging

Vestland fylkeskommune har ei rekkje tiltak for å redusere sjukefråværet i alle avdelingar og einingar. Tiltaka er i hovudsak retta mot å styrkje nærværet i arbeidsmiljøet, men omfattar òg systematisk og god oppfølging av medarbeidarar som er sjuke. Årstad tannklinikk fekk arbeidsmiljøprisen 2025 for arbeidet sitt med arbeidsmiljø og nærvær. Prisen vart delt ut av Fagforbundet Vestland, Utdanningsforbundet og

KS på Arbeidsmiljøkonferansen i Vestland. Erfaringane frå arbeidet er delte både i arbeidsmiljøutvalet i Vestland fylkeskommune (AMU VLFK) og med andre einingar i organisasjonen.

I 2025 endra HR-seksjonen opplæringa i sjukefråværsoppfølging til digitale, modulbaserte økter. Opplæringa blir følgd opp med fysiske erfaringssamlingar i første kvartal 2025. Tilbakemeldingane på det nye kursopplegget har vore gode, og deltakinga blant leiarar har auka. Opplæringa tek mellom anna opp oppfølging utover eitt år, og kva som er viktig når arbeidsplassen tek imot medarbeidarar etter langtidsfråvær.

Sjukefråvær, sjukefråværsoppfølging og nærværarbeid er fast tema i AMU VLFK. Fylkesdirektøren har stor merksemd på sjukefråværet i organisasjonen og vil følgje utviklinga tett også i 2026.

# Internkontroll

Med heimel i kommunelova § 25-2 rapporterer fylkesdirektøren til fylkestinget om internkontroll og statlege tilsyn som ein del av årsmeldinga.

Fylkestinget har vedteke reglement for folkevalde organ og delegering. Her er det regulert kva mynde som er delegert til dei einskilde folkevalde organa, og kva mynde som er delegert til fylkesdirektøren. Dette omfattar også delegering etter særlov. Fylkestinget har på denne måten fastsett rammeverket for korleis fylkeskommunen skal etterleve lover og forskrifter.

Fylkesdirektøren har på si side utarbeidd ei administrativ fullmaktsmatrise, som syner korleis mynde er delegert vidare i organisasjonen. Kvar avdeling har også eigne rutinar og instruksar for korleis mynde er delegert. Dette er dokumentert i kvalitetssystemet. Dei administrative fullmaktene er reviderte i 2025.

Vidare overvaker fylkesdirektøren lovutviklinga, og ser til at endringar vert implementerte både i reglement vedtekne av fylkestinget og i den administrative fullmaktsmatrisa.

Sjølv om vedtaksoppfølging ikkje er nemnt i kommunelova § 25-1, har fylkesdirektøren i samsvar med kommunelova § 13-1 fjerde ledd, administrative rutinar for dette. Til dømes rapporterer fylkesdirektøren til fylkestinget om oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak. Dersom det oppstår avvik har fylkeskommunen rutinar for korleis handtere og lukke dette.

Praktisk etterleving og oppfølging av internkontrollen er ein integrert del av arbeidsprosessane i fylkeskommunen. Fylkesdirektøren har organisert arbeidet med internkontroll langs to aksar: Ein internkontroll som gjeld heile verksemda og ein avdelingsvis internkontroll knytt til ansvarsfelta til den einskilde avdelinga.

**Overordna og verksemds- eller avdelingsovergripande internkontroll**

- Oppfølging av internkontrollansvar knytt til informasjonssikkerheit (tryggleik knytt til data, digitale verktøy og prosedyrar m.m.) og internkontroll knytt til beredskap ligg til avdeling for IKT og digitalisering (IDI).
- Oppfølging av internkontrollansvar elles ligg til avdeling for organisasjon og økonomi (ORO).

**Avdelingsvis internkontroll**

- Ansvar for ivaretaking av internkontroll er vidare eit integrert ansvar knytt til den einskilde avdeling, for det respektive verksemdsansvaret til avdelinga. Det ligg til den einskilde avdeling å etterleve reglane for oppgåvene dei har ansvar for å utføre.

## Samfunnssikkerhet og beredskap

Fylkeskommunen skal ha beredskap for å handtere uønskte hendingar og oppretthalde tenestene våre, med betydning for samfunnssikkerheit og for eiga drift. Vi legg særleg vekt på å oppretthalde tenester som er definerte som kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur.

Fylkesdirektøren er medlem av fylkesberedskapsrådet og har gjennom året delteke aktivt på vegner av fylkeskommunen. Fylkeskommunen deltek i regionale samordningsmøte i regi av Statsforvaltaren ved større hendingar, der fleire fagavdelingar er representerte.

Fagmiljøa for overordna oppgåver knytt til sikkerheit, beredskap, personvern og informasjonssikkerheit er samla i avdeling for IKT og digitalisering. Dei skal bidra til god samordning, gi råd og rettleiing til heile organisasjonen.

## Overordna sikkerheit og beredskap

Mykje av arbeidet i 2025 har handla om å følgje opp forvaltningsrevisjonen innan beredskap. Oppfølgingspunkta strekk seg frå det overordna arbeidet med sikkerheit og beredskap, til meir detaljerte oppgåver innan digitalt sikkerheitsarbeid og handtering av valdshendingar på skular og tannklinikkar.
Arbeidet med å implementere felles krisestøtteverktøy i organisasjonen har halde fram, men overgangen frå CIM til Rayvn har forsinka framdrifta. Vi har gjennomført beredskapsøvingar på fleire nivå i organisasjonen, frå toppleiargruppa til einingar. Tema har vore knytt til IKT-sikkerheit, sikkerheitspolitisk scenario og pågåande livstrugande vald (PLIVO). Fylkeskommunen har løfta diskusjonar knytt til preventive tiltak ved ekstremvêrhendingar til fylkesberedskapsrådet.

Endringa i den sikkerheitspolitiske situasjonen har ført til at beredskapsplanverk knytt til øvre krisespekter har fått auka merksemd. Vi har fått etablert eit gradert informasjonssystem som skal gjere det enklare å handsame og dele gradert informasjon.

For fylkeskommunen har arbeidet med sivil transportberedskap vore viktig i 2025. Vi har mellom anna delteke og bidrege økonomisk til gjennomføringa av ein beredskapsanalyse av masseevakuering i regi av Bergen kommune. Resultatet frå analysen er forsinka som følgje av nedlegging av Samfunnssikkerheitens hus.

## IKT-sikkerheit

Gjennom 2025 har vi prioritert å få god utnytting av investeringa på nytt loggesystem, som vart gjort i 2024. Vi har styrkt IKT-grunnmuren ved naudsynte oppdateringar på switchar og lagring. Fleire informasjonskampanjar har vorte retta mot organisasjonen, og vi har kjøpt inn og sett i drift system for opplæring og trening av tilsette til å kunne oppdage og melde frå om uønskte hendingar.
Styringssystemet for IKT-sikkerheit har fått auka merksemd og prioritering. Toppleiargruppa har vore gjennom ei beredskapsøving på IKT-området.

## Personvern

Vestland fylkeskommune er lovpålagt å ha eige personvernombod. Alle avdelingar har i tillegg eigne personvernkoordinatorar, som skal hjelpe direktør og seksjons- og einingsleiarar i arbeidet med å sikre etterleving av personvernregelverket.

Personvernkoordinatorane skal samarbeide med blant andre personvernombod, systemeigarar, systemforvaltarar og sikkerheitsrådgjevar.
Vestland fylkeskommune skal som ein del av internkontrollen, melde avvik innanfor informasjonssikkerheit og personvern.

Tabellen under syner ei oversikt over avvik innan informasjonssikkerheit og personvern for dei siste fire åra.

| Oversikt avvik | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|---|---|
| Tal registrerte avvik informasjonssikkerheit og personvern | 26 | 49 | 54 | 90 |
| Tal avvik melde til Datatilsynet, informasjonssikkerheit og personvern | 6 | 17 | 13 | 12 |

I 2025 har Vestland fylkeskommune registrert ein auke i talet på avvik innan informasjonssikkerheit og personvern samanlikna med 2024. Auken må sjåast i samanheng med målretta arbeid med opplæring og bevisstgjering innan informasjonssikkerheit og personvern. Temaet har mellom anna vore prioritert i opplæring for nytilsette, på eigne samlingar for lærlingar og i kompetansetiltak retta mot personvernkoordinatorar i vidaregåande skule. I tillegg er det teke i bruk eit nytt verktøy for å styrke sikkerheitskulturen i organisasjonen, noko som vonleg har bidrege til lågare terskel for å melde frå om uønskte hendingar og moglege avvik.

Vestland fylkeskommune vil gå gjennom dei registrerte avvika for nærare å analysere kva som ligg bak auken samanlikna med 2024. Det vil bli lagt vekt på å vurdere alvorlegheitsgrad, gjentakande mønster og behov for ytterlegare førebyggjande tiltak. Erfaringane frå avvikshandsaminga skal nyttast systematisk i det vidare arbeidet for kontinuerleg å styrke informasjonssikkerheit og personvern i organisasjonen.

## Varsling

Varsel i fylkeskommunen går til det sentrale varslingsutvalet. Fire tilsette var medlemmar i utvalet i 2025, inkludert fylkeshovudverneombodet. Leiar for juridisk seksjon leiar varslingsutvalet, og juridisk seksjon er sekretariat for utvalet. Det er tidlegare etablert ei ressursgruppe med fleire medarbeidarar frå HR-seksjonen og juridisk seksjon. Gruppa vert nytta i arbeidet med å greie ut aktuelle varslingssaker, for å sikre rettstryggleik og framdrift i sakene.

Varslingsutvalet fekk i 2025 inn ti saker som vart rekna som varsel etter arbeidsmiljølova. Det er ein nedgang frå året før. Seks av sakene dreidde seg om påstandar knytt til uforsvarleg arbeidsmiljø, ei sak gjaldt miljø, ei sak om økonomisk misleghald, ei sak om kritikkverdig leiing, ei sak gjaldt andre føresegner i arbeidsmiljølova, og to saker gjaldt brot på dei skriftlege etiske retningslinjene til fylkeskommunen. Nokre saker inneheld påstandar om fleire forhold, difor samsvarar ikkje talet med tal saker. I to av sakene vart det påvist kritikkverdige forhold av ulik grad, jf. arbeidsmiljølova § 2 A-1.

## Etikk, habilitet og antikorrupsjon

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til høg etisk standard jf. kommunelova § 14-7d. I samsvar med verdiane til fylkeskommunen skal tilsette alltid tenkje og opptre etisk, òg i situasjonar som ikkje er direkte nemnde i retningslinjene. Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt og opptre på etisk forsvarleg vis, slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen er med i organisasjonen Transparency International Norge og nyttar verktøyet Antikorrupsjonshåndbok for kommuner. Handboka er publisert i det sentrale kvalitetsstyringssystemet til fylkeskommunen.

I 2025 har vi arrangert to samlingar for nytilsette der dei mellom har møtt fylkesdirektøren og representantar frå HR-seksjonen. Fylkesdirektøren presenterer på desse samlingane dei etiske retningslinene og tek vidare opp lojalitetsplikta, ytringsfridom, teieplikt og habilitet. Målet med samlingane at ein kjenner eigarskap til samfunnsoppdraget og verdiane, bli betre kjend med organisasjonen og møte andre nytilsette og få eit utvida nettverk. På samlingane har elles organisasjonsstrategien, kompetansestrategien og psykososialt arbeidsmiljø vore sentrale tema.

Det er stor merksemd på korrekt handsaming og oppfølging av varsel i organisasjonen. I 2025 vart det gjennomført to kurs for tilsette i dette regelverket. Vidare er det gjennomført ei rekke kurs innan t.d. forvaltningsrett, offentleglova, habilitet og kommunalrett med mål om å auke kompetansenivået i organisasjonen. Det er også gjennomført kurs for innkjøpsansvarlege med særleg merksemd på dei etiske retningslinjene til fylkeskommunen, habilitetsreglar og risiko for å verte utsett for ulike former for påverknad og press.

I samband med auka fokus på sikkerheit og beredskap er det gjennomført sikkerheitsklareringar og autorisasjonssamtalar med aktuelle tilsette.

Fylkesdirektøren har i 2025 hatt særleg merksemd på tematikken knytt til misleg framferd. Revisor frå Deloitte har hatt eigen gjennomgang med fylkesdirektøren si leiargruppe og dette har deretter vore tema i dei respektive direktørane sine leiargrupper. Det er ikkje avdekka saker knytt til misleg framferd i 2025.

Aktivitetane vil halde fram i 2026 med merksemd på målretta kompetanseheving gjennom ulike kurs og samlingar. Her er det mellom anna aktuelt å nytte den nye digitale Læringsmodulen som er tilgjengeleg via intranett. Nytilsette er elles ei prioritert målgruppe. Fylkesdirektøren vil også gjennomføre ein ny runde med lynlæring i dei etiske retningslinjene blant alle tilsette.

Vidare vil fylkesdirektøren invitere representantar frå Transparency International Norge til ein gjennomgang av relevant problematikk med fylkesdirektøren si leiargruppe. Dette vil bli følgt opp gjennom ulike informasjonstiltak i organisasjonen. Det vil også bli gjennomført ein tilsvarande gjennomgang med fylkestinget.

I samsvar med regelverket vil ny fylkesdirektør gjennomføre reautorisasjon av aktuelle tilsette i høve sikkerheitslova og det vil bli arbeidd vidare med personellsikkerheit. Merksemda på misleg framferd vil også halde fram i 2026. Vi skal auke kunnskapen blant tilsette om kva dette handlar om, og vere årvakne og i forkant. Slik kan vi beskytte organisasjon, og sikre at vi opprettheld eit etisk og trygt arbeidsmiljø, så vel som eit godt omdøme.

## Statleg tilsyn

Vestland fylkeskommune har hatt fleire tilsyn i 2025. Dei fleste av tilsyna er knytte til systematisk HMSK-arbeid eller tilsyn i form av lokale branntilsyn, el-tilsyn eller kommunale tilsyn av miljøretta helsevern.

I 2025 har det vore fem statlege tilsyn i regi av Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Statsforvaltaren. Tabellen under syner statlege tilsyn gjennomførte i 2025. Merk at Det lokale elektrisitetstilsyn (DLE) fører tilsyn med elektriske anlegg på instruks frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB), men at desse ikkje inngår i oversikta over statlege tilsyn:

| Tilsynsobjekt | Tilsynsmynde | Tema for tilsynet | Vart det gjort funn ved tilsynet? | Er avvik lukka innan frist? | Er dokumentasjon sendt tilsynsmynde? |
|---|---|---|---|---|---|
| Os vidaregåande skule | Arbeidstilsynet | Uanmeldt tilsyn: Bruk og godkjenning av anleggsmaskiner | Nei | N/A | N/A |
| Sogn jord- og hagebruksskule | Mattilsynet | Osteproduksjon i ysteri | Nei | N/A | N/A |
| Stord vidaregåande skule | Arbeidstilsynet | Nybygg | Nei | N/A | N/A |
| Fyllingsdalen vidaregåande skule | Statsforvaltaren | Trygt og godt skulemiljø § 12 | Ja | Ja | Ja |
| Avdeling for eigedom og utbygging | Arbeidstilsynet | Byggherreforskrift | Ja | Ja | Ja |

Tabellen viser funn ved to tilsyn. Ved Fyllingsdalen vidaregåande skule var tema for tilsynet fylkeskommunen sin internkontroll,  jf. kommunelova § 25-1, og plikta til å melde frå og undersøke skulemiljøsaker, jf. opplæringslova §§ 12-4 og 12-5. Statsforvaltaren gjorde eit vedtak 4. juli der fylkeskommunen vart pålagd å rette brot på regelverket, og som vart svart ut i oktober med ei utgreiing om korleis forholda var retta. I november avslutta Statsforvaltaren tilsynet.

Tilsynet ved avdeling for eigedom og utbygging gjeld arbeidsulukke ved bussanlegg. Pålegga ved tilsynet var framlegging av dokumentasjon, kompetanseheving av ansvarleg for vedlikehaldsprosjektet og gjennomgang av internkontroll. Gjennomførde og planlagde tiltak er oversendt Arbeidstilsynet og avviket er lukka.

## Status sjekkliste




### Overordna status Vestland fylkeskommune

## Status sjekklistekategoriar




Som del av arbeidet med å styrkje internkontrollen og gjere denne meir strukturert, samanliknbar, etterprøvbar og forbetringsretta, i tråd med tilrådingane i KS-rettleiaren “Orden i eget hus”, har Vestland fylkeskommune utarbeidd ei sjekkliste for rapportering på internkontroll. Sjekklista er delt inn i ni overordna kategoriar. Ved å stille dei same spørsmåla systematisk over tid, får fylkeskommunen betre grunnlag for å følgje utviklinga, identifisere mønster og lære av erfaringar.

Figurane over viser svarstatus i sjekklista for 2025. For kategori 1–4, 6–7 og 9 er spørsmåla utforma slik at ja er eit positivt svar, medan nei peikar på behov for forbetring. I arbeid betyr at eininga er i gang med å etablere det som det vert spurt om. Manglande svar kan skuldast at spørsmålet ikkje var relevant, ikkje aktuelt i 2025, eller at eininga manglar tilstrekkeleg oversikt. For kategori 5 kjem resultata frå ei eiga undersøking, der ja kan vere både positivt og negativt. Desse svara kan difor ikkje tolkast direkte ut frå fargekodane. HR har intern rapportering av resultata og oppfølging av svara med einingane. Kategori 8 omfattar eitt spørsmål om tilsyn. 13 av 59 einingar har svara at dei hadde tilsyn i 2025. Sjå elles eiga omtale av kategori 5 og 8.

I 2025 har dei ytre einingane berre rapportert på kategori 5 og 8 som del av årsmeldinga. For dette området har det allereie vore etablert systematisk rapportering. Rapportering på dei andre kategoriane er lagt til avdelingsnivå. Nokre spørsmål er retta særskilt mot avdelingar eller funksjonar som har ansvar for bestemte fagområde.

I 2026 vil Vestland fylkeskommune arbeide vidare med å kvalitetssikre spørsmåla som blir stilte til avdelingane, i samarbeid med dei fagmiljøa som har overordna ansvar for dei ulike kategoriane. For å sikre at svara kan nyttast aktivt i det vidare forbetringsarbeidet, er det viktig å vurdere om spørsmåla er relevante og dekkjande, og om dei som svarar har ei lik forståing av innhaldet. Det er òg eit mål at fleire kategoriar etter kvart skal rapporterast på av dei ytre einingane.

## Vurdering av resultatet av internkontrollen for 2025

### Kategori 1 – Generell internkontroll og styring

Svar frå avdelingane viser at internkontrollen i Vestland fylkeskommune er under utvikling, men at det må jobbast vidare med at internkontrollen blir godt nok forankra og forstått på alle nivå. Fleire avdelingar rapporterer at ansvar, roller og delegering knytt til internkontroll ikkje er tilstrekkeleg tydeleg definert, og nokre opplever manglande kompetanse på området. Forbetringspotensialet ligg særleg i å styrkje leiingsforankringa, sikre felles forståing av internkontroll som leiarverktøy, og gjere arbeidet meir operativt i kvardagen. Samstundes viser resultata at erfaringar frå avvik og tilsyn i stor grad blir brukte systematisk i forbetringsarbeidet.

### Kategori 2 – Risiko, vesentlegheit og kontrollaktivitetar

Undersøkinga viser at arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurderingar er ujamnt på tvers av organisasjonen, der fleire rapporterer at arbeidet med risikoanalysar og etablering av kontrolltiltak ikkje er fullt ut gjennomført. Resultata viser òg eit forbetringsbehov når det gjeld systematisk rapportering av avvik. Oppfølging av tiltak etter avvik og tilsyn er likevel i stor grad god. Vidare arbeid bør prioritere å etablere faste rutinar for risikoanalysar, sikre at kontrollaktivitetar svarar på identifisert risiko, og at resultat blir nytta aktivt i styring og forbetring.

### Kategori 3 – Økonomi, anskaffingar og eigedomsforvalting

Svar innan økonomiområdet viser at overordna økonomistyring, som oppfølging av budsjett og økonomiplan, i hovudsak fungerer godt og er i samsvar med politiske vedtak. Samtidig peikar to av ni respondentar på manglande avdelingsinterne rutinar for økonomisk internkontroll. Vidare er kjennskap til rutinar og rettleiingar innan økonomi varierande blant respondentane. Verksemda har i stor grad kompetanse på innkjøp, og avvik vert i hovudsak rapportert. Det kjem fram at kontraktsoppfølging har eit forbetringspotensial blant nokre respondentar. Vestland fylkeskommune jobbar med betre systemstøtte for kontraktsoppfølging.

### Kategori 4 – Informasjonssikkerheit og personvern

Vestland fylkeskommune har viktige delar av styringa på plass innan informasjonssikkerheit og personvern, særleg knytt til risikovurderingar, oppfølging og kontroll med kritiske område. Det gir eit godt utgangspunkt for å førebyggje uønskte hendingar og handtere risiko på ein systematisk måte.

Samtidig viser resultata at fleire grunnleggande rammer framleis er under arbeid og bør ferdigstillast og forankrast betre i heile organisasjonen. Det gjeld særleg å sikre tydelege roller og ansvar, oppdatert og samla styrande dokumentasjon, gode og einsarta rutinar, og å styrkje kompetanse og bevisstgjering hos tilsette. Vidare arbeid bør ha som mål å få meir lik praksis på tvers av avdelingane og redusere sårbarheiter knytte til etterleving og gjennomføring.

### Kategori 5 – HMS, arbeidsmiljø og medarbeidarskap

HMS-rapporteringa er ein del av den lovpålagte internkontrollen i Vestland fylkeskommune. Formålet med rapporteringa er å dokumentere aktiviteten i arbeidsmiljøarbeidet i samsvar med «Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter» og er ei form av eigenkontroll. Resultatet

frå rapporteringa vert sendt til fylkesdirektøren og arbeidsmiljøutvalet i fylkeskommunen (AMU VLFK) og er ein del av HMS-dokumentasjonen i avdelinga, på skulen eller i eininga.

HMS-rapporteringa for 2025 visar at leiarane i Vestland fylkeskommune jobbar godt med HMS-arbeidet i avdelingane. HMS-måla står sentralt, og dei tilsette er informerte om ansvar og oppgåver knytt til arbeidet med arbeidsmiljøet. Det blir jobba systematisk og godt med førebygging, tilrettelegging og oppfølging av sjukefråvær. Leiarane har eit mykje merksemd på kontinuerleg forbetring, og dei rapporterer at de følgjer opp og lukkar uønskte hendingar, avvik og forbetringsforslag i kvalitetssystemet.

Det er også område avdelingane kan bli betre på. Det gjeld til dømes risikovurdering og lokale tiltaksplanar. Forbetringspunkt frå rapporteringa blir følgde opp av leiinga i avdelingane med bistand frå HR-seksjonen.

## Kategori 6 – Beredskap og samfunnssikkerheit

Vestland fylkeskommune gjer i hovudsak eit godt og systematisk arbeid med beredskap og samfunnstryggleik. Rollene og ansvaret i beredskapsarbeidet er avklarte, og dei fleste avdelingane melder at dei har oppdaterte beredskapsplanar. Det er òg gjennomført ROS-analysar i fleire avdelingar, og tiltaka som kjem fram i analysane blir i stor grad følgde opp.

Samtidig peikar resultata på nokre tydelege forbetringsområde. Den overordna beredskapsplanen er framleis under oppdatering, og ikkje alle avdelingar er ferdige med planverk og ROS-arbeid. Fleire avdelingar har ikkje gjennomført øvingar eller simuleringar det siste året. Vidare arbeid bør derfor prioritere jamlege øvingar i alle avdelingar og å sikre at planverk og ROS-analysar er oppdaterte og omsette til praksis i heile organisasjonen.

## Kategori 7 – Etikk, korrupsjon og varsling

Vestland fylkeskommune har eit godt grunnlag for etisk praksis: Dei etiske retningslinene er vedtekne, blir i stor grad kjende blant tilsette og blir reviderte jamleg. Resultata tyder òg på at det i dei fleste avdelingane er god praksis for å melde frå om hendingar eller brot på etiske standardar. Samtidig peikar undersøkinga på eit forbetringsbehov når det gjeld førebygging og handtering av korrupsjonsrisiko.

## Kategori 8 – Oppfølging av tilsyn og revisjon

Mange einingar har hatt kommunale eller statlege tilsyn, særleg innan HMS, miljø og skulemiljø. Resultata viser at tilsyn i hovudsak blir handterte på ein ryddig måte, med dialog med tilsynsmynde og lukking av avvik innan frist.

Det er positivt at funn i stor grad blir retta opp, men svara viser at oppfølging og rapportering ikkje alltid er heilt systematisert. Vidare arbeid bør sikre betre oversikt, felles praksis for oppfølging, og at erfaringar frå tilsyn blir brukt aktivt i forbetringsarbeidet.

## Kategori 9 – Mål og resultat - tenestekvalitet

Vestland fylkeskommune har eit godt grunnlag for styring av mål og resultat. Verksemdmåla er tydeleg definerte og kommuniserte, og dei fleste avdelingane rapporterer måloppnåing ved hjelp av indikatorar og kvalitetsdata. Det gir betre oversikt over utviklinga i tenestene, og gjer det enklare å følgje med på om vi når måla. Samtidig tyder svara på at det er variasjon i kor systematisk vi vurderer tenestekvalitet

og brukartilfredsheit, og i kor godt avvik mellom planlagde og faktiske resultat blir analysert og følgt opp.

Rapportering og oppfølging av mål, indikatorar og kvalitetsdata skjer i stor grad på ulike måtar i avdelingane, ut frå det kvar enkelt definerer som relevant. Vidare arbeid bør difor prioritere ei tydelegare felles retning og krav til kva som skal målast og rapporterast, korleis resultata skal analyserast og følgjast opp, og korleis læring skal delast på tvers, slik at styringa blir meir einsarta og gir betre grunnlag for kvalitetsutvikling i heile organisasjonen.

# Klima og natur

## Samandrag

I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga (mål i utviklingsplan for Vestland 2024–2028).

Fylkeskommunen jobbar med å redusere det klima- og miljømessige fotavtrykket frå våre eigne aktivitetar og tenester. Samstundes skal vi i rolla som samfunnsutviklar bidra til berekraftig klimaomstilling av vestlandssamfunnet.

Årsmelding for 2025 gir eit statusbilete for verksemda og for regionen når det gjeld energi, klima, natur og arealbruk. Samandraget gir hovudtrekka, medan ytterlegare detaljar i klima- og naturrekneskapen ligg i vedlegga «Energi og klima» og «Natur og areal».

### Energi og klima – status i Vestland 2025

I 2024 vart det i Vestland sloppe ut om lag 6,2 millionar tonn $CO_2$-ekvivalentar, ein liten auke frå året før. Industri, olje og gass står for over halvparten av utsleppa, medan vegtrafikk og energiforsyning har hatt tydeleg nedgang sidan 2020. Samstundes har utsleppa frå sjøfart og luftfart auka. Det viser at klimaomstillinga er i gang, men at tempoet må aukast for å nå klimamåla.

Vestland er ein stor produsent av fornybar energi, med 36,4 TWh produsert i 2024, hovudsakleg frå vasskraft. Om lag 14 TWh vert eksportert årleg. God tilgang på fornybar energi gir eit sterkt grunnlag for vidare elektrifisering, men nettkapasitet og tilgang på straum er ei aukande utfordring for vidare omstilling.



## Klimafotavtrykket til Vestland fylkeskommune som verksemd

Vestland fylkeskommune reduserte det samla klimafotavtrykket sitt i 2025 til 263 645 tonn $CO_2$-ekvivalentar. Det var ein marginal nedgang frå 2024, men er ein klar reduksjon sidan 2020. Nedgangen kjem særleg frå utsleppskutt i kollektivtransporten, gjennom elektrifisering av ferjer og bussar.

Dei største utsleppa frå fylkeskommunal verksemd i 2025 kjem frå

- kollektivtransport: 56 prosent
- fylkesvegar (utbygging, drift og vedlikehald): 24 prosent
- vidaregåande opplæring (bygg, materiell m.m.): 15 prosent

### Viktige resultat i 2025

**Kollektivtransport**

- Utsleppa er reduserte frå 157 000 tonn $CO_2$-ekvivalentar i 2019 til om lag 100 000 tonn i 2025.
- Vedtekne kontraktar vil gi ytterlegare kutt på over 20 000 tonn $CO_2$-ekvivalentar, tilsvarande 22 prosent, i åra som kjem.

**Fylkesvegar**

- Klima- og miljøkrav er styrkte i utbyggings-, drifts- og vedlikehaldskontraktar.
- Meir bruk av sirkulære løysingar, mellom anna masseutskifting med knusefres, som reduserer utslepp med 80–95 prosent samanlikna med tradisjonelle metodar.
- Auka bruk av klimagassrekneskap og klimabudsjett i prosjekt gir betre oversikt og meir målretta tiltak.

**Bygg og energi**

- Energieffektiviteten i vidaregåande skular er 117,5 $kWh/m^2$, og har blitt betre over tid.
- Solenergiproduksjonen meir enn dobla seg i 2025, til om lag 1,2 GWh.
- Heile straumforbruket i 2025 er dekt av opphavsgarantiar som dokumenterer produksjon av tilsvarande mengd fornybar straum.
- Stord vidaregåande skule, ferdigstilt i 2025, oppnådde BREEAM Excellent og 41 prosent reduksjon i klimagassutslepp frå materialbruk.

**Tenestereiser**

- 62 prosent av personbilane som fylkeskommunen disponerer, er no elektriske (opp frå 48 prosent i 2024).
- Elektriske varebilar i verksemda steig frå 17 til 26 prosent.

- 669 tonn $CO_2$-ekvivalentar kom frå flyreiser gjort av politikarar, tilsette og elevar i 2025. Det er 5,5 prosent opp frå 2024.

**Ressursbruk og sirkularitet**

- Gjenbruk av IT-utstyr sparte om lag 355 tonn $CO_2$-ekvivalentar i 2025.
- Ombruk av møblar i byggeprosjekt for to vidaregåande skular har spart om lag 7,3 tonn $CO_2$-ekvivalentar.
- Avfallssorteringa vart betre, med 53 prosent kjeldesortering, opp frå 48 prosent i 2024.

## Korleis ligg vi an mot klimamåla?

Det er i Regional plan for klima 2022–2035 vedtatt klimamål der Vestland er ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet, ved at vi reduserer direkte klimagassutslepp med mål om netto-nullutslepp innan 2030, og reduserer klimafotavtrykket vårt ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, redusert materielt forbruk og avfall.

**Vestland som region**
Trenden både nasjonalt og regionalt er at territoriale klimagassutslepp går ned, men for sakte til å nå både nasjonale og regionale mål. Det er eit gap mellom ambisjonar og resultat.

**Vestland fylkeskommune**
Utviklinga i 2025 viser at vi er på rett veg, særleg innan kollektivtransport, bygg, køyretøy og meir sirkulær ressursbruk. Det ligg framleis store utslepp i anskaffingar og store kontraktar, der vidare krav og omstilling blir avgjerande fram mot 2030.

## Klimarisiko

Vestland er særleg utsett for klimarisiko knytt til sektorane petroleum, metallindustri, havbruk, jordbruk og transport. Risikoen oppstår i samspel mellom klimaendringar (som meir nedbør, flaum og ras), politisk styrt omstilling og endringar i internasjonale marknader. Desse faktorane kan påverke både næringsliv, arbeidsplassar og infrastruktur i fylket.

Vestland fylkeskommune er i startfasen med å kartleggje klimarisiko for eiga verksemd og eigne føretak. Auka fare for flaum og ras blir særleg vurdert opp mot fylkesvegnettet, bygg og anna drift. Arbeidet med klimarisikoanalyse på både regionalt nivå og verksemdsnivå vil bli vidareutvikla i 2026, og skal bidra til betre førebuing og meir robuste løysingar i møte med framtidige klimaendringar.

## Naturen i Vestland – verd å ta vare på

**Arealendringar er den største trusselen mot naturen i Vestland.** Når natur blir bygd ned eller forringa påverkar det naturmangfaldet, klimagassutsleppa og viktige økosystemtenester. Dette forsterkar både klima- og naturrisikoen i Vestland. Vestland fylkeskommune har som mål at omsyn til klima og naturmangfald skal vere premiss for samfunnsutviklinga, forankra i utviklingsplanen.

**Fylket rommar eit stort mangfald av naturtypar, med nasjonal og internasjonal verdi**. Samstundes blir tilstanden i mange økosystem forverra. Naturindeks viser at alle hovudøkosystem på land i Vestland er blitt svekka sidan 1990, og fleire har ein dårlegare tilstand enn landsgjennomsnittet, sjå figur 1.




## Areala i Vestland

**Vi har oppdatert arealrekneskapen for fylket og fylkeskommunen.** Arealrekneskapet gir oss oversikt over areala våre, og korleis vi forvaltar dei. Heile Vestland har per 2025 planreservar på i alt 236 385 daa – tilsvarande arealet til Osterøy kommune. Blir alle planreservar bygde ut, vil bebygd areal i Vestland fylke auke med 64 prosent. Dersom alle planreservar blir bygde ut, vil det føre til klimagassutslepp på over 15 millionar tonn $CO_2$-ekvivalentar over 75 år. Dei største klimagassutsleppa kjem frå planreservar i skog og myr, der vi har flest planreservar.

**Som verksemd eig Vestland fylkeskommune per 2025 areal tilsvarande over 20 000 fotballbanar**. Arealet har auka noko sidan i fjor som følgje av både metodeendringar og nye innkjøp. Fylkeskommunen har planreservar på om lag 1 700 dekar, hovudsakleg i open fastmark, skog og dyrka mark. Sjå ein full presentasjon av arealrekneskarpen til fylket og fylkeskommunen i vedlegget "klima og natur".

**Arealrekneskap som verktøy for kommunane i planarbeidet.** I 2025 publiserte Vestland fylkeskommune ein rettleiar gjennom Klimasats-finansierte prosjekt. Verktøya blir vidareutvikla gjennom NYVEST, med nye kartløysingar som gjer det mogleg å samanlikne gjeldande og føreslåtte kommuneplanar og synleggjere planreservar. I 2025 nytta 16 kommunar dette i planrullering. Samstundes deltek fylkeskommunen i nasjonalt fagleg samarbeid for felles metodikk.

### Naturkonsekvensar til Infrastruktur og veg samt Eigedom og utbygging

**Fylkeskommunen synleggjerer igjen naturkonsekvensar av investeringar i infrastruktur og veg.** Analysar av prosjekt frå to økonomiplanperiodar viser at store deler av arealbruken skjer i skog, myr, dyrka mark og natur med raudlisteverdiar. Oppsummering finst i vedlegget "klima og natur", i tillegg til i økonomiplanen for 2026–2029.

**Infrastruktur og veg har styrkt innsatsen for å ta vare på natur langs eksisterande vegnett.** I 2025 vart om lag 1300 km vegkant kartlagt i Nordhordland, og fleire område vart identifiserte som artsrike vegkantar. Det vart gjort ei rekkje registreringar av framande skadelege artar, og det er sett i gang arbeid med ein tiltaksplan for handtering av framande artar i utbyggingsprosjekt.

**Eigedom og utbygging nyttar i hovudsak allereie utbygde areal.** Oversikta over planlagde prosjekt i perioden 2026–2029 viser at dei fleste tiltaka skjer på grå areal eller byggeklare tomter. Det er starta arbeid med nye rutinar for tomteval, der naturkonsekvensar, klimaeffektar og påverknad på natur- og vassmiljø skal vurderast systematisk før tomteavgjersle.

### Vann og marine ressursar

**Miljømessig berekraft er avgjerande for vidare verdiskaping i akvakulturnæringa**. Gjennom satsinga Styrka marin innsats har Vestland fylkeskommune samla offentlege aktørar, næringsliv og kunnskapsmiljø for å utvikle løysingar som gir høgare verdiskaping med mindre miljøavtrykk. I 2025 vart kunnskapsgrunnlaget styrkt mellom anna gjennom nye marine grunnkart og kartleggingar som synte verdifullt marint naturmangfald rundt Stadlandet.

**Miljøtilstanden i elvar, innsjøar og kystvatn er generelt god, men fleire utfordringar gjer måloppnåing krevjande**. I 2025 vart planprogram for ny vassforvaltningsplan (2028–2033) vedtekne. Overgjødsling, miljøgifter, fysiske inngrep, oppdrett og klimaendringar påverkar vassmiljøet negativt, og om lag ein femtedel av vassførekomstane er sterkt modifiserte. For å sikre gode vassmiljø i framtida, er det behov for betre samordning og gjennomføring av tiltak.

## Status klimaoppdrag

### Andre samfunnseffekter

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv (32.3.) | Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv gjennom samarbeidsavtale mellom Vestland idrettskrets og Vestland fylkeskommune. Målet er å bli ein sterk regional utviklingsaktør i høve nybygg, rehabiliteriing, bygging og drift av idrettsanlegg der FN sine berekraftsmål vert lagt til grunn. Samarbeidet skal heve kompetansen på området gjennom felles tiltak og møteplassar for kompetanseheving og rådgjeving for å sikre nyskapande aktivitetsanlegg og berekraftige arrangement. | Iht. plan | **40 Kultur og folkehelse**<br><br>Pågåande. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | Ansvarleg: Vestland Idrettskrets og Vestland fylkeskommune<br><br>I 2023 har Vestland fylkeskommune inngått ein samarbeidsavtale med NTNU/ SIAT om kompetanse knytt til berekraftig anleggsutvikling.ema er eit viktig tema i regional kulturplan (2023-35) som vart vedteke i fylkestinget i mars. | | |
| Forarbeid arealrekneskap (NYVEST 52.1, 52.2) | Innheld fleire tiltak:<br><br>• NYVEST (52.1): NFR-prosjekt i eit samarbeid mellom Vestland, Møre og Romsdal og Rogaland fylkeskommunar, Vestlandsforsking og NINA. Prosjektet skal vidareutvikle metode for regionalt arealrekneskap, både som datagrunnlag, verktøy og vilkår for å forbetre avgjerdsprosessar knytt til arealbruk. Prosjektet har so langt utvikla GIS-løysing for å syne og talfeste arealbruksendringar og presentert ho for kommunane. Integrering av kunnskap i avgjerdsprosessar er undersøkt i tilgjengeleg litteratur, og KI-baserte naturkartleggingsmetodar er presenterte. Metoden gjev direkte estimat av endring av CO2 utslepp som fylgje av arealendringar i henhold til endra KPA, basert på ein modell frå Mdir. Under uttesting.<br>• Arealrekneskap for utsleppsreduksjon (52.2): Prosjekt med Klimasats-finansiering for samarbeid om arealrekneskap med mål om å utforme ein samanliknabar metodikk til nytte for både fylkeskommunen og kommunane i regionen. Prosjektet er tett kopla til NYVEST-prosjektet. Utarbeider regionalt arealrekneskap, samt arealrekneskap for kvar kommune i regionen. | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Tiltak 52.1 har utarbeidd arealrekneskap til alle kommunar i Vestland, som kunnskapsgrunnlag til arbeidet i kommunane med arealstrategiar og arealdelar. Prosjektet har saman med forskingsmiljø mellom anna sett på korleis samspelseffektar mellom klima og natur vert forstått og vektlagt i politiske avgjerder om arealendring. Prosjektet har vidareutvikla kartløysingar med informasjon om arealbruk i regionen.<br><br>Tiltak 52.2 har gjennomført spørjeundersøking og digitale og fysiske møte med kommunane. Regional arealrekneskap og skriftleg rettleiingsmateriell er publisert. Presentasjonar, øvingsoppgåver og formidling til kommunar og internt i fylkeskommunen.<br><br>Sjå meir på nettsida til fylkeskommunen: Arealrekneskap - Vestland fylkeskommune |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | Dette som utgangspunkt for dialog og vidareutvikling i å ta arealrekenskap i bruk knytt til KPA<br><br>Ansvar: NPI-PKA | | |
| Grøn Region Vestland (31.1.) | Prosjekt for å rigge Vestland for det grøne skiftet. Breitt regional partnarskap for å auke tempo, gjennom prioriteringar og treffe dei naudsynte tiltaka for å lukkast med grøn omstilling. Aksjonsretta og lite byråkratisk samanslutning. Tiltak vert gjennomført av næringane sjølve, Grøn Region Vestland legg til rette for å gi verkemdene det dei treng for å lukkast. Ansvarleg: Innovasjon Norge og Vestland fylkeskommune. Etter oppdateringa av vestlandsporteøljen hausten 2023 jobbar ein vidare i prosjektet med hub-koordinering, systematisk arbeid mot dei tematiske barrierane og gevinstrealisering. Arbeidet blir også kopla opp mot den nasjonale samskapingsmodellen, missions, og Vestland sine bidrag til grønt industriløft.<br><br>Ansvar: NPI - FKI | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Prosjektet blir vidareført i ny treårsperiode, etter vedtak i fylkestinget i sak 118/25. Metodikken blir utvikla vidare med dei erfaringane som blir gjort i hubbane. Det blir jobba med å auke forståinga for industriell symbiose og sirkulær økonomi i industri. Akademia blir kopla på for meir forsking på området. Prosjektet blir styrt etter tre arbeidspakkar:<br><br>• HUB koordinering<br>• kritiske suksessfaktorar<br>• administrasjon og gevinstrealisering.<br><br>Hovudmål for prosjektet er "sjølvgåande hubbar med økonomisk berekraftig finansiering" ved utgangen av 2028. |
| Grøn anleggsektor (23.3.) | Deltaking i nettverket Grønn Anleggsektor for å sikre grøn og fossilfri framtid der innovasjon og nye former for verdiskaping er naudsynt. Nettverket skal sikre sektoren si konkurransekraft | Ferdig | **13 Eigedom og utbygging**<br><br>Avdelinga deltek på møte og webinar gjennom året. |
| Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren (41.1) | Dialog kring tiltak vil skje i samarbeid med prosessen for årsplan for Regional plan for kultur 2023 - 2035.<br><br>Ansvar: KFO - KU | Forsinket | **40 Kultur og folkehelse**<br><br>Omformulert i 2026 til å gjelde breiare satsing på grønne løysingar i kultursektoren. |
| KlimaVestland (10.3) | KlimaVestland er ei satsing på samarbeid med kommunane i Vestland om klimaomstillinga. Gjennom satsinga vert det tilrettelagt for kunnskapsdeling, opplæring via klimanettverk og webinarar, og gjennom rådgjeving i planleggingsprosessar. | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Prosjektet hadde stor aktivitet i 2025. Vi hadde fysiske samlingar, nettverksmøte og klima&kaffi-webinar. Omlag halvparten av kommunane i Vestland deltek i nettverket. Prosjektgruppa har |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | Ansvar: NPI-PKA | | delteke i forskingsprosjekt saman med, og for, kommunane. |
| Klimapartnere Vestland (4.1) | Vidareutvikling av Klimapartnere Vestland som eit partnerskap for utsleppskutt og grøn forretningsutvikling. Nettverket vidareutviklar klimarekneskap som verktøy for å systematisk jobbe med klimarapportering for å syne resultat, samle eksempel frå verksemdene og vise god praksis. Klimapartnere Vestland har no 82 verksemder som partnarar i heile fylket.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Klimapartnere har etablert seg til å bli eit av dei fremste verktøya i fylket for grøn næringsutvikling. I 2025 vart det gjennomført 25 fysiske arrangement i regi av Klimapartnere Vestland. Det er arrangert13 webinar, digitale arrangement, inkludert i samarbeid med Klimapartnere nasjonalt. Arrangementa er viktige arenaer for kunnskaps- og erfaringsdeling, inspirasjon og mobilisering til handling, mellom anna gjennom formidling av partnarane sine eigne grøne løysingar og spydspissprosjekt. Sirkulære anleggsplassar, bildeling på jobben og klimarobuste samfunn er noko av det partnarane våre har vore pådrivarar for. |
| Klimaråd Vestland (1.1) | Etableringsmøte var i mai 2023. Nytt møte planlagt i november med nye politikarar for vidare arbeid.<br><br>Ansvar: NPI-PKA | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Klimarådet vert vidareført, men vidare aktivitet vert knytt til arbeidet med dei to nye regionale planane. Ordninga skal bli evaluert, og vidare form og formål skal bli vurdert opp mot innhald i dei nye regionale planane. |
| Miljøfyrtårnsertifisering VLFK (3.3.) | Vestland fylkeskommune er som konsern sertifisert som Miljøfyrtårn. Det er eit mål å fullføre og oppretthalde miljøsertifiseringa av fylkeskommunale einingar. Det er p. t. 20 vidaregåande skular som er miljøsertifiserte. Klimabudsjett saman med miljøleiingsverktøyet Miljøfyrtårn og ein offensiv anskaffingsstrategi bidreg til gjennomgåande klima- og miljøleiing i heile organisasjonen.<br><br>Ansvar: NPI-PKA | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Vestland fylkeskommune er som konsern sertifisert som miljøfyrtårn. I 2025 har tannhelsetenesta tilpassa miljøsertifisering av einingar, slik at det no er tannhelseområda og TK-Vest som blir sertifiserte. Slik er fem einingar i tannhelsetenesta sertifiserte, i tillegg til tre fylkesadministrasjonar og 18 vidaregåande skular. |
| Tilskotsordning til berekraftig samfunnsutvikling (5.2) | Vestland fylkeskommune har ei rekkje tilskot til nærings- og samfunnsutvikling i Vestland.<br><br>Tilskotsordning for fagområda klimaomstilling, folkehelsearbeid og by- og stadutvikling blei samordna i mars 2021. Tilskotsordninga støttar opp om prosess- og utviklingsarbeid i | Ferdig | Avvikla då det ikkje blei løyvd midlar til tilskotsordninga for 2025. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | kommunane sin innsats for å styrke lokalsamfunn, gode kvardagsliv og like mogelegheiter for alle. 19. september handsamar Fylkesutvalet instillinga med årets tilsegn. Fylkesdirektøren tilrår å gje tilsegn til 17 prosjekt knytt til utlysinga «Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling 2024», med total tilskotssum på 8 400 000 kroner.<br><br>Ansvar: NPI-PKA og KFO | | |

## Direkte utslipp

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Elektrifisering Askøysambandet og delelektrifisering Nordhordlandsruta (20.3.) | Ved konkurranseutsettinga i 2022 er det stilt krav om heilelektrifisering på askøyruta og CO2-kutt på nordhordlandsruta. Det er inngått ny kontrakt, og oppstart i januar 2025 er under førebuing. Skyss har estimert utsleppskutt til 2700 tonn CO2 årleg frå oppstart. | Forsinket | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Elektrifisering av Askøysambandet er forseinka grunna konkurs i verftsnæringa. Elektriske fartøy blir sett i drift våren 2026. |
| Elektrifisering av båtruter i Hordaland (20) | Det er behov for å fornye alle kontraktar for alle båtrutene i Hordaland dei kommande åra. Knytt til dette er det ambisjon om heil- og delelektrifisering av båtrutene. Det er starta utgreiingsarbeid. Sjå RS 25/2023 til SAMO. | Iht. plan | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Avdelinga held fram med målsettinga om å kutte klimagassutslepp for fleire hurtigbåtruter. Det er samstundes viktig at ein kan oppretthalde eit godt tilbod. I tida framover vert det arbeidd med Sunnhordlandsruta. |
| Elektrifisering av ferjesamband (19.2. ) | For ferje vart elektrifiseringa på 17 samband gjennomført i 2020 og 2021. 22 av 28 ferjer er hybridelektriske. For ferjesambanda er utsleppa drastisk redusert frå 2018 gjennom krav i dei nye kontraktane i Hordaland. Heilårseffekt for elektrifisering av ferjene i Hordaland er rapportert for 2022.<br><br>Dei neste kontraktfornyingane for ferje i Sogn og Fjordane finn stad mellom 2023 og 2027. Endeleg vedtak av ambisjonsivå for utsleppskutt blir behandla politisk i 2024. Konkurranse skal lysast ut i 2024 for iverksetting 2027. | Iht. plan | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Ny kontrakt for ferjesamband i Sogn og Fjordane vart inngått i 2024, med oppstart i november 2027. Kontrakten inneber at sambanda Måløy–Husevågøy–Oldeide, Isane–Stårheim og Askvoll–Fure–Værlandet skal gå frå diesel til elektrisk drift, samtidig som dei resterande sambanda delvis skal drivast elektrisk. |
| Elektrifisering og biodrivstoff Bergen-Nordfjord-Sogn/Flåm (20.2.) | Konkurranse er lyst ut. Iverksetting frå 2025/2026. Skyss estimerer eit | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport** |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | reduksjonspotensialet på 15000 tonn $CO_2$ årleg frå oppstart. | | Konkurransen er avlyst etter vedtak i fylkestinget. |
| Elektrifisering og biodrivstoff lokale båtruter Sogn og Fjordane (20.1.) | Norled er tildelt kontrakt. Nye kontraktar for lokalbåtar i Florøbassenget og Sognefjorden har oppstart mai 2024. Skyss har estimert utsleppskutt til 2400 tonn $CO_2$ årleg frå oppstart. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Kontrakt er i drift. |
| Etablere dialog og samarbeidsform med dei største punktutsleppa (35.1.) | Etablere forum for dialog, som rundebordskonferanse for å avklare moglegheiter for samarbeid om a realisere utsleppskutt. Sikre kopling til eksisterande nettverk og fora. Det er gjennomført Rundebordskonferanse 2.0 i juni i Oslo med dei store bedriftane, fylkevaraordførar, NHO, Fellesforbundet og næringsministeren. Viktig tema i Grøn Region Vestland og øvrig næringsutviklingsarbeid i Vestland fylkeksommune.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Vert integrert i Grøn Region Vestland (GrV) 31. januar. Dialogen med punktutsleppa vert ein integrert del av GrV. Vi skal jobbe med dei største utsleppspunkta ved å bruke hub-metodikken. I 2025 har Vestland fylkeskommune arrangert møte og arrangement knytte til Clean Industrial Deal, med mål om å motivere næringslivet i fylket til å søkje på relevante EU-utlysinga. |
| Grønare bybanebygging (15.1.) | Bybaneprosjektet går inn i ei fase med lågare aktivitet som følgje av prosess rundt traseval i Bergen sentrum. Grønare bybane skal likevel ligge til grunn for vidare planlegging og for prosjekteringa når denne startar opp att.<br><br>EIU er innvilga Klimasats-tilskot på 1,8 mill. kr for å jobbe med klimakrav i entrepriseanskaffingar innan bygg- og anlegg. Tiltaket vil ha eit stort bidrag til omstilling til lågutslippsamfunnet mellom anna gjennom:<br><br>• Betre evaluering og tildeling av utbyggingskontraktar basert på klima- og miljøprestasjonar<br>• Krav i kontraktane som fremjer miljø- og klimavenlege løysingar mellom anna knytt til utslippfrie bygg- og anleggsplassar, klimavenleg materialbruk, innovative miljøløysingar, sirkulærøkonomi og ombruk, berekraftig massehandtering, energibruk i drift osv. | Iht. plan | I samband med prosjektering av byggetrinn 5 har det i 2025 gått føre seg eit arbeid med å etablere kunde- og prosjektmål for prosjekteringa. Det skal sikre effektiv målstyring og at prosjektet bidreg til å nå dei overordna måla til Vestland fylkeskommune. Berekraft blir lagt til grunn som eit styrande prinsipp, og kundemåla er utforma for å bidra til dei tre dimensjonane miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Målarbeidet vart ferdigstilt hausten 2025, med utvikling av måltavle, visualisering av KPI-ar og rapportering i 2026. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | Tiltak som så langt er gjennomført og ferdigsstilt i Byggjesteg 4:<br><br>• Ferdigstilt klimagassberekning for Byggetrinn 4. Hovudtiltak i byggesteg 4 var bruk av fossilfrie energiberarar (biodiesel), og bruk av lågkarbonbetong i konstruksjonar<br>• Berekninga viser at tiltaket med bruk av biodiesel bidrog til 8175 tonn CO2-ekvivalenter spart, noko som medfører 43,8% reduksjon av utslepp samanlikna med bruk av fossil diesel<br>• Det ble gjennom heile byggetrinnet stilt krav til bruk av lågkarbonbetong klasse A eller betre i konstruksjonar der dette var mogleg. Klimagassberekninga viser at dette tiltaket førte til ein reduksjon av utslepp på 11 726 tonn CO2-ekvivalentar. Dette tilsvara ein reduksjon på 23 % samanlikna med ein situasjon der det ikkje ble stilt krav om lågkarbonbetong<br>• Den siste store entreprisen (D18 Kronstadtunnelen) ble ferdigstilt i april 2023. Dette prosjektet ble gjennomført med ein høg del elektriske maskiner og køyretøy. Det ble mellom anna gjennomført heilelektrisk muring av tørrmurer og støyping ved hjelp av elektrisk betongpumpe<br>• Fleire av entreprisekontraktane har gjennomført berekraftsertifisering ved bruk av BREEAM Infrastructure til godt resultat. Av seks entrepriser har alle levert iht. krav i kontrakten eller betre. To prosjekter oppnådde karakteren Excellent, 3 har fått karakteren Very Good, mens eit siste prosjekt er under vurdering no.<br><br>Ansvar: EIU | | |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Hurtigladeinfrastruktur til tyngre køyretøy (21.3) | Etablere samarbeid mellom fylkeskommunen og relevanteaktørar innan engros, renovasjon og varetransport om hurtigladeinfrastruktur for tungtransport med utgangspunkt i pågåande prosess i Statens vegvesen.<br><br>Strategi for lading av tunge køyretøy vart vedteke av Fylkestinget i juni 2024. Fire av de tungbillading-stasjonanen som fekk tilskot i 2024 er bygget. Det er ikkje løyva midlar til tilskot i 2024 då det ikkje har vore budsjettpost for dette.  Eigedom har tilbydt Eviny å leie areal til tungbillading i Åsane.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>For å følgje opp strategi for lading av køyretøy løyvde hovudutval for næring til saman 5,3 millionar til utbygging av sju hurtigladarar til tunge køyretøy på tre nye ladelokasjonar (Moskog, Mongstad, Øystese og Jondal).<br><br>For å betre ladetilbodet i distriktet for personbilar og drosjer vart det løyvd til saman 5 millionar til å bygge 14 hurtigladarar for elektriske køyretøy (personbil/drosje) på seks nye lokasjonar i Stad, Bremanger, Masfjorden og Skånevik. |
| Klimavenleg massehandtering (24.1.) | Prosjektet skal identifisere god praksis for økonomisk og klimavennlig massehandtering. Hensikta er å identifsere tiltak, prinsipp og strategiar i situasjonar der vi som vegbyggar har eit masseoverskot og/eller der vi har eit masseunderskot og kan ta i mot massar frå andre aktørar. Det er henta inn kunnskap om samfunnsgevinstane og barrierane knytt til berekraftig og nyskapande massehandtering. Ut frå kunnskapsgrunnlaget er det tilrådd ni satsingsområde som bidrar til samordning av regelverket, kompetanseutvikling og betre samhandling internt. I løpet av 2024 skal avdeling for infrastruktur og veg leie eit tverretatleg samarbeid for å planlegge og etablere eit ressurssforum med representantar for verdikjeda. Avdeling for infrastruktur og veg vil ha sekretariatet for forumet i etableringsfasen.<br><br>Ansvar: INV | Iht. plan | **60 Infrastruktur og veg**<br><br>Vestland fylkeskommune har samla kunnskap om både gevinstar og utfordringar ved berekraftig og nyskapande massehandtering. Basert på dette er det tilrådd ni satsingsområde som skal bidra til betre samordning av reghelverk, utvikling av kompetanse og styrkt intern og ekstern samhandling. Utarbeiding av overordna strategi for sirkulær massehandtering i Vestland.<br><br>Basert på kunnskapsgrunnlaget som vart henta inn, skal det utarbeidast ein overordna strategi for sirkulær massehandtering i Vestland. |
| Miljøløftet (14.1.) | Personbiltrafikken har vore prega av pandemien dei seinaste åra. Rapportering på nullvekstmålet blir gjort ved eit treårig glidande snitt, og pandemien påverkar dermed framleis resultatet. Byindeksen viser at det ikkje var ein trafikkauke i 2023 samanlikna med referanseåret 2018. Det vil si at nullvekstmålet er oppnådd også i år. Utviklinga er likevel urovekkande. Trafikken har auka kvart år sidan 2020, og om vi samanliknar 2023 med 2022 var det ein auke i personbiltrafikken på 1,1 prosent. Om denne utviklinga held | Iht. plan | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Miljøløftet er samarbeidet mellom kommune, fylke og stat om byvekstavtalen for bergensområdet. Det viktigaste målet i byvekstavtalen er nullvekstmålet. Det inneber at personbiltrafikken i bergensområdet ikkje skal auke samanlikna med referanseåret 2018.<br><br>Alle forvaltningsnivå er representerte i Miljøløftet, og samarbeidet kan med det nytte kommunale, fylkeskommunale og statlege verkemiddel på areal- og |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | fram, vil vi til neste år ikkje nå målet om nullvekst.<br><br>Samarbeide for å nå nullvekstmålet er vi forplikta til gjennom byvekstavtalen for Bergensområdet. Alle prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal porteføljestyrast opp mot måloppnåing i høve til nulllvekstmålet og slik bidra til eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for innbyggjarar og næringsliv i Bergensområdet. Oppfølging av handlingsprogram for Miljøløftet for perioden 2023-2026 (vedteke FT 21.06.2022 PS 46/2022) vil legge til rette for bruk av miljøvenleg teknologi og innovasjon, redusert bilbruk, auka bruk av kollektivtransport og auka bruk av sykkel og gange. Vestland fylkeskommune rår over ei rekke verkemiddel knytt til rute- og takststruktur for kollektivtransport, veginfrastruktur, rekvirering av bompengar og arealpolitikk. Tett samarbeid mellom partane er likevel avgjerande for å lukkast med ulike tiltakspakkar innanfor avtaleområdet.<br><br>Ansvar: MOK | | transportområda. Dette inkluderer til dømes parkeringsrestriksjonar og fastsetting av bompengenivå, som begge har effekt på klimautslepp. Vidare realiserer fylkeskommunen og dei andre forvaltningsnivåa ei rekke tiltak gjennom Miljøløftet, som skal styrke konkurransekrafta til kollektivtrafikk, gange og sykkel mot personbil. |
| Nullutsleppsteknologi buss (22.1.) | Om lag ti prosent av bussane er elektriske og 11 prosent køyrer med biogass. Det er vedteke å stille krav om ein auka del elektrisk køyring ved kunngjering av tre busskontraktar forNordfjord, Hardanger/Voss og Modalen Vaksdal med oppstart i juni 2025. Førebuing for nye kontraktar med elektrifisering i Sunnfjord, Sogn og Hardanger/Voss er i oppstart, med oppstart 2026. Elektrifisering i gjeldande kontraktar Bergen sør og Vest er avklart, og vil ikkje bli gjennomført no. | Ferdig | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>Det har vorte tildelt kontraktar for Hardanger/Voss , Modalen/Vaksdal og i Nordfjord fram til 2035. Desse vil gje vesentleg reduksjon av klimagassutslepp.<br><br>For Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland har det vorte tildelt busskontraktar i 2025. I Sogn skal om lag 60 prosent av bussdrifta vere elektrisk, medan om lag 80 prosent i Sunnfjord og Sunnhordland skal vere elektrisk. |
| Pilotprosjekt Framtidas Hurtigbåt (20.4.) | Framtidas hurtigbåt er eit utviklingsprosjekt i samarbeid mellom Nordland, Troms og Finnmark, Trøndelag og Vestland fylkeskommunar. Prosjektet vil etter planen konkurranseutsette bygging av 2 pilotfartøy i fyrste halvdel av 2024. Det eine fartøyet er eit energieffektiv fartøy med batteridrift som skal ha minimum 30 % redusert energiforbruk samanlikna med dagens | Iht. plan | **50 Mobilitet og kollektivtransport**<br><br>I 2025 vart det sett i gang eit nytt prosjekt som vert finansiert med midlar frå Klimasats og dei tre fylkeskommunane som framleis er med i Fremtidens hurtigbåt, Vestland, Trøndelag og Nordland. Tre deltakarar i prosjektet gjennomfører detaljprosjektering og verfisering av ein energieffektiv |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | hurtigbåtteknologi. Det andre fartøyet skal ha Hydrogen som energikjelde. | | hurtigbåt med nullutslepp. Prosjektet skal ta ned risikoen for oppdragsgjevar, operatør og verft, slik at det framskundar innføring av nullutslepp på hurtigbåt. |
| Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart (19.1) | Nullutsleppsbåtar og skip er naudsynt for å redusere klimagassutslepp frå den nest største utsleppssektoren i Vestland, - sjøfart. Tiltaket omhandlar å legge til rette for samarbeid mellom aktørar innan alternative drivstoff i skipsfart og om ein heilskapleg verdikjedesatsing. Til dømes ved prosjektstøtte og arbeid for betre rammevilkår og vere positiv til aktørar som vil etablere produksjon eller bunkringsanlegg langs kysten. Omstilling av skipsfarta til nullutslepp er teknologisk mogleg dersom ein nyttar dei ulike nullutsleppsdrivstoffa der dei høver seg best.<br><br>Det er løyva midlar til fleire prosjekt med alternativ drivstoff i skipsfart over utlysing til Handlingsprogram for berekraftig verdiskaping.  To store fabrikkar for grøn amonikakk i Vestland er nær tidspunkt for investeringsavgjerd (Gulen og Bremanger).<br><br>Grøn skipsfart er eksempel på nye grøne verdikjeder der Vestland har gode forretningsmogelegheiter. Dette er ei viktig næring med høg aktivitet, og som også påverkar den kommunefordelte utsleppsstatistikken til Miljødirektoratet. Utsleppa stammar frå hamnene, og 12 nautiske mil ut frå grunnlinja. Vestland har verksemder som er verdsleiande på elektrifisering og utvikling av karbonfrie framdriftssystem. For å sikre ein regional verdikjede er det naudsynt med forsking for å kunne designe, utvikle og bygge fartøy lokalt, sikre nullutslepps-framdriftsteknologi, samt tilrettelegging for infrastruktur i hamn (landstraum og bunkringsstasjon).<br><br>Ansvar: NPI-GNI. Mangfaldig samarbeid – leia av avd. for næring, plan og innovasjon I samarbeid med: Enova, staten, kommunar, hamnemyndigheiter, maritim næring, Kystverket og andre relevante aktørar, inkl. Grønt Skipsfartsprogram. | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Fylkesutvalet støtta i fråsegn krav om meir ambisiøse klimakrav til offshoreflåten. I 2025 fekk Hub for Ocean / Ocean Hyway Cluste og Maritime Clean Tech kr 1,3 millionar kroner i støtte over ordninga berekraftig verdiskaping 2025 til to prosjekt for å redusere utslepp frå skipsfart. Stord-selskapet HYDS tok i 2025 investeringsbeslutning på  levere 20 MW produksjonskapasitet fornybart hydrogen til maritim sektor i Florø. Vestland har det leiande klyngemiljøet i verda for nullutslepp og lågutsleppløysnngar til maritim sektor. Fylkeskommunen støttar årleg arbeidet gjennom samarbeidsavtalene. |
| Stimulere til grønn omstilling av bygg- og | Styrke samarbeid og kunnskapsdeling om innkjøp og anbod som verkemiddel | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon** |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| anleggsbransjen i Vestland (32.2) | gjennom å dele erfaringar fra igongsette aktivitetar og prosjekt, til dømes Kunnskapsparken sitt prosjekt "Grøn omstilling i byggebransjen". Styrke samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenør og andre interessentar i anleggsnæringa gjennom leverandørkonferanse. Det er inngått aamarbeidsavtale med Proptech Innovation. Viktig tema for Klimapartnere Vestland.<br><br>Ansvar: NPI og Klimapartnere Vestland | | Samarbeid og kunnskapsdeling om innkjøp og anbod som verkemiddel er styrka gjennom å dele erfaringar frå igangsette aktivitetar og prosjekt, til dømes Kunnskapsparken sitt prosjekt "Grøn omstilling i byggebransjen". Samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenør og andre interessentar i anleggsnæringa er styrka gjennom leverandørkonferanse. Det er inngått samarbeidsavtale med Proptech Innovation. Dette er viktige tema for Klimapartnere Vestland. |
| Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjer (21.2.) | Vestland fylkeskommune legg til rette for overgangen til nullutsleppsdrosjer ved tilskot til kjøp og montering av ladar heime hos drosjesjåførar som eig eller er i ferd med å kjøpe elektrisk drosje. Ordninga er avslutta i tidligare Hordaland etter at ny forskrift tredde i kraft, men held fram i Sogn og Fjordane fram til 1.4. 2026.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Løyvehavarar for drosje i Sogn og Fjordande fekk etter søknad 8000 kr i stønad til heimeladar i overgangsordninga fram til forskriftskravet frå Vestland fylkeskommune om nullutslepp frå 1. april 2026 trer i kraft. For å betre ladetilbodet for personbilar og drosjar i distrikta, vart det løyvd til saman 5 millionar kroner til å bygge fjorten hurtigladarar for elektriske køyretøy (personbilar/drosje) på seks nye lokasjonar i Stad, Bremanger, Masfjorden og Skånevik. |
| Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar i Vestland (21.1.) | Ved å tilby investeringsstønad til aktørar som vil etablere offentleg tilgjengelege ladeplassar, skal ordninga skal gjere det mogleg å bygge ut hurtigladeplassar på stader der kundepotensialet i dag ikkje er venta å gje lønnsam drift. Fylkeskommunen sine tilskot til hurtiglading er ei stor grunn til at Vestland er regionen i verda med høgast tal for elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon sikrar eit ladetilbod i heile fylket.<br><br>Utlysing for drosjelading i 2024 hadde fokus på å gje nytte for drosjenæringa. Kr. 4,7 millionar vart løyva.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Løyvehavarar for drosje i Sogn og Fjordande fekk etter søknad 8000 kroner i stønad til heimeladar i overgangsordninga fram til forskriftskravet frå Vestland fylkeskommune om nullutslepp frå 1. april 2026 trer i kraft. For å betre ladetilbodet i distriktet for personbilar og drosjar, vart det løyvd til saman 5 millionar kroner til å bygge fjorten hurtigladarar for elektriske køyretøy (personbilar/drosje) på seks nye lokasjonar i Stad, Bremanger, Masfjorden og Skånevik. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Tiltakspakke Klimavenleg landbruk (28.1, 29.1, 30.1) | Inneheld fleire tiltak for å redusere klimaavtrykk i Vestlandsjordbruket som blir vidareført i 2025 - tiltaka (nr. 28-30) er skildra i Årsplan Klima og gjeld *Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgjeving, Bionova og Regional jordvernstrategi*. Prosjekt KlimaVest (27.1) blir ferdigstilt 2024 og ikkje vidareført.<br><br>Ansvar: NPI-NLR | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Statsforvaltaren gjev støtte til klimarådgjeving via regionalt miljøprogram.<br><br>Klimakalkulatoren er ein føresetnad for å kunne ta i mot klimarådgjeving. Innovasjon Noreg forvaltar Bionova. Det er ein klimaordning som bøndene kan søkje på. Regional jordvernstrategi er meint å vere til inspirasjon for kommunane. Strategien er ikkje bindande. |
| Utfasing av fossile person- og varebilar i VLFK | For køyretøy totalt, står det framleis meir att for at fylkeskommunen skal bli ei fossilfri verksemd. I 2023 utgjorde fossile utslepp frå den fylkeskommunale bilparken 877,6 tonn CO2e. Då var 35 prosent av person- og varebilane elektriske (34 prosent i 2022). Talet på elektriske varebilar gjekk opp frå 10 til 19 (2022–2023). Delen er no oppe i 16 prosent.<br><br>Administrasjonen i Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein rutine for anskaffing av køyretøy anten det er leigebil, leasing eller kjøp. Det har sidan komme statleg forskrift om energi- og miljøkrav ved anskaffing av køyretøy til vegtransport med nullutsleppskrav til personbilar og varebilar. Fylkeskommunen sin miljørekneskap viser i kva grad utsleppa frå drivstoff går ned etterkvart som parken av køyretøy får større del nullutslepp. Men det er enno ikkje laga ein plan for kor fort utskiftinga skal skje.<br><br>I dette tiltaket skal ein i løpet av 2025 legge fram forslag til framdrift for å oppnå fossilfri bilpark i Vestland fylkeskommune. I tillegg skal det rapporterast tal for kutt i klimagassutslepp frå drivstoff i Vestland fylkeskommune og framskrive kutt fram til 2030.<br><br>Ansvar: | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Ved utgangen av 2025 var 62 prosent av eigde og leasa fylkeskommunale personbilar elektriske. Delen elektriske varebilar er no komen opp i 26 prosent.<br><br>Forskrift om utslippskrav til kjøretøy ved offentlig anskaffelse til veitransport skal hindre innkjøp av nye fossile person og varebilar og bybussar.<br><br>Dessutan har fylkeskommunen no fått på plass ein flåteforvaltar i avdeling for opplæring og kompetanse. |
| Vestlandssatsing på elektrisk luftfart (18.1.) | Etablere pilotprosjekt for elektrisk flyrute mellom Førde og Bergen. Initiativet er starta og prosjektet vil bli utvida med relevante aktørar frå næringsliv, interesseorganisasjonar og offentlege etatar. Samanfatte | | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Testarena for nullutslepp flytrafikk på Vestland ble tatt i bruk i 2025. Verdas første elektriske lasteflyrute vart testa mellom Stavanger og |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | kunnskapsgrunnlag og starte strategisk arbeid.<br><br>Det er publisert rapport frå Transportøkonomisk institutt med utgreiing av elektrisk flyfart mellom Førde og Bergen. Rapporten fekk nasjonal merksemd på nrk.no.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | | Bergen. Flyet brukte også flyplassane på Stord og i Florø. |

## Indirekte utslipp

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Bærekraftige kantiner (40.1) | Miljøfyrtårn sett krav til heilskapleg tilnærming til berekraftig matservering. Vestland fylkeskommune samarbeider med Matvalget om prosjektet "Berekraftig og sunne kantiner i Vestland", der målet er å legge til rette for erfaringsdeling mellom kantinene og gi tilbod om praktisk rettleiing i berekraftig måltid til fleire skular som ønskjer å vidareutvikle sitt kantinetilbodet. FN definerer berekraftig kosthald slik: «Kosthald som har låg miljøpåverknad, som bidrar til mat- og ernæringssikkerheit og til eit sunt liv for noverande og framtidige generasjonar».<br><br>Ansvar: NPI-PKA og OPK | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Samarbeidsavtalen med Matvalget, som er ei ekstern rettleiingsteneste, varer til mars 2026. Prosjektfasen blir då avslutta. I 2025 har vi gjennomført kantinesamling for alle vidaregåande skular og oppfølgingsaktivitet av prosjektskulane. Vi jobbar med sluttrapport og anbefaling for vidare arbeid med å fremje eit ernæringsmessig godt, variert og bærekraftig mattilbod for elevar og tilsette i vidaregåande skular. |
| Eigarstyring og eigarstrategiar (3.4) | Som eigar stiller fylkeskommunen miljø- og klimakrav til selskapa våre gjennom eigarskapsmeldinga, og for nokre av selskapa gjennom enkeltvise eigarstrategiar. Dei fleste av selskapa har slutta seg til eigarskapsmeldinga, og krava i den. Fylkeskommunen vedtok og sendte ut ny eigarskapsmelding med klima-, miljø- og naturkrav i juni 2024. Krav om at selskapa innrettar seg. Vidare løpande oppfølging.<br><br>Ansvar: ORO | Iht. plan | **11 Organisasjon og økonomi**<br><br>Som eigar stiller fylkeskommunen miljø- og klimakrav til selskapa våre gjennom eigarskapsmeldinga. Desse krava vert sende til selskapa for vidare oppfølging. |
| Handlingsplan for heilskaplege og framtidsretta energiløysingar (25.1) – solcelleanlegg | Det står p.d.d åtte solcelleanlegg ferdig på fylkeskommunale tak. Dette gir 78,5 tonn CO2e sparte klimagassutslepp per år.<br><br>Fylkestinget vedtok i 2024 ein handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg, «Framtidsretta energiforsyning i | Iht. plan | **13 Eigedom og utbygging**<br><br>I 2025 vart det ferdigstilt solcelleanlegg på Olsvikåsen vgs. og Sandsli vgs. I 2026 er det planlagt anskaffing av solcelleanlegg på Nordahl Grieg vgs., Fyllingsdalen vgs., Eid vgs. og Os vgs. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | Vestland fylkeskommune sine bygg». Det vises til budsjettvedtak 14.12.23 (PS 116/2023), samt vedtak sak i FT 19.03.2024: *Fylkestinget vedtek handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg slik det ligg føre i saka. Dette gjeld totalt 11 prosjekt innan utgangen av 2026.* Handlingsplanen omfattar ei konkret liste på elleve prosjekt der fylkeskommunen ønskjer å installere solcelleanlegg. Målsettinga er å realisere desse innan utgangen av 2026. Dette vil følje rapport frå Sweco (2023) kunne gi reduksjon på om lag 979 tonn CO2e årleg (med utsleppsfaktor frå europeisk straummiks).<br><br>Av dei 11, er det gjennomført anskaffingar av 2 anlegg (Sandsli vgs og Olsvikåsen vgs). Desse vil bli ferdigstilt i løpet av 2024. Samla utsleppskutt for dei 10 fyrste anlegga er estimert til 122,1 tonn CO2e i 2025.<br><br>Basert på erfaringar fra denne gjennomføringa vil ein fortsette anskaffingar vidare i 2025 og 2026 iht prioritert rekkefølgje i handlingsplanen og oppdatere klimabudsjettet frå 2025 deretter.<br><br>Ansvar: EiU | | |
| Klima- og miljøvenlege bygg (25.2.) | All nybygging og rehabilitering medfører direkte klimagassutslepp frå byggefasen, indirekte utslepp frå verdikjeda og klimagassutslepp i driftsfasen. I juni 2022 vart det i Fylkestinget vedteke nye krav for berekraftig utbygging i VLFK (Saksnr.: 2022/54786-1). Desse krava er no innarbeidd i generelle kravspesifikasjonar for utbygging i Vestland Fylkeskommune, og omfattar ei rekke tiltak for å redusere klimafotavtrykket frå utbygging.<br><br>Energi: Det skal byggast i passivhusstandard, og lokal nyttast lokal energiproduksjon (td. solceller) for å kompensere  for 50% av energibruken til bygget.<br><br>Klimafotavtrykket: Det er fastsett krav til maksimalt utslipp CO2-ekvivalentar pr. m2 for bygget på 500-410 kg CO2e/m2. Dette skal | Iht. plan | **13 Eigedom og utbygging**<br><br>I 2025 vart det etablert porteføljemål for klima- og miljø for utbyggingsporteføljen. Kravspesifikasjonane er revidert i tråd med justerte porteføljemål. Det vart òg utarbeidd ein rettleiar for klimakrav i anskaffingar til bruk på prosjekta til avdeling for eigedom og utbygging. I 2026 blir prosjektet sluttført med oppdatering av prosjektrutinar og nye rapporteringskrav for tettare oppfølging av entreprisane. |

<table>
<tr><th>Oppdrag</th><th>Skildring</th><th>Status</th><th>Skildring av status</th></tr>
<tr><td></td><td>reduserast gradvis til 300-230 kg CO2e/m2 innan 2030.<br><br>EIU er innvilga Klimasats-tilskot på 1,8 mill. kr for å jobbe med klimakrav i entrepriseanskaffingar innan bygg- og anlegg. Tiltaket vil ha eit stort bidrag til omstilling til lågutslippsamfunnet mellom anna gjennom:<br><br>• Betre evaluering og tildeling av utbyggingskontraktar basert på klima- og miljøprestasjonar<br>• Krav i kontraktane som fremjer miljø- og klimavenlege løysingar mellom anna knytt til utslippfrie bygg- og anleggsplassar, klimavenleg materialbruk, innovative miljøløysingar, sirkulærøkonomi og ombruk, berekraftig massehandtering, energibruk i drift osv.<br><br>Ansvarleg: EIU</td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Klimavenlege innkjøp: Grøne IT-løysingar (39.2)</td><td>Leggje til rette for grønare IT-løysingar og produkt i bruk i fylkeskommunen. Legge til rette for sikre og føremålstenlege produkt, med fokus på auka sirkularitet og energieffektivisering gjennom gjenbruk og ombruk og gjenvinning av IT-utstyr.<br><br>I 2024 er det per september blitt selt tilbake 1845 einingar, og 932 av desse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Det er spart 320 tonn CO2 med denne ordninga i perioden januar 2024 til september 2024.<br><br>Ansvar: IDI-IKT</td><td>Iht. plan</td><td>12 IKT og digitalisering<br><br>I 2025 er det per september blitt selt tilbake 1672 einingar, og 1197 av desse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Det er spart 330 tonn CO2 med denne ordninga i perioden januar 2025 til september 2025.</td></tr>
<tr><td>Klimavenlege innkjøp: Klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane i Vestland (39.1.)</td><td>Det avslutta klimasatsprosjektet "Klimakrav i anskaffingar" har gitt rutinar, malverk, sjekkliste og rettleiar til bruk i våre anskaffingar. Det vil bli arbeida med å tilpasse INV si drift til skjerpinga av nasjonale reglar for offentlege anskaffingar (30%-kravet). Arbeidet vil innebere oppfølging av rutinar og malverk, bistand til prosjekt og kvalitetssikring knytt til klimakrav i anskaffingar.</td><td>Iht. plan</td><td>60 Infrastruktur og veg<br><br>Klimasats-prosjektet Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland vart avslutta i 2025, og arbeidet er vidareført i ny fase. Følgjande tiltak er gjennomførte:<br><br>• Malverk for anskaffingar er revidert for å ta betre omsyn til klima.</td></tr>
</table>

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | Fleire tiltak er allereie vedtekne og implementert i organisasjonen. Dette omfattar mellom anna krav om berekraftssertifisering av alle utbyggingsprosjekt over 200 millionar, krav om innlevering av klimagassbudsjett- og rekneskap, og betre drivstoffrapportering. Vidare er det gjennomført intern kursing i verktøy for klimagassutrekningar, bruk av miljødeklarasjonar (EPD) og berekraftssertifisering av prosjekt.<br><br>Ansvar: INV | | • Det er utvikla rettleiingsmateriell.<br>• Rutinar, sjekklister og prosedyrar er lagt inn i kvalitetssystemet for å sikre forankring i organisasjonen.<br>• Det er etablert kontakt og betre dialog mellom innkjøpsavdelingar i Vestland fylkeskommune for erfaringsutveksling.<br>• Over 40 prosjekt har fått operativ bistand til å utarbeide klimakrav i kontraktar, blant anna innan tunnelrehabilitering, rekkverk, skredsikring og gang- og sykkelvegar.<br>• Kontakt med leverandørar og andre byggherrar er styrkt gjennom konferansar, nettverk og kontraktgruppemøte.<br>• Det er laga ein eigen rettleiar for 30 prosent vekting for avdeling for infrastruktur og veg og arrangert faggrupper for kompetanseheving.<br><br>Tiltaket blir vidareført i 2026 med søkjelys på<br><br>• kontinuerleg forbetring av malar og verktøy<br>• å gjere prosjektorganisasjonane i stand til å handtere kravet sjølv<br>• operativ bistand i prosjekt, til dømes ved utforming av konkurransegrunnlag og deltaking i anbodsprosessar.<br><br>Framover vil vi ha særleg merksemd på oppfølging i anleggsfasen og erfaringsutveksling på tvers av seksjonar. |
| Klimavenlege innkjøp: Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen (39.5) | Direktoratet for forvalting og økonomistyring (DFØ) har publisert ein drivstoffmatrise og tilrår prioritering av nullutsleppsteknologi og biogass i offentlege anskaffingar der transport inngår.<br><br>Fylkeskommunen har utarbeidd standard krav for dette til anskaffingar. Krava kan bli brukt | Iht. plan | **11 Organisasjon og økonomi**<br><br>Fylkeskommunen stiller krav om nullutslepp knytt til leveransar til fylkeskommunen, og dette er ofte en del av evalueringa. Rapportar frå leverandørane våre syner stor grad av måloppnåing på dette kravet, men òg at det er rom for ytterlegare forbetring i nokre marknadssegment. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | direkte, i ein marknadsdialog eller i omarbeidd form for å tilpassast det enkelte innkjøpet. Det er òg utarbeidd standardkrav for rapportering på utslepp og i nokon kontraktar er krav til rapportering allereie innarbeida. Frå januar 2024 vil mellom anna BIR i tråd med ny kontrakt hente delar av avfall frå fylkeskommunen i Bergen med nullutsleppsbilar. Kor store utsleppskutt dette vil gi, er ikkje estimert pr dd. Slike opplysningar skal leggast inn i klimabudsjettet seinast etter første driftsår av den nye kontrakten.<br><br>Ansvar: ORO - innkjøp i lag med avdelingane | | Det er elles inntrykket til innkjøpsseksjonen at det er positiv utvikling i rapporteringspraksisen i marknaden. |
| Klimavenlege innkjøp: Sirkulære møbler (39.3) | Eige prosjekt for "sirkulære møbler i VLFK" er avslutta. Erfaringsoverføring og vidareføring av prosjektet inn i ei driftsfase blir fokus vidare. Arbeidet inkludera å finne metode for å registrere gjenbruk av eigne møblar, registrere kjøp av brukte møbel og kva og korleis ein vil måle eller rapportere gjenbruk. Arbeider med rigging av ny konkurranse for rammeavtale for møbelinnkjøp i lag med innkjøpsseksjonen.<br><br>Ansvar: OPK-Stab | Iht. plan | **30 Opplæring og kompetanse**<br><br>Vi signerte ny rammeavtale for møbelinnkjøp i juni 2025. Avtalen gir høve til å kjøpe brukte møblar, i tillegg til tenester knytte til reparasjon og redesign av møblar. Innkjøpsseksjonen har utarbeidd ein rutine som ligg i kvalitetsportalen, med tittelen «Framgangsmåte for å dekkje behov for møblar».<br><br>I byggjeprosjekt effektkalkulatoren til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) nytta for å berekne CO2-utslepp knytt til møblar. Kvart prosjekt får ein eigen rapport. Kalkulatoren har berre eit avgrensa utval møblar som kan leggjast inn, noko som betyr at det faktiske CO2-talet ikkje er heilt presist. Likevel gir kalkulatoren ein god indikasjon på korleis vi ligg an i arbeidet med gjenbruk.<br><br>Dei første tala gjeld Kvam vidaregåande skule og Stord vidaregåande skule (avdeling Vabakkjen).<br><br>**Stord vidaregåande skule:** Ved bruk av effektkalkulatoren til DFØ for anskaffing av møblar viser utrekningane at vi har spart om lag 3268 kg CO2 ved å gjenbruke møblar på Vabakkjen. Det er ikkje kjøpt inn brukte møblar i dette prosjektet, men vi har fått ein del nesten nye kontormøblar gratis frå privat sektor. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | **Kvam vidaregåande skule:** Prosjektet viser at vi til slutt har spart om lag 4063 kg CO2 ved å gjenbruke møblar ved Kvam vidaregåande skule. Også her er det ikkje kjøpt inn brukte møblar. Som med prosjektet på Stord har vi fått nesten nye kontormøblar gratis frå privat sektor. |
| Plaststrategi (37.1) | Fylkeskommunen gjennomfører tiltak i plaststrategien gjennom eigne avdelingsprosjekt og budsjettløyving. Framhald i 2025 vil innebere ei løyving på kr 1 mill til plastrydding, deltaking frå vidaregåande skule i Plastutfordringa/Sirkulær og til grøne arrangement.<br><br>Ansvar: NPI-PKA | Iht. plan | **20 Næring, plan og innovasjon**<br><br>Avdelingane jobbar med gjennomføring av tiltak, spesielt knytt til anskaffingar. Det blir lyst ut midlar til til førebygging av unødig bruk av plast og spreiing av plast i Vestland, i samsvar med økonomiplanen. |

# Fylkeskommunen sine rammeområde

## Politisk styring og kontrollorgan

### Organisering




Sigrid Brattabø Handegard tok over som leiar for næringsutvalet per 18.mars etter Oddmund Klakegg.

### Skildring av rammeområde

### Politisk styring

Fylkestinget i Vestland har 65 medlemmar og er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Jon Askeland (Sp) er fylkesordførar. Stian Davies (Ap) er fylkesvaraordførar.

Fylkestinget gjer vedtak i alle viktige og prinsipielle saker som gjeld verksemda til fylkeskommunen. Fylkesordføraren er leiar for fylkestinget.

I praksis tek fylkestinget vare på ansvaret sitt ved å delegere oppgåver til fylkesutvalet, dei faste utvala i fylkeskommunen og til fylkesdirektøren.

I valperioden 2023–2027 er tolv politiske parti representerte i fylkestinget.

### Fylkestinget i Vestland 2023–2027

- Arbeiderpartiet (Ap): 12 representantar
- Høgre (H): 15 representantar

- Senterpartiet (Sp): 7 representantar
- Framstegspartiet (Frp): 9 representantar
- Miljøpartiet Dei Grøne (MDG): 3 representantar
- Sosialistisk Venstreparti (SV): 5 representantar
- Industri- og næringspartiet (INP): 1 representant
- Kristeleg Folkeparti (KrF): 3 representantar
- Venstre (V): 3 representantar
- Raudt (R): 2 representantar
- Pensjonistpartiet (PP): 1 representant
- Bergenslisten: 2 representantar
- Uavhengig: 2 representantar

## Møte og saker i folkevalde organ

| Folkevalde organ | Tal møte 2025 | Tal møte 2024 | Handsama saker 2025 | Handsama saker 2024 |
|---|---|---|---|---|
| **Fylkestinget** | 5 (8 møtedagar) | 4 (9 møtedagar) | 142 | 172 |
| **Fylkesutvalet** | 14 (17 møtedagar) | 16 (19 møtedagar) | 332 | 325 |
| **Hovudutval for opplæring og kompetanse** | 13 (16 møtedagar) | 13 (14 møtedagar) | 86 | 82 |
| **Hovudutval for samferdsel og mobilitet** | 9 (12 møtedagar) | 10 (14 møtedagar) | 108 | 119 |
| **Hovudutval for kultur, idrett og inkludering** | 11 (15 møtedagar) | 11 (13 møtedagar) | 150 | 147 |
| **Hovudutval for næring** | 10 (12 møtedagar) | 9 (11 møtedagar) | 116 | 109 |
| **Kontrollutvalet** | 6 (6 møtedagar) | 8 (8 møtedagar) | 67 | 108 |
| **Klagenemnda** | 9 (10 møtedagar) | 10 (10 møtedagar) | 49 | 52 |
| **Distriktsvalstyret** | 14 (10 møtedagar) | 0 | 19 | 0 |
| **Fylkesvalstyret** | 2 (1 møtedagar) | 0 | 2 | 0 |
| **Administrasjonsutvalet** | 5 (6 møtedagar) | 4 (5 møtedagar) | 8 | 11 |
| **Yrkesopplæringsnemnda** | 8 (9 møtedagar) | 9 (9 møtedagar) | 38 | 28 |

| Folkevalde organ | Tal møte 2025 | Tal møte 2024 | Handsama saker 2025 | Handsama saker 2024 |
|---|---|---|---|---|
| **Trafikktryggingsutvalet** | 5 (5 møtedagar) | 5 (5 møtedagar) | 21 | 14 |
| **Reglementsutvalet** | 4 (4 møtedagar) | 6 (6 møtedagar) | 9 | 15 |
| **Fylkeseldrerådet** | 8 (9 møtedagar) | 8 (8 møtedagar) | 44 | 33 |
| **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne** | 10 (11 møtedagar) | 10 (10 møtedagar) | 105 | 99 |
| **Valnemnda** | 5 (5 møtedagar) | 4 (4 møtedagar) | 20 | 14 |
| **Vestland ungdomsutval** | 7 (7 møtedagar) | 7 (7 møtedagar) | 58 | 45 |
| **Vestlandsrådet** | 4 (4 møtedag) | 3 (4 møtedagar) | 29 | 21 |
| **Møte i arbeidsutval KS Debatthefte** | 1 (1 møtedag) | 1 (1 møtedag) | 1 | 1 |
| **Arbeidsutval for tilsetjing av fylkesdirektør** | 3 (3 møtedagar) | 0 | 3 | 0 |
| **Forhandlingsutvalet** | 1 (1 møtedag) | 1 (1 møtedag) | 2 | 1 |
| **Innstillingsutvalet** | 3 (3 møtedagar) | 3 (3 møtedagar) | 4 | 4 |

## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet fører tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegner av fylkestinget. Arbeidet omfattar rekneskapsrevisjon, eigarskapskontrollar og forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet gjev innstilling i revisjonssaker direkte til fylkestinget.

Deloitte AS er vald som revisor og gjennomfører eksterne revisjonar, eigarskapskontrollar og andre timebaserte tenester for fylkeskommunen fram til 2028. Kontrollutvalet har eige sekretariat som syter for at sakene som vert behandla, er forsvarleg utgreidde, og at vedtak vert sette i verk. Anne Kristin Meyer vart tilsett som ny kontrollsjef i 2025 og overtok formelt rolla frå 1. november 2025..

I 2025 handsama fylkestinget følgjande saker etter innstilling frå kontrollutvalet:

- Forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging – Revisjonsrapport
- Skulebas – revidert rapport frå revisor etter forundersøking og risikovurdering

- Tilsetting av ny kontrollsjef
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2024
- Forvaltningsrevisjon – Økonomistyring i Skyss
- Eigarskapskontroll – Infrastruktur og kollektivtransportselskap i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet følgde i 2025 vidare opp status for gjennomføringa av tiltak knytt til fylkestinget sine vedtak i forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 1000-Politisk styring | 59 959 | 64 310 | -4 351 | -7,3 % |
| 1001-Kontrollorgan | 11 799 | 8 591 | 3 208 | 27,2 % |
| **Sum** | **71 758** | **72 900** | **-1 143** | **-1,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

Samla vart det ei overskriding på vel 1,1 mill. kr. Det var først og fremst utgiftene til stortingsvalet som vart høgare enn budsjettert. Men mange av utvala hadde også mindre overskridingar. I budsjettvedtaket var det føresett ei innsparing på 1 mill. kr på reiseutgifter. Denne innsparinga vart ikkje fullt ut realisert.

# Organisasjon og økonomi

## Organisering




## Skildring av rammeområde

Organisasjons- og økonomiavdelinga skal levere gode fellestenester innan fagområda økonomi, juridisk, HR, kommunikasjon og innkjøp. Avdelinga har også overordna ansvar for å koordinere inntak og oppfølging av eigne lærlingar i fylkeskommunen, i tillegg til ansvar for mobbeomboda og elev- og lærlingomboda. Oppdraget til organisasjons- og økonomiavdelinga er å setje retning, samordne og utvikle organisasjonen ved å levere framtidsretta fellestenester og god støtte og oppfølging.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 1050-Fylkesdirektør | 3 153 | 3 067 | 86 | 2,7 % |
| 1100-Organisasjon og økonomi | 10 485 | 10 411 | 74 | 0,7 % |
| 1101-ORO - Stab | 22 791 | 22 749 | 41 | 0,2 % |
| 1110-ORO - Juridisk seksjon | 27 508 | 27 507 | 0 | 0,0 % |
| 1112-ORO - Innkjøp | 21 074 | 21 074 | 0 | 0,0 % |
| 1115-ORO - Økonomi | 45 825 | 45 825 | 0 | 0,0 % |
| 1125-ORO - HR | 60 092 | 60 053 | 40 | 0,1 % |
| 1130-ORO - Kommunikasjon | 14 365 | 14 365 | 0 | 0,0 % |
| Sum | 205 292 | 205 052 | 240 | 0,1 % |

## Kommentar til status økonomi

Budsjettet for organisasjon- og økonomiavdelinga omfattar ein del fellespostar som gjeld heile fylkeskommunen, ofte som følgje av vedtak i fylkestinget om særskilte satsingar. Døme på dette er arbeid med inkluderingstiltak, leiarutviklingsprogram og andre tiltak som gjeld fleire sektorar. Dette er tiltak som går over tid. Tiltak som skulle starte i 2025 kom seinare i gang enn lagt til grunn i budsjettet og midlar er sett av på disposisjonsfond til vidareføring av tiltaka i 2026.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Resultat og vesentlege forhold

Fylkeskommunen har i underkant av 80 lærlingar i eigen organisasjon. 24 lærlingar fullførte med bestått i 2025, og fylkeskommunen tok inn 26 nye læringar same år.

Gjennom årsmeldingar, arbeid med enkeltsaker og løpande informasjonsarbeid arbeider elev- og lærlingomboda og mobbeomboda for å støtte opp om denne satsinga. For skuleåret 2024/25 handsama omboda til saman 343 enkeltsakar og førespurnadar. I tillegg har dei gjennomført ulike oppdrag for å bidra til førebygging og kompetanseheving i samsvar med mandata. Dei har blant anna arrangert konferanse for skuleleiarar i grunnskulen om å vere ein trygg skuleleiar både i Bergen og i Førde saman med RVTS Vest og RKBU Vest.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
| --- | --- | --- |
| Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskningsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Status politiske vedtak

### *Klima (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
| --- | --- | --- | --- |
| Eigarstyring og eigarstrategiar (3.4) | Som eigar stiller fylkeskommunen miljø- og klimakrav til selskapa våre gjennom eigarskapsmeldinga, og for nokre av selskapa gjennom enkeltvise eigarstrategiar. Dei fleste av selskapa har slutta seg til eigarskapsmeldinga, og krava i den. Fylkeskommunen vedtok og sendte ut ny eigarskapsmelding med klima-, miljø- og naturkrav i juni 2024. Krav om at selskapa innrettar seg. Vidare løpande oppfølging.<br><br>Ansvar: ORO | Iht. plan | Som eigar stiller fylkeskommunen miljø- og klimakrav til selskapa våre gjennom eigarskapsmeldinga. Desse krava vert sende til selskapa for vidare oppfølging. |
| Klimavenlege innkjøp: Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen (39.5) | Direktoratet for forvalting og økonomistyring (DFØ) har publisert ein drivstoffmatrise og tilrår prioritering av nullutsleppsteknologi og biogass i offentlege anskaffingar der transport inngår.<br><br>Fylkeskommunen har utarbeidd standard krav for dette til anskaffingar. Krava kan bli brukt direkte, i ein marknadsdialog eller i omarbeidd form for å tilpassast det enkelte innkjøpet. Det er òg utarbeidd standardkrav for rapportering på utslepp og i nokon kontraktar er krav til rapportering allereie innarbeida. Frå januar 2024 vil mellom anna BIR i tråd med ny kontrakt hente delar av avfall frå fylkeskommunen i Bergen med nullutsleppsbilar. Kor store | Iht. plan | Fylkeskommunen stiller krav om nullutslepp knytt til leveransar til fylkeskommunen, og dette er ofte en del av evalueringa. Rapportar frå leverandørane våre syner stor grad av måloppnåing på dette kravet, men òg at det er rom for ytterlegare forbetring i nokre marknadssegment. Det er elles inntrykket til innkjøpsseksjonen at det er positiv utvikling i rapporteringspraksisen i marknaden. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | utsleppskutt dette vil gi, er ikkje estimert pr dd. Slike opplysningar skal leggast inn i klimabudsjettet seinast etter første driftsår av den nye kontrakten.<br><br>Ansvar: ORO - innkjøp i lag med avdelingane | | |

## *Verbalvedtak (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| ORO - 1. Meir digitalisering, mindre reising | Fylkesutvalet held fleire møte digitalt, og elles i Bergen og Leikanger. Hovudutvala held fysiske møte rundt om i fylket, men held fleire digitalt. | Ferdig | Fylkesutvalet og hovudutvala har hatt fleire digitale møter i 2025 enn i 2024. |
| ORO - 2. Skjerpa stillingskontroll | Fylkesutvalet held ein fast dialog med fylkesdirektør om korleis vidareutvikla ein sterk, framoverlent organisasjon som løyser oppgåvene rimelegast mogleg, og viser veg i beste praksis i offentleg sektor. | Ferdig | Ved ledige stillingar har organisasjonen vore merksam og gjort grundige vurderingar før stillingar har vorte lyste ut. I mange tilfelle har oppgåver vorte løyste ved bruk av eksisterande ressursar. |

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| Fylkesdirektør | 1,00 | 1,00 | 0,00 |
| Organisasjon og økonomi | 2,00 | 2,00 | 0,00 |
| ORO - Stab | 7,99 | 8,42 | 0,43 |
| ORO - Juridisk seksjon | 21,13 | 24,54 | 3,41 |
| ORO - Innkjøp | 18,85 | 18,68 | -0,17 |
| ORO - Økonomi | 30,11 | 28,22 | -1,89 |
| ORO - HR | 41,01 | 41,64 | 0,63 |
| ORO - Kommunikasjon | 12,98 | 11,93 | -1,05 |
| **Total** | **135,07** | **136,43** | **1,36** |

## Forklaring til årsverk

Tabellen syner auke samanlikna med 2025, med det skuldast at personar har vore overførte frå andre avdelingar til juridisk seksjon. Om vi justerer for dette, har avdelinga redusert tal på årsverk med fire.

Om lag 17 av årsverka i HR er hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,82 % | 4,06 % | 5,88 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 2,14 % | 2,34 % | 4,48 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Organisasjon og økonomi har hatt ein reduksjon i sjukefråværet, og det vert lagt vekt på vidare systematisk oppfølging i samarbeid mellom leiarar og tilsette.

# IKT og digitalisering

## Organisering




## Skildring av rammeområde

Avdeling for IKT og digitalisering skal levere gode IKT-tenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Gjennom digital transformasjon skal vi bruke teknologien til å fornye, forenkle og forbetre. Det handlar om å tilby nye og betre tenester, som er enkle å bruke, effektive og pålitelege.

Seksjon for sikkerheit og støttetenester har ansvaret for IKT-sikkerheit, personvern og beredskap, og har det overordna ansvaret for førebyggjande aktivitetar innan desse fagområda. Vi gir også føringar for sikkerheits- og beredskapsarbeidet i Vestland fylkeskommune. I tillegg ligg arkivdanning ved dokumentsenteret under denne seksjonen.

Gjennom god arkitektur og god portefølje- og prosjektstyring skaper digitaliseringsseksjonen smartare måtar å jobbe og samarbeide på. Det gjer at vi realiserer gevinstar som meir brukarvenlege tenester og effektiv bruk av ressursar. Tilsette med relevant kompetanse innan kunstig intelligens (KI) er samla i ei faggruppe i seksjonen.

IKT-seksjonen driftar og held ved like IKT-system og IKT-infrastruktur. Seksjonen har ansvar for den operasjonelle IKT-sikkerheita med overvaking og den daglege sikkerheitsstyringa av IKT-infrastruktur, system og programvare. Vi sikrar ein stabil og framtidsretta digital grunnmur, gjev brukarane IKT-støtte og har ansvar for innkjøp av personleg IKT-utstyr for heile fylkeskommunen.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 1200-IKT og digitalisering | 2 188 | 1 327 | 861 | 39,3 % |
| 1251-IDI - Sikkerheit og støttetenester | 26 342 | 27 202 | -861 | -3,3 % |
| 1255-IDI - Digitalisering | 16 467 | 17 486 | -1 018 | -6,2 % |
| 1260-IDI - IKT | 150 762 | 149 735 | 1 027 | 0,7 % |
| Sum | 195 759 | 195 750 | 9 | 0,0 % |

## Kommentar til status økonomi

IDI har hatt eit meirforbruk knytt til felles IKT-kostnadar som var venta, men grunna vakante stillingar, refusjonar og frikjøp av avdelingsdirektør til tannhelse viser årsresultatet balanse ved årsslutt.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Skjerpa stillingskontroll | -1 500 | -1 500 | Ferdig | Vi har innarbeidd trekket i budsjettet frå 2025, men ikkje direkte som nedtrekk i lønsbudsjettet eller i tal stillingar. Ved å ikkje tilsette i |

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| | | | | midlertidige vakante stillingar (blant anna permisjonar og lengre sjukefråvær) har vi hatt eit mindreforbruk på lønskostnadar i 2025. IDI har ein stabil bemanningssituasjon. Lønsbudsjett må sjåast i samanheng med internoverføring av tilsette i samband med etablering av faggruppa KI og teknologiutvikling. |
| Redusere utskiftingstakt personleg IKT-utstyr | -600 | -600 | Ferdig | Frå 2025 vart budsjettet for innkjøp av personleg IKT-utstyr redusert med 0,6 mill. kr. Det var venta at det ville bli eit meirbehov på millionar på denne utgiftsposten i åra framover, men med god planlegging ser det ut til at budsjettramma vil holde til nødvendige innkjøp i 2026. |
| Beredskapsøvingar og ROS-analysar | 500 | 500 | Ferdig | Desse midlane har ført til at ein har fått gjennomført fleire beredskapsøvingar på skular og tannklinikkar. Dei er også blitt brukt til kostnadar knytt til konsekvensanalyse (BIA: Business Impact Analysis). BIA blir brukt til å identifisere og prioritere kritiske prosessar og aktivitetar i verksemda, og vurdere kva konsekvensar avbrot har for måloppnåing, tenesteleveransar og lovpålagde oppgåver. |
| **Sum** | **-1 600** | **-1 600** | | |
| **Sum tiltak** | **-1 600** | **-1 600** | | |

## Status investeringsprosjekt

### Bygg, eigedom og fellesfunksjonar

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Opphaveleg budsjett | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
| **IKT-investeringar** | | | | |
| IT-investeringar | 33 900 | 41 660 | 30 942 | 10 718 |
| **Sum - IKT-investeringar** | **33 900** | **41 660** | **30 942** | **10 718** |
| **Sum** | **33 900** | **41 660** | **30 942** | **10 718** |

## Resultat og vesentlege forhold

Avdeling IKT og digitalisering (IDI) leverer sikre, stabile og kostnadseffektive IKT-tenester med høg grad av tilgjengelegheit og svært høg oppetid. IKT infrastrukturen utgjer grunnmuren for brukarvennlege og fleksible IKT-løysingar. Vi arbeider kontinuerleg med å styrke informasjonssikkerheit i tråd med krava i den nye, digitale tryggleikslova og fylkeskommunen sitt interne styringssystem for informasjonstryggleik. Dette må også sjåast i lys av eit stadig endra digitalt risikobilete.

IDI jobbar målretta med å ha beredskap for å handtere uønskte hendingar og oppretthalde tenestene våre. Mykje av beredskapsarbeidet i 2025 har handla om å følgje opp forvaltningsrevisjonen innan beredskap. Oppfølgingspunkta strekk seg frå det overordna arbeidet med sikkerheit og beredskap, til meir detaljerte oppgåver innan digitalt sikkerheitsarbeid og handtering av valdshendingar på skular.

IDI har bidrege aktivt i samband med forenkling, fornying og forbetring, og har teke ei koordinerande rolle i det samla prosessforbetringsarbeidet i Vestland fylkeskommune. Føremålet har vore å sikre meir effektive arbeidsformer, betre samhandling og høgare kvalitet i tenesteleveransane. IDI har også etablert fageininga kunstig intelligens (KI) og teknologiutvikling for å kunne gi samordna, trygg og kunnskapsbasert tilnærming til bruk av nye teknologiar.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal utvikle framtidsretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Samla vurdering strategiar

## Status politiske vedtak

### *Klima (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
| --- | --- | --- | --- |
| Klimavenlege innkjøp: Grøne IT-løysingar (39.2) | Leggje til rette for grønare IT-løysingar og produkt i bruk i fylkeskommunen. Legge til rette for sikre og føremålstenlege produkt, med fokus på auka sirkularitet og energieffektivisering gjennom gjenbruk og ombruk og gjenvinning av IT-utstyr.<br><br>I 2024 er det per september blitt selt tilbake 1845 einingar, og 932 av desse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Det er spart 320 tonn CO2 med denne ordninga i perioden januar 2024 til september 2024.<br><br>Ansvar: IDI-IKT | Iht. plan | I 2025 er det per september blitt selt tilbake 1672 einingar, og 1197 av desse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Det er spart 330 tonn CO2 med denne ordninga i perioden januar 2025 til september 2025. |

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
| --- | --- | --- | --- |
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| IKT og digitalisering | 1,00 | 1,00 | 0,00 |
| IDI - Sikkerheit og støttetenester | 26,33 | 26,79 | 0,46 |
| IDI - Digitalisering | 15,09 | 17,07 | 1,98 |
| IDI - IKT | 102,30 | 102,07 | -0,23 |
| **Total** | **144,72** | **146,93** | **2,21** |

## Forklaring til årsverk

IDI har ein stabil bemanningssituasjon.

Endringar i årsverk er knytt til tilsetting i vakante stillingar og internoverføring av tilsette i samband med etablering av faggruppa kunstig intelligens (KI) og teknologiutvikling.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
| --- | --- | --- | --- |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,55 % | 5,06 % | 7,61 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 2,63 % | 4,02 % | 6,65 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Samla sjukefråværet i avdelinga ligg noko over nærværsmålet til Vestland fylkeskommune. Langtidsfråvær er meir framtredande enn korttidsfråvær, som er lågt i alle einingar.

# Eigedom og utbygging

## Organisering




## Skildring av rammeområde

Avdelinga eigedom og utbygging i Vestland fylkeskommune har to hovudoppgåver: å vere byggherre for alle bygg og eigedommar Vestland fylkeskommune eig eller nyttar, og å byggje ut og setje i drift infrastrukturen til Bybanen.

Byggherrefunksjonen skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling, som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagde krav, politiske vedtak og brukarbehov. Samla areal på eigedomsmassen er ca. 800 000 m² og omfattar mellom anna vidaregåande skular, tannklinikkar, kollektivanlegg og kultur- og administrasjonsbygg.

Utbyggaransvaret for infrastrukturen til Bybanen omfattar planlegging, prosjektering, grunnerverv, utbygging og å setje Bybanen i drift i samsvar med politiske vedtak, reguleringsplan og gjeldande tekniske spesifikasjonar. Utbygginga blir finansiert som del av Bypakke Bergen og Miljøløftet, eit samarbeid mellom stat, kommune og fylkeskommune. Som del av prosjektet bygger Bybanen utbygging også tilstøytane gang- og sykkelvegar, parkar og byrom med tilhøyrande infrastruktur over og under bakken.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 1350-Eigedom og utbygging | 2 392 | 2 429 | -37 | -1,6 % |
| 1351-EIU - Utbygging | 25 391 | 30 971 | -5 581 | -22,0 % |
| 1352-EIU - Drift og vedlikehald | 452 960 | 434 778 | 18 182 | 4,0 % |
| 1353-EIU - Stab og forvaltning | 125 952 | 113 446 | 12 507 | 9,9 % |

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 1355-EIU - System og utvikling | 14 212 | 14 607 | -395 | -2,8 % |
| Sum | 620 907 | 596 231 | 24 676 | 4,0 % |

## Kommentar til status økonomi

For året 2025 hadde avdeling for eigedom og utbygging eit mindreforbruk på 24,6 mill. kr. Mindreforbruket knyter seg til reduserte kostnader for energi og auke i husleigeinntekter, i tillegg til noko redusert husleige for året.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Skjerpa stillingskontroll | -1 500 | 0 | Ferdig | |
| Opprinnelsesgaranti strøm | 1 200 | 0 | Ferdig | |
| **Sum** | **-300** | **0** | | |
| Sum tiltak | -300 | 0 | | |

## Status investeringsprosjekt

### Bygg, eigedom og fellesfunksjonar

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året: Opphaveleg budsjett | Budsjett for året: Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Fellesfunksjonar** | | | | |
| Avslutingskostnadar og ekstra tilskot | 0 | 0 | 433 | -433 |
| Energitiltak, solceller | 16 000 | 16 000 | 4 948 | 11 052 |
| Fylkeshuset Bergen | 0 | 0 | -97 028 | 97 028 |
| Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering | 18 600 | 18 600 | 15 087 | 3 513 |
| Ombygging/ rehabilitering/ mindre tilbygg | 0 | 0 | 3 977 | -3 977 |
| Planmidlar bygg og eigedom | 14 500 | 14 500 | 12 920 | 1 580 |
| **Sum - Fellesfunksjonar** | **49 100** | **49 100** | **-59 664** | **108 764** |
| **Kultur og Regional utvikling** | | | | |
| Arkivdepot | 47 600 | 47 600 | 55 013 | -7 413 |
| Bømlo fiskerihamn | 0 | 0 | -6 461 | 6 461 |
| Gulatinget | 0 | 0 | 51 | -51 |
| Oppgradering fiskerihamner | 0 | 0 | 32 | -32 |
| Restaurering av verneverdige f.k. bygg | 3 500 | 3 500 | 2 543 | 957 |
| **Sum - Kultur og Regional utvikling** | **51 100** | **51 100** | **51 178** | **-78** |
| **Opplæring** | | | | |
| Askøy vgs | 0 | 0 | 1 567 | -1 567 |
| Austrheim vgs | 5 000 | 5 000 | 0 | 5 000 |
| Bømlo vgs | 0 | 0 | 3 150 | -3 150 |
| Dale vgs – rehab. / omb. verkstadbyg | 25 900 | 25 900 | 17 872 | 8 028 |
| Eid vgs – nytt undervisngsareal | 19 700 | 19 700 | 21 563 | -1 863 |
| Firda vgs – rehab. fløy D Aulabygg | 2 400 | 2 400 | 1 085 | 1 315 |
| Flora vgs - Idrettssenter (NY237) | 0 | 0 | 2 469 | -2 469 |
| Fusa vgs | 90 000 | 90 000 | 91 456 | -1 456 |
| Førde vgs/campus Førde | 0 | 0 | 13 158 | -13 158 |
| Kvam vgs | 209 000 | 209 000 | 67 623 | 141 377 |
| Langhaugen vgs | 89 000 | 89 000 | 154 141 | -65 141 |
| LBM vgs | 5 000 | 5 000 | 11 804 | -6 804 |
| Mo og Øyrane vgs – internat mm. | 42 400 | 42 400 | 57 375 | -14 975 |
| Måløy vgs – blokk A og D / Akvahall | 0 | 0 | 461 | -461 |
| Måløy vgs, nytt opplæringsfartøy | 0 | 0 | 159 | -159 |
| Olsvikåsen vgs - aktivitetsanlegg | 0 | 0 | 290 | -290 |
| Ombygging/ rehabilitering/ mindre tilbygg | 115 000 | 115 000 | 164 311 | -49 311 |

| Investering | Budsjett for året Opphaveleg budsjett | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Os vgs | 20 000 | 20 000 | 5 181 | 14 819 |
| Slåtthaug vgs | 18 100 | 18 100 | 648 | 17 452 |
| Sogn jord- og hagebr. – rehab. fjøs- og verkstad | 4 100 | 4 100 | 0 | 4 100 |
| Sogndal vgs – rehab. symjebasseng | 10 400 | 10 400 | 5 824 | 4 576 |
| Sotra vgs | 0 | 0 | 490 | -490 |
| Stord vgs | 129 400 | 129 400 | 97 640 | 31 760 |
| **Sum - Opplæring** | **785 400** | **785 400** | **718 268** | **67 132** |
| **Samferdsel** | | | | |
| Bussanlegg Eid | 31 000 | 31 000 | 21 894 | 9 106 |
| Bussanlegg Førde | 22 000 | 22 000 | 28 408 | -6 408 |
| Bussanlegg Sogndal | 17 200 | 17 200 | 3 613 | 13 587 |
| Bussanlegg Storavatnet | 0 | 0 | -24 | 24 |
| Bussanlegg Stryn | 0 | 0 | 4 | -4 |
| Knutepunkt/terminalar distrikt | 15 000 | 15 000 | 3 776 | 11 224 |
| Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg | 7 700 | 7 700 | 1 794 | 5 906 |
| Ulike byggtiltak innan kollektiv | 10 900 | 10 900 | 12 378 | -1 478 |
| Utbygging bybanedepot | 0 | 0 | 30 | -30 |
| **Sum - Samferdsel** | **103 800** | **103 800** | **71 872** | **31 928** |
| **Tannhelse** | | | | |
| Tannklinikkar andre | 11 900 | 11 900 | 11 639 | 261 |
| THT Sogndal | 0 | 0 | 18 468 | -18 468 |
| **Sum - Tannhelse** | **11 900** | **11 900** | **30 107** | **-18 207** |
| **Sum** | **1 001 300** | **1 001 300** | **811 761** | **189 539** |

## Samandrag status investeringar

I all hovudsak er alle prosjekt i samsvar med planar. Avvik skuldast for enkelte manglande avklaringar mot Skyss og avdeling for opplæring og kompetanse.

## Resultat og vesentlege forhold

### Ny skule på Stord

Stord vidaregåande vart offisielt opna 19. september 2025. 375 elevar og 74 tilsette har tatt skulen i bruk.

Skulen er 90 prosent bygd i tre, med fasadar i malmfuru og karbonatisert tre. Taket er tekt med grøne planter. Skulen har fått ein ny, universelt tilgjengeleg gangveg til idrettsanlegga på Vikahaugane over fylkesvegen. Idrettshall skal skulen leige av Stord kommune. Vrimleområde, kantine og bibliotek er plassert ut mot ein open plass midt i skulen. Dette blir eit indre gardsrom med tre og planter som gjev lys til romma i skulen.

Entreprenørselskapet Consto har bygd den nye skulen saman med Link arkitektur. Byggekostnaden er 601 mill. kr, og arealet er 14 600 kvm.

### Nytt arkivbygg

Fylkestinget vedtok bygging i desember 2021, om lag tre år etter det første innspelet frå brukarar om behov for meir kapasitet. Åsen & Øvrelid AS har hatt totalentreprise på bygginga, og det er eit teknisk avansert bygg med eit samla areal på 2141 kvm. Bygget har blant anna fem ventilasjons- og klimaanlegg, kjøle- og frysemagasin for foto og film og eigne rom for mottak, ordning og sanering. Det er om lag 20 000 hyllemeter med lagringsplass. Det er også lagt til rette for at bygget kan utvidast, dersom det vert behov for det.

Arkivbygget vart opna 30. oktober 2025.

### Ny skule i Kvam

Den nye skulen er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Kvam herad. I tillegg til skule inneheld bygget bibliotek, kino, vaksenopplæring og kulturskule. Bygget er på 9000 kvm og kosta totalt 600 mill. kr, der fylkeskommunen står for 500 mill. kr og heradet for 100 mill. kr. Skulen er mellom dei mest miljøvennlege skulane som fylkeskommunen har bygd. 90 prosent av byggematerialet over bakken er av tre. Energien i den nye skulen kjem frå varmepumper og solcellepanel og forbruket er så lågt som 80 kilowattimar per kvm i året.

Det var offisiell opning av skulen 30. januar 2026.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal bidra til energieffektivisering og tilgang til fornybar energi utan å forringe naturmangfaldet. | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal forvalte naturlandskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv, og følgje opp Montrealavtalen frå 2022 | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentera skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskningsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Samla vurdering strategiar

Lokal fornybar energiproduksjon er eit viktig satsingsområde for å redusere klimafotavtrykket frå drift av fylkeskommunale bygg. Dette vert gjort både gjennom krav til solceller i miljøprofilen i nybygg, men óg gjennom å installere solceller på eldre bygg.

Vestland fylkeskommune har mål om 3 prosent årleg reduksjon av samla tilført energi per m2 i bygga våre, og avdelinga jobbar med følgjande tiltak for å nå desse måla:

- kompetanseheving for byggdriftarane og teknisk fagstab om tekniske anlegg og byggdrift
- oppgradering av tekniske anlegg
- aktiv bruk av energioppfølgingssystem (EOS)
- oppgradering av varmesentralar

Effektiv drift krev også god oppfølging av internkontroll, og som ledd i dette arbeidet implementerte avdelinga eit nytt driftssystem (FM-system) førre år. Det ser vi god effekt av. Eigedom og utbygging følgjer rutinar for klima- og naturvurderingar når det skal vurderast plassering av bygg og infrastruktur for å synleggjere omsynet til natur og naturinngrep. Ved vurderinga knytt til nye byggeprosjekt blir det lagt vekt på å understøtte regionsenterstruktur.

Utbygging av Bybanen i Bergen bidreg til betre kollektivstruktur, i tillegg til utvikling av by- og lokalmiljø. Avdelinga set tydelege miljø- og klimakrav i entrepriseanskaffingar, knytt til nullutslepp, energieffektivisering og klimafotavtrykk frå materialbruk.

Avdelinga bidreg inn i ulike nettverk innan offentleg sektor, næringsliv, utdanning og forsking.

## Status politiske vedtak

### *Klima (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Grøn anleggsektor (23.3.) | Deltaking i nettverket Grønn Anleggsektor for å sikre grøn og fossilfri framtid der innovasjon og nye former for verdiskaping er naudsynt. Nettverket skal sikre sektoren si konkurransekraft | Ferdig | Avdelinga deltek på møte og webinar gjennom året. |
| Handlingsplan for heilskaplege og framtidsretta energiløysingar (25.1) – solcelleanlegg | Det står p.d.d åtte solcelleanlegg ferdig på fylkeskommunale tak. Dette gir 78,5 tonn CO2e sparte klimagassutslepp per år.<br><br>Fylkestinget vedtok i 2024 ein handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg, «Framtidsretta energiforsyning i Vestland fylkeskommune sine bygg». Det vises til budsjettvedtak 14.12.23 (PS 116/2023), samt vedtak sak i FT 19.03.2024: *Fylkestinget vedtek handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg slik det ligg føre i saka. Dette gjeld totalt 11 prosjekt innan utgangen av 2026.* | Iht. plan | I 2025 vart det ferdigstilt solcelleanlegg på Olsvikåsen vgs. og Sandsli vgs. I 2026 er det planlagt anskaffing av solcelleanlegg på Nordahl Grieg vgs., Fyllingsdalen vgs., Eid vgs. og Os vgs. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | Handlingsplanen omfattar ei konkret liste på elleve prosjekt der fylkeskommunen ønskjer å installere solcelleanlegg. Målsettinga er å realisere desse innan utgangen av 2026. Dette vil følje rapport frå Sweco (2023) kunne gi reduksjon på om lag 979 tonn CO2e årleg (med utsleppsfaktor frå europeisk straummiks).<br><br>Av dei 11, er det gjennomført anskaffingar av 2 anlegg (Sandsli vgs og Olsvikåsen vgs). Desse vil bli ferdigstilt i løpet av 2024. Samla utsleppskutt for dei 10 fyrste anlegga er estimert til 122,1 tonn CO2e i 2025.<br><br>Basert på erfaringar fra denne gjennomføringa vil ein fortsette anskaffingar vidare i 2025 og 2026 iht prioritert rekkefølgje i handlingsplanen og oppdatere klimabudsjettet frå 2025 deretter.<br><br>Ansvar: EiU | | |
| Klima- og miljøvenlege bygg (25.2.) | All nybygging og rehabilitering medfører direkte klimagassutslepp frå byggefasen, indirekte utslepp frå verdikjeda og klimagassutslepp i driftsfasen. I juni 2022 vart det i Fylkestinget vedteke nye krav for berekraftig utbygging i VLFK (Saksnr.: 2022/54786-1). Desse krava er no innarbeidd i generelle kravspesifikasjonar for utbygging i Vestland Fylkeskommune, og omfattar ei rekke tiltak for å redusere klimafotavtrykket frå utbygging.<br><br>Energi: Det skal byggast i passivhusstandard, og lokal nyttast lokal energiproduksjon (td. solceller) for å kompensere for 50% av energibruken til bygget.<br><br>Klimafotavtrykket: Det er fastsett krav til maksimalt utslipp CO2-ekvivalentar pr. m2 for bygget på 500-410 kg CO2e/m2. Dette skal reduserast gradvis til 300-230 kg CO2e/m2 innan 2030.<br><br>EIU er innvilga Klimasats-tilskot på 1,8 mill. kr for å jobbe med klimakrav i entrepriseanskaffingar innan bygg- og anlegg. Tiltaket vil ha eit stort bidrag til omstilling til | Iht. plan | I 2025 vart det etablert porteføljemål for klima- og miljø for utbyggingsporteføljen. Kravspesifikasjonane er revidert i tråd med justerte porteføljemål. Det vart òg utarbeidd ein rettleiar for klimakrav i anskaffingar til bruk på prosjekta til avdeling for eigedom og utbygging. I 2026 blir prosjektet sluttført med oppdatering av prosjektrutinar og nye rapporteringskrav for tettare oppfølging av entreprisane. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | lågutslippsamfunnet mellom anna gjennom:<br><br>• Betre evaluering og tildeling av utbyggingskontraktar basert på klima- og miljøprestasjonar<br>• Krav i kontraktane som fremjer miljø- og klimavenlege løysingar mellom anna knytt til utslippfrie bygg- og anleggsplassar, klimavenleg materialbruk, innovative miljøløysingar, sirkulærøkonomi og ombruk, berekraftig massehandtering, energibruk i drift osv.<br><br>Ansvarleg: EIU | | |

## *Verbalvedtak (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| EIU - Opprinnelsesgaranti | Det bli sett av midlar på driftsbudsjettet til å kjøpe opprinnelsesgaranti for straumbruken i fylkeskommunen. Det er ein del av scope 2 som skal rapporterast på i tråd med GHG-protokollen. | Ferdig | Opprinnelsesgaranti kjøpt 15. januar for 109 000 000 kWh, som er tilnærma forventa forbruk for Vestland fylkeskommune, inkludert Bybanen, ut 2025. |

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| Eigedom og utbygging | 0,00 | 1,00 | 1,00 |
| EIU - Utbygging | 21,36 | 22,13 | 0,77 |
| EIU - Drift og vedlikehald | 315,22 | 308,96 | -6,26 |
| EIU - Stab og forvaltning | 16,88 | 18,35 | 1,47 |
| EIU - System og utvikling | 7,15 | 7,68 | 0,53 |
| EIU - Bybanen utbygging | 29,83 | 11,91 | -17,92 |
| **Total** | **390,44** | **370,03** | **-20,41** |

### Forklaring til årsverk

Avvik skuldast nedbemanning hjå Bybanen utbygging. For resten av avdelinga, bortsett frå lærlingar og vakante stillingar, er det redusert med eitt årsverk.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,66 % | 4,14 % | 6,80 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 2,73 % | 4,17 % | 6,90 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Stabilt sjukefråvær på avdelinga sett under eitt.

# Tannhelse

## Organisering




## Skildring av rammeområde

Vestland tannhelseteneste utfører lovpålagde oppgåver i samsvar med tannhelsetenestelova. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle i fylket. Tannhelsetilbodet til prioriterte grupper etter lova skal vere regelmessig og oppsøkande, og vi skal prioritere førebygging framfor behandling.

Tenesta har i 2025 hatt ansvar for å gi eit tannhelsetilbod til om lag 245 000 innbyggjarar som har rett til eit tilbod i den offentlege tannhelsetenesta. Dette er inkludert den nye gruppa 25- til 28-åringar som frå 1. juli 2025 fekk lovfesta rettar i den offentlege tannhelsetenesta. Auken i prioriterte grupper gjer at dei offentlege tannklinikkane har høve til å gi færre vaksne betalande eit tilbod. Det har vore ein reduksjon frå om lag 40 000 vaksne betalande pasientar i 2020 til 7757 vaksne betalande i 2025. Årsaka til dette er at mengda prioriterte pasientar har auka med mellom 30–40 prosent dei siste åra med utviding av rettane til dei mellom 21 og 28 år.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 464 371 | 463 801 | 570 | 0,1 % |

## Kommentar til status økonomi

Tannhelsetenesta har eit mindreforbruk grunna vakante stillingar og høgt sjukefråvær. Tenesta er i balanse ved avslutting av rekneskapen for 2025 ved avsetting til disposisjonsfond.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Skjerpa stillingskontroll | -1 000 | -1 000 | Ferdig | Tannhelsetenesta reduserte 1 stilling i stab ved naturleg avgang. |

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| | | | | Arbeidsoppgåvene vart lagt ut på områda. |
| Takstauke | 1 600 | 1 600 | Ferdig | Tannhelsetenesta har auka takstane med gjeldande prisvekst for 2025. |
| Rekruttering og stabilisering | 5 000 | 5 000 | I arbeid | Ein av dei største utfordringane er å rekruttere og stabilisere tannhelsepersonell. Manglande stabilitet er ein risiko for kvaliteten på tenestene og gir eit dårlegare og mindre føreseieleg tilbod til pasientane. Det arbeidast med å sette i verk tiltak i tiltaksplan for Vestland tannhelse, som ein ventar at vil virke positivt for rekruttering og stabilisering av personellet. |
| **Sum** | **5 600** | **5 600** | | |
| **Sum tiltak** | **5 600** | **5 600** | | |

## Status investeringsprosjekt

### Bygg, eigedom og fellesfunksjonar

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Opphaveleg budsjett | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
| **Tannhelse** | | | | |
| Utstyr tannhelsetenesta | 10 500 | 29 725 | 29 725 | 0 |
| **Sum - Tannhelse** | **10 500** | **29 725** | **29 725** | **0** |
| **Sum** | **10 500** | **29 725** | **29 725** | **0** |

## Resultat og vesentlege forhold

### Oversikt over barn og unge i Vestland utan hol i tennene

| | Vestland 2024 | Vestland 2025 | Landet uten Oslo 2025 |
|---|---|---|---|
| 15 år Andel uten karies, "null hull" (DMFT=0) (prosent) | 42,7 | 43,5 | 42,9 |
| 5 år Andel uten karies, "null hull" (DMFT=0) (prosent) | 84,0 % | 83,3 % | 81,7 % |
| 3 år Andel uten karies, "null hull" (DMFT=0) (prosent) | 94,5 | 94,7 | 94,5 |
| 12 år Andel uten karies, "null hull" (DMFT=0) (prosent) | 62,1 | 62,6 | 62,9 |
| 18 år Andel uten karies, "null hull" (DMFT=0) (prosent) | 32,3 | 34,1 | 33,4 |

Tabellen over viser ei oversikt over barn og unge i Vestland utan hol i tennene. Det er små endringar for gruppa mellom 3 og 15 år, men ser vi på tala for 18-åringar, er det ein auke frå 32 prosent utan hol i 2024 til 34 prosent i 2025. God tannhelse ved 18-årsalder gir betre føresetnader for gode tenner i framtida.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskningsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |
| Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Samla vurdering strategiar

Temaplan for Vestland tannhelse og tiltaksplan for tannhelsetenesta i Vestland syner retning for korleis fylkeskommunen skal løyse samfunnsoppdraget fram mot 2036. Fire innsatsområde er identifiserte for å møte framtidige utfordringar:

1. Førebygging og helsefremming
2. Kompetanse og forsking
3. Kvalitet og pasienttryggleik
4. Berekraftig organisering

Ut frå innsatsområda er det utarbeida 30 tiltak som skal settast i verk i perioden. Fleire av tiltaka er godt i gang. Tiltak 28, som er å utarbeide ny tenestestruktur inkludert klinikkstruktur-plan for Vestland tannhelseteneste er utført, og vil bli lagt til politisk handsaming mars 2026.

## Status politiske vedtak

### *Verbalvedtak (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| IDI-TAN - Samlokalisering Årstadvollen | Sikre finansiering til nye samlokaliserte arealer for tannhelsetenesta sitt kompetansesenter på Årstadvollen. | Iht. plan | Saka har vore oppe i fylkesutvalet, og fylkesdirektøren har fått mynde til å starte forhandlingar om lokale. Administrasjonen er i dialog med Helse- og omsorgsdepartementet om statleg finansiering. Avdeling for eigedom og utbygging har signert intensjonsavtale med huseigar. Vidare er det laga eit rom- og funksjonsprogram. |

## Samla vurdering - Oppdrag

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| IDI - Vestland tannhelseteneste | 490,56 | 495,92 | 5,36 |
| **Total** | **490,56** | **495,92** | **5,36** |

## Forklaring til årsverk

Ei av dei største utfordringane til Vestland tannhelseteneste er å rekruttere og stabilisere personell. Det kjem til syne gjennom ein turnover på 10,4 prosent i 2025. Vi arbeider med å sette i verk tiltak i

tiltaksplan for Vestland tannhelseteneste. Vi ventar at dette vil virke positivt for rekruttering og stabilisering av personellet.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 4,49 % | 6,14 % | 10,63 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 3,85 % | 6,23 % | 10,08 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Vestland tannhelse har hatt høgt sjukefråvær, men ei betring frå 2024 til 2025. Vi har arbeidd med å redusere det høge sjukefråværet gjennom eit nærværsarbeid, som bygger på samarbeid mellom arbeidsgjevar, tillitsvalte, HR og vernetenesta. Dette arbeidet vil halda frem.

# Næring, plan og innovasjon

## Organisering




## Skildring av rammeområde

Avdelinga har ansvar for næringsretta tiltak og satsingar i fylkeskommunen, i tillegg til samordnande ansvar for arbeid med planar, klima og analyse i heile organisasjonen. I dette ligg det oppfølging av ulike politikkområde:

- distriktspolitikk
- innovasjonspolitikk
- energipolitikk
- landbrukspolitikk
- reiselivspolitikk
- forskingspolitikk
- industri- og omstillingspolitikk
- delar av kompetansepolitikken
- inkluderingspolitikk
- klima- og naturresurspolitikk
- arealpolitikk

I 2025 har avdelinga vridd ressursar mot beredskapstema, som matforsyning, forsvarsforum og posisjonering av industri- og næringsliv inn mot ein veksande forsvarsindustri. Hovudmålet er å gjere Vestland til det leiande verdiskapingsfylket basert på fortrinna til fylket og berekraftig bruk av naturressursar, strategisk næringsutvikling og innovasjon. Satsingsområda omfattar mellom anna å styrke og støtte opp under dei verdikjedene Vestland alt er sterke på:

- omstilling frå fossil til fornybar energi
- kompetanseutvikling
- digital infrastruktur
- forskingsbasert innovasjon
- nærings- og lokalsamfunnsutvikling
- landbruks- og naturressursforvalting

Avdelinga forvaltar rundt 300 millionar kroner i eksternt retta verkemiddel, i hovudsak tilskot. Verkemidla har både fylkeskommunal og statleg finansiering.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 2000-Næring, plan og innovasjon | 47 301 | 47 624 | -323 | -0,7 % |
| 2001-NPI - Stab | 8 963 | 7 695 | 1 269 | 14,2 % |
| 2010-NPI - Grøn næringsinfrastruktur | 36 481 | 36 276 | 206 | 0,6 % |
| 2020-NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv | 46 984 | 47 050 | -66 | -0,1 % |
| 2030-NPI - Forsking, kompetanse og internasjonalisering | 37 424 | 37 123 | 301 | 0,8 % |
| 2050-NPI - Plan, klima og analyse | 42 770 | 44 157 | -1 387 | -3,2 % |
| **Sum** | **219 925** | **219 925** | **0** | **0,0 %** |

## Kommentar til status økonomi

Avdeling for næring, plan og innovasjon har levert eit årsrekneskap i balanse, i tråd med forventningane.

Om lag halvparten av bruttobudsjettet til avdelinga består av statlege overføringar øyremerkte ulike føremål, men hovudsakleg tiltenkt tilskot til eksterne organisasjonar. Om lag 100 millionar kroner er førebels overførte til bundne driftsfond i påvente av signering av tilsegnsbrev og nye utlysingar innanfor etablerte tilskotsordningar.

Utanom dette er det ikkje registrert større avvik frå budsjettet. Større tiltak var ikkje naudsynte i 2025.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Kutte ordning berekraftig samfunnsutvikling | -5 000 | -5 000 | Ferdig | Ordninga er avvikla. |
| 20.08 - Redusere midler til regionale planer | -1 500 | -1 500 | Ferdig | Innsparinga er gjennomført. |
| Skjerpa stillingskontroll | -1 500 | -1 500 | Ferdig | Innsparinga for 2025 er gjennomført. Avdeling for næring, plan og innovasjon arbeidar kontinuerleg med å redusere stillingslisten gjennom naturleg avgang i tråd med Fylkestinget sine vedtekne innsparingskrav |
| Varmere våtere villere | 400 | 400 | Ferdig | Tilskotet er tildelt. |
| Delvis prisvekst Vilvite og ViteMeir | 575 | 575 | Ferdig | Driftsstøtta er auka i samsvar med vedtaket. |
| Inkluderingsprosjekt | 1 000 | 1 000 | Ferdig | Det har vore høg aktivitet i prosjektet *Inkludering i Vest*. Løyvinga for 2025 er i hovudsak nytta til eit |

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| | | | | forskingsprosjekt for å identifisere og skalere opp lovande lokale tiltak. |
| Inkluderingsprosjekt i arbeidslivet | 1 000 | 1 000 | Ferdig | Det har vore høg aktivitet i prosjektet *Inkludering i Vest*. Løyvinga for 2025 er i hovudsak nytta til eit forskingsprosjekt for å identifisere og skalere opp lovande lokale tiltak. |
| Ladeinfrastruktur tunge køyretøy | 5 000 | 5 000 | Ferdig | Tilskot er tildelt. |
| Ny ordning raudt til grønt | 5 000 | 5 000 | Ferdig | Tilskot er tildelt. |
| **Sum** | **4 975** | **4 975** | | |
| **Sum tiltak** | **4 975** | **4 975** | | |

Alle økonomiplanvedtak er gjennomførte.

## Resultat og vesentlege forhold

Vestland fylkeskommune har i 2025 styrka rolla si som samordnar, mobilisator og pådrivar for grøn omstilling, innovasjon og samfunnsutvikling. Gjennom mange satsingar, forankra i politiske vedtak og som er beskrivne i årsmeldinga, er det vidareutvikla tettare samarbeid med kommunar og offentleg sektor, lokalsamfunn, industri- og næringsliv og forskingsmiljø. Vi har også mobilisert til både nasjonale og internasjonale program, mellom anna Horisont Europa. Grøn region Vestland, som er ei viktig strategisk satsing i fylket, omfattar no 19 grøne hubbar og vart kåra til Årets lokale klimatiltak 2025 på den nasjonale Zerokonferansen.

Det er gjennom avdeling for næring, plan og innovasjon tildelt meir enn 300 mill. kr i tilskot og verkemiddel til prosjekt, distriktspolitiske tiltak og samarbeidsaktivitetar, som i sum skal bidra til blant anna verdiskaping, utvikling av gode lokalsamfunn, innovasjon og regional utvikling. Ved tildeling vert det stilt krav om minst 50 prosent eigenfinansiering. Slik blir den samla omsetninga av fylkeskommunale midlar stor. Samstundes er det etablert nye samarbeidsstrukturar, som HEU Affairs-nettverket og Forsvarsforum Vestland, som styrkjer både internasjonal mobilisering og regional beredskap.

Innan infrastruktur og klimaomstilling viser resultata tydeleg framgang. Vestland er no fylket i landet med best breibanddekning, ifølgje tal frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom). 98,1 prosent av husstandane har tilgang til 1 gigabit per sekund. Målsetjinga i temaplanen er nådd eitt år før tida. Samstundes er ladeinfrastrukturen styrkt gjennom nye hurtigladarar for både lette og tunge køyretøy, noko som har medverka til høg elektrisk marknadsdel for nyregistrerte køyretøy.

Arbeidet med arealrekneskap, naturkonsekvensvurderingar og besøksforvaltning viser auka merksemd om naturmangfald og berekraftig arealbruk. Det gir eit betre kunnskapsgrunnlag for framtidige prioriteringar.

Samla sett viser 2025 eit år med høg aktivitet, konkrete resultat og styrkt samarbeid.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal bidra til energieffektivisering og tilgang til fornybar energi utan å forringe naturmangfaldet. | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal forvalte naturlandskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv, og følgje opp Montrealavtalen frå 2022 | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal stimulere til at det vert skapt nye næringar og arbeidsplassar i heile fylket gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal utvikle framtidsretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentera skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskningsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |
| Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Samla vurdering strategiar

Avdeling for næring, plan og innovasjon bidrar til å nå måla i utviklingsplanen for Vestland ved å jobbe målretta med dei ti strategiane i planen. Sjå tabell for strategiar for meir informasjon om dei enkelte fagområda.

## Status politiske vedtak

### *Klima (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Bærekraftige kantiner (40.1) | Miljøfyrtårn sett krav til heilskapleg tilnærming til berekraftig matservering. Vestland fylkeskommune samarbeider med Matvalget om prosjektet "Berekraftig og sunne kantiner i Vestland", der målet er å legge til rette for erfaringsdeling mellom kantinene og gi tilbod om praktisk rettleiing i berekraftig måltid til fleire skular som ønskjer å vidareutvikle sitt kantinetilbodet. FN definerer berekraftig kosthald slik: «Kosthald som har låg miljøpåverknad, som bidrar til mat- og ernæringssikkerheit og til eit sunt liv for noverande og framtidige generasjonar».<br><br>Ansvar: NPI-PKA og OPK | Iht. plan | Samarbeidsavtalen med Matvalget, som er ei ekstern rettleiingsteneste, varer til mars 2026. Prosjektfasen blir då avslutta. I 2025 har vi gjennomført kantinesamling for alle vidaregåande skular og oppfølgingsaktivitet av prosjektskulane. Vi jobbar med sluttrapport og anbefaling for vidare arbeid med å fremje eit ernæringsmessig godt, variert og bærekraftig mattilbod for elevar og tilsette i vidaregåande skular. |
| Etablere dialog og samarbeidsform med dei største punktutsleppa (35.1.) | Etablere forum for dialog, som rundebordskonferanse for å avklare moglegheiter for samarbeid om a realisere utsleppskutt. Sikre kopling til eksisterande nettverk og fora. Det er gjennomført Rundebordskonferanse 2.0 i juni i Oslo med dei store bedriftane, fylkevaraordførar,<br>NHO, Fellesforbundet og næringsministeren. Viktig tema i Grøn Region Vestland og øvrig næringsutviklingsarbeid i Vestland fylkeksommune.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | Vert integrert i Grøn Region Vestland (GrV) 31. januar. Dialogen med punktutsleppa vert ein integrert del av GrV. Vi skal jobbe med dei største utsleppspunkta ved å bruke hub-metodikken. I 2025 har Vestland fylkeskommune arrangert møte og arrangement knytte til Clean Industrial Deal, med mål om å motivere næringslivet i fylket til å søkje på relevante EU-utlysinga. |
| Forarbeid arealrekneskap (NYVEST 52.1, 52.2) | Innheld fleire tiltak:<br><br>• NYVEST (52.1): NFR-prosjekt i eit samarbeid mellom Vestland, Møre og Romsdal og Rogaland fylkeskommunar, Vestlandsforsking og NINA. Prosjektet skal vidareutvikle metode for regionalt arealrekneskap, både som datagrunnlag, verktøy og vilkår for å forbetre avgjerdsprosessar knytt til arealbruk. Prosjektet har so langt utvikla GIS-løysing for å syne og talfeste arealbruksendringar og presentert ho for kommunane. Integrering av kunnskap i avgjerdsprosessar er undersøkt i tilgjengeleg | Iht. plan | Tiltak 52.1 har utarbeidd arealrekneskap til alle kommunar i Vestland, som kunnskapsgrunnlag til arbeidet i kommunane med arealstrategiar og arealdelar. Prosjektet har saman med forskingsmiljø mellom anna sett på korleis samspelseffektar mellom klima og natur vert forstått og vektlagt i politiske avgjerder om arealendring. Prosjektet har vidareutvikla kartløysingar med informasjon om arealbruk i regionen.<br><br>Tiltak 52.2 har gjennomført spørjeundersøking og digitale og fysiske møte med kommunane. Regional arealrekneskap og skriftleg rettleiingsmateriell er publisert. Presentasjonar, øvingsoppgåver og formidling til kommunar og internt i fylkeskommunen. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | litteratur, og KI-baserte naturkartleggingsmetodar er presenterte. Metoden gjev direkte estimat av endring av $CO_2$ utslepp som fylgje av arealendringar i henhold til endra KPA, basert på ein modell frå Mdir. Under uttesting.<br>• Arealrekneskap for utsleppsreduksjon (52.2): Prosjekt med Klimasats-finansiering for samarbeid om arealrekneskap med mål om å utforme ein samanliknabar metodikk til nytte for både fylkeskommunen og kommunane i regionen. Prosjektet er tett kopla til NYVEST-prosjektet. Utarbeider regionalt arealrekneskap, samt arealrekneskap for kvar kommune i regionen. Dette som utgangspunkt for dialog og vidareutvikling i å ta arealrekenskap i bruk knytt til KPA<br><br>Ansvar: NPI-PKA | | Sjå meir på nettsida til fylkeskommunen: Arealrekneskap - Vestland fylkeskommune |
| Grøn Region Vestland (31.1.) | Prosjekt for å rigge Vestland for det grøne skiftet. Breitt regional partnarskap for å auke tempo, gjennom prioriteringar og treffe dei naudsynte tiltaka for å lukkast med grøn omstilling. Aksjonsretta og lite byråkratisk samanslutning. Tiltak vert gjennomført av næringane sjølve, Grøn Region Vestland legg til rette for å gi verkemdene det dei treng for å lukkast. Ansvarleg: Innovasjon Norge og Vestland fylkeskommune. Etter oppdateringa av vestlandsporteøljen hausten 2023 jobbar ein vidare i prosjektet med hub-koordinering, systematisk arbeid mot dei tematiske barrierane og gevinstrealisering. Arbeidet blir også kopla opp mot den nasjonale samskapingsmodellen, missions, og Vestland sine bidrag til grønt industriløft. | Iht. plan | Prosjektet blir vidareført i ny treårsperiode, etter vedtak i fylkestinget i sak 118/25. Metodikken blir utvikla vidare med dei erfaringane som blir gjort i hubbane. Det blir jobba med å auke forståinga for industriell symbiose og sirkulær økonomi i industri. Akademia blir kopla på for meir forsking på området. Prosjektet blir styrt etter tre arbeidspakkar:<br>• HUB koordinering<br>• kritiske suksessfaktorar<br>• administrasjon og gevinstrealisering.<br><br>Hovudmål for prosjektet er "sjølvgåande hubbar med økonomisk berekraftig finansiering" ved utgangen av 2028. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | Ansvar: NPI - FKI | | |
| Hurtigladeinfrastruktur til tyngre køyretøy (21.3) | Etablere samarbeid mellom fylkeskommunen og relevanteaktørar innan engros, renovasjon og varetransport om hurtigladeinfrastruktur for tungtransport med utgangspunkt i pågåande prosess i Statens vegvesen.<br><br>Strategi for lading av tunge køyretøy vart vedteke av Fylkestinget i juni 2024. Fire av de tungbillading-stasjonanen som fekk tilskot i 2024 er bygget. Det er ikkje løyva midlar til tilskot i 2024 då det ikkje har vore budsjettpost for dette. Eigedom har tilbydt Eviny å leie areal til tungbillading i Åsane.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | For å følgje opp strategi for lading av køyretøy løyvde hovudutval for næring til saman 5,3 millionar til utbygging av sju hurtigladarar til tunge køyretøy på tre nye ladelokasjonar (Moskog, Mongstad, Øystese og Jondal).<br><br>For å betre ladetilbodet i distriktet for personbilar og drosjer vart det løyvd til saman 5 millionar til å bygge 14 hurtigladarar for elektriske køyretøy (personbil/drosje) på seks nye lokasjonar i Stad, Bremanger, Masfjorden og Skånevik. |
| KlimaVestland (10.3) | KlimaVestland er ei satsing på samarbeid med kommunane i Vestland om klimaomstillinga. Gjennom satsinga vert det tilrettelagt for kunnskapsdeling, opplæring via klimanettverk og webinarar, og gjennom rådgjeving i planleggingsprosessar.<br><br>Ansvar: NPI-PKA | Iht. plan | Prosjektet hadde stor aktivitet i 2025. Vi hadde fysiske samlingar, nettverksmøte og klima&kaffi-webinar. Omlag halvparten av kommunane i Vestland deltek i nettverket. Prosjektgruppa har delteke i forskingsprosjekt saman med, og for, kommunane. |
| Klimapartnere Vestland (4.1) | Vidareutvikling av Klimapartnere Vestland som eit partnerskap for utsleppskutt og grøn forretningsutvikling. Nettverket vidareutviklar klimarekneskap som verktøy for å systematisk jobbe med klimarapportering for å syne resultat, samle eksempel frå verksemdene og vise god praksis. Klimapartnere Vestland har no 82 verksemder som partnarar i heile fylket.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | Klimapartnere har etablert seg til å bli eit av dei fremste verktøya i fylket for grøn næringsutvikling. I 2025 vart det gjennomført 25 fysiske arrangement i regi av Klimapartnere Vestland. Det er arrangert13 webinar, digitale arrangement, inkludert i samarbeid med Klimapartnere nasjonalt. Arrangementa er viktige arenaer for kunnskaps- og erfaringsdeling, inspirasjon og mobilisering til handling, mellom anna gjennom formidling av partnarane sine eigne grøne løysingar og spydspissprosjekt. Sirkulære anleggsplassar, bildeling på jobben og klimarobuste samfunn er noko av det partnarane våre har vore pådrivarar for. |
| Klimaråd Vestland (1.1) | Etableringsmøte var i mai 2023. Nytt møte planlagt i november med nye politikarar for vidare arbeid.<br><br>Ansvar: NPI-PKA | Iht. plan | Klimarådet vert vidareført, men vidare aktivitet vert knytt til arbeidet med dei to nye regionale planane. Ordninga skal bli evaluert, og vidare form og formål skal bli vurdert opp |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | mot innhald i dei nye regionale planane. |
| Miljøfyrtårnsertifisering VLFK (3.3.) | Vestland fylkeskommune er som konsern sertifisert som Miljøfyrtårn. Det er eit mål å fullføre og oppretthalde miljøsertifiseringa av fylkeskommunale einingar. Det er p. t. 20 vidaregåande skular som er miljøsertifiserte. Klimabudsjett saman med miljøleiingsverktøyet Miljøfyrtårn og ein offensiv anskaffingsstrategi bidreg til gjennomgåande klima- og miljøleiing i heile organisasjonen.<br><br>Ansvar: NPI-PKA | Iht. plan | Vestland fylkeskommune er som konsern sertifisert som miljøfyrtårn. I 2025 har tannhelsetenesta tilpassa miljøsertifisering av einingar, slik at det no er tannhelseområda og TK-Vest som blir sertifiserte. Slik er fem einingar i tannhelsetenesta sertifiserte, i tillegg til tre fylkesadministrasjonar og 18 vidaregåande skular. |
| Plaststrategi (37.1) | Fylkeskommunen gjennomfører tiltak i plaststrategien gjennom eigne avdelingsprosjekt og budsjettløyving. Framhald i 2025 vil innebere ei løyving på kr 1 mill til plastrydding, deltaking frå vidaregåande skule i Plastutfordringa/Sirkulær og til grøne arrangement.<br><br>Ansvar: NPI-PKA | Iht. plan | Avdelingane jobbar med gjennomføring av tiltak, spesielt knytt til anskaffingar. Det blir lyst ut midlar til til førebygging av unødig bruk av plast og spreiing av plast i Vestland, i samsvar med økonomiplanen. |
| Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart (19.1) | Nullutsleppsbåtar og skip er naudsynt for å redusere klimagassutslepp frå den nest største utsleppssektoren i Vestland, - sjøfart. Tiltaket omhandlar å legge til rette for samarbeid mellom aktørar innan alternative drivstoff i skipsfart og om ein heilskapleg verdikjedesatsing. Til dømes ved prosjektstøtte og arbeid for betre rammevilkår og vere positiv til aktørar som vil etablere produksjon eller bunkringsanlegg langs kysten. Omstilling av skipsfarta til nullutslepp er teknologisk mogleg dersom ein nyttar dei ulike nullutsleppsdrivstoffa der dei høver seg best.<br><br>Det er løyva midlar til fleire prosjekt med alternativ drivstoff i skipsfart over utlysing til Handlingsprogram for berekraftig verdiskaping. To store fabrikkar for grøn amonikakk i Vestland er nær tidspunkt for investeringsavgjerd (Gulen og Bremanger).<br><br>Grøn skipsfart er eksempel på nye grøne verdikjeder der Vestland har gode forretningsmogelegheiter. Dette er ei viktig næring med høg | Iht. plan | Fylkesutvalet støtta i fråsegn krav om meir ambisiøse klimakrav til offshoreflåten. I 2025 fekk Hub for Ocean / Ocean Hyway Cluste og Maritime Clean Tech kr 1,3 millionar kroner i støtte over ordninga berekraftig verdiskaping 2025 til to prosjekt for å redusere utslepp frå skipsfart. Stord-selskapet HYDS tok i 2025 investeringsbeslutning på levere 20 MW produksjonskapasitet fornybart hydrogen til maritim sektor i Florø. Vestland har det leiande klyngemiljøet i verda for nullutslepp og lågutsleppløysnngar til maritim sektor. Fylkeskommunen støttar årleg arbeidet gjennom samarbeidsavtalene. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | aktivitet, og som også påverkar den kommunefordelte utsleppsstatistikken til Miljødirektoratet. Utsleppa stammar frå hamnene, og 12 nautiske mil ut frå grunnlinja. Vestland har verksemder som er verdsleiande på elektrifisering og utvikling av karbonfrie framdriftssystem. For å sikre ein regional verdikjede er det naudsynt med forsking for å kunne designe, utvikle og bygge fartøy lokalt, sikre nullutslepps-framdriftsteknologi, samt tilrettelegging for infrastruktur i hamn (landstraum og bunkringsstasjon).<br><br>Ansvar: NPI-GNI. Mangfaldig samarbeid – leia av avd. for næring, plan og innovasjon I samarbeid med: Enova, staten, kommunar, hamnemyndigheiter, maritim næring, Kystverket og andre relevante aktørar, inkl. Grønt Skipsfartsprogram. | | |
| Stimulere til grønn omstilling av bygg- og anleggsbransjen i Vestland (32.2) | Styrke samarbeid og kunnskapsdeling om innkjøp og anbod som verkemiddel gjennom å dele erfaringar fra igongsette aktivitetar og prosjekt, til dømes Kunnskapsparken sitt prosjekt "Grøn omstilling i byggebransjen". Styrke samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenør og andre interessentar i anleggsnæringa gjennom leverandørkonferanse. Det er inngått aamarbeidsavtale med Proptech Innovation. Viktig tema for Klimapartnere Vestland.<br><br>Ansvar: NPI og Klimapartnere Vestland | Iht. plan | Samarbeid og kunnskapsdeling om innkjøp og anbod som verkemiddel er styrka gjennom å dele erfaringar frå igangsette aktivitetar og prosjekt, til dømes Kunnskapsparken sitt prosjekt "Grøn omstilling i byggebransjen". Samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenør og andre interessentar i anleggsnæringa er styrka gjennom leverandørkonferanse. Det er inngått samarbeidsavtale med Proptech Innovation. Dette er viktige tema for Klimapartnere Vestland. |
| Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjer (21.2.) | Vestland fylkeskommune legg til rette for overgangen til nullutsleppsdrosjer ved tilskot til kjøp og montering av ladar heime hos drosjesjåførar som eig eller er i ferd med å kjøpe elektrisk drosje. Ordninga er avslutta i tidligare Hordaland etter at ny forskrift tredde i kraft, men held fram i Sogn og Fjordane fram til 1.4. 2026.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | Løyvehavarar for drosje i Sogn og Fjordande fekk etter søknad 8000 kr i stønad til heimeladar i overgangsordninga fram til forskriftskravet frå Vestland fylkeskommune om nullutslepp frå 1. april 2026 trer i kraft. For å betre ladetilbodet for personbilar og drosjar i distrikta, vart det løyvd til saman 5 millionar kroner til å bygge fjorten hurtigladarar for elektriske køyretøy (personbilar/drosje) på seks |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | nye lokasjonar i Stad, Bremanger, Masfjorden og Skånevik. |
| Tilskotsordning til berekraftig samfunnsutvikling (5.2) | Vestland fylkeskommune har ei rekkje tilskot til nærings- og samfunnsutvikling i Vestland.<br><br>Tilskotsordning for fagområda klimaomstilling, folkehelsearbeid og by- og stadutvikling blei samordna i mars 2021. Tilskotsordninga støttar opp om prosess- og utviklingsarbeid i kommunane sin innsats for å styrke lokalsamfunn, gode kvardagsliv og like mogelegheiter for alle. 19. september handsamar Fylkesutvalet instillinga med årets tilsegn. Fylkesdirektøren tilrår å gje tilsegn til 17 prosjekt knytt til utlysinga «Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling 2024», med total tilskotssum på 8 400 000 kroner.<br><br>Ansvar: NPI-PKA og KFO | Ferdig | Ordninga er avvikla fordi det ikkje blei løyvd midlar til tilskotsordninga for 2025. |
| Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar i Vestland (21.1.) | Ved å tilby investeringsstønad til aktørar som vil etablere offentleg tilgjengelege ladeplassar, skal ordninga skal gjere det mogleg å bygge ut hurtigladeplassar på stader der kundepotensialet i dag ikkje er venta å gje lønnsam drift. Fylkeskommunen sine tilskot til hurtiglading er ei stor grunn til at Vestland er regionen i verda med høgast tal for elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon sikrar eit ladetilbod i heile fylket.<br><br>Utlysing for drosjelading i 2024 hadde fokus på å gje nytte for drosjenæringa. Kr. 4,7 millionar vart løyva.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | Iht. plan | Løyvehavarar for drosje i Sogn og Fjordande fekk etter søknad 8000 kroner i stønad til heimeladar i overgangsordninga fram til forskriftskravet frå Vestland fylkeskommune om nullutslepp frå 1. april 2026 trer i kraft. For å betre ladetilbodet i distriktet for personbilar og drosjar, vart det løyvd til saman 5 millionar kroner til å bygge fjorten hurtigladarar for elektriske køyretøy (personbilar/drosje) på seks nye lokasjonar i Stad, Bremanger, Masfjorden og Skånevik. |
| Tiltakspakke Klimavenleg landbruk (28.1, 29.1, 30.1) | Inneheld fleire tiltak for å redusere klimaavtrykk i Vestlandsjordbruket som blir vidareført i 2025 - tiltaka (nr. 28-30) er skildra i Årsplan Klima og gjeld *Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgjeving, Bionova og Regional jordvernstrategi*. Prosjekt KlimaVest (27.1) blir ferdigstilt 2024 og ikkje vidareført.<br><br>Ansvar: NPI-NLR | Iht. plan | Statsforvaltaren gjev støtte til klimarådgjeving via regionalt miljøprogram.<br><br>Klimakalkulatoren er ein føresetnad for å kunne ta i mot klimarådgjeving. Innovasjon Noreg forvaltar Bionova. Det er ein klimaordning som bøndene kan søkje på. Regional jordvernstrategi er meint å vere til |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | inspirasjon for kommunane. Strategien er ikkje bindande. |
| Utfasing av fossile person- og varebilar i VLFK | For køyretøy totalt, står det framleis meir att for at fylkeskommunen skal bli ei fossilfri verksemd. I 2023 utgjorde fossile utslepp frå den fylkeskommunale bilparken 877,6 tonn CO2e. Då var 35 prosent av person- og varebilane elektriske (34 prosent i 2022). Talet på elektriske varebilar gjekk opp frå 10 til 19 (2022–2023). Delen er no oppe i 16 prosent.<br><br>Administrasjonen i Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein rutine for anskaffing av køyretøy anten det er leigebil, leasing eller kjøp. Det har sidan komme statleg forskrift om energi- og miljøkrav ved anskaffing av køyretøy til vegtransport med nullutsleppskrav til personbilar og varebilar. Fylkeskommunen sin miljørekneskap viser i kva grad utsleppa frå drivstoff går ned etterkvart som parken av køyretøy får større del nullutslepp. Men det er enno ikkje laga ein plan for kor fort utskiftinga skal skje.<br><br>I dette tiltaket skal ein i løpet av 2025 legge fram forslag til framdrift for å oppnå fossilfri bilpark i Vestland fylkeskommune. I tillegg skal det rapporterast tal for kutt i klimagassutslepp frå drivstoff i Vestland fylkeskommune og framskrive kutt fram til 2030.<br><br>Ansvar: | | Ved utgangen av 2025 var 62 prosent av eigde og leasa fylkeskommunale personbilar elektriske. Delen elektriske varebilar er no komen opp i 26 prosent.<br><br>Forskrift om utslippskrav til kjøretøy ved offentlig anskaffelse til veitransport skal hindre innkjøp av nye fossile person og varebilar og bybussar.<br><br>Dessutan har fylkeskommunen no fått på plass ein flåteforvaltar i avdeling for opplæring og kompetanse. |
| Vestlandssatsing på elektrisk luftfart (18.1.) | Etablere pilotprosjekt for elektrisk flyrute mellom Førde og Bergen. Initiativet er starta og prosjektet vil bli utvida med relevante aktørar frå næringsliv, interesseorganisasjonar og offentlege etatar. Samanfatte kunnskapsgrunnlag og starte strategisk arbeid.<br><br>Det er publisert rapport frå Transportøkonomisk institutt med utgreiing av elektrisk flyfart mellom Førde og Bergen. Rapporten fekk nasjonal merksemd på nrk.no.<br><br>Ansvar: NPI-GNI | | Testarena for nullutslepp flytrafikk på Vestland ble tatt i bruk i 2025. Verdas første elektriske lasteflyrute vart testa mellom Stavanger og Bergen. Flyet brukte også flyplassane på Stord og i Florø. |

## *Verbalvedtak (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| NPI - 1. Tidlegfasefond | Visar til sak i Fylkestinget PS 106/24 om tidlegfasefond. Fylkestinget ber om at eventuelt innskot i eit nytt tidlegfasefond vert avgjort i sak i fylkesutvalet snarast råd. Fylkesutvalet får fullmakt i saka. | Ferdig | Innskot i eit tidlegfasefond er vedteke i fylkesutvalet, og teikningsavtale for teikning av aksjar i fondet for 15 millionar kroner er signert av fylkesdirektøren.<br><br>**Vedtak i fylkesutvalet i sak 14/25 Investering i Tidligfasefond Vestland I AS**<br><br>1. Vestland fylkeskommune støttar oppretting av nytt lokalt forankra tidlegfasefond i Vestland.<br>2. Vestland fylkeskommune investerer 15 millionar kroner i Tidligfasefond Vestland 1 AS, og blir medeigar i fondet. Eigardel vil vere avhengig av endeleg storleik på fondet. Målsetting for fondet er fondskapital på 40 millionar kroner, då blir Vestland fylkeskommune sin eigardel 37,5 %. Øvre grense for fondskapital er 60 millionar kroner, då blir Vestland fylkeskommune sin eigardel 25 %<br>3. Investeringa blir gjort ved bruk av midlar frå Vestland fylkeskommune sitt disposisjonsfond. Investeringsramma ligg fast for den avtalte levetida til fondet på maksimalt 10 år.<br>4. Fylkesutvalet ber fylkesdirektøren sørgje for koordinering og avklaring for å sikre at fondet si gjennomføring av investeringar er i tråd med fylkeskommunen sin politikk for innovasjon og næringsutvikling, slik det kjem til uttrykk i førande dokument for eigarskap.<br>5. Fylkesutvalet gir fylkesdirektøren fullmakt til å inngå aksjonæravtalen i tråd med prinsippa i denne saka og eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| NPI - 2. Biokol | Biokol kan ha ei viktig rolle i å redusera klimagassutsleppa . Fleire fylker deltek i eit konsept via Regionalt miljøprogram i landbruket, samarbeid med private bedrifter og bønder i eit spleiselag. Fylkestinget bed fylkesdirektør undersøkje korleis Vestland også kan delta her, og komme tilbake til hovedutval for Næring med eiga sak. | Ferdig | Referatsak om biokol vart handsama i hovudutval for næring 11. mars 2025 (PS 24/25). |
| NPI - 3. Ny ordning raudt til grønt | Fylkestinget set av 5 mill for å auka kunnskapen om påverknad på villaks og aure i PO3 og PO4. Prosjektet skal ha som målsetjing at Vestland kjem i grøn sone i trafikkljossystemet, og gjennomførast i samarbeid med forskningsmiljø og næringa. Hovudutval for næring arbeidar videre med innretning. | Ferdig | Det vart lyst ut 4,8 millionar kroner i søkbare ordningar med søknadsfrist 1. september 2025. Handsaming av innkomne søknader er no gjennomført, og alle utlyste midlar er tildelt.<br><br>**Vedtak i hovudutval for næring i sak 32/25 Frå raudt til grønt - auka kunnskap om påverknad på villaks og sjøaure i PO3 og PO4:**<br><br>1. Hovudutval for næring set av inntil 2,8 millionar kroner til utlysing av FoU-prosjekt som kan styrke næringa sitt arbeid med å redusere talet på lakselus i oppdrettsanlegg. Utlysinga skal også opne for prosjekt som evaluerer pågåande arbeid med nye tekniske løysingar og førebyggjande tiltak mot lakselus.<br>2. Hovudutval for næring set av inntil 2,0 millionar kroner til utlysing av prosjektmidlar som kan avdekke ulike årsaker til nedgang/variasjon i lakse- og sjøaurebestandane. Forsterking og vidare utvikling av nokre pågåande kunnskapsprosessar er mellom aktuelle mottakarar av støtte.<br>3. Hovudutval for næring gir fylkesdirektøren fullmakt til å avgjere innkomne søknader. Utvalet ber om ei referatsak med oversikt over desse vedtaka.<br>4. Hovudutvalet set av inntil 200 000 kroner til å organisere nye samarbeidsarenaer der næring, forsking og forvaltning kan møtast for å drøfte kunnskap og synspunkt på konsekvens |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | av lakselus for oppdrett og villaks i Vestland fylke. Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere desse midlane.<br>5. Hovudutvalet ber om ei ny sak tidleg i 2026 for å kunne evaluere tiltaka som grunnlag for vidareføring av arbeidet.<br>6. Tiltaka vert dekka med midlar i budsjett 2025 som er sett av til å auke kunnskapen om påverknad på villaks og aure. |

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| Næring, plan og innovasjon | 1,39 | 2,00 | 0,61 |
| NPI - Stab | 9,44 | 8,11 | -1,33 |
| NPI - Grøn næringsinfrastruktur | 25,45 | 27,55 | 2,10 |
| NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv | 22,30 | 22,46 | 0,16 |
| NPI - Forsking, kompetanse og internasjonalisering | 16,29 | 15,73 | -0,56 |
| NPI - Plan, klima og analyse | 29,33 | 28,76 | -0,57 |
| **Total** | **104,20** | **104,61** | **0,41** |

## Forklaring til årsverk

Tal årsverk var på same nivå som året før, og stort sett i tråd med budsjettet. Det har vore enkelte nye tilsettingar grunna overføring av oppgåver. Om lag ein av fem stillingar har heilt eller delvis ekstern finansiering.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,91 % | 2,09 % | 4,00 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 2,17 % | 2,99 % | 5,16 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Det samla sjukefråværet på avdelinga har auka med om lag eitt prosentpoeng. Både kort- og langtidssjukefråværet har auka.

# Opplæring og kompetanse

## Organisering




## Skildring av rammeområde

Fylkeskommunen har ansvar for å gje vidaregåande opplæring til ungdom og vaksne. Vidaregåande opplæring er vegen til mange ulike former for kompetanse og bindeleddet mellom 10-årig grunnskule og høgare utdanning og yrkesliv. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse. Dei studieførebuande utdanningsprogramma skal legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning. Fylkeskommunen hadde i 2025 42 vidaregåande skular, fagskule, produksjonsskule, folkehøgskule, rettleiingstenester og karriererettleiing.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 3000-Opplæring og kompetanse | 664 574 | 586 408 | 78 166 | 11,8 % |
| 3001-OPK - Stab | 14 439 | 15 415 | -977 | -6,8 % |

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 3002-OPK - Inntak, forvaltning, sluttvurdering | 32 678 | 115 313 | -82 635 | -252,9 % |
| 3003-OPK - Kompetanse | 10 354 | 10 489 | -135 | -1,3 % |
| 3004-OPK - Kvalitet i opplæringa | 21 760 | 15 049 | 6 711 | 30,8 % |
| 3011-OPK - Skule- og rettleiingstenesteområde 1 Nord | 895 439 | 895 684 | -245 | 0,0 % |
| 3012-OPK - Skule- og rettleiingstenesteområde 2 Bergen sentrum | 951 603 | 949 157 | 2 446 | 0,3 % |
| 3013-OPK - Skule- og rettleiingstenesteområde 3 Bergen omegn | 909 026 | 910 488 | -1 461 | -0,2 % |
| 3014-OPK - Skule- og rettleiingstenesteområde 4 Sør | 805 095 | 805 119 | -24 | 0,0 % |
| 3099-OPK - Diverse | 3 080 | 4 905 | -1 825 | -59,2 % |
| Sum | 4 308 049 | 4 308 027 | 22 | 0,0 % |

## Kommentar til status økonomi

Tabellen over syner oversikt over opplæring- og kompetansesektoren ut frå overordna organisasjonsstruktur. 3000-Opplæring og kompetanse inneheld fylkesdirektør og sentralt budsjetterte postar, som t.d. systemutgifter inkludert elev-pc, kompetanseplan, gjesteelevar, opplæring i bedrift, grunnskuleopplæring og privatistar. 3001-3004 inneheld seksjonane i avdeling for opplæring og kompetanse og delar av utgiftene knytte til fagprøvar og privatistar. 3011-3014 omfattar skular, Karriere Vestland, rettleiingstenester og områdeleiarar i dei ulike områda. 3099 gjeld Nettskulen Vestland.

Samla sett gjekk opplæring og kompetansesektoren i 2025 i balanse. Det er likevel knytt utfordringar til kostnadsutviklinga på nokre område. Det gjeld fagprøvar, grunnskuleopplæring, privatisteksamen og opplæring for minoritetsspråklege. Som del av årsoppgjeret vart restmidlar av tidlegare mottekne statlege tilskot på avslutta prosjekt, til saman 14,4 mill. kr, tekne inn som del av resultatet i sektoren.

Det store mindreforbruket som kjem fram på 3000-Opplæring og kompetanse og meirforbruket på 3002-OPK - Inntak, forvaltning, sluttvurdering har samanheng med endring i kontoplanen gjeldande frå 2025. Avvika er i hovudsak knytt til fagprøvar (78,3 mill. kr) og privatisteksamen (3,6 mill. kr), der budsjett og rekneskap for 3000 og 3002 må sjåast i samanheng. Storparten av mindreforbruket på 3004-OPK - Kvalitet i opplæringa skuldast at restmidlar frå tidlegare mottekne statlege tilskot på avslutta prosjekt vart teke inn i årsresultatet. Skulane har resultatoverføringsordning der den enkelte skule vert avslutta i balanse, og avvik mellom budsjett og rekneskap vert 0. Dei mindre avvika i tabellen knytte til 3011-3014 er altså knytte til andre einingar enn skulane.

**Resultat for skulane**

I 2025 hadde skulane eit samla netto mindreforbruk på 28,3 mill. kr: 16 skular hadde eit samla meirforbruk på 22,8 mill. kr, medan 29 skular hadde eit samla mindreforbruk på 51,1 mill. kr. Akkumulert hadde 32 skular mindreforbruk på til saman 104,1 mill. kr, medan 13 skular hadde meirforbruk på til saman 31,6 mill. kr. Ved utgangen av 2025 er det 88,1 mill. kr på disposisjonsfond for skulane samla og 81,5 mill. kr på fellesfond opplæring og kompetanse.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Nedtrekk rett til oppflytting 3 grupper | -6 000 | -6 000 | Ferdig | Vedtaket vart følgd opp frå skuleåret 2025-2026 og den økonomiske ramma til skulane vart redusert med 6 mill. kr frå 2025. |
| Skjerpa stillingskontroll | -5 000 | -5 000 | I arbeid | Tiltaket er verksett. Den økonomiske ramma til skulane er frå 2025 redusert med 5 mill. kr årleg. |
| Nedtrekk sentraladministrasjonen OPK | -2 200 | -2 200 | Ferdig | Vedtaket er effektuert frå 2025. |
| Reduksjon skulepsykologar RLT | -1 250 | -1 250 | I arbeid | Vedtaket vart effektuert frå 2025 og trappa opp frå 2026, som føresett. |
| Demokratiprosjekt | 1 000 | 1 000 | I arbeid | Demokratiprosjektet vart iverksett frå hausten 2025. |
| Generelt nedtrekk vgs/sak om heilskapleg tilbodsstruktur | 2 200 | 2 200 | I arbeid | Tiltaket er iverksett og lagt til grunn for saka om opplæringstilbodet og den økonomiske ramma for skulane. |

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| Styrking av Fagskulen i Vestland. Sak fylkestinget juni 2024 | 5 000 | 5 000 | Ferdig | Den økonomiske ramma for Fagskulen Vestland vart styrka med 5 mill. kr fom 2025. |
| Særskilt språkopplæring | 10 000 | 10 000 | I arbeid | PS-sak 25/2025 "Rullering av handlingsprogrammet Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring" legg føringar for bruken av løyvinga.<br><br>Tiltaket er iverksett. I 2025 er 8 mill. kr fordelt til dei vidaregåande skulane for å styrke skulane sitt arbeid med tilpassa opplæring slik at også elevar med anna morsmål enn norsk og samisk får naudsynt språkopplæring og språkstøtte i skulekvardagen. I tillegg er det sett i gang arbeid med å skaffe og implementere eigna læringsassistentar basert på kunstig intelligens. |
| Inkludering og fullføring | 20 000 | 20 000 | I arbeid | PS-sak 25/2025 "Rullering av handlingsprogrammet Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring" legg føringar for bruken av løyvinga.<br><br>På bakgrunn av vedtak i PS-sak 24/2025 til OPPKO "Justerings av opplæringstilbodet 2025/2026" er 7 mill. kr av løyvinga i 2025 nytta til finansiering av ekstra klassar hausten 2025. Dei resterande 13 mill kr er fordelt på skulane ut frå tal elevar i ordinær vidaregåande opplæring inkl. individuelt tilrettelagt opplæring skuleåret 2024/25.<br><br>Midlane skal nyttast med mål om auka frammøte og deltaking i læringsarbeidet:<br><br>• Redusere fråvær til under 5%<br><br>• God leiing av læringsarbeid<br><br>• Elevmedverknad og inkludering<br><br>• Førebyggje psykisk uhelse<br><br>Skulane skal prioritere bruken av midlane ut frå lokalt utfordringsbilete. Skulane blir bedt om å lage ein plan for arbeidet og bruk av midlane, og må sjå dette i samanheng med skulen sitt utviklingsarbeid.<br><br>Hovudutval for opplæring og kompetanse skal ha halvårleg |

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| | | | | rapportering om kva midlane er brukt til og kor mykje midlar som er nytta. |
| **Sum** | **23 750** | **23 750** | | |
| **Sum tiltak** | **23 750** | **23 750** | | |

## Status investeringsprosjekt

### Bygg, eigedom og fellesfunksjonar

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Opphaveleg budsjett | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
| **Opplæring** | | | | |
| Større undervisningsutstyr | 61 500 | 130 449 | 118 707 | 11 742 |
| **Sum - Opplæring** | **61 500** | **130 449** | **118 707** | **11 742** |
| **Sum** | **61 500** | **130 449** | **118 707** | **11 742** |

## Resultat og vesentlege forhold

## Gjennomføring

Skuleåret 2024/25 var det 84,1 prosent som fullførte og fekk bestått i alle fag. Under kan vi sjå gjennomføringa for dei ulike utdanningsretningane. Det var totalt 3,4 prosent som slutta: 1,6 prosent innan studieførebuande, 5,0 prosent innan yrkesfag og 5,3 prosent innan påbygg. Tala er relativt stabile frå år til år.

| Fullført og bestått | 2024/25 | 2023/24 | 2022/23 |
|---|---|---|---|
| Studieførebuande | 87,0 % | 87,5 % | 86,8 % |
| Påbygg til generell studiekompetanse | 80,5 % | 80,3 % | 79,7 % |
| Yrkesfag | 85,0 % | 85,0 % | 85,1 % |

Samla karakterresultat låg på 4,21, som er det same som året før. Også her er det ulikt mellom dei ulike utdanningsretningane 4,28 innan studieførebuande, 4,19 innan yrkesfag og 3,9 på påbygg.

## Elevundersøkinga 2025/26

Elevundersøkinga er ein del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet og er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget og analysearbeidet til skulane og skuleeigar. Høg verdi betyr positivt resultat og høgaste gjennomsnittsverdi er 5. Dette med unnatak for indikatoren «Mobba på skulen», der resultatet går frå 0 til 100 og viser prosentdel elevar som rapporterer at dei har opplevd å bli mobba.

Tabellen under viser resultata for vg1, vg2 og vg3 for skuleåret 2025/26, samanlikna med resultata nasjonalt same år.

| | Nasjonalt vg1 | Nasjonalt vg2 | Nasjonalt vg3 | Vestland vg1 | Vestland vg2 | Vestland vg3 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trivsel** | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,2 |
| **Støtte frå lærer** | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,0 |
| **Støtte heimefrå** | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 3,8 |
| **Vurdering for læring** | 3,5 | 3,4 | 3,3 | 3,5 | 3,5 | 3,3 |
| **Læringskultur** | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 3,9 |
| **Meistring** | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 3,9 |
| **Motivasjon** | 3,6 | 3,5 | 3,4 | 3,6 | 3,5 | 3,4 |
| **Elevdemokrati og medverknad** | 3,6 | 3,6 | 3,5 | 3,6 | 3,6 | 3,5 |
| **Felles regler** | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,1 |
| **Utdanning og yrkesrettleiing (vidaregåande)** | 3,7 | | | 3,7 | | |
| **Fagleg utfordring** | 4,3 | 4,3 | 4,4 | 4,2 | 4,3 | 4,4 |

## Elevundersøkinga, mobbespørsmål

Eitt av dei viktigaste spørsmåla i undersøkinga er spørsmålet om elevane har opplevd å bli mobba på skulen. Mobbeindikatoren er ei samanstilling av svara på tre ulike spørsmål, som vist under. Elevar som har svart at dei er mobba «to–tre gonger i månaden» eller oftare, inngår i talla om mobbing for det enkelte spørsmålet.

Tala i tabellen viser del elevar som seier dei blir mobba i elevundersøkinga.

| | Vestland vg1 | Vestland vg2 | Vestland vg3 | Nasjonalt vg1 | Nasjonalt vg2 | Nasjonalt vg3 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Mobbing på skulen (samla) | 6,0 | 4,6 | 3,9 | 5,5 | 5,2 | 3,7 |
| Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane? | 4,0 | 3,1 | 2,2 | 3,6 | 3,4 | 2,3 |

| | Vestland vg1 | Vestland vg2 | Vestland vg3 | Nasjonalt vg1 | Nasjonalt vg2 | Nasjonalt vg3 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane? | 2,8 | 2,1 | 2,1 | 2,6 | 2,5 | 1,8 |
| Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månadane? | 2,9 | 1,6 | 1,8 | 2,4 | 2,0 | 1,5 |

## Lærlingundersøkinga

Lærlingundersøkinga er ei årleg undersøking der lærlingar og lærekandidatar får seie meininga si om lærings- og arbeidsmiljøet på arbeidsplassen. Lærlingundersøkinga er den beste kjelda til informasjon om lærings- og arbeidsmiljøet til lærlingane.

Det er minimale endringar frå resultata i 2024/25. Samanlikna med fjorårets resultat er det endringar på nokre av svara, men berre med 0,1 i differanse. Samanlikna med nasjonalt snitt er det nokre spørsmål der Vestland fylkeskommune har anna resultat. Også her er det berre snakk om 0,1 i differanse.

Skalaen går frå 1 til 5, der 5 er best resultat.

| | | Vestland | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| **Yrkesfagleg fordjuping (YFF)** | Kor einig eller ueinig er du i følgande utsegn? YFF gav meg viktig kjennskap til arbeidslivet | 4,0 | 4,0 |
| **Opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet** | Undervisninga i yrkesfaga på skulen gav eit godt grunnlag for det eg skulle lære i bedrifta | 3,6 | 3,6 |
| | Utstyret vi brukte på skulen var godt nok for å lære faga | 3,5 | 3,6 |

| | | Vestland | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| | Lærarane mine hadde god innsikt i det eg skulle møte i læretida | 3,7 | 3,7 |
| **Motivasjon** | Er du motivert til å lære i bedrifta? | 4,5 | 4,5 |
| | Er du sikker på at du har valt riktig fag? | 4,0 | 4,1 |
| | Liker du arbeidsoppgåvene dine i lærebedrifta? | 4,0 | 4,1 |
| | Gleder du deg til å gå på arbeid i lærebedrifta? | 4,0 | 4,0 |
| **Trivsel** | Trivst du på arbeidsplassen? | 4,3 | 4,3 |
| | Trivst du med kollegaene dine? | 4,4 | 4,4 |
| | Trivst du med kundare/leverandørane/pasientane dine? | 4,1 | 4,1 |
| | Er du fornøgd med opplæringa du har fått på arbeidsplassen så langt? | 4,0 | 4,1 |
| **Helse, miljø og sikkerhet (HMS)** | Har du fått opplæring i HMS på arbeidsplassen? | 4,1 | 4,1 |
| | Veit du korleis du skal sei frå om eit avvik? | 4,1 | 4,1 |

| | | Vestland | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| | Er det lett tilgang på verneutstyr i bedrifta di? | 4,3 | 4,3 |
| **Læreplan** | Veit du kva læreplanen seier om kva du skal lære i læretida di? | 4,0 | 3,9 |
| | Samsvarer opplæringa du har fått med det læreplanen seier du skal lære i faget? | 3,9 | 3,9 |
| **Medverknad, rettleiing og eigenvurdering** | Deltar du i planlegging av arbeidet ditt? | 3,8 | 3,8 |
| | Deltar du i vurdering av arbeidet ditt? | 3,9 | 3,9 |
| | Klarer du sjølv å avgjere om du har løyst ei arbeidsoppgåve på ein fagleg god måte? | 4,1 | 4,1 |
| | Får du tilbakemelding på arbeidet ditt, slik at du kan bli betre i faget? | 4,0 | 4,0 |
| | Får du hjelp og støtte i arbeidet du gjer dersom du treng det? | 4,3 | 4,3 |
| | Dokumenterer du arbeidet ditt i opplæringsbok, logg, nettside, mobil, app eller liknande? | 3,5 | 3,5 |
| **Halvårsvurdering** | Vi snakkar om korleis eg trivst | 4,4 | 4,4 |

| | | Vestland | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| | Vi snakkar om den faglege prestasjonen min | 4,3 | 4,4 |
| | Vi snakkar om kva eg skal gjere for å bli betre i faget | 4,2 | 4,2 |
| | Vi planlegg kva arbeidsoppgåver eg skal arbeide med til neste samtale | 4,0 | 4,0 |
| **Fagprøve** | Veit du kva du skal kunne til fagprøven? | 3,7 | 3,7 |
| | Veit du korleis fagprøven skal gjennomførast? | 3,5 | 3,5 |

## Lærlingundersøkinga, mobbing

Eitt av spørsmåla i undersøkinga er om du har blitt mobba på arbeidsplassen dei siste månadane? I samanheng med spørsmålet kjem det ein definisjon av mobbing: Med mobbing meiner vi gjentatte negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. Mobbing kan vere å kalle ein annan stygge ting og erte, halde ein annan utanfor, baksnakke eller slå, dytte eller halde fast. Her kan lærlingen krysse av for alternativa “ikkje i det heile tatt”, “ein sjeldan gong”, “2–3 gongar i månaden”, “omtrent ein gong i veka” eller “fleire gonger i veka”. For å finne ut kor mange som opplever at dei vert mobba, legg vi saman dei tre siste svaralternativa.

Under ser vi samleresultat for lærlingundersøkinga for Vestland fylkeskommune og nasjonalt når det gjeld spørsmålet om mobbing. Tala har gått ned både for Vestland og nasjonalt og ligg på høvesvis 1,9 prosent og 2,7 prosent.

| | 2024/25 | 2025/26 |
|---|---|---|
| Vestland | 3,00 % | 1,90 % |
| Nasjonalt | 3,10 % | 2,70 % |

## Opplæring i bedrift

Det vart inngått 3957 nye lærekontraktar i 2025, ein auke på 346 kontraktar sidan førre år. Vidare var det 4698 gjennomførte fagprøvar i 2025. Tal fagprøvar aukar frå år til år. 92,2 prosent bestod fagprøva.

## Resultat og analyse frå opplæringssektoren

Meir informasjon om vidaregåande opplæring i Vestland finn du på nettsida til fylkeskommunen. Her vert oppdaterte tal og analyser lagt ut fleire gonger i året. Det gir skuleeigar eit oppdatert kunnskapsgrunnlag til å gjere vurderingar ut frå tema læringsmiljø, læringsresultat og gjennomføring. På bakgrunn av denne informasjon om tilstanden i opplæringssektoren, kan aktørane saman analysere, vurdere, revurdere og utvikle kvaliteten i opplæringa slik at fleire gjennomfører.

Fleire tal og analysar frå opplæringssektoren på nettsida til Vestland fylkeskommune.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal stimulere til at det vert skapt nye næringar og arbeidsplassar i heile fylket gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal utvikle framtidsretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentera skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskningsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |
| Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Status politiske vedtak

### *Klima (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Klimavenlege innkjøp: Sirkulære møbler (39.3) | Eige prosjekt for "sirkulære møbler i VLFK" er avslutta. Erfaringsoverføring og vidareføring av prosjektet inn i ei driftsfase blir fokus vidare. Arbeidet inkludera å finne metode for å registrere gjenbruk av eigne møblar, registrere kjøp av brukte møbel og kva og korleis ein vil måle eller rapportere gjenbruk. Arbeider med rigging av ny konkurranse for rammeavtale for møbelinnkjøp i lag med innkjøpsseksjonen.<br><br>Ansvar: OPK-Stab | Iht. plan | Vi signerte ny rammeavtale for møbelinnkjøp i juni 2025. Avtalen gir høve til å kjøpe brukte møblar, i tillegg til tenester knytte til reparasjon og redesign av møblar. Innkjøpsseksjonen har utarbeidd ein rutine som ligg i kvalitetsportalen, med tittelen «Framgangsmåte for å dekkje behov for møblar».<br><br>I byggjeprosjekt effektkalkulatoren til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) nytta for å berekne CO2-utslepp knytt til møblar. Kvart prosjekt får ein eigen rapport. Kalkulatoren har berre eit avgrensa utval møblar som kan leggjast inn, noko som betyr at det faktiske CO2-talet ikkje er heilt presist. Likevel gir kalkulatoren ein god indikasjon på korleis vi ligg an i arbeidet med gjenbruk.<br><br>Dei første tala gjeld Kvam vidaregåande skule og Stord vidaregåande skule (avdeling Vabakkjen).<br><br>**Stord vidaregåande skule:** Ved bruk av effektkalkulatoren til DFØ for anskaffing av møblar viser utrekningane at vi har spart om lag 3268 kg CO2 ved å gjenbruke møblar på Vabakkjen. Det er ikkje kjøpt inn brukte møblar i dette prosjektet, men vi har fått ein del nesten nye kontormøblar gratis frå privat sektor.<br><br>**Kvam vidaregåande skule:** Prosjektet viser at vi til slutt har spart om lag 4063 kg CO2 ved å gjenbruke møblar ved Kvam vidaregåande skule. Også her er det ikkje kjøpt inn brukte møblar. Som med prosjektet på Stord har vi fått nesten nye kontormøblar gratis frå privat sektor. |

## *Verbalvedtak (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| OPK - 1. Utgreiingsressursar til verbalpunkt | Fylkestinget ber fylkesdirektør prioritere utgreiingsressursar til verbalpunkt og notar i budsjettet for 2023 og 2024 innan opplæringssektoren, og ber om at fylkesdirektør svarar på desse slik at det dannar grunnlag for arbeid i budsjett for 2026 og vidare. Særleg | Iht. plan | Direktør for opplæring og kompetanse la fram politisk sak 39/2025 "Oppfølging av verbalpunkt vedteke i FT-sak 138/2024 Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028 - konsekvensvurdering for ulike nivå av innsparing" for hovudutval for opplæring og kompetanse i mai |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | ordlyden frå budsjettvedtak i 2024: «Det er behov for ein gjennomgang av korleis vi løyser oppgåver og nivå/omfang av desse, for å sikre at opplæringssektoren fornyar og forbetrar seg i tråd med vår eigen temaplan og sentrale føringar. I kunnskapsgrunnlaget skal ein sjå på nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene. Det skal også gjennomførast ei konsekvensvurdering for ulike nivå av innsparing. Det er viktig at hovudutvalet er tett kopla på slik at justering av omfang og nivå er godt politisk forankra.» | | 2025. Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:<br><br>*Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til orientering. Jamfør tidlegare vedtak ligg dei politiske satsingane fast og skal ikkje utgreiast vidare for kutt. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber avdelingsdirektøren legge fram ei sak som svarar på bestillinga om nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene i sektoren og som visar korleis ein kan fornye og forbetre i tråd med temaplanen og sentrale føringar.*<br><br>Vedtaket er følgt opp vidare som del av budsjett- og økonomiplanarbeidet. |
| OPK - 2. Mål, strategi og inntektspotensiale for Fagskulen i Vestland | Fylkestinget ber om ei sak som ser på dei overordna måla og strategiane til Fagskulen i Vestland, og saka leggjast fram for fylkestinget før sommaren 2025. Vidare ber fylkestinget styret for Fagskulen sjå på auka inntektspotensiale gjennom brukarbetaling frå skuleåret 2025-2026. | Iht. plan | Fylkesdirektøren la fram politisk sak 58/2025 "Overordna mål og strategiar for Fagskulen vestland" for fylkestinget i juni 2025.<br><br>Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i saka:<br><br>1. *Fylkestinget tek saka til orientering.*<br>2. *Jamfør vedtak i sak 67/2024 Roller, styring og utvikling av Fagskulen Vestland, skal fagskulen ha ei tydeleg rolle i relevante fylkeskommunale plandokument, her under også regional plan for verdiskaping og kompetanse. Hovudutval for opplæring og kompetanse og hovudutval for næring vert involvert i fagskulen sin vidare prosess med strategiarbeid.* |
| OPK - 3. Inkludering og fullføring | Fylkestinget legg inn ekstra 20 millionar kroner til ekstra stimuleringstiltak pr år i perioden 2025-28, for å styrke denne innsatsen. Vi står også framfor fullføringsreformen, som vil tilrettelegge for at fleire kjem i utdanning og etterkvart i arbeid. Dette er positivt, men vil også krevje ekstra ressursar. Derfor er ei slik satsing på fullføring med 80 millionar over 4 år svært viktig å få sett i gang med. Hovudutval for opplæring og | Iht. plan | Politisk sak 25/2025 "Rullering av handlingsprogrammet Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring" legg føringar for bruken av løyvinga.<br><br>På bakgrunn av vedtak i politisk sak 24/2025 til hovudutval for opplæring og kompetanse "Justering av opplæringstilbodet 2025/2026" er 7 mill. kr av løyvinga i 2025 nytta til finansiering av ekstra klassar hausten 2025. Dei resterande 13 mill. kr er fordelte på skulane ut frå tal elevar i ordinær vidaregåande opplæring |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | kompetanse får ansvaret med å administrere dei. | | inkludert individuelt tilrettelagt opplæring skuleåret 2024/25.<br><br>Midlane skal nyttast med mål om auka frammøte og deltaking i læringsarbeidet:<br><br>• redusere fråvær til under 5 prosent<br>• god leiing av læringsarbeid<br>• elevmedverknad og inkludering<br>• førebyggje psykisk uhelse<br><br>Skulane skal prioritere bruken av midlane ut frå lokalt utfordringsbilete. Skulane blir bedne om å lage ein plan for arbeidet og bruk av midlane og må sjå dette i samanheng med utviklingsarbeidet til skulen.<br><br>Hovudutval for opplæring og kompetanse skal ha halvårleg rapportering om kva midlane er brukte til, og kor mykje midlar som er nytta. |

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| Opplæring og kompetanse | 11,83 | 1,00 | -10,83 |
| OPK - Stab | 13,27 | 14,20 | 0,93 |
| OPK - Inntak, forvaltning, sluttvurdering | 37,82 | 38,96 | 1,14 |
| OPK - Kompetanse | 23,91 | 9,26 | -14,65 |
| OPK - Kvalitet i opplæringa | 19,76 | 21,77 | 2,01 |
| OPK - Skule- og rettleiingstenesteområde 1 Nord | 987,87 | 971,42 | -16,45 |
| OPK - Skule- og rettleiingstenesteområde 2 Bergen sentrum | 1 068,36 | 1 085,17 | 16,81 |
| OPK - Skule- og rettleiingstenesteområde 3 Bergen omegn | 950,16 | 970,13 | 19,97 |
| OPK - Skule- og rettleiingstenesteområde 4 Sør | 820,39 | 836,96 | 16,57 |
| OPK - Diverse | 1,00 | 1,00 | 0,00 |
| **Total** | **3 934,37** | **3 949,87** | **15,50** |

## Forklaring til årsverk

Samla tal årsverk i 2025 er om lag som året før. Nokre av avvika som kjem fram er knytte til endringar i organisasjonsstruktur og ikkje til reell endring i årsverk, til dømes:

- Opplæring og kompetanse: –10,83 årsverk. I ny organisasjonsstruktur er NDLA er skilt ut som eiga eining, og områdeleiarane er knytt til områda og ikkje avdeling.
- OPK-kompetanse: –14,65 årsverk. I ny organisasjonsstruktur er Karriere Vestland skilt ut som eiga eining.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,14 % | 3,61 % | 5,75 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 2,07 % | 3,54 % | 5,61 % |

# Kultur og folkehelse

## Organisering




## Skildring av rammeområde

Avdeling for kultur og folkehelse legg til rette for utforminga av ein sterk og kunnskapsbasert politikk på områda kultur, folkehelse, mangfald og integrering, og samhandlar med stat, kommunar og sivilsamfunn.

Budsjettet er innretta for å støtte opp under eit sterkt og ambisiøst sivilsamfunn med både profesjonelle og amatørar. Vel 88 prosent av bruttobudsjettet er nytta til å støtte drifta av organisasjonar og institusjonar og til prosjektstøtte. Administrative utgifter utgjer om lag 12 prosent.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 4000-Kultur og folkehelse | 3 089 | 2 990 | 98 | 3,2 % |
| 4001-KFO - Stab | 5 479 | 5 230 | 249 | 4,5 % |
| 4010-KFO - Arkiv | 12 932 | 13 174 | -242 | -1,9 % |
| 4021-KFO - Kulturformidling | 34 695 | 34 327 | 369 | 1,1 % |
| 4040-KFO - Kulturarv | 132 080 | 135 549 | -3 469 | -2,6 % |
| 4050-KFO - Kulturutvikling | 152 981 | 153 081 | -100 | -0,1 % |
| 4060-KFO - Fysisk aktivitet og inkludering | 77 379 | 76 702 | 677 | 0,9 % |
| **Sum** | **418 635** | **421 053** | **-2 417** | **-0,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

Årsrekneskapen viser eit meirforbruk på 2,4 mill. kr. Det skuldast i hovudsak meirforbruk på feltarkeologi på knapt 4 mill. kr. Viktigaste årsak er nødvendig innleige av arbeidskraft (vikariat), høge kostnadar til reise/opphald, lågare sakstilgang. Dei andre postane viser samla eit positivt avvik mellom budsjett og rekneskap på 1,6 mill. kr.

Rekneskapen eller viser i hovudsak bra samsvar med vedteke budsjettet og planlagte tiltak som er gjennomførte i 2025.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Kutte ordning berekraftig samfunnsutvikling | -3 000 | -3 000 | Ferdig | |
| Skjerpa stillingskontroll | -1 500 | -1 500 | Ferdig | Effektuert. Trekt attende stillingar |
| U23 EM i friidrett | 0 | 0 | I arbeid | Løyvd i fylkestinget i des. 2024, jf økonomiplan 2024-2027. Siste utbetaling i 2026. |

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| Auka satsing Robin Hood | 400 | 400 | I arbeid | |
| Styrke tilskot Stønad etter vedtak | 470 | 470 | I arbeid | |
| Utvandrarjubileum | 500 | 500 | Ferdig | |
| Styrke tilskot Kulturelt utviklingsprogram (KUP) | 560 | 560 | I arbeid | Etablert regionalt kulturfond |
| Planlegging Griegkvartalet | 1 000 | 1 000 | Ferdig | |
| Planlegging Samlingssentrum / Fellesmagasin | 1 000 | 1 000 | Ferdig | |
| Støtte til Friluftslivets år 2025 | 1 000 | 1 000 | Ferdig | |
| Betre situasjonen for dei ureturnerbare papirlause flyktningane i Vestland | 1 900 | 1 900 | I arbeid | |
| Prisvekst driftstilskot | 9 500 | 9 500 | I arbeid | |
| Regionale kulturbygg | 20 000 | 20 000 | I arbeid | |
| **Sum** | **31 830** | **31 830** | | |
| | | | | |
| **Sum tiltak** | **31 830** | **31 830** | | |

## Resultat og vesentlege forhold

I 2025 leverte avdeling for kultur og folkehelse viktige resultat som har bidrege til auka deltaking, verdiskaping og eit styrkt kunnskapsgrunnlag på kultur- og folkehelsefeltet i Vestland. Arbeidet har hatt brei geografisk rekkevidd og vore prega av samarbeid med kommunar, frivillig sektor og nasjonale aktørar.

**Kultur for alle, frivilligheit og lokaldemokrati**

Avdelinga hadde ei sentral rolle i markeringa av **Utvandrarjubileet 2025**, mellom anna gjennom prosjektet Amerikareisa og publisering av ei nyskapande undervisningspakke i DKS (Den kulturelle skulesekken) Digital. Jubileet vart òg markert gjennom kulturarrangement under One Ocean Week, i samarbeid med Bergen kommune og Sjøfartsmuseet.

**Friluftslivets år 2025** vart gjennomført i tett samarbeid med regionale og lokale aktørar, med brei deltaking og tydeleg vekt på mangfald og inkludering. Aktivitetane omfatta heile fylket og vart avslutta med ein eigen konferanse i desember.

Avdelinga har styrkt den regionale frivilligheitspolitikken gjennom arbeidet med Vestland kulturkrets, som no fungerer som ein samlande paraply for kulturfrivilligheit og er integrert i Samarbeidskomiteen for frivilligheit.

Kringom, ein digital kunnskapsportal for natur- og kulturhistorie i Vestland, vart lansert i januar 2025. Portalen er etablert som ein varig infrastruktur for kunnskapsformidling.

**Infrastruktur, møteplassar og arenaer**

Avdelinga ferdigstilte fleire sentrale infrastrukturtiltak i 2025. **Kunnskapsgrunnlag for kulturarenaer i Vestland** vart lagt fram og politisk handsama, og vert no nytta i vidare politikkutvikling.

For arkivfeltet var **opninga av nytt arkivbygg i Leikanger** eit særleg viktig løft. Bygget legg til rette for trygg og framtidsretta forvaltning av papirbasert, fotografisk og audiovisuelt arkivmateriale, og Kommunearkivordninga i Vestland har starta innflytting av arkiv.

**Samarbeid og nettverksbygging**

Prosjektet Å Vestland, Vestland vart avslutta i 2025 og har styrkt digital samhandling og kompetansedeling mellom biblioteka i fylket. Avdelinga har òg lagt til rette for internasjonalt kunnskapssamarbeid på kulturfeltet, mellom anna gjennom program som Erasmus+.

Vidare vart Vestland kulturvernnettverk styrkt gjennom fylkeskommunalt arbeid, og nettverket er no ein tydeleg aktør i frivilligheitssamarbeidet i fylket.

**Verdiskaping**

På bakgrunn av vedtak i hovudutval for kultur, idrett og inkludering vart det gjennomført ei omfattande omlegging av tilskotsordningane. Arbeidet vert vidareført i 2026.

Etableringa av Regionalt kulturfond Vestland med ei ramme på 15 millionar kroner var eit sentralt og strategisk viktig resultat i 2025. Ordninga vart vedteken, lyst ut og ferdig handsama politisk, med om lag 200 søknader. Kulturfondet er eit viktig verkemiddel for nyskaping og regional verdiskaping i kultursektoren.

**Utdanning og talentutvikling**

Avdelinga bidrog til etableringa av **landets første høgare utdanningstilbod innan fartøyvern**, i samarbeid mellom Fagskulen Vestland og Hardanger og Voss museum. Studiet er no etablert som ei varig driftsoppgåve og styrkjer både handverkskompetansen og kulturarvfeltet i Vestland.

**Profesjonell og institusjonell utvikling**

I 2025 vart fleire viktige tiltak gjennomførte for å styrkje profesjonelle fagmiljø og institusjonell utvikling på kulturfeltet. **To nye, varige kulturprisar/-stipend** vart etablerte: nynorskstipend og fylkeskulturpris. Begge ordningane fekk svært stor interesse.

Det vart etablert forskingsnettverk Vestland for musea, som har styrkt fagleg samarbeid og tilgangen til forskingsmidlar. Det vart òg gjennomført ei kartlegging av residensordningar for kunstnarar i fylket.

**Kulturmiljø, friluftsliv og natur**

Avdelinga har i 2025 bidrege til berekraftig bruk og tilrettelegging av natur- og kulturmiljø i heile fylket. Gjennom prosjektet Ro- og padleruter Vestland har 36 kommunar kartlagt og gradert padleruter, og det vart delt ut 1,5 millionar kroner til lokal tilrettelegging. Prosjektet bidreg til berekraftig friluftsliv i heile fylket.

**Kunnskapsutvikling og planlegging**

I 2025 vedtok fylkestinget **temaplan for bevaring av privatarkiv i Vestland**. Planen gir eit felles og langsiktig rammeverk for bevaringsarbeidet i fylket.

Vidare vart **barnefamiliepanelet** gjennomført i samarbeid med Bergen kommune. Når analysen er ferdigstilt i 2026, vil han vere eit viktig kunnskapsgrunnlag om deltaking og fritidsvanar blant barn og unge.

Avdelinga har òg gjennomført ei **spørjeundersøking for biblioteka** gjennom prosjektet Folkebiblioteket i lokalsamfunnet.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal forvalte naturlandskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv, og følgje opp Montrealavtalen frå 2022 | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal utvikle framtidsretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentera skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskningsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |
| Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Samla vurdering strategiar

Ressursar er brukte i samsvar med vedteken årsplan og politiske vedtak og andre prioriteringar

## Status politiske vedtak

### *Klima (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Berekraftig anleggsutvikling for | Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv gjennom | Iht. plan | Pågåande. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| idrett og friluftsliv (32.3.) | samarbeidsavtale mellom Vestland idrettskrets og Vestland fylkeskommune. Målet er å bli ein sterk regional utviklingsaktør i høve nybygg, rehabiliteriing, bygging og drift av idrettsanlegg der FN sine berekraftsmål vert lagt til grunn. Samarbeidet skal heve kompetansen på området gjennom felles tiltak og møteplassar for kompetanseheving og rådgjeving for å sikre nyskapande aktivitetsanlegg og berekraftige arrangement. Ansvarleg: Vestland Idrettskrets og Vestland fylkeskommune<br><br>I 2023 har Vestland fylkeskommune inngått ein samarbeidsavtale med NTNU/ SIAT om kompetanse knytt til berekraftig anleggsutvikling.ema er eit viktig tema i regional kulturplan (2023-35) som vart vedteke i fylkestinget i mars. | | |
| Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren (41.1) | Dialog kring tiltak vil skje i samarbeid med prosessen for årsplan for Regional plan for kultur 2023 - 2035.<br><br>Ansvar: KFO - KU | Forsinket | Omformulert i 2026 til å gjelde breiare satsing på grønne løysingar i kultursektoren. |

## *Verbalvedtak (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| KFO - 1. Styrke tilskot Kulturelt utviklingsprogram (KUP) | Fylkestinget ønskjer å opprette eit slagkraftig regionalt kulturfond på 15 millioner ved å slå saman Kulturelt utviklingsprogram med staten si nye satsing på regionale kulturfond. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering får i oppgåve å opprette ordninga. | Ferdig | Etablert regionalt kulturfond. |
| KFO - 2. Planlegging Samlingssentrum/fellesmagasin | Fylkestinget ber fylkesdirektør intensivera arbeidet med å byggja eit nytt fellesmagasin. Den fylkeskommunale tomten på Haukås vert mellom lokalitetane som vurderast. | Iht. plan | I samarbeid med avdeling for eigedom og utbygging. |
| KFO - 3. Støtte til Friluftslivets år 2025 | Vestland fylkeskommune sett av 1 million kronar til arbeid med å få fleire med i friluftslivet. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering får i oppgåve å fordele midlane. | Ferdig | Ferdig og avslutta i samsvar med plan. |

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| Kultur og folkehelse | 0,00 | 1,00 | 1,00 |
| KFO - Stab | 6,39 | 5,59 | -0,80 |
| KFO - Arkiv | 22,62 | 24,58 | 1,96 |
| KFO - Kulturformidling | 20,88 | 21,22 | 0,34 |
| KFO - Kulturarv | 43,59 | 40,91 | -2,68 |
| KFO - Kulturutvikling | 8,56 | 9,14 | 0,58 |
| KFO - Fysisk aktivitet og inkludering | 19,81 | 18,42 | -1,39 |
| **Total** | **121,85** | **120,86** | **-0,99** |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,07 % | 3,33 % | 5,40 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 2,02 % | 3,18 % | 5,20 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet har halde seg på eit akseptabelt lågt nivå heile året.

# Mobilitet og kollektivtransport

## Organisering




## Skildring av rammeområde

**Skyss**

Skyss skal utvikle og drifte kollektivtrafikken i Vestland. Hovudoppgåvene er å

- planlegge og utvikle linjenett og rutetilbod
- tildele transportkontraktar for buss, bane, båt og ferje
- sørgje for lovpålagt skuleskyss
- informere og marknadsføre reisetilbod og kundeløysingar
- gi kundeservice
- utvikle nye og kombinerte mobilitetstenester.

Utvikling av tilbod og tenester skal skje med grunnlag i vedtekne planar og strategiar, behova til dei reisande og i takt med endringar som skjer i bransjen

**Økonomi og styring**

Seksjon for økonomi og styring skal syte for god budsjett- og økonomiforvaltning og oppfølging av politiske saker. Seksjonen har ansvar for at strategiar for mobilitet- og kollektivområdet blir utvikla og følgt opp. Seksjonen har ansvar for samhandling og styring internt i ansvarsområdet til mobilitet og kollektivtransport.

**Transportplan**

Transportplanseksjonen skal sikre strategisk retning på regionalt planarbeid og bidra til heilskapleg satsing på berekraftig mobilitet. Seksjonen skal koordinere det regionale arbeidet med byvekstavtale for bergensområdet og bidra aktivt inn i organisasjonen Miljøløftet.

**Forvalting**

Seksjonen har ansvar for å sikre gode mobilitetsløysingar i Vestland, med særleg merksemd på tilrettelagt transport, drosjeløyve og ruteløyve. Tenesta tilrettelagt transport er ei nøkkelteneste for personar med nedsett funksjonsevne. Fylkeskommunen er løyvemyndigheit og har ansvaret for utferding, oppfølging og tilbakekall av drosjeløyve. Fylkeskommunen har òg ansvar for å sikre at ruteløyve vert tildelt på ein måte som fremjar effektiv og trygg kollektivtransport.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 5000-MOK - Mobilitet og kollektivtransport | 2 515 | 2 973 | -458 | -18,2 % |
| 5010-MOK - Skyss | 3 761 676 | 3 702 197 | 59 479 | 1,6 % |
| 5020-MOK - Økonomi og styring | 7 317 | 5 539 | 1 778 | 24,3 % |
| 5030-MOK - Transportplan | 8 734 | 8 122 | 612 | 7,0 % |
| 5040-MOK - Stab og forvaltning | 148 308 | 117 994 | 30 314 | 20,4 % |
| **Sum** | **3 928 550** | **3 836 825** | **91 725** | **2,3 %** |

## Kommentar til status økonomi

Avdelinga har eit netto mindreforbruk på knapt 92 mill. kr.

Skyss har eit mindreforbruk på kostnadar i transportkontraktane på 76 mill. kr. Hovudårsaka til mindreforbruket er at kostnadsindeksane på alle kontraktsområda utvikla seg betre enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

På inntektssida er det mindreinntekter på 16 mill. kr. Billettinntektene er 4 mill. kr under budsjett, medan inntektene frå skuleskyss er 9 mill. kr under budsjett på grunn av færre elevar. Summen av andre inntekter er 3 mill. kr under budsjett. Andre inntekter er ein samlepost av mellom anna belønningsmidlar, gebyr frå billettkontrollar, medfinansiering og Klimasats-midlar.

Det er eit mindreforbruk på administrasjon og fellestenester i både Skyss og administrasjonen i avdeling for mobilitet og kollektivtransport.

På tilrettelagt transport (TT) er det eit mindreforbruk på 11 mill. kr i den fylkeskommunale TT-kortordninga, sjølv om alle som tilfredsstiller krava har fått innvilga TT-kort.

Avdeling for mobilitet og kollektivtransport har tett oppfølging av kostnad og inntekter, og vurderer løpande behov for tiltak.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Prisauke 3% på 24t + 7d billett | -5 000 | 0 | Ferdig | Dei økonomiske tiltaka som er gjennomførte, er vanskelege å måle nøyaktig effekt av. |
| Skjerpa stillingskontroll | -1 500 | 0 | Ferdig | Avdelinga har redusert tal stillingar i tråd med innsparinga. |
| Rabatt verneplikt | 2 000 | 0 | Ferdig | Dei økonomiske tiltaka som er gjennomførte, er vanskelege å måle nøyaktig effekt av. |
| Turistrute - buss | 2 000 | 0 | Ferdig | Dei økonomiske tiltaka som er gjennomførte, er vanskelege å måle nøyaktig effekt av. |
| Turistrute Hardanger - båt | 2 000 | 0 | Ferdig | Dei økonomiske tiltaka som er gjennomført er vanskelege å måle nøyaktig effekt av. |

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| Sonestruktur og varigheit enkeltbillett reduserast frå 90 min til 60 min | 10 000 | 0 | Ferdig | Dei økonomiske tiltaka som er gjennomførte, er vanskelege å måle nøyaktig effekt av. |
| Tiltak økning billettinntekter (studentrabatt enkeltbillett vidareført) | 15 000 | 4 300 | Ferdig | Dei økonomiske tiltaka som er gjennomførte, er vanskelege å måle nøyaktig effekt av. Billettinntektene i 2025 er 4,3 mill. kr mindre enn det er budsjettert med. |
| Tiltak inntektsauke periodebilletter reversert FT | 16 000 | 0 | Ferdig | Dei økonomiske tiltaka som er gjennomførte, er vanskelege å måle nøyaktig effekt av. |
| **Sum** | **40 500** | **4 300** | | |
| **Sum tiltak** | **40 500** | **4 300** | | |

Det er vanskeleg å måle nøyaktig effekt av dei økonomiske tiltaka som er gjennomførte, men det ser ut til at tiltaka i hovudsak har hatt ønska effekt.

## Status investeringsprosjekt

### Mobilitet og kollektiv

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året: Opphaveleg budsjett | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| **Kollektiv** | | | | |
| Buss - infrastruktur og ladestasjon | 72 000 | 73 000 | 8 609 | 64 391 |
| Bybanen – Byggjesteg 4 | 0 | 0 | 4 188 | -4 188 |
| Bybanen – Byggjesteg 5 | 0 | 71 410 | 172 875 | -101 465 |
| Båt - infrastruktur og ladestasjon | 44 000 | 44 000 | -51 | 44 051 |
| Ulike inv. tiltak kollektivområdet | 54 000 | 30 000 | 34 240 | -4 240 |
| **Sum - Kollektiv** | **170 000** | **218 410** | **219 861** | **-1 451** |
| **Sum** | **170 000** | **218 410** | **219 861** | **-1 451** |

## Samandrag status investeringar

På grunn av utsett innfasing av miljøteknologi på både buss og båt, har behovet for investeringar flytta seg frå 2025 til 2026.

## Resultat og vesentlege forhold

### Reisetal i 2025

Totalt var det 101 millionar påstigingar på fylkeskommunal buss, båt, bybane og ferje i Vestland i 2025, mot 98 millionar i 2024. For kollektivtransporten (tal utanom ferje), var det 95 millionar påstigingar i 2025, som gir ein auke i kollektivreisande på 2 prosent frå 2024 til 2025. Til samanlikning var folkeveksten i Vestland frå inngangen til fjerde kvartal 2024 til fjerde kvartal 2025 på 0,5 prosent.

92 prosent av alle kollektivreiser med buss, båt og bybane i Vestland skjedde i Bergen og omlandskommunane, med 87 millionar påstigingar. Båtrutene i Vestland hadde over 1,8 millionar reisande i 2025, ein auke på nær 3 prosent frå året før.

På fylkesvegferjene var passasjerveksten totalt på 7 prosent, medan talet på køyretøy auka med 4 prosent (tal justert for nytt fylkeskommunalt samband, ujusterte tal i tabellen under). I 2025 var det 6,7 millionar passasjerar og over 3,5 millionar køyretøy som reiste med ferjene, eller 4,9 millionar personbileiningar.

| | 2024 | 2025 |
|---|---|---|
| Bybanen linje 1 | 20 090 000 | 20 117 000 |
| Bybanen linje 2 | 5 760 000 | 6 196 000 |
| **Bybanen totalt** | **25 850 000** | **26 313 000** |
| | | |
| Buss i byvekstavtaleområdet | 58 735 000 | 59 579 000 |
| **Buss Vestland totalt** | **65 079 000** | **66 473 000** |
| | | |
| Båt Kleppestø–Strandkaiterminalen | 685 000 | 693 000 |
| Båt Knarvik–Frekhaug–Strandkaiterminalen | 157 000 | 152 000 |
| **Båt Vestland totalt** | **1 780 000** | **1 829 000** |
| | | |
| Ferje – passasjerar – NB nytt samband i 2025 | 5 924 000 | 6 705 000 |
| Ferje – tal køyretøy – NB nytt samband i 2025 | 3 183 000 | 3 517 000 |
| Ferje – personbileiningar (PBE) – NB nytt samband i 2025 | 4 512 000 | 4 924 000 |

## Skuleskyss

Skuleskyss er ei lovpålagd oppgåve og eit viktig verkemiddel for å sikre likeverd i opplæringa i eit geografisk stort og variert fylke.

Det har vore ein liten nedgang i talet på elevar med gratis skuleskyss i Vestland fylkeskommune i 2025 samanlikna med 2024. Likevel har det vore noko auke i talet på elevar som har skuleskyss med drosje eller privat skyssordning.

Sjølv om talet på elevar held seg relativt stabilt, fører samfunnsendringar til at skuleskyssen blir meir kompleks og kostnadskrevjande. Døme på dette er endra skulestruktur, fleire elevar med behov for tilrettelegging og auka omfang av delt bustad.

Tabellen under syner tal på elevar med gratis skuleskyss.

| Elevar med gratis skuleskyss | 2024 | 2025 |
|---|---|---|
| Elevar med rett til skuleskyss i grunnskulen | 20 278 | 19 991 |
| Elevar med rett til skuleskyss i vidaregåande skule | 4 990 | 5 103 |
| **Totalt** | **25 268** | **25 094** |

## Tilrettelagt transport

Tilrettelagt transport er ei ordning for menneske med nedsett funksjonsevne, som ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet.

Frå 2024 til 2025 auka fylkeskommunen grunnkvota til brukarane frå 5800 kr til 6200 kr.

| Nøkkeltal for tilrettelagt transport | 2024 | 2025 |
|---|---|---|
| Tal brukarar | 15 166 | 15 026 |
| Tal turar | 269 380 | 280 836 |

## Inntektssikring

Kostnadsveksten i transportsektoren har bidratt til at det er endå viktigare enn før å sikre inntektene til kollektivtrafikken. Bemanninga har vorte styrkt, og det har vorte sett inn ekstra ressursar på hovudlinjene og i område der teljekontrollar avdekka meir avvik. Det vart også gjennomført storkontrollar, også for å bidra til synlegheit og merksemd rundt kontrollverksemda.

Ein teljekontroll i mars 2025 viste eit avvik på nær 10,2 prosent, medan ein tilsvarande i august viste 8,4 prosent. I desember var avviket på 7,7 prosent.

## Nytt bransjesamarbeid om digitale tenester – Tet Digital AS

Kollektivsektoren har stort behov for utvikling av digitale økosystem for drifta av kollektivtrafikken og tenester til reisande. Samarbeid på tvers av fylka kan gi store gevinstar, og Skyss har gått inn i eit bransjesamarbeid. 25. mars 2025 vart Vestland fylkeskommune formelt medeigar i tenesteutviklingsselskapet Tet Digital AS.

Tet vart etablert i 2024 som eit dotterselskap av Ruter og er eit teknologiselskap, som har som hovudformål å drive digital tenesteutvikling i kollektivsektoren. Vestland fylkeskommune, ved Skyss, har gått inn på eigarsida saman med Agder Kollektivtrafikk (AKT). Ruter eig 78,5 prosent av aksjane, medan Vestland fylkeskommune eig 16,2 prosent og AKT 5,3 prosent. Dei tre eigarane dekker 69 prosent av alle kollektivreiser i Noreg.

Gjennom å eige utviklinga av digital infrastruktur i fellesskap, er det mogleg å samarbeide om innovasjon og dele på kostnadene. Dette vil komme mange kollektivreisande til gode.

I august tok Skyss si første Tet-utvikla løysing i bruk: Nytt kundeservicesystem. I 2026 blir ein ny Skyss-app lansert for alle reisande.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal bidra til energieffektivisering og tilgang til fornybar energi utan å forringe naturmangfaldet. | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal utvikle framtidsretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentera skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskningsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |
| Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Samla vurdering strategiar

Avdelinga si samla vurdering er at det i 2025 har vore høg aktivitet og god framdrift på fleire av strategiane.

I 2025 har vi prioritert å utvikle tenestetilbodet for brukarane. Vi har førebudd oss på å ta i bruk digitale løysingar frå Tet Digital AS, utvikla kollektivknutepunkt, og etablert nye faglege retningslinjer for planlegging og prioritering av kollektivtilbodet. Det siste er viktig for å møte økonomiske og faglege utfordringar på ein konsekvent og føreseieleg måte.

Avdelinga har haldt fram med arbeidet med å kutte klimagassutslepp, mellom anna gjennom nye kollektivkontraktar og utvikling av ladeinfrastruktur for kollektiv og drosje. Ved utløpet av 2025 var om lag 80 prosent av drosjene fossilfrie. Det har likevel vore utfordringar når det gjeld låg- og nullutsleppsteknologi for båt, og dette vil vi ha særleg merksemd på dei neste åra. Kollektivtransport er ein føresetnad for berekraftig mobilitet i eit samfunnsperspektiv, og auke i reisetala er difor gledeleg.

Når det gjeld sosial berekraft og inkludering, vurderer vi at avdelinga har jobba målretta for å redusere mobilitetsbarrierar, mellom anna ved søkjelys på kapasitet i rullestoldrosjer i distrikta og forbetring av brukarinformasjon knytt til tilrettelagt transport, irekna forenkling av søknadsprosessar.

Testing og utrulling av bestillingstransport i samarbeid med fleire kommunar har bidrege til å utvikle fleksible transportløysingar, der det ordinære kollektivtilbodet ikkje fullt ut svarer på behovet. Vi har i

samband med nye busskontraktar implementert bestillingstransport i store deler av Vestland, både nye og tidlegare etablerte tenester, i Skyss Bestilling.

## Status politiske vedtak

### *Klima (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Elektrifisering Askøysambandet og delelektrifisering Nordhordlandsruta (20.3.) | Ved konkurranseutsettinga i 2022 er det stilt krav om heilelektrifisering på askøyruta og CO2-kutt på nordhordlandsruta. Det er inngått ny kontrakt, og oppstart i januar 2025 er under førebuing. Skyss har estimert utsleppskutt til 2700 tonn CO2 årleg frå oppstart. | Forsinket | Elektrifisering av Askøysambandet er forseinka grunna konkurs i verftsnæringa. Elektriske fartøy blir sett i drift våren 2026. |
| Elektrifisering av båtruter i Hordaland (20) | Det er behov for å fornye alle kontraktar for alle båtrutene i Hordaland dei kommande åra. Knytt til dette er det ambisjon om heil- og delelektrifisering av båtrutene. Det er starta utgreiingsarbeid. Sjå RS 25/2023 til SAMO. | Iht. plan | Avdelinga held fram med målsettinga om å kutte klimagassutslepp for fleire hurtigbåtruter. Det er samstundes viktig at ein kan oppretthalde eit godt tilbod. I tida framover vert det arbeidd med Sunnhordlandsruta. |
| Elektrifisering av ferjesamband (19.2. ) | For ferje vart elektrifiseringa på 17 samband gjennomført i 2020 og 2021. 22 av 28 ferjer er hybridelektriske. For ferjesambanda er utsleppa drastisk redusert frå 2018 gjennom krav i dei nye kontraktane i Hordaland. Heilårseffekt for elektrifisering av ferjene i Hordaland er rapportert for 2022.<br><br>Dei neste kontraktfornyingane for ferje i Sogn og Fjordane finn stad mellom 2023 og 2027. Endeleg vedtak av ambisjonsivå for utsleppskutt blir behandla politisk i 2024. Konkurranse skal lysast ut i 2024 for iverksetting 2027. | Iht. plan | Ny kontrakt for ferjesamband i Sogn og Fjordane vart inngått i 2024, med oppstart i november 2027. Kontrakten inneber at sambanda Måløy–Husevågøy–Oldeide, Isane–Stårheim og Askvoll–Fure–Værlandet skal gå frå diesel til elektrisk drift, samtidig som dei resterande sambanda delvis skal drivast elektrisk. |
| Elektrifisering og biodrivstoff Bergen-Nordfjord-Sogn/Flåm (20.2.) | Konkurranse er lyst ut. Iverksetting frå 2025/2026. Skyss estimerer eit reduksjonspotensialet på 15000 tonn CO2 årleg frå oppstart. | Ferdig | Konkurranse avlyst etter vedtak i fylkestinget. |
| Elektrifisering og biodrivstoff lokale båtruter Sogn og Fjordane (20.1.) | Norled er tildelt kontrakt. Nye kontraktar for lokalbåtar i Florøbassenget og Sognefjorden har oppstart mai 2024. Skyss har estimert utsleppskutt til 2400 tonn CO2 årleg frå oppstart. | Ferdig | Kontrakt er i drift. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Miljøløftet (14.1.) | Personbiltrafikken har vore prega av pandemien dei seinaste åra. Rapportering på nullvekstmålet blir gjort ved eit treårig glidande snitt, og pandemien påverkar dermed framleis resultatet. Byindeksen viser at det ikkje var ein trafikkauke i 2023 samanlikna med referanseåret 2018. Det vil si at nullvekstmålet er oppnådd også i år. Utviklinga er likevel urovekkande. Trafikken har auka kvart år sidan 2020, og om vi samanliknar 2023 med 2022 var det ein auke i personbiltrafikken på 1,1 prosent. Om denne utviklinga held fram, vil vi til neste år ikkje nå målet om nullvekst.<br><br>Samarbeide for å nå nullvekstmålet er vi forplikta til gjennom byvekstavtalen for Bergensområdet. Alle prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal porteføljestyrast opp mot måloppnåing i høve til nulllvekstmålet og slik bidra til eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for innbyggjarar og næringsliv i Bergensområdet. Oppfølging av handlingsprogram for Miljøløftet for perioden 2023-2026 (vedteke FT 21.06.2022 PS 46/2022) vil legge til rette for bruk av miljøvenleg teknologi og innovasjon, redusert bilbruk, auka bruk av kollektivtransport og auka bruk av sykkel og gange. Vestland fylkeskommune rår over ei rekke verkemiddel knytt til rute- og takststruktur for kollektivtransport, veginfrastruktur, rekvirering av bompengar og arealpolitikk. Tett samarbeid mellom partane er likevel avgjerande for å lukkast med ulike tiltakspakkar innanfor avtaleområdet.<br><br>Ansvar: MOK | Iht. plan | Miljøløftet er samarbeidet mellom kommune, fylke og stat om byvekstavtalen for bergensområdet. Det viktigaste målet i byvekstavtalen er nullvekstmålet. Det inneber at personbiltrafikken i bergensområdet ikkje skal auke samanlikna med referanseåret 2018.<br><br>Alle forvaltningsnivå er representerte i Miljøløftet, og samarbeidet kan med det nytte kommunale, fylkeskommunale og statlege verkemiddel på areal- og transportområda. Dette inkluderer til dømes parkeringsrestriksjonar og fastsetting av bompengenivå, som begge har effekt på klimautslepp. Vidare realiserer fylkeskommunen og dei andre forvaltningsnivåa ei rekke tiltak gjennom Miljøløftet, som skal styrke konkurransekrafta til kollektivtrafikk, gange og sykkel mot personbil. |
| Nullutsleppsteknologi buss (22.1.) | Om lag ti prosent av bussane er elektriske og 11 prosent køyrer med biogass. Det er vedteke å stille krav om ein auka del elektrisk køyring ved kunngjering av tre busskontraktar forNordfjord, Hardanger/Voss og Modalen Vaksdal med oppstart i juni 2025. Førebuing for nye kontraktar med elektrifisering i Sunnfjord, Sogn og Hardanger/Voss er i oppstart, med oppstart 2026. Elektrifisering i | Ferdig | Det er tildelt kontraktar for Hardanger/Voss, Modalen/Vaksdal og i Nordfjord fram til 2035. Desse vil gje vesentleg reduksjon av klimagassutslepp.<br><br>For Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland har det vorte tildelt busskontraktar i 2025. I Sogn skal om lag 60 prosent av bussdrifta vere elektrisk, medan |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | gjeldande kontraktar Bergen sør og Vest er avklart, og vil ikkje bli gjennomført no. | | om lag 80 prosent i Sunnfjord og Sunnhordland skal vere elektrisk. |
| Pilotprosjekt Framtidas Hurtigbåt (20.4.) | Framtidas hurtigbåt er eit utviklingsprosjekt i samarbeid mellom Nordland, Troms og Finnmark, Trøndelag og Vestland fylkeskommunar. Prosjektet vil etter planen konkurranseutsette bygging av 2 pilotfartøy i fyrste halvdel av 2024. Det eine fartøyet er eit energieffektiv fartøy med batteridrift som skal ha minimum 30 % redusert energiforbruk samanlikna med dagens hurtigbåtteknologi. Det andre fartøyet skal ha Hydrogen som energikjelde. | Iht. plan | Planane for gjennomføring er endra, og det er ikkje lenger aktuelt å byggje pilotfartøy.<br><br>I 2025 vart det sett i gang eit nytt prosjekt som vert finansiert med midlar frå Klimasats og dei tre fylkeskommunane som framleis er med i Fremtidens hurtigbåt, Vestland, Trøndelag og Nordland. Tre deltakarar i prosjektet gjennomfører detaljprosjektering og verfisering av ein energieffektiv hurtigbåt med nullutslepp. Prosjektet skal ta ned risikoen for oppdragsgjevar, operatør og verft, slik at det framskundar innføring av nullutslepp på hurtigbåt. |

## *Verbalvedtak (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| MOK - 01. Kollektivtilbod i distrikt | Fylkestinget ønskjer å betra kollektivtilbodet i distrikta ved å be fylkesdirektør utarbeida framlegg (politisk sak) til korleis rutetilbodet kan styrkjast, med særleg vekt på å sikra gode korrespondansar buss/ferje/båt. | Ferdig | Fylkesdirektøren vurderer at verbalpunktet er svart ut gjennom fleire saker som samla sett gir ei brei utgreiing av kollektivtilbodet i distrikta. Gjennom 2024 og 2025 har fylkesdirektøren synleggjort korleis tilbodet er i dag, og kva vurderingar som ligg bak. Vidare er det lagt fram retningslinjer for vidare tilbodsutvikling og -struktur.<br><br>Følgjande blir vurdert som dei mest sentrale og overordna sakene som syner korleis kollektivtilbodet i distrikta kan styrkast vidare:<br><br>• Verktøykasse: RS 70/2025: Verktøykasse for tiltak og prioriteringar innan kollektiv- og mobilitetssystemet i Vestland - Fylkesutvalet, 23.11.2025<br>• PS 50/2025: Retningslinjer for båttilbodet i |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | Vestland<br>- Fylkesutvalet, 05.03.2025<br>• PS 290/2024: Kartlegging og vurdering av ferjetilbodet i Vestland<br>- Fylkesutvalet, 26.11.2024<br><br>Gode korrespondansar og gode tilhøve for omstiging er viktig for å skape eit samla nett av regionale og lokale linjer i distrikta, der det gjerne går færre avgangar. Korrespondanse er eit nullsumspel, og endring av rutetider for å etablere ny korrespondanse, kan risikere å bryte eksisterande samband med større reisestraumar. Fylkesdirektøren vil kontinuerleg vurdere korleis vi kan optimalisere heilskapen i tilbodet innafor vedtekne rammer. |
| MOK - 02. Kollektivtilbod kommersielle aktørar | Fylkestinget ber fylkesdirektør om å gå i dialog med dei private kollektivselskapa med mål om å få til eit betre og meir samanhengande kollektivtilbod samla sett. | Ferdig | Det er sendt ut ein førespurnad til dei kommersielle busselskapa som køyrer i fylket og på Doffin, der vi har spurt om innspel til dette punktet. Førespurnaden var samordna med spørsmål om kommersialisering av ruter, men tydeleggjort som eit eige punkt.<br><br>Det kom innspel frå to aktørar. Ingen av desse var tydelege på tiltak, men hadde kort generell formulering om viktigheit av samspel mellom kommersielle og fylkeskommunale ruter - både knytt til ruteplanlegging og takstsamarbeid.<br><br>Skyss har god dialog med dei kommersielle aktørane. |
| MOK - 03. Heilskapleg ferje- og hurtigbåttenester | Fylkestinget understrekar forventninga om ei oppfølging og ferdiggjering av ei sak om heilskapleg ferje- og | Ferdig | Fylkesdirektør vurderer at verbalpunktet er svart ut gjennom fleire saker som samla sett utgjer ei samla |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
| --- | --- | --- | --- |
| | hurtigbåttenester i Vestland fylkeskommune. | | sak om heilskapleg ferje- og hurtigbåttenester i Vestland fylkeskommune.<br><br>Følgjande vurderast som de mest sentrale og overordna sakene:<br><br>• Verktøykasse: RS 70/2025: Verktøykasse for tiltak og prioriteringar innan kollektiv- og mobilitetssystemet i Vestland - Fylkesutvalet, 23.11.2025<br>• PS 50/2025: Retningslinjer for båttilbodet i Vestland - Fylkesutvalet, 05.03.2025<br>• PS 290/2024: Kartlegging og vurdering av ferjetilbodet i Vestland - Fylkesutvalet, 26.11.2024 |
| MOK - 04. Kollektivtilbod og reiseliv | Fylkestinget ber fylkesdirektør ta opp att arbeidet med å sjå kollektivtilbodet og reiselivet i samanheng (t.d. «Travel like the locals), for å både betre mobiliteten til turistar og auke inntektene til Skyss. Fylkestinget viser til veksten i reiselivet i Vestland, og ber fylkesdirektør gå i kontakt med næringa for å finne løysingar som sikrar god besøksforvaltning, god kollektivpolitikk og auka billettinntekter. | Ferdig | I referatsak 85/2025 orientering om oppfølging av vedtak om kollektivtrafikk og turisme i hovudutval for samferdsle og mobilitet 18. november vart det informert om korleis verbalpunkt 4, 5 og 6 er handterte. |
| MOK - 05. Turistrute - buss - betalingsevne | Fylkestinget ber Skyss innføra eige takstopplegg for ruta tilpassa betalingsevna i turistnæringa. | Ferdig | I referatsak 85/2025 orientering om oppfølging av vedtak om kollektivtrafikk og turisme i hovudutval for samferdsle og mobilitet 18. november vart det informert om korleis verbalpunkt 4, 5 og 6 er handterte. |
| MOK - 06. Turistrute - buss - kommersialisering | Fylkestinget ber Fylkesdirektør gå i dialog med reiselivsnæringa om å overta ruteproduksjonen som gjeld turisme. | Ferdig | I referatsak 85/2025 orientering om oppfølging av vedtak om kollektivtrafikk og turisme i hovudutval for samferdsle og mobilitet 18. november vart det informert |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | om korleis verbalpunkt 4, 5 og 6 er handterte. |
| MOK - 07. Turistrute Hardanger - båt - billettordningar | Vestland har ein betydeleg vekst i turismen. Det må difor vera eit mål at ruter som er reine "turistruter» vert utvikla og drivne kommersielt. Fylkesdirektør vert beden om å ha dialog med involverte partar om korleis dette kan skje på ein føreseieleg og god måte. Turistruta vert vidareført, og billettakstar for turistar vert heva til same nivå som for turistrute Sogn. Me ber likevel Skyss vurdera billettordningar som sikrar at ruta kan vera eit kollektivtilbod til lokale innbyggjarar. | Ferdig | Fylkesdirektør syner til sak i fylkesutvalet 21.10: *RS 85/2025:* Orientering om status for båtruta Turistrute Hardanger. |
| MOK - 08. Betalingsordningar/transaksjonskostnader | Fylkestinget ber Skyss gjera det lettare å velja ulike betalingsordningar for periodekort, og ber Skyss om å tilby ulike betalingsordningar som reduserer transaksjonskostnader og forenklar administrasjonen. | Ferdig | Fylkesdirektør vurderer at verbalpunkt 8, 9 og 10 må sjåast i samanheng med kvarandre og overgang til Tet Digital AS. Verbalpunkta vil bli følgde opp som del av innføring av nye Tet-applikasjonar.<br><br>Verbalpunktet blir vurdert svart ut på bakgrunn av tidlegare referatsaker om migrasjon til Tet Digital AS og orientering i hovudutval for samferdsle og mobilitet. Arbeidet er pågåande, og fylkesdirektøren vil orientere om utviklinga i saka med nye saker i 2026. |
| MOK - 09. Kollektivabonnement | For å gjera det å vera fast kollektivreisande enklast råd, ber fylkestinget Skyss om å utgreia eit "kollektivabonnement" som produkt, som brukar automatisk trekk av betalingskort (slik som ved strøymetenester). | Ferdig | Fylkesdirektør vurderer at verbalpunkt 8, 9 og 10 må sjåast i samanheng med kvarandre og overgang til Tet Digital AS. Verbalpunkta vil bli følgde opp som del av innføring av nye Tet-applikasjonar.<br><br>Verbalpunktet blir vurdert svart ut på bakgrunn av tidlegare referatsaker om migrasjon til Tet Digital AS og orientering i hovudutval for samferdsle og mobilitet. Arbeidet er pågåande, og fylkesdirektøren vil orientere om utviklinga i saka med nye saker i 2026. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| MOK - 10. Ny app - reiseplanleggar og billettkjøp | Fylkestinget ber fylkesdirektør i arbeidet med endra sonestruktur også arbeida ut ny app-løysing, som kombinerer reiseplanleggar og billettkjøp, med funksjonar som td Ruter har. Målet er at ny app vert innført i samband med endring av Sone A. | Ferdig | Fylkesdirektør vurderer at verbalpunkt 8, 9 og 10 må sjåast i samanheng med kvarandre og overgang til Tet Digital AS. Verbalpunkta vil bli følgde opp som del av innføring av nye Tet-applikasjonar.<br><br>Verbalpunktet blir vurdert svart ut på bakgrunn av tidlegare referatsaker om migrasjon til Tet Digital AS og orientering i hovudutval for samferdsle og mobilitet. Arbeidet er pågåande, og fylkesdirektøren vil orientere om utviklinga i saka med nye saker i 2026. |
| MOK - 11. Sonestruktur | Fylkestinget endrar ikkje Sone A no, men arbeidar vidare i 2025 for å sjå på moglege endringar i Sone A frå 2026. Endringane skal drøftast mellom partane i Miljøløftet. | Ferdig | Fylkesdirektøren syner til sak i fylkesutvalet 21.10.: RS 84/2025: Utgreiing – deling av sone A |
| MOK - 12. Kollektivtilbod Bergen lufthavn på natt | Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie mogleg kollektivtilbod på nattestid mellom Bergen Busstasjon og Bergen Lufthavn Flesland. Bergen Lufthavn åleine er ein stor arbeidsplass med 4000 arbeidstakarar, og fleire av dei arbeidar på natt grunna arbeid knytt til første og siste flyavgang. Det er og andre arbeidsplassar i området med nattskift. I utgreiingsarbeidet blir lokale verksemder/arbeidstakarorganisasjonar inkludert. | Ferdig | Fylkesdirektøren syner til sak i fylkesutvalet 23.09.: RS 73/2025: Utgreiing av kollektivtilbod til Bergen lufthavn på natt. |
| MOK - 13. Sniking | Snik skal reduserast. Fylkestinget ber Skyss auka innsatsen mot sniking på kollektiv, då dette undergrev legitimiteten til betalingsviljen og dermed heile kollektivtilbodet. | Ferdig | Skyss hadde referatsak om tematikken hausten 2024. I referatsak 86/2025 Status auka billettkontroll og tiltak for betre inntektssikring i hovudutval for samferdsle og mobilitet 18. november vart det orientert om tiltak som er og vil bli gjennomførte for å redusere omfanget av sniking. |
| MOK - 14. Kompensasjon gratisferjer og ekstra ruteproduksjon | Fylkestinget ber administrasjonen gå i dialog med staten for å få kompensert for kostnadsauke og der gratisferjer medfører auka ruteproduksjon. | Ferdig | Det er løpande aktivitet å arbeide for bedre rammevilkår. |
| MOK - 15. Kompensasjon gratisferjer - folkeregistrert adresse | Fylkestinget ber Regjeringa greia ut om høve til å reise gratis kan bli knytt til | Ferdig | Samferdselsdepartementet har sagt at det kan gjerast |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | folkeregistrert adresse gjennom autopassavtalane for ferje. | | unntak frå gratisferjeordninga der det ligg føre særskilde trafikale forhold, og det er utvikla løysing i AutoPASS der ordninga vil vere knytt til køyretøy. Basert på dette har fylkesdirektøren føreslege løysing for fastbuande på Lerøy og Bjelkarøy i fylkesutvalssak 242/2025. Saksframlegget vil kunne brukast som utgangspunkt for liknande problemstillingar i andre samband. |
| MOK - 16. Kollektivproduksjon i byvekstområdet | Fylkestinget inviterer Bergen kommune og kommunane i Miljøløftet til samtalar om å få til den nødvendige auken i kollektivproduksjon. | Ferdig | Dette er løpande aktivitet og det er god dialog/samhandling mellom fylkeskommunen, Bergen kommune og dei andre kommuane i Miljøløftet. |

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| MOK - Mobilitet og kollektivtransport | 1,00 | 1,00 | 0,00 |
| MOK - Skyss | 107,14 | 102,10 | -5,04 |
| MOK - Økonomi og styring | 2,00 | 2,95 | 0,95 |
| MOK - Transportplan | 6,45 | 7,36 | 0,91 |
| MOK - Stab og forvaltning | 11,78 | 11,49 | -0,29 |
| **Total** | **128,37** | **124,90** | **-3,47** |

## Forklaring til årsverk

Avdeling for mobilitet og kollektivtransport har i 2025 hatt streng stillingskontroll og halde tilbake på vikarbruk.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,06 % | 2,61 % | 4,67 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 1,84 % | 2,42 % | 4,25 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Utanom Skyss består avdeling for mobilitet og kollektivtransport av relativt små einingar, der langtidsfråvær frå få personar får store utslag på statistikken, eller der statistikk ikkje kan presenterast. Etter tiltak etter andre kvartal, har det samla sjukefråværet i avdelinga halde seg rundt 4 prosent.

# Infrastruktur og veg

## Organisering




## Skildring av rammeområde

Fylkesvegane knyter fylket saman og skal fungere som ei trygg og føreseieleg ferdselsåre. Visjonen vår er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg vengsystem, som dekker behovet samfunnet har for transport og fremjar regional utvikling. For å nå dette skal vi

- gjennomføre vedtekne fylkesvegprosjekt frå planlegging og utgreiing, til bygging av veg
- drifte vegnettet slik at vegen er open og trygg å ferdast på, til dømes når det kjem snø, eller om det går ras
- halde vegen i stand med utbetringar som dekkelegging, skifting av rekkverk og anna vedlikehald
- ha ein beredskap som trygger folk og veg når det skjer uønskte hendingar på fylkesvegnettet
- tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktrygging i fylket, både med fysiske trafikktryggingstiltak og aktivitetar, og å hjelpe kommunane med dette
- utarbeide overordna planar for fylkesveg og gje innspel til nasjonale transportplanar
- redusere klimagassutsleppa i omstillinga mot eit lågutsleppssamfunn og tilpasse infrastrukturen til eit endra klima med meir nedbør

I dette arbeidet utnyttar vi kompetansen i avdelinga til å søke effektive og berekraftige løysingar til beste for samfunnet rundt oss.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Leiarnivå 3 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 6000-Infrastruktur og veg | 6 841 | 5 137 | 1 704 | 24,9 % |
| 6001-INV - Stab og verksemdstyring | 68 960 | 57 769 | 11 191 | 16,2 % |
| 6010-INV - Vegbygging | -25 992 | -27 488 | 1 496 | 5,8 % |
| 6020-INV - Vedlikehald, drift og beredskap | 1 832 944 | 1 844 035 | -11 091 | -0,6 % |
| 6030-INV - Vegforvaltning | 95 119 | 80 301 | 14 817 | 15,6 % |
| 6040-INV - Vegfag | 3 198 | 13 104 | -9 906 | -309,7 % |
| **Sum** | **1 981 070** | **1 972 859** | **8 212** | **0,4 %** |

## Kommentar til status økonomi

Avdeling for infrastruktur og veg har i 2025 eit mindreforbruk på 8,2 mill. kr. Mindreforbruket er knytt drift av avdelinga, mellom anna løn, konsulentutgifter og køyretøy. Innafor drift og vedlikehald av fylkesvegnettet har vi eit meirforbruk på 1 mill. kr.

Avvik på INV-Vegfag-6040 er knytt til omorganisering frå midten av 2025. Det vart oppretta ei ny avdeling, og tilsette blei flytta frå andre avdelingar. Avviket må derfor sjåast i samanheng med avvik på andre avdelingar.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Avvik | Status | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| **Politisk vedtak** | | | | |
| Skjerpa stillingskontroll | -5 000 | 0 | I arbeid | Avdeling for infrastruktur og veg har følgt opp skjerpa stillingskontroll gjennom systematisk gjennomgang av oppgåver i samanheng med at stillingar blir vakante. Konkrete tiltak har vore å<br>• avlyse planlagde tilsetjingar og overføre oppgåver til eksisterande tilsette<br>• nytte interne utlysingar ved tilsetjingar<br>• ikkje erstatte tilsette som går over i redusert stilling<br>Vi har generelt jobba aktivt for å sikre best mogleg utnytting av eksisterande bemanning på tvers av einingar og prosjekt.<br>I 2025 har avdeling for infrastruktur og veg auka produksjonen utan behov for fleire stillingar. |
| Innovativ Skredsikring | 0 | 0 | | |
| Naturrestaurering | 10 000 | 10 000 | Ikkje starta | Arbeidet med tiltaket kom ikkje i gang i 2025. Det vert lagt opp til å få utført tiltak knytt til satsinga i 2026. |
| Dekklegging | 20 000 | 0 | Ferdig | Den ekstra løyvinga til dekkelegging på 20 mill. kr vart nytta i 2025. |
| **Sum** | **25 000** | **10 000** | | |
| **Sum tiltak** | **25 000** | **10 000** | | |

## Investeringar

### Investeringsrapport - infrastruktur og veg

*Beløp i 1000 kr*

| Investeringsportefølje | Skildring av status | Rekneskap hiå. | Revidert budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| Byvekstavtalen Miljøløftet, eks bybanen | Rekneskapet syner eit mindreforbruk på 11,7 mill. kr. | 328 437 | 340 100 | 11 663 |
| Veg- og bompengepakkar, eksl. Miljøløftet/Byvekstavtalen | Rekneskapet syner samla meirforbruk på 86,2 mill. kr for bompengepakkane. Askøypakken, Revidert Bømlopakke og Austevollpakken har eit meirforbruk. Nordhordlandspakken, Førdepakken, Kvinnheradpakken og Haugalandspakken har mindreforbruk. | 873 230 | 787 000 | -86 230 |

| Investeringsportefølje | Skildring av status | Rekneskap hiå. | Revidert budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| Vegprosjekt | Vegprosjekta syner eit samla meirforbruk på 43,4 mill. kroner. Det reelle meirforbruket er likevel 10,5 mill. kroner, då tilbakebetaling av utbetalt forskot knytt til prosjektet Ferjeavløysing Ytre Steinsund ikkje kjem fram i den oppstilte tabellen. | 545 065 | 501 675 | -43 390 |
| Strekningsvise prosjekt | Rekneskapet syner eit meirforbruk på fv. 79 Øystese - Ålvik - Granvin på 8 mill. kr, medan fv. 57 Holmeli - Nistadlia har eit mindreforbruk på 3,6 mill. kr. | 108 511 | 105 100 | -3 411 |
| Bru og kai | Mindreforbruk er knytt til forseinkingar i framdrift på fv. Fv. 583 Osøyro og fv. 542 Bømlabrua. Vidare er fv. 616 Oldersund og Hamrøy bru ferdigstilt med eit mindreforbruk. Fv. 565 Alversundbrua hadde eit mindreforbruk på 11,8 mill. kr. | 163 217 | 191 100 | 27 883 |
| Tunneloppgradering | Rekneskapet syner eit meriforbruk på tunneloppgraderingsprosjekta på 16,8 mill. kr. Hovudsakleg er dette knytt til prosjektet Fv. 50 Vassbygdtunnelen med eit meirforbruk på 11,2 mill. kr grunna meir omfattande bolting og sikring. Fv. 614 Magnhildskartunnelen hadde eit mindreforbruk på 7,1 mill. kr. Innanfor samleløyvinga er det eit mindreforbruk på 12,6 mill. kr hovudsakleg knytt til mindre omfattande behov til prosjektet med køyrehøgde i tunell på 10 mill. kr. | 248 496 | 265 300 | 16 804 |
| Trafikktryggleik/mindre utbetringar | Rekneskapet syner at det er brukt 208,2 mill. kr på prosjekt knytt til trafikktryggleik/mindre utbetringar. Av dette er det nytta 102 mill. kr innanfor Vegforsterkningsprogrammet. Innanfor Rekkverk er det nytta 36,4 mill. kr og veglys 28,8 mill. kr. | 273 363 | 284 250 | 10 887 |
| Tilrettelegging for mjuke trafikanter | Reknaskapet syner ein mindreforbruk på 24 mill. kr. Årsaka til avviket er hovudsakleg knytt til noko redusert framdrift på fv. 567 Loftås - Hauge med 13,8 mill. kr i mindreforbruk. Innanfor samleløyvinga er det eit samla mindreforbruk på 7 mill. kr. | 148 977 | 173 000 | 24 023 |
| Samfinansiering | Rekneskapet syner eit mindreforbruk på 4,1 mill. kr | 7 087 | 11 200 | 4 113 |

| Investeringsportefølje | Skildring av status | Rekneskap hiå. | Revidert budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| | knytt til forseinka oppstart på nokre av prosjekta. | | | |
| Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv | Rekneskapet syner eit mindreforbruk på 2,9 mill. kr knytt til forseinka oppstart på nokre av prosjekta. | 5 307 | 8 200 | 2 893 |
| Skredsikring | Rekneskapet syner samla eit resultat om lag på budsjett for skredsikringprosjekta. | 134 083 | 138 100 | 4 017 |
| Planlegging | Rekneskapet syner samla meirforbruk på 25,7 mill. kr. Det er særskilt planlegging av dei store skredsikringsprosjeta fv. 49 Tokagjelet og fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen som har kravd større ressursar enn budsjettert. Det er vidare noko større forbruk planlegging innanfor Miljøløftet enn føresett i budsjettet. | 104 864 | 79 210 | -25 654 |
| Andre tiltak | Rekneskapet syner ein mindreforbruk på 4,6 mill. kr. Mindreforbruket er i hovudsak knytt til noko lågare omfang på grunnerverv enn føresett. | 42 061 | 46 700 | 4 639 |
| **Totalsum** | | **2 982 697** | **2 930 935** | **-51 762** |

## Samandrag status investeringar

### Prosjektrekneskap

I 2025 har infrastruktur og veg avslutta følgjande prosjekt:

| Område | Prosjektnr. | Prosjektnamn | Kostnadsramme ved byggestart | År | Rekneskap løpande kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Kai/landareal samleløyving | 060047 | Fv. 543 Fjelbergøy ferjekai | 35 900 000 | 2023-kr | 44 503 446 |
| Bru samleløyving | 060576 | Fv. Sandal bru | 34 500 000 | 2024-kr | 37 783 699 |
| Bru samleløyving | 060577 | Fv. 545 Husa bru | 31 000 000 | 2023-kr | 34 237 195 |
| Kai/landareal samleløyving | 060643 | Barmen ferjekai | 25 400 000 | 2023-kr | 26 010 452 |
| Strekningsvise prosjekt | 060680 | Fv. 500 Austrepollen - Årsnes | 52 000 000 | 2023-kr | 50 088 666 |
| Mindre utbetringar - samleløyving | 060709 | Fv. 49 x Heradstveit | 40 400 000 | 2024-kr | 32 716 204 |

| Område | Prosjektnr. | Prosjektnamn | Kostnadsramme ved byggestart | År | Rekneskap løpande kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Skredsikring - samleløyving | 060772 | Fv. 79 Kjepso + KJepsohøgdi | 29 400 000 | 2023-kr | 24 265 999 |

## Resultat og vesentlege forhold

Avdeling for infrastruktur og veg hadde høgt aktivitetsnivå både på drift og investering i 2025.

I løpet av året vart det gjennomført ein omfattande organisasjonsutviklingsprosess for å sikre at avdelinga er rusta til å møte nye krav og framtidige oppgåver. Arbeidet hadde særleg søkjelys på fleksibilitet, intern mobilitet og styrka samhandling på tvers av organisatoriske einingar og fag. Nytt organisasjonskart tredde i kraft i mai 2025.

Året starta med vesentlege utfordringar knytt til skadar etter fleire uvêrshendingar, noko som kravde betydelege ressursar til akutte utbetringar. Utover det brukte avdelinga om lag 600 mill. kr til vedlikehaldstiltak, og det vart lagt nytt dekke på 165 km fylkesveg.

Innan bru- og kaivedlikehald vart det nytta om lag 217 mill. kroner. Dei største tiltaka var vedlikehald av Askøybrua, inkludert utskifting av fuger, i tillegg til overflatebehandling av Herdlesundet, Tofterøy og Alverstraumen bru.

Gjennom vedlikehaldspakken for fylkesvegar vart det nytta om lag 10 mill. kr til utbetringar på fv. 50 Aurland–Hol, mellom anna utviding av fresegater og masseutskifting. Vidare vart det investert 18 mill. kr i utskifting til LED-veglys over heile fylket. Det vart også gjennomført fleire tiltak på fv. 5637 Skjolden–Urnes, mellom anna utbetring av murar, reparasjon av stikkrenner og etablering av møtelommer. På området vegutstyr og miljø vart det mellom anna etablert ny dreneringsløysing ved Folgefonntunnelen.

Fylkesveginvesteringane auka i 2025 med om lag 550 mill. kr samanlikna med 2024. Innafor veg- og bompengepakkar og Byvekstavtalen (Miljøløftet) vart det gjennomført investeringar for om lag 1,2 mrd. kr.

Det har vore god framdrift på det største pågåande fylkesvegprosjektet i Vestland, Ytre Steinsund bru i Solund. Prosjektet ligg an til å opne 20. november 2026.

I tillegg vart fleire nye vegstrekningar opna i 2025:

- Åsen–Helleskaret i Bjørnafjorden
- Notland–Mosterhamn på Bømlo
- Lavik–Haugland i Askøypakken

Samla sett er det i 2025 gjennomført eit omfattande arbeid med bru- og kaivedlikehald, tunneloppgraderingar, mindre utbetringar, tiltak for mjuke trafikantar og kollektivtilbod, i tillegg til skredsikringstiltak over heile fylket.

## Strategiar

| Strategi | Hovudmål | Satsingsområde |
|---|---|---|
| Vestland skal bidra til energieffektivisering og tilgang til fornybar energi utan å forringe naturmangfaldet. | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal forvalte naturlandskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv, og følgje opp Montrealavtalen frå 2022 | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal vere ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp | I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga | Klima og natur |
| Vestland skal stimulere til at det vert skapt nye næringar og arbeidsplassar i heile fylket gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal utvikle framtidsretta og sikker infrastruktur og gode tenestetilbod gjennom brei innsats i alle sektorar | Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn | Velferd og verdiskaping |
| Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentera skal vidareutviklast som attraktive stadar og motor for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene | Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket | Demografi og likeverd |
| Vestland skal jobbe for innovasjon og styrka samarbeid mellom offentleg sektor, forskningsmiljø, næringsliv og sivilsamfunn | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |
| Vestland skal styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit og beredskap i alle sektorar | Vestland når måla sine gjennom samarbeid og samordning | Samarbeid |

## Samla vurdering strategiar

I 2025 har avdeling for infrastruktur og veg arbeidd målretta med å følgje opp strategiane i utviklingsplanen gjennom konkrete tiltak innan vegprosjekt, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Arbeidet har hatt særleg merksemd på berekraft, klimaomstilling, trafikksikkerheit, samfunnstryggleik og langsiktig forvaltning av natur- og kulturverdiar.

Avdelinga har bidrege til ei meir berekraftig utvikling gjennom styrkt bruk av klima- og miljøkrav i anskaffingar, satsing på sirkulære løysingar og deltaking i nasjonale og regionale innovasjons- og utviklingsnettverk. Det er mellom anna stilt krav til klimagassbudsjett og -rekneskap i prosjekt, arbeidd med BREEAM infrastructure-sertifisering og kartlagt moglegheiter for elektrifisering av drift og utbygging.

Vidare har avdelinga levert bidrag til tryggare og meir robust infrastruktur gjennom auka vedlikehald, forsterking av vegkonstruksjonar, oppgradering av drenering og målretta trafikksikkerheitstiltak. Arbeidet med beredskap er styrkt gjennom ny beredskapsplan, sårbarheitsvurderingar av kritisk infrastruktur og bruk av ny teknologi for betre føreseiing og handtering av vêrrelaterte hendingar.

Utviklingsplanarbeidet har også omfatta systematisk kartlegging av naturverdiar langs fylkesvegnettet, med tiltak for å redusere naturinngrep og betre økologisk samanheng, mellom anna gjennom utbetring av vandringshinder for fisk og arbeid med arealrekneskap.

Samla sett har arbeidet i 2025 styrkt gjennomføringa av utviklingsplanen og lagt eit betre grunnlag for langsiktig, berekraftig og trygg utvikling av fylkesvegnettet i Vestland.

## Status politiske vedtak

### *Klima (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Fokus på klima i tidleg fase av veg- og infrastrukturprosjekt | Vestland fylkeskommune skal utforske handlingsrommet i tidleg fase av eit arealplanarbeid. Fylkeskommunen skal setje søkjelys på og teste ut ulike verktøy han og andre vegeigarar kan bruke i planfasen for å oppnå utsleppsreduksjon frå vegbygging. Finansiering: Klimasats | Iht. plan | Vidareført til 2026. Dagens praksis og interne rutinar er kartlagt, og det er undersøkt korleis klimaomsyn blir vurdert i planlegginga. Ulike verktøy har òg blitt testa. Målet er å finne ut om verktøya er nyttige og eigna til å ta i vare klimaomsynet under planlegginga.<br>Finansiering: Klimasats |
| Forarbeid: Arealrekneskap for Vestland | Areal- og naturrekneskap er eit nyttig verktøy i arealplanlegging. Forarbeidet til eit regionalt arealrekneskap er i gang, med langsiktig mål om å utvikle verktøy for utarbeiding av regionale areal- og naturrekneskap for fylkeskommunane. Dette vert utarbeida i samarbeid med relevante forskingsaktørar og kommunar.<br><br>Inkludert utgreiing om korleis INV kan bruke og bidra til arealrekneskap, saman med NPI, for å møte nasjonale forventningar til regional planlegging om bevaring av naturmangfald gjennom planlegging. | Iht. plan | Vidareført til 2026. Avdeling for infrastruktur og veg samarbeider med avdeling for næring, plan og innovasjon om følge opp verbalpunktet frå fylkestinget som seier at naturkonsekvensar av budsjettvedtak i fylkeskommunen skal synleggjerast (PS 116/2023). Arealregnskap er, per no, verktøyet som skal bidra til å følge opp verbalpunktet. Det blir arbeidd med å lage ei systematisk og automatisk løysing. |
| Fremje sirkularitet i offentlege infrastrukturprosjekt gjennom Leverandørutviklingsprogrammet (LUP) | Ivareta fylkeskommunen si partnarrolle i det nasjonale leverandørutviklingsprogrammet (LUP), der programansvarlege er NHO, KS, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Innovasjon Norge og Forskningsrådet. Dete for å stimulere offentlege aktørar til å stille krav om sirkularitet ved store offentlege infrastrukturprosjekt, og andre | Iht. plan | Vidareført i 2026. Vi har jamlege møte med Leverandørutviklingsprogrammet (LUP) gjennom deira nettverk, og vi kontaktar dei ved behov for stønad med marknadsdialog. Vi har fleire kontraktar der LUP har vore involvert, til dømes driftskontrakt med samhandling, DK4609. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | relevante prosjekt. Legge til rette for at leverandørar i Vestland posisjonerar seg til å sikre verdiskaping lokalt. Fylkeskommunen er medlem. | | |
| Grøn anleggsektor | Deltaking i nettverket Grønn Anleggsektor for å sikre grøn og fossilfri framtid der innovasjon og nye former for verdiskaping er naudsynt. Nettverket skal sikre sektoren si konkurransekraft. | Iht. plan | Vidareført til 2026. Deltaking i nettverket bidreg til å halde oss oppdaterte på nye løysingar og innovasjonar i bransjen. |
| Klimagassutslepp i driftsfase | Vestland fylkeskommune skal utvikle eit verktøy for å berekne klimagassutslepp i driftsfasen av veg- og infrastrukturprosjekt. | Iht. plan | Vidareført til 2026. Designet for rapporteringsverktøyet er ferdig, og ein tilleggsmodul til det eksisterande HMS-verktøyet "HMSreg" er under utvikling. Prosjektet er forlenga med eitt år for å fullføre utviklinga av ein ny modul for klimagassbudsjett, basert på same modell som rapporteringsverktøyet, i samarbeid med Novari IKS. |
| Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland | Klimasats-prosjektet «Klimakrav i anskaffingar» har som mål å redusere utslepp og styre i riktig retning ved å sette strengare klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane. Vestland fylkeskommune har fått 2,5 mill. kr i Klimasatstilskot til to nye 2-årige prosjektstillingar knytt til klimatiltak i tidleg planfase og talfesting av klimagassutslepp i driftsfase.<br><br>Prosjektet «Klimakrav i anskaffingar»vart avslutta i juni 2025, og fleire tiltak er vedtekne og implementert i organisasjonen. Dette omfattar mellom anna revisjon av kontraktsmalar og tildelingskriterium, utarbeiding av rettleiingsmateriell, krav om berekraftssertifisering av alle utbyggingsprosjekt over 200 millionar, krav om innlevering av klimagassbudsjett- og rekneskap, og betre drivstoffrapportering. Vidare er det gjennomført intern kursing i verktøy for klimagassutrekningar, bruk av miljødeklarasjonar (EPD) og berekraftssertifisering av prosjekt. | Ferdig | Klimasatsprosjektet vart avslutta i 2025, og arbeidet er vidareført i ny fase. Følgjande tiltak er gjennomførte:<br><br>• Malverk for anskaffingar er revidert for å ta betre omsyn til klima.<br>• Det er utvikla rettleiingsmateriell.<br>• Rutinar, sjekklister og prosedyrar er lagt inn i Kvalitetssystemet for å sikre forankring i organisasjonen.<br>• Det er etablert kontakt og betre dialog mellom innkjøpsavdelingar i Vestland fylkeskommune for erfaringsutveksling.<br>• Over 40 prosjekt har fått operativ bistand til å utarbeide klimakrav i kontraktar, blant anna innan tunnelrehabilitering, rekkverk, skredsikring og gang- og sykkelvegar.<br>• Kontakt med leverandørar og andre byggherrar er styrkt gjennom konferansar, |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | nettverk og kontraktgruppemøte.<br>• Det er laga ein eigen rettleiar for 30 prosent vekting for avdeling for infrastruktur og veg og arrangert faggrupper for kompetanseheving. |
| Klimavenleg massehandtering | Prosjektet skal identifisere god praksis for økonomisk og klimavennlig massehandtering. Hensikta er å identifsere tiltak, prinsipp og strategiar i situasjonar der vi som vegbyggar har eit masseoverskot og/eller der vi har eit masseunderskot og kan ta i mot massar frå andre aktørar. | Iht. plan | Vidareført til 2026 der prosjektet går inn i ei ny fase. I 2024 og 2025 vart Forum for berekraftig massehandtering i Vestland etablert i samarbeid med andre offentlege og private aktørar. Forumet arbeider for å betre rammetilhøva for sirkulær massehandtering, særskilt knytt til regelverk, anskaffingar, god planlegging, fysisk infrastruktur og innovasjon.<br><br>Avdeling for infrastruktur og veg vil ha sekretariatet for forumet i etableringsfasen. |
| Klimavenleg massehandtering (24.1.) | Prosjektet skal identifisere god praksis for økonomisk og klimavennlig massehandtering. Hensikta er å identifsere tiltak, prinsipp og strategiar i situasjonar der vi som vegbyggar har eit masseoverskot og/eller der vi har eit masseunderskot og kan ta i mot massar frå andre aktørar. Det er henta inn kunnskap om samfunnsgevinstane og barrierane knytt til berekraftig og nyskapande massehandtering. Ut frå kunnskapsgrunnlaget er det tilrådd ni satsingsområde som bidrar til samordning av regelverket, kompetanseutvikling og betre samhandling internt. I løpet av 2024 skal avdeling for infrastruktur og veg leie eit tverretatleg samarbeid for å planlegge og etablere eit ressurssforum med representantar for verdikjeda. Avdeling for infrastruktur og veg vil ha sekretariatet for forumet i etableringsfasen.<br><br>Ansvar: INV | Iht. plan | Vestland fylkeskommune har samla kunnskap om både gevinstar og utfordringar ved berekraftig og nyskapande massehandtering. Basert på dette er det tilrådd ni satsingsområde som skal bidra til betre samordning av reghelverk, utvikling av kompetanse og styrkt intern og ekstern samhandling. Utarbeiding av overordna strategi for sirkulær massehandtering i Vestland.<br><br>Basert på kunnskapsgrunnlaget som vart henta inn, skal det utarbeidast ein overordna strategi for sirkulær massehandtering i Vestland. |
| Klimavenlege innkjøp: Klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane i Vestland (39.1.) | Det avslutta klimasatsprosjektet "Klimakrav i anskaffingar" har gitt rutinar, malverk, sjekkliste og rettleiar til bruk i våre | Iht. plan | Klimasats-prosjektet Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland vart avslutta i 2025, og |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | anskaffingar. Det vil bli arbeida med å tilpasse INV si drift til skjerpinga av nasjonale reglar for offentlege anskaffingar (30%-kravet). Arbeidet vil innebere oppfølging av rutinar og malverk, bistand til prosjekt og kvalitetssikring knytt til klimakrav i anskaffingar.<br><br>Fleire tiltak er allereie vedtekne og implementert i organisasjonen. Dette omfattar mellom anna krav om berekraftssertifisering av alle utbyggingsprosjekt over 200 millionar, krav om innlevering av klimagassbudsjett- og rekneskap, og betre drivstoffrapportering. Vidare er det gjennomført intern kursing i verktøy for klimagassutrekningar, bruk av miljødeklarasjonar (EPD) og berekraftssertifisering av prosjekt.<br><br>Ansvar: INV | | arbeidet er vidareført i ny fase. Følgjande tiltak er gjennomførte:<br><br>• Malverk for anskaffingar er revidert for å ta betre omsyn til klima.<br>• Det er utvikla rettleiingsmateriell.<br>• Rutinar, sjekklister og prosedyrar er lagt inn i kvalitetssystemet for å sikre forankring i organisasjonen.<br>• Det er etablert kontakt og betre dialog mellom innkjøpsavdelingar i Vestland fylkeskommune for erfaringsutveksling.<br>• Over 40 prosjekt har fått operativ bistand til å utarbeide klimakrav i kontraktar, blant anna innan tunnelrehabilitering, rekkverk, skredsikring og gang- og sykkelvegar.<br>• Kontakt med leverandørar og andre byggherrar er styrkt gjennom konferansar, nettverk og kontraktgruppemøte.<br>• Det er laga ein eigen rettleiar for 30 prosent vekting for avdeling for infrastruktur og veg og arrangert faggrupper for kompetanseheving.<br><br>Tiltaket blir vidareført i 2026 med søkjelys på<br><br>• kontinuerleg forbetring av malar og verktøy<br>• å gjere prosjektorganisasjonane i stand til å handtere kravet sjølv<br>• operativ bistand i prosjekt, til dømes ved utforming av konkurransegrunnlag og deltaking i anbodsprosessar.<br><br>Framover vil vi ha særleg merksemd på oppfølging i anleggsfasen og erfaringsutveksling på tvers av seksjonar. |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| Restaurering av natur | Naturrestaurering av nedlagde fylkesvegar vil styrkje økosystemtenester ved å gjenopprette den økologiske tilstanden i landskapet. Tiltaket vil gje betydelege miljøgevinstar, som betre leveområde for stadegne artar, og på sikt auka karbonbinding og betre overvasshandtering i reetablerte myrar og skogsområde, samt fremje rekreasjonsmoglegheiter som friluftsliv. Å tilbakeføre tidlegare påverka område til naturleg tilstand er eit konkret tiltak som fremjar biologisk mangfald, i tråd med både Naturavtalen. Tiltaket er detaljprosjektering og gjennomføring av restaurering på delar av Fv. 5722 langs Flostranda i Stryn kommune. | Forsinket | Vidareført til 2026. I 2025 har det vore arbeidd med å få inn naturrestaurering av nedlagt veg i reguleringsplanar. |
| Transportsklynge VIA | Deltaking i klynge for sikker, smart og berekraftig transportinfrastruktur, med aktørar innan samferdsleområdet. Deltaking i nasjonal klynge kan bidra til måloppnåing både i Regional transportplan og regional plan for klima. Auke kunnskap og knyte nettverk for å utvikle ny teknologi og nye løysingar. | Ferdig | Utgår. Transportklynga VIA vart oppløyst juni 2025. |
| Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar | Kravstilling i anbod for å fremje utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar på oppdrag bestilt av Vestland fylkeskommune. Verksemda jobbar i tråd med kravsendring i innkjøpsforskrifta frå 1.1.2024. | Iht. plan | Vidareført til 2026. Det er kartlagt tekniske moglegheiter for elektrifisering av planlagde vedlikehalds- og utbyggingsprosjekt. Resultata viser at elektrifisering er teknisk mogleg, men medfører meirkostnader. Dette kjem av dyrare materiell og kostnader knytt til framføring av straum.<br><br>Overordna strategi for å lukkast er å<br>• vurdere elektrifisering tidleg i planfasen<br>• prioritere prosjekt med lågast tiltakskostnad først<br>• utforske moglegheiter for ekstern finansiering av meirkostnader så tidleg som mogleg |

### *Verbalvedtak (P)*

"-" synest der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| INV - 1. Skredsikring | Fylkestinget syner til budsjettmerknad i PS 116/23 om planlegging, framdrift og finansiering av skredsikring. Ein bed om at arbeidet vert intensivert og at Fylkesdirektør ser på mogelegheita med å samkøyra reguleringsplanarbeid og prosjektering slik det vert gjort på utbygging av bybanen.<br><br>Fylkestinget har ei klar forventning om at Vestland fylkeskommune og Kontaktutvalet som er oppretta for prosjekta på Fv 49, Tokagjelet og «Poll til Poll», som ein del av E 134 arm til Bergen, også arbeider for samfinansiering av desse prosjekta.<br><br>Fylkestinget ber fylkesordførar om å gå i dialog med staten om korleis staten vil auka rammene for førebyggjing av skred og flaum, der nye og rimeleg løysingar kan vera ein del av arbeidet. | Iht. plan | Statens vegvesen utarbeidar ein utviklingsstrategi for Arm til Bergen i samarbeid med Vestland fylkeskommune og Nye veier AS. Utviklingsstrategien skal angje prioritering og finansiering av tiltak. Fylkesdirektøren legg til grunn at utviklingsstrategien må føresette statleg delfinansiering av sentrale prosjekt på fv. 49, då det er aktuelt at vegen blir omklassifisert til riksveg på eit seinare tidspunkt. Det er oppretta eit interkommunalt politisk råd for Arm til Bergen, og rådet vil mellom anna arbeide for å sikre statleg delfinansiering av desse prosjekta. |
| INV - 2. Innovativ skredsikring, overføre frå tunnelsikring | Fylkestinget bed Fylkesdirektør leggje fram sak med vurdering av omfordeling av heile eller deler av uprioriterte midlar til tunelloppgradering kan nyttast til innovativ skredsikring. Fylkestinget delegerar til fagutvalet å fatte endeleg vedtak. | Iht. plan | Det er lagt fram sak i hovudutval for samferdsel og mobilitet 23. april, jf. PS-31/2025 Vurdering av overføring av midlar frå tunneloppgradering til innovativ skredsikring. Det vart gjort slikt vedtak:<br><br>1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet meiner det er viktig å halde oppe frmdrifta i tunneloppgraderinga i økonomiplanperioden og omprioriterer ikkje desse løyvingane til andre investeringsføremål.<br>2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet legg til grunn at innovativ skredsikring kan finansierast innanfor løyvinga til skredsikring på investeringsbudsjettet.<br>3. Utval for samferdsle og mobilitet ber om at det vert lagt fram ei sak om korleis ein kan gjennomføre eit pilotprosjekt med innovativ skredsikring. Saka skal peike på aktuelle område å gjennomføre eit slikt pilotprosjekt. Dette for å |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | | | sikra meir veg for pengane og bærekraftige løysingar.<br><br>Det er lagt fram sak til hovudutval for samferdsel og mobilitet i september: RS 65/2025 Pilot innovativ skredsikring - status og framdrift. |
| INV - 3. Naturrestaurering | Fylkeskommunen skal framleis søke statlege midlar og påverke staten til å styrke finansiering av naturrestaurering. | Iht. plan | Fylkeskommunen har i 2025 søkt og fått tilsegn på tilskot frå ordninga Miljødirektoratet har for tilskot til naturrestaurering til planlegging og prosjektering av naturrestaurering av Flostranda i Stryn kommune. Tilskottet var på 1,95 mill. kr med utgangspunkt i finansiering av 50 prosent av utgiftene og må nyttast i løpet av året.<br><br>Det har synt seg av vi ikkje klarar å nytte midlane innanfor tidsramma og må seie frå oss tilskotet. Søknadsordninga vert vidareført, og det vil bli søkt om midlar i 2026 til restaurering av gamle fv. 500 utanfor Krokatunnelen. |
| INV - 4. Atløy | Det er ein føresetnad at fylkestinget i oppstartsvedtaket har høve til å vurdere saka på nytt dersom utbyggingskostnadane vert vesentleg høgre enn det som ligg til grunn i saka. Vi meiner tilknytingsvegar og bru bør lysast ut i ein heilskap, slik at ein har betre kontroll med kostnadane.<br><br>Dersom det ikkje er nok planleggingskapasitet hos fylkeskommunen, ber vi om at fylkesdirektøren kjem attende med ei sak.<br><br>Det må arbeidast vidare mot staten for at rentekompensasjonsordninga vert utvida utover 01.06.2027, og at ferjeavløysingsordninga totalt sett vert betre. | Iht. plan | Det er lagt fram PS-63/2025: Ferjeavløysing Atløysambandet - godkjenning av kostnadsramme og byggestart til fylkestinget i juni.<br><br>Fylkestinget gjorde følgjande vedtak:<br><br>1. Fylkestinget godkjenner utlysing og byggestart for prosjektet Ferjeavløysing Atløysambandet i Askvoll kommune innanfor ei kostnadsramme på 1 831 mill. 2025-kr.<br>2. Fylkesdirektør får fullmakt til å signere kontraktar under føresetnad av at dei samla prosjektkostnadene er innanfor kostnadsramma.<br>3. Dersom dei samla prosjektkostnadane er utanfor kostnadsramma blir prosjektet lagt fram for fylkestinget til ny handsaming. |
| INV - 5. Tokagjelet og Poll-til-poll | Fylkesdirektør skal setja i gang arbeidet med Tokagjelet utan opphald i 2025. Tokagjelet er eit stort prosjekt, og det vert arbeidd | Iht. plan | Vestland fylkeskommune har no sendt framlegg til reguleringsplan for tunell frå Steinsdalen til Eikedalen ut |

| Oppdrag | Skildring | Status | Skildring av status |
|---|---|---|---|
| | med samfinansiering i dialog med staten og kommunane. | | på høyring. Merknadsfristen var 24. oktober.<br><br>Det er i utgangspunktet lagt opp til å lyse prosjektet ut som totalentreprise, der entreprenøren både prosjekterer og byggjer prosjektet. Med dette kan tiltaket bli gjennomført raskare, og vi kan nytte kompetansen hjå entreprenøren for å velje dei kostnads- og framdriftsmessig beste løysingane. Det kan vere aktuelt å lyse ut mindre førebuande kontraktar før hovudentreprisen, til dømes for skredsikring av påhogga. Det kan korte inn tida for utbygginga noko. |

## Årsverk

| | Faktiske årsverk fjor 2024 | Faktiske årsverk 2025 | Endring faktiske årsverk frå i fjor 2024 |
|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Total** | **Total** | **Total** |
| Infrastruktur og veg | 2,00 | 2,00 | 0,00 |
| INV - Stab og verksemdstyring | 21,60 | 20,33 | -1,27 |
| INV - Vegbygging | 191,33 | 132,14 | -59,19 |
| INV - Vedlikehald, drift og beredskap | 97,96 | 100,16 | 2,20 |
| INV - Vegforvaltning | 75,32 | 70,27 | -5,05 |
| INV - Vegfag | 0,00 | 63,79 | 63,79 |
| **Total** | **388,21** | **388,69** | **0,48** |

## Forklaring til årsverk

Det samla talet på årsverk er stabilt. Dei store endringane i årsverktala mellom avdelingane i høve til 2024 er knytt til ei større omorganisering av avdelinga i 2025.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,30 % | 2,46 % | 4,76 % |
| Årleg sjukefråvær 2025 | 1,75 % | 2,38 % | 4,13 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Sjukafråværet på avdeling for infrastruktur og veg er stabilt lågt, og vi jobbar godt med oppfølging av arbeidsrelatert sjukefråvær.

# Årsrekneskap

## Fullstendeerklæring frå leiinga

## Uttale frå revisjonen

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | −7 558 985 | −8 105 269 | −8 328 830 | −8 242 212 | −86 618 | −1,0 % | −8 328 830 | −86 618 | −1,0 % |
| Inntekt- og formuesskatt | −4 919 353 | −5 358 149 | −5 348 156 | −5 474 329 | 126 173 | 2,4 % | −5 348 156 | 126 173 | 2,4 % |
| Andre generelle driftsinntekter | −277 282 | −165 300 | −165 300 | −128 028 | −37 272 | −22,5 % | −165 300 | −37 272 | −22,5 % |
| **Sum generelle driftsinntekter** | **−12 755 620** | **−13 628 718** | **−13 842 286** | **−13 844 569** | **2 283** | **0,0 %** | **−13 842 286** | **2 283** | **0,0 %** |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **11 128 806** | **12 051 838** | **12 180 724** | **11 578 140** | **602 584** | **4,9 %** | **13 016 731** | **1 438 591** | **11,1 %** |
| Avskrivingar | 1 703 745 | 0 | 0 | 1 807 766 | −1 807 766 | | 0 | −1 807 766 | 0,0 % |
| **Sum netto driftsutgifter** | **12 832 551** | **12 051 838** | **12 180 724** | **13 385 906** | **−1 205 182** | **−9,9 %** | **13 016 731** | **−369 175** | **−2,8 %** |
| **Brutto driftsresultat** | **76 930** | **−1 576 880** | **−1 661 562** | **−458 663** | **−1 202 899** | **−72,4 %** | **−825 555** | **−366 892** | **−44,4 %** |
| Renteinntekter | −308 613 | −200 200 | −200 200 | −347 602 | 147 402 | 73,6 % | −200 200 | 147 402 | 73,6 % |
| Utbytte | −17 203 | −25 000 | −25 000 | −22 489 | −2 511 | −10,0 % | −25 000 | −2 511 | −10,0 % |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | −5 516 | 0 | 0 | 4 273 | −4 273 | | 0 | −4 273 | 0,0 % |
| Renteutgifter | 634 609 | 733 000 | 733 000 | 750 801 | −17 801 | −2,4 % | 732 500 | −18 301 | −2,5 % |
| Avdrag på lån | 850 200 | 900 000 | 900 000 | 900 000 | 0 | 0,0 % | 900 000 | 0 | |
| **Netto finansutgifter** | **1 153 477** | **1 407 800** | **1 407 800** | **1 284 983** | **122 817** | **8,7 %** | **1 407 300** | **122 317** | **8,7 %** |
| Motpost avskrivingar | −1 703 745 | 0 | 0 | −1 807 766 | 1 807 766 | | 0 | 1 807 766 | 0,0 % |
| **Netto driftsresultat** | **−473 337** | **−169 080** | **−253 762** | **−981 446** | **727 684** | **286,8 %** | **581 745** | **1 563 191** | **268,7 %** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | | | |
| Overføring til investering | 771 104 | 600 000 | 518 144 | 656 593 | −138 449 | −26,7 % | 656 593 | 0 | |

| | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Avsettingar til bundne driftsfond | 1 194 529 | 0 | 0 | 1 344 454 | −1 344 454 | | 0 | −1 344 454 | 0,0 % |
| Bruk av bundne driftsfond | −1 130 025 | −88 770 | −88 770 | −1 161 881 | 1 073 111 | 1208,9 % | −1 038 358 | 123 523 | 11,9 % |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 91 212 | 3 706 | 140 757 | 280 271 | −139 514 | −99,1 % | 156 966 | −123 305 | −78,6 % |
| Bruk av disposisjonsfond | −453 484 | −345 856 | −316 369 | −137 991 | −178 379 | −56,4 % | −356 946 | −218 955 | −61,3 % |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 | |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | **473 337** | **169 080** | **253 762** | **981 446** | **−727 684** | **−286,8 %** | **−581 745** | **−1 563 191** | **−268,7 %** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | **0** | |

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fellesutgifter- og inntekter | −527 058 | −260 354 | −203 633 | −391 451 | 187 818 | 92,2 % | −323 463 | 67 988 | 21,0 % |
| Politisk styring og kontrollorgan | 64 543 | 72 316 | 71 911 | 72 900 | −990 | −1,4 % | 71 758 | −1 143 | −1,6 % |
| Organisasjon og økonomi | 163 258 | 193 743 | 193 743 | 205 052 | −11 308 | −5,8 % | 205 292 | 240 | 0,1 % |
| IKT og digitalisering | 195 635 | 204 442 | 204 442 | 195 750 | 8 692 | 4,3 % | 195 759 | 9 | 0,0 % |
| Eigedom og utbygging | 599 141 | 612 560 | 612 560 | 596 231 | 16 329 | 2,7 % | 620 907 | 24 676 | 4,0 % |
| Tannhelse | 378 014 | 428 439 | 453 439 | 463 801 | −10 362 | −2,3 % | 464 371 | 570 | 0,1 % |
| Næring, plan og innovasjon | 211 126 | 216 744 | 216 744 | 219 925 | −3 181 | −1,5 % | 219 925 | 0 | |
| Opplæring og kompetanse | 4 100 148 | 4 223 614 | 4 223 614 | 4 308 027 | −84 413 | −2,0 % | 4 308 049 | 22 | 0,0 % |
| Kultur og folkehelse | 381 985 | 423 648 | 423 803 | 421 053 | 2 751 | 0,6 % | 418 635 | −2 417 | −0,6 % |
| Mobilitet og kollektivtransport | 3 699 601 | 3 925 117 | 3 925 117 | 3 836 825 | 88 292 | 2,2 % | 3 928 550 | 91 725 | 2,3 % |
| Infrastruktur og veg | 1 769 779 | 1 921 197 | 1 968 612 | 1 972 859 | −4 246 | −0,2 % | 1 981 070 | 8 212 | 0,4 % |
| Aktivitetar utanfor fylkeskommunalt område | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 | |

| | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum løyvingar drift, netto** | **11 036 171** | **11 961 467** | **12 090 353** | **11 900 972** | **189 381** | **1,6 %** | **12 090 853** | **189 881** | **1,6 %** |
| Av dette: | | | | | | | | | |
| Netto renteutgifter og -inntekter | −37 691 | 0 | 0 | −38 101 | 38 101 | | 0 | 38 101 | 0,0 % |
| Overføring til investering | 56 943 | 0 | 0 | 138 449 | −138 449 | | 138 449 | 0 | |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 1 119 529 | 0 | 0 | 1 344 454 | −1 344 454 | | 0 | −1 344 454 | 0,0 % |
| Bruk av bundne driftsfond | −1 130 025 | −88 770 | −88 770 | −1 161 881 | 1 073 111 | 1208,9 % | −1 038 358 | 123 523 | 11,9 % |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 60 843 | 0 | 0 | 139 514 | −139 514 | | 16 209 | −123 305 | −760,7 % |
| Bruk av disposisjonsfond | −162 234 | −1 601 | −1 601 | −99 602 | 98 001 | 6120,1 % | −42 178 | 57 424 | 136,1 % |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **11 128 806** | **12 051 838** | **12 180 724** | **11 578 140** | **602 584** | **4,9 %** | **13 016 731** | **1 438 591** | **11,1 %** |

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | | 3 862 386 | 4 709 610 | 4 216 082 | 4 085 740 | 130 342 | 3,1 % | 4 262 478 |
| Tilskot til andre sine investeringar | | 72 405 | 0 | 0 | 3 844 | −3 844 | | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 5 | 1 025 | 0 | 0 | 104 656 | −104 656 | | 90 000 |
| Utlån av eigne midlar | | 44 611 | 0 | 18 000 | 27 818 | −9 818 | −54,5 % | 18 000 |
| Avdrag på lån | 10 | 36 300 | 0 | 0 | 46 000 | −46 000 | | 0 |
| **Sum investeringsutgifter** | | **4 016 727** | **4 709 610** | **4 234 082** | **4 268 058** | **−33 976** | **−0,8 %** | **4 370 478** |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | | −653 488 | −722 475 | −650 895 | −643 259 | −7 636 | −1,2 % | −650 395 |
| Tilskot frå andre | | −726 761 | −834 215 | −880 167 | −877 501 | −2 666 | −0,3 % | −880 167 |
| Sal av varige driftmiddel | | −147 058 | −16 000 | −16 000 | −6 663 | −9 337 | −58,4 % | −16 000 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | | 0 | 0 | 0 | −2 374 | 2 374 | | 0 |
| Utdeling frå selskap | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | | −73 937 | 0 | 0 | −117 196 | 117 196 | | 0 |
| Bruk av lån | | −1 634 256 | −2 536 920 | −2 160 636 | −1 957 653 | −202 983 | −9,4 % | −2 158 636 |
| **Sum investeringsinntekter** | | **−3 235 500** | **−4 109 610** | **−3 707 698** | **−3 604 646** | **−103 052** | **−2,8 %** | **−3 705 198** |
| Overføring frå drift | | −771 104 | −600 000 | −518 144 | −656 593 | 138 449 | 26,7 % | −656 593 |

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Avsettingar til bundne investeringsfond | | 447 | 0 | 0 | 910 | −910 | | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | | −10 570 | 0 | −8 240 | −7 728 | −512 | −6,2 % | −8 687 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | | **−781 227** | **−600 000** | **−526 384** | **−663 412** | **137 028** | **26,0 %** | **−665 280** |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** |

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

## 1. Investeringar i varige driftsmidlar

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Bygg, eigedom og fellesfunksjonar** | | | | | | | | |
| IT-investeringar | | 18 197 | 33 900 | 33 900 | 30 942 | 2 958 | 8,7 % | 41 660 |
| Utstyr tannhelsetenesta | | 24 594 | 10 500 | 10 500 | 29 725 | −19 225 | −183,1 % | 29 725 |
| Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering | | 128 458 | 18 600 | 18 600 | 15 087 | 3 513 | 18,9 % | 18 600 |
| Fylkeshuset Bergen | | 11 909 | 0 | 0 | −97 028 | 97 028 | | 0 |
| Mo og Øyrane vgs – nytt verkstadbygg | | 513 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Førde vgs/campus Førde | | 11 562 | 0 | 0 | 13 158 | −13 158 | | 0 |
| Flora vgs - Idrettssenter (NY237) | | 3 268 | 0 | 0 | 2 469 | −2 469 | | 0 |
| Eid vgs – nytt undervisngsareal | | 6 291 | 19 700 | 19 700 | 21 563 | −1 863 | −9,5 % | 19 700 |
| Måløy vgs, nytt opplæringsfartøy | | 6 739 | 0 | 0 | 159 | −159 | | 0 |
| Askøy vgs | | 109 698 | 0 | 0 | 1 567 | −1 567 | | 0 |
| Stord vgs | | 255 307 | 129 400 | 129 400 | 97 640 | 31 760 | 24,5 % | 129 400 |
| Bømlo vgs | | 5 227 | 0 | 0 | 3 150 | −3 150 | | 0 |
| Langhaugen vgs | | 52 419 | 89 000 | 89 000 | 154 141 | −65 141 | −73,2 % | 89 000 |
| LBM vgs | | 4 | 5 000 | 5 000 | 11 804 | −6 804 | −136,1 % | 5 000 |
| Planmidlar bygg og eigedom | | 3 425 | 14 500 | 14 500 | 12 920 | 1 580 | 10,9 % | 14 500 |
| Kvam vgs | | 277 212 | 209 000 | 209 000 | 67 623 | 141 377 | 67,6 % | 209 000 |
| Sotra vgs | | 3 | 0 | 0 | 490 | −490 | | 0 |
| Slåtthaug vgs | | 134 | 18 100 | 18 100 | 648 | 17 452 | 96,4 % | 18 100 |

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Austrheim vgs | | 0 | 5 000 | 5 000 | 0 | 5 000 | 100,0 % | 5 000 |
| Os vgs | | 0 | 20 000 | 20 000 | 5 181 | 14 819 | 74,1 % | 20 000 |
| Fusa vgs | | 0 | 90 000 | 90 000 | 0 | 90 000 | 100,0 % | 0 |
| Måløy vgs – blokk A og D / Akvahall | | 2 101 | 0 | 0 | 461 | −461 | | 0 |
| Mo og Øyrane vgs – internat mm. | | 19 674 | 42 400 | 42 400 | 57 375 | −14 975 | −35,3 % | 42 400 |
| Dale vgs – rehab. / omb. verkstadbyg | | 560 | 25 900 | 25 900 | 17 872 | 8 028 | 31,0 % | 25 900 |
| Firda vgs – rehab. fløy D Aulabygg | | 0 | 2 400 | 2 400 | 1 085 | 1 315 | 54,8 % | 2 400 |
| Sogn jord- og hagebr. – rehab. fjøs- og verkstad | | 0 | 4 100 | 4 100 | 0 | 4 100 | 100,0 % | 4 100 |
| Sogndal vgs – rehab. symjebasseng | | 2 009 | 10 400 | 10 400 | 5 824 | 4 576 | 44,0 % | 10 400 |
| Ombygging/ rehabilitering/ mindre tilbygg | | 98 933 | 115 000 | 115 000 | 168 288 | −53 288 | −46,3 % | 115 000 |
| Olsvikåsen vgs - aktivitetsanlegg | | 471 | 0 | 0 | 290 | −290 | | 0 |
| Gulatinget | | 0 | 0 | 0 | 51 | −51 | | 0 |
| Restaurering av verneverdige f.k. bygg | | 1 450 | 3 500 | 3 500 | 2 543 | 957 | 27,3 % | 3 500 |
| Ulike byggtiltak innan kollektiv | | 1 593 | 10 900 | 10 900 | 12 378 | −1 478 | −13,6 % | 10 900 |
| Bussanlegg Førde | | 16 471 | 22 000 | 22 000 | 28 408 | −6 408 | −29,1 % | 22 000 |
| Bussanlegg Sogndal | | 0 | 17 200 | 17 200 | 3 613 | 13 587 | 79,0 % | 17 200 |
| Bussanlegg Eid | | 1 151 | 31 000 | 31 000 | 21 894 | 9 106 | 29,4 % | 31 000 |
| Bussanlegg Stryn | | 2 | 0 | 0 | 4 | −4 | | 0 |
| Bussanlegg Storavatnet | | 340 | 0 | 0 | −24 | 24 | | 0 |
| THT Sogndal | | 848 | 0 | 0 | 18 468 | −18 468 | | 0 |
| Tannklinikkar andre | | 3 334 | 11 900 | 11 900 | 11 639 | 261 | 2,2 % | 11 900 |
| Mo og Øyrane vgs - Vassforsyning Mo | | 35 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg | | 4 089 | 7 700 | 7 700 | 1 794 | 5 906 | 76,7 % | 7 700 |
| Avslutingskostnadar og ekstra tilskot | | 478 | 0 | 0 | 433 | −433 | | 0 |
| Reinhaldsutstyr - Eigedom | | 949 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Skilting til ny profil VLFK | | 138 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Oppgradering fiskerihamner | | 12 390 | 0 | 0 | 32 | −32 | | 0 |
| Arkivdepot | | 44 614 | 47 600 | 47 600 | 55 013 | −7 413 | −15,6 % | 47 600 |
| Bømlo fiskerihamn | | 57 982 | 0 | 0 | −6 461 | 6 461 | | 0 |
| Utbygging bybanedepot | | 21 | 0 | 0 | 30 | −30 | | 0 |
| Energitiltak, solceller | | 766 | 16 000 | 16 000 | 4 948 | 11 052 | 69,1 % | 16 000 |
| Knutepunkt/terminalar distrikt | | 0 | 15 000 | 15 000 | 3 776 | 11 224 | 74,8 % | 15 000 |
| Finansiering, Salsinntekter | | 1 799 | 0 | 0 | 2 172 | −2 172 | | 0 |
| Større undervisningsutstyr | | 107 807 | 61 500 | 92 447 | 118 707 | −26 260 | −28,4 % | 130 449 |

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum Bygg, eigedom og fellesfunksjonar** | | **1 294 962** | **1 107 200** | **1 138 147** | **901 850** | **236 297** | **20,8 %** | **1 113 133** |
| **Mobilitet og kollektiv** | | | | | | | | |
| Ulike inv. tiltak kollektivområdet | | 9 823 | 54 000 | 30 000 | 27 240 | 2 760 | 9,2 % | 30 000 |
| Bybanen i Bergen – Vognmateriell | | 271 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Båtruter Bergen-Nordfjord-Sogn/Flåm | | −843 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Båt - infrastruktur og ladestasjon | | 7 707 | 44 000 | 44 000 | −51 | 44 051 | 100,1 % | 44 000 |
| Buss - infrastruktur og ladestasjon | | 0 | 72 000 | 73 000 | 8 609 | 64 391 | 88,2 % | 73 000 |
| Bybanen – Byggjesteg 4 | | 36 389 | 0 | 0 | 4 188 | −4 188 | | 0 |
| Bybanen – Byggjesteg 5 | | 179 481 | 0 | 0 | 172 875 | −172 875 | | 71 410 |
| **Sum Mobilitet og kollektiv** | | **232 829** | **170 000** | **147 000** | **212 861** | **−65 861** | **−44,8 %** | **218 410** |
| **Fylkesveg** | | | | | | | | |
| Askøypakken | | 233 176 | 220 000 | 340 000 | 422 643 | −82 643 | −24,3 % | 340 000 |
| Nordhordlandspakken | | 48 335 | 146 400 | 66 400 | 54 708 | 11 692 | 17,6 % | 66 400 |
| Fv. 79 Øystese - Ålvik - Granvin | | 53 964 | 56 600 | 59 000 | 67 028 | −8 028 | −13,6 % | 59 000 |
| Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru | | 454 055 | 342 300 | 398 300 | 444 364 | −46 064 | −11,6 % | 398 300 |
| Fv. 583 Osøyro (Byvegen i Os) | | 9 465 | 0 | 15 000 | 10 771 | 4 229 | 28,2 % | 15 000 |
| Fv. 57 Holmeli - Nistadlia | | 45 628 | 0 | 45 100 | 41 451 | 3 649 | 8,1 % | 45 100 |
| Fv. 614 Breivika–Svelgen | | 1 108 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Fv. 609 Heilevang | | 11 609 | 131 500 | 3 400 | 5 765 | −2 365 | −69,6 % | 3 400 |
| Fv. 5633 Seimsdalstunnelen | | 4 672 | 0 | 3 800 | 1 001 | 2 799 | 73,7 % | 3 800 |
| Fv. 722 Flovegen | | 20 424 | 19 900 | 10 500 | 9 354 | 1 146 | 10,9 % | 10 500 |
| Kvinnheradpakken | | 115 839 | 36 300 | −18 400 | −21 867 | 3 467 | 18,8 % | −18 400 |
| Byvekstavtalen (Miljøløftet) – fylkesveg | | 99 013 | 359 310 | 340 100 | 328 135 | 11 965 | 3,5 % | 340 100 |
| Førdepakken | | 17 671 | 155 800 | 38 800 | 18 834 | 19 966 | 51,5 % | 38 800 |
| Planprogram - samleløyving | | 105 222 | 70 500 | 79 210 | 104 864 | −25 654 | −32,4 % | 79 210 |
| Kollektivtiltak - samleløyving | | 14 641 | 21 600 | 8 200 | 5 307 | 2 893 | 35,3 % | 8 200 |
| Mindre utbetringar - samleløyving | | 153 140 | 219 700 | 222 750 | 208 217 | 14 533 | 6,5 % | 222 750 |
| Rekkverk - samleløyving | | 32 301 | 28 200 | 35 500 | 36 383 | −883 | −2,5 % | 35 500 |
| Fv. 161 Åsen - Helleskaret | | 50 995 | 80 500 | 65 000 | 68 306 | −3 306 | −5,1 % | 65 000 |
| Utstyrskjøp INV (Div prosjekt) | | 11 241 | 0 | 0 | 2 970 | −2 970 | | 0 |
| Skiltfornying - regionreform m.m. | | 4 174 | 0 | 0 | 4 590 | −4 590 | | 0 |
| Fv. 566 Tirsåstunnelen | | 115 735 | 81 600 | 67 400 | 67 532 | −132 | −0,2 % | 67 400 |
| Fv. 614 Magnhildskartunnelen | | 13 622 | 82 800 | 10 000 | 2 870 | 7 130 | 71,3 % | 10 000 |

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ferjeavløysing Atløysambandet | | 3 009 | 23 700 | 23 700 | 24 311 | −611 | −2,6 % | 23 700 |
| Haugalandspakken | | 6 522 | 32 200 | 35 800 | 31 960 | 3 840 | 10,7 % | 35 800 |
| Fv. 550 Eitrheimstunnelen | | 0 | 0 | 0 | 93 | −93 | | 0 |
| Fv. 540 Løvstakktunnelen | | 10 637 | 0 | 7 500 | 3 746 | 3 754 | 50,0 % | 7 500 |
| Bømlopakken | | 69 335 | 299 900 | 287 200 | 312 359 | −25 159 | −8,8 % | 287 200 |
| Fv. 500/5048/5050 Div. tiltak – Halsnøysamb. | | 1 921 | 3 200 | 1 000 | 14 | 986 | 98,6 % | 1 000 |
| Austevollpakken | | 4 935 | 20 700 | 32 200 | 40 465 | −8 265 | −25,7 % | 32 200 |
| Veglys - samleløyving | | 41 500 | 42 600 | 26 000 | 28 759 | −2 759 | −10,6 % | 26 000 |
| Fv. 53 Steiggjetunnelen | | 556 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Fv. 542 Bømlabrua - Avfuktingsanlegg | | 93 694 | 0 | 7 900 | 3 058 | 4 842 | 61,3 % | 7 900 |
| Fv. 79 Øystese - Laupsa | | 3 574 | 49 500 | 27 900 | 25 144 | 2 756 | 9,9 % | 27 900 |
| Fv. 567 Loftås - Hauge | | 5 663 | 46 600 | 46 600 | 32 790 | 13 810 | 29,6 % | 46 600 |
| Fv. 616 Oldersund og Hamrøy bru | | 20 076 | 34 800 | 32 500 | 25 315 | 7 185 | 22,1 % | 32 500 |
| Fv. 565 Alversundbrua | | 3 410 | 14 500 | 25 300 | 13 488 | 11 812 | 46,7 % | 25 300 |
| Fv. 500 Austrepollen - Årsnes | | 19 545 | 0 | 0 | 4 | −4 | | 0 |
| Fv. 548 Skånevig - Nesvågen - Flesjo | | 573 | 75 600 | 12 000 | 4 293 | 7 707 | 64,2 % | 12 000 |
| Fv. 611 Eikefjord - Sunnarvik | | 18 125 | 62 100 | 50 600 | 50 117 | 483 | 1,0 % | 50 600 |
| Fv 49 Tokagjelet | | 0 | 50 000 | 900 | 262 | 638 | 70,9 % | 900 |
| Kai/landareal - samleløyving | | 32 446 | 75 600 | 41 000 | 40 770 | 230 | 0,6 % | 41 000 |
| Tunelloppgradering - samleløyving | | 37 864 | 43 100 | 48 200 | 35 594 | 12 606 | 26,2 % | 48 200 |
| Skredsikring - samleløyving | | 83 080 | 129 200 | 123 300 | 118 608 | 4 692 | 3,8 % | 123 300 |
| Samfinansiering - samleløyving | | 31 059 | 16 200 | 11 200 | 7 087 | 4 113 | 36,7 % | 11 200 |
| Bru samleløyving | | 111 570 | 94 900 | 65 400 | 68 728 | −3 328 | −5,1 % | 65 400 |
| Tilrettelegging for mjuke trafikantar - samleløyving | | 83 893 | 44 300 | 47 900 | 40 925 | 6 975 | 14,6 % | 47 900 |
| Andre tiltak - samleløyving | | 16 763 | 23 200 | 46 700 | 33 420 | 13 280 | 28,4 % | 46 700 |
| Fv. 50 Vassbygdtunnelen | | 8 326 | 82 800 | 120 000 | 131 155 | −11 155 | −9,3 % | 120 000 |
| Fv. 5158 Nordvik - Straumen | | 5 591 | 3 200 | 5 000 | 4 744 | 256 | 5,1 % | 5 000 |
| Fv. 570 Risnes bru (Masfjorden) | | 0 | 0 | 0 | 229 | −229 | | 0 |
| Fv. 57 Strandanes - Holmeli | | 0 | 0 | 0 | 14 | −14 | | 0 |
| Fv. 5402 Bavallsvegen | | 2 258 | 98 200 | 1 500 | 2 034 | −534 | −35,6 % | 1 500 |
| Fv. 5591 Rørdalsfjord bru | | 0 | 5 200 | 4 000 | 859 | 3 141 | 78,5 % | 4 000 |
| Ferjeavløysing Masfjordbrua | | 2 644 | 2 900 | 1 175 | 825 | 350 | 29,8 % | 1 175 |
| Fv 49 Fossenbrattetunnelen | | 0 | 5 200 | 8 400 | 6 505 | 1 895 | 22,6 % | 8 400 |

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fv.49 Nordrepollen - Austrepollen | | 0 | 0 | 0 | 93 | −93 | | 0 |
| Kleppevegen ved Myrane (finansiering | | 0 | 0 | 0 | 36 | −36 | | 0 |
| **Sum Fylkesveg** | | **2 334 596** | **3 432 410** | **2 930 935** | **2 971 029** | **−40 094** | **−1,4 %** | **2 930 935** |
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | | **3 862 386** | **4 709 610** | **4 216 082** | **4 085 740** | **130 342** | **3,1 %** | **4 262 478** |

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Terminalbygg, sjåførfasilitetar (00016) | | 4 500 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Utstyr på skulane (095XX) | | 111 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Kollektiv ulike investeringstiltak | | 2 400 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Askøypakken Fv 563 Strømsnes | | 1 468 | 0 | 0 | −434 | 434 | | 0 |
| (M) Fv 566 Hjellestadvegen | | 93 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Askøypakken Fv 5248 Skiftesvik - M | | 3 649 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Askøypakken Fv 562 Lavik-Haugland | | 72 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Fv. 606 Ytre Steinsund bru | | 0 | 0 | 0 | 933 | −933 | | 0 |
| Fv 5150 Lepsøysundet | | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Fv 583 OsøFv. 583 Osøyro (Byvegen i Os)yro | | 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Fv. 57 Holmeli - Nistadlia | | 30 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| (M) Infrastruktur Paradis | | 60 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| (M) Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen IV | | 19 250 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Grunnerverv m.m. avslutta prosjekt Utbygging nord | | 9 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon) | | 1 300 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Just.mva. Nydal Bygg Eftf. AS | | 101 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Just.mva. ByBo AS | | 51 | 0 | 0 | 51 | −51 | | 0 |
| Just.mva.Ulsmågveien 1 Eiendom AS | | 49 | 0 | 0 | 49 | −49 | | 0 |
| Just.mva. Ulsmågveien 7 AS | | 15 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Just. mva. Strømme Gård Utbygging AS | | 366 | 0 | 0 | 366 | −366 | | 0 |
| Just.mva. Webu AS | | 181 | 0 | 0 | 181 | −181 | | 0 |
| Just.mva. Rett Hjem Eiendommer AS | | 95 | 0 | 0 | 95 | −95 | | 0 |
| Refusjon av fv-forskottering | | 35 900 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fv. 614 Magnhildskartunnelen | | 1 875 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| (M) Fv552 Etablering av trafikksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen | | 280 | 0 | 0 | 303 | −303 | | 0 |
| Just.mva. Northern Lights JV DA | | 110 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Just.mva Godvik næringspark | | 239 | 0 | 0 | 239 | −239 | | 0 |
| Vegforsterkningsprogram | | 0 | 0 | 0 | 5 | −5 | | 0 |
| Just.mva (refusjon) Sperrevik AS | | 0 | 0 | 0 | 99 | −99 | | 0 |
| Finansiering veg 2020 | | 0 | 0 | 0 | 1 958 | −1 958 | | 0 |
| **Tilskot til andre sine investeringar** | | **72 405** | **0** | **0** | **3 844** | **−3 844** | | **0** |

## 3. Investeringar i aksjar og andelar

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kjøp og sal av aksjar | | 1 025 | 0 | 0 | 6 200 | −6 200 | | 0 |
| Fusa vgs | | 0 | 0 | 0 | 91 456 | −91 456 | | 90 000 |
| Aksjekapital Tet Digital AS | | 0 | 0 | 0 | 7 000 | −7 000 | | 0 |
| **Investeringar i aksjar og andelar i selskap** | | **1 025** | **0** | **0** | **104 656** | **−104 656** | | **90 000** |

## 4. Utlån

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Utlån og avdrag | | 10 000 | 0 | 18 000 | 18 000 | 0 | 0,0 % | 18 000 |
| Askøypakken Fv 5246 Slettebrekka-H | | 34 611 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Fv 546 Storebøvegen, Storebø-Eidsbøen inkl kollektivterminal | | 0 | 0 | 0 | 9 818 | −9 818 | | 0 |
| **Utlån av eigne midlar** | | **44 611** | **0** | **18 000** | **27 818** | **−9 818** | **−54,5 %** | **18 000** |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum del 1-4** | **3 980 427** | **4 709 610** | **4 234 082** | **4 222 058** | **12 024** | **0,3 %** | **4 370 478** |

## Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | | −7 558 985 | −8 105 269 | −8 328 830 | −8 242 212 | −86 618 | −1,0 % | −8 328 830 |
| Skatt på inntekt og formue | | −4 919 353 | −5 358 149 | −5 348 156 | −5 474 329 | 126 173 | 2,4 % | −5 348 156 |
| Andre skatteinntekter | | −112 | 0 | 0 | −181 | 181 | | 0 |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | | −1 639 792 | −1 129 720 | −1 129 720 | −1 551 076 | 421 356 | 37,3 % | −761 534 |
| Overføringar og tilskot frå andre | | −1 917 939 | −585 677 | −585 677 | −1 981 992 | 1 396 315 | 238,4 % | −760 201 |
| Brukarbetalingar | | −112 749 | −108 400 | −95 119 | −87 209 | −7 911 | −8,3 % | −130 717 |
| Sals- og leigeinntekter | | −2 064 824 | −1 888 117 | −1 888 117 | −2 269 382 | 381 265 | 20,2 % | −1 918 555 |
| **Sum driftsinntekter** | | **−18 213 754** | **−17 175 333** | **−17 375 620** | **−19 606 381** | **2 230 761** | **12,8 %** | **−17 247 993** |
| | | | | | | | | |
| Utgifter til løn | | 4 127 008 | 3 924 454 | 3 924 454 | 4 327 096 | −402 643 | −10,3 % | 4 071 233 |
| Sosiale utgifter | | 1 011 582 | 1 167 428 | 1 221 899 | 1 164 503 | 57 396 | 4,7 % | 1 111 172 |
| Kjøp av varer og tenester | | 9 240 717 | 9 469 669 | 9 528 803 | 9 725 353 | −196 550 | −2,1 % | 10 107 019 |
| Overføringar og tilskot til andre | | 2 207 632 | 1 036 902 | 1 038 902 | 2 122 999 | −1 084 097 | −104,4 % | 1 133 014 |
| Avskrivingar | | 1 703 745 | 0 | 0 | 1 807 766 | −1 807 766 | | 0 |
| **Sum driftsutgifter** | | **18 290 684** | **15 598 452** | **15 714 057** | **19 147 718** | **−3 433 660** | **−21,9 %** | **16 422 438** |
| | | | | | | | | |
| **Brutto driftsresultat** | | **76 930** | **−1 576 880** | **−1 661 562** | **−458 663** | **−1 202 899** | **−72,4 %** | **−825 555** |
| | | | | | | | | |
| Renteinntekter | | −308 613 | −200 200 | −200 200 | −347 602 | 147 402 | 73,6 % | −200 200 |
| Utbytte | | −17 203 | −25 000 | −25 000 | −22 489 | −2 511 | −10,0 % | −25 000 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar | | −5 516 | 0 | 0 | 4 273 | −4 273 | | 0 |
| Renteutgifter | | 634 609 | 733 000 | 733 000 | 750 801 | −17 801 | −2,4 % | 732 500 |
| Avdrag på lån | | 850 200 | 900 000 | 900 000 | 900 000 | 0 | 0,0 % | 900 000 |
| **Netto finansutgifter** | | **1 153 477** | **1 407 800** | **1 407 800** | **1 284 983** | **122 817** | **8,7 %** | **1 407 300** |
| | | | | | | | | |
| Motpost avskrivingar | | −1 703 745 | 0 | 0 | −1 807 766 | 1 807 766 | | 0 |
| | | | | | | | | |
| **Netto driftsresultat** | | **−473 337** | **−169 080** | **−253 762** | **−981 446** | **727 684** | **286,8 %** | **581 745** |
| | | | | | | | | |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | | |
| Overføring til investering | | 771 104 | 600 000 | 518 144 | 656 593 | −138 449 | −26,7 % | 656 593 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | | 1 194 529 | 0 | 0 | 1 344 454 | −1 344 454 | | 0 |

| | Note | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2025 | Politisk vedtatt budsjett 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bruk av bundne driftsfond | | −1 130 025 | −88 770 | −88 770 | −1 161 881 | 1 073 111 | 1208,9 % | −1 038 358 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | | 91 212 | 3 706 | 140 757 | 280 271 | −139 514 | −99,1 % | 156 966 |
| Bruk av disposisjonsfond | | −453 484 | −345 856 | −316 369 | −137 991 | −178 379 | −56,4 % | −356 946 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | | **473 337** | **169 080** | **253 762** | **981 446** | **−727 684** | **−286,8 %** | **−581 745** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** |

## Balanserekneskap - § 5-8

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommune og fylkeskommuner mv, § 5-8

| Eigedelar | Note | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|
| **A. Anleggsmidlar** | 4 | **63 919 359 837** | **60 736 186 197** |
| I. Varige driftsmidlar | | 55 774 693 522 | 53 743 601 138 |
| *1. Faste eigedommar og anlegg* | | 54 450 604 523 | *52 417 209 734* |
| *2. Utstyr, maskinar og transportmidlar* | | *1 324 088 999* | *1 326 391 403* |
| II. Finansielle anleggsmidlar | | *450 411 353* | 443 485 590 |
| *1. Aksjar og andelar* | 5 | *315 835 615* | *218 943 365* |
| *2. Obligasjonar* | | *0* | *0* |
| *3. Utlån* | 6 | *134 575 738* | *224 542 225* |
| III. Immatrielle eigedelar | | 0 | 0 |
| IV. Pensjonsmidlar | 11 | 7 694 254 962 | 6 549 099 469 |
| **B. Omløpsmidlar** | | **7 040 793 180** | **6 464 516 344** |

| Eigedelar | Note | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|
| I. Bankinnskot og kontantar | | 4 877 461 716 | 4 939 746 741 |
| II. Finansielle omløpsmidlar | | 412 508 664 | 248 036 697 |
| *1. Aksjar og andelar* | | 0 | 0 |
| *2. Obligasjonar* | 7 | *412 508 664* | *248 036 697* |
| *3. Sertifikat* | | *0* | *0* |
| *4. Derivat* | | *0* | *0* |
| III. Kortsiktige fordringar | | 1 750 822 780 | 1 276 732 906 |
| *1. Kundefordringar* | | *188 117 370* | *235 713 873* |
| *2. Andre kortsiktige fordringar* | | *1 001 009 621* | *520 679 430* |
| *3. Premieavvik* | 11 | *561 695 808* | *520 339 603* |
| **Sum eigedelar** | | **70 960 153 017** | **67 200 702 541** |
| **Eigenkapital og gjeld** | | | |
| **C. Eigenkapital** | | **41 317 820 242** | **39 125 596 101** |
| I. Eigenkapital drift | | 3 063 811 496 | 2 738 958 580 |
| *1. Disposisjonsfond* | | 1 843 573 860 | 1 701 293 537 |
| *2. Bundne driftsfond* | 13 | 1 220 237 636 | 1 037 665 043 |
| *3. Meirforbruk i driftsrekneskapen* | | 0 | 0 |
| *4. Mindreforbruk i driftsrekneskapen* | | 0 | 0 |
| II. Eigenkapital investering | | 359 743 540 | 366 562 162 |
| *1. Ubundne investeringsfond* | | 83 657 863 | 83 657 863 |
| *2. Bundne investeringsfond* | 13 | 276 085 677 | 282 904 299 |
| *3. Udekka beløp i investeringsrekneskapen* | | 0 | 0 |
| III. Anna eigenkapital | | 37 894 265 205 | 36 020 075 359 |
| 1. Kapitalkonto | | 38 160 782 491 | 36 286 592 645 |
| *2. Prinsippendringar (drift)* | | -185 510 281 | -185 510 281 |
| *3. Prinsippendringar (investering)* | | -81 007 005 | -81 007 005 |
| **D. Langsiktig gjeld** | | **25 969 987 698** | **24 915 651 368** |

| Eigedelar | Note | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 |
|---|---|---|---|
| I. Lån | 9 | 18 124 000 090 | 17 539 030 512 |
| *1. Gjeld til kredittinstitusjonar* | 8 | 9 151 000 090 | *9 366 030 512* |
| *2. Obligasjonslån* | 8 | 7 973 000 000 | *7 303 000 000* |
| *3. Sertifikatlån* | 8 | 1 000 000 000 | *870 000 000* |
| II. Pensjonsforpliktingar | | 7 845 987 608 | 7 376 620 856 |
| **E. Kortsiktig gjeld** | | **3 672 345 077** | **3 159 455 072** |
| I. Kortsiktig gjeld | | 3 672 345 077 | 3 159 455 072 |
| *1. Leverandørgjeld* | | 1 508 881 254 | *1 286 075 635* |
| *2. Likviditetslån* | | *0* | *0* |
| *3. Derivat* | | *0* | *0* |
| *4. Anna kortsiktig gjeld* | | *2 163 463 823* | *1 873 379 436* |
| *5. Premieavvik* | | | *0* |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **70 960 153 017** | **67 200 702 541** |
| **F. Memoriakonti** | | **0** | **0** |
| I. Ubrukte lånemidlar | | 211 410 355 | 466 057 818 |
| II. Andre memoriakonti | | -13 041 890 | 22 858 110 |
| III. Motkonto for memoriakonti | | -198 368 465 | -488 915 929 |

## Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar etter § 5-9

| | Disposisjonar for driftsrekneskapen jf. § 4-1 til § 4-4 | Rekneskap 2025 |
|---|---|---|
| 1 | Netto driftsresultat | 981 445 853 |
| 2 | Avsetninger til bundne driftsfond | -1 344 453 732 |
| 3 | Bruk av bundne driftsfond | 1 161 881 139 |
| 4 | Overføring til investering i henhold til årsbudsjettet og fullmaklter | -656 592 937 |
| 5 | Avsetning til disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter | -280 270 889 |
| 6 | Bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter | 414 369 985 |

| | Disposisjonar for driftsrekneskapen jf. § 4-1 til § 4-4 | Rekneskap 2025 |
|---|---|---|
| 7 | Budsjettert dekning av tidlegare års meirforbruk | 0 |
| 8 | Årets budsjettavvik før strykningar | 276 379 420 |
| 9 | Stryknig av overføring til investering | 0 |
| 10 | Strykning av avsetninger til disposisjonsfond | 0 |
| 11 | Strykning av dekning av tidligere års merforbruk | 0 |
| 12 | Strykning av bruk av disposisjonsfond | -276 379 420 |
| 13 | Mer- eller mindreforbruk etter strykninger | 0 |
| 14 | Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets merforbruk etter strykninger | 0 |
| 15 | Bruk av disposisjonsfond for inndekning av tidligere års merforbruk | 0 |
| 16 | Bruk av mindreforbruk etter strykninger for dekning av tidligere års merforbruk | 0 |
| 17 | Avsetning av mindreforbruk etter strykninger til disposisjonsfond | 0 |
| 18 | Fremført til inndekning i senere år (merforbruk) | 0 |
| | **Sum** | - |

| | Disposisjoner for investeringsrekneskapen jf. § 4-1, § 4-5 og § 4-6 | Rekneskap 2025 |
|---|---|---|
| 1 | Sum utgifter og inntekter eksklusiv bruk av lån | -2 621 064 107 |
| 2 | Bruk av bundet investeringsfond | -909 601 |
| 3 | Bruk av bundet investeringsfond | 7 728 223 |
| 4 | Budsjettert bruk av lån | 2 161 641 000 |
| 5 | Overføring fra drift i henhold til årsbudsjettet og fullmakter | 656 592 937 |
| 6 | Avsetninger til ubundet investeringsfond i henhold til årsbudjsettet og fullmakter | 0 |
| 7 | Bruk av ubundet investeringsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter | |
| 8 | Dekning av tidligere års udekket beløp | 0 |
| 9 | Årets budsjettavvik (udekket eller udisponert beløp før strykninger) | 203 988 451 |

| | Disposisjoner for investeringsrekneskapen jf. § 4-1, § 4-5 og § 4-6 | Rekneskap 2025 |
|---|---|---|
| 10 | Strykning av avsetninger til ubundet investeringsfond | 0 |
| 11 | Strykning av bruk av lån | -203 988 451 |
| 12 | Strykning av overføring fra drift | 0 |
| 13 | Strykning av bruk av ubundet investeringsfond | |
| 14 | Udekket eller udisponert beløp etter strykninger | |
| 15 | Avsetning av udisponert beløp etter strykninger til ubundet investeringsfond | |
| 16 | Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp) | |
| | **Sum** | **0** |

## Note 1 - Endring i arbeidskapital

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, a)

| Balansen | 31.12.2025 | 01.01.2025 | Endring |
|---|---|---|---|
| Omløpsmidler | 7 040 793 180 | 6 464 516 344 | 576 276 836 |
| Kortsiktig gjeld | 3 672 345 077 | 3 159 455 072 | 512 890 006 |
| **Arbeidskapital** | **3 368 448 103** | **3 305 061 272** | **63 386 830** |

| Drifts- og investeringsregnskapet (bevilgningsoversikter) | 2025 |
|---|---|
| Netto driftsresultat | 981 445 853 |
| Netto utgifter/inntekter i investering | 663 411 559 |
| Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-) | -254 647 464 |
| Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet | 63 386 830 |
| **Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering** | **0,00** |

| Forklaring til differanse i endring arbeidskapital | |
|---|---|
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirket arbeidskapital, drift | |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirket arbeidskapital, investering | |
| Andre forklaringer | |
| **Sum forklaringer** | |

## Note 2 - Kapitalkonto

| Balansen | 31.12.2025 | 01.01.2025 | Endring |
|---|---|---|---|
| Anleggsmidler | 63 919 359 837 | 60 736 186 197 | 3 183 173 640 |
| Langsiktig gjeld | 25 969 987 699 | 24 915 651 368 | 1 054 336 330 |
| Endring ubrukte lånemidlar (økning +/reduksjon-) | 211 410 355 | 466 057 818 | -254 647 464 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler | | | |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld | | | |
| **Netto endring** | **38 160 782 494** | **36 286 592 647** | **1 874 189 847** |

| Kapitalkonto | | | |
|---|---|---|---|
| 01.01.2025 Balanse (underskot i kapital) | 0 | 01.01.2025 Balanse (kapital) | 36 286 592 645 |
| **Debetposteringar i året:** | | **Kreditposteringar i året:** | |
| Sal av fast eigedom og anlegg | 0 | Aktivering av fast eigedom og anlegg | 3 791 327 321 |
| Nedskrivingar fast eigedom | 249 559 257 | Oppskriving av fast eigedom | 0 |
| Avskriving av fast eigedom | 1 591 764 481 | Nedskr lån Bømlo fiskerihamn | 172 035 507 |
| Sal av utstyr, maskiner og transportmidlar | 0 | Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar | 298 187 461 |
| Nedskriving av utstyr, maskiner og transportmidlar | 1 097 000 | Oppskriving av utstyr, maskiner og transportmidlar | 0 |
| Avskrivingar av utstyr, maskiner og transportmidlar | 216 001 659 | Kjøp av aksjar og andelar | 104 656 000 |

| **Kapitalkonto** | | | |
|---|---|---|---|
| Sal av aksjar og andel | 2 374 000 | Oppskriving av aksjar og andelar | 717 750 |
| Nedskriving av aksjar og andelar | 6 107 500 | Utlån formidlings/startlån | 0 |
| Avdrag på formidlings/startlån | 0 | Utlån sosial lån | 0 |
| Avdrag på sosiale lån | 0 | Utlån eigne midlar | 9 818 133 |
| Avdrag på utlånte eigne midlar | 50 234 620 | Utlån næring | 18 000 000 |
| Avdrag på næringsutlån | 66 961 591 | Oppskriving utlån | 0 |
| Avskriving sosial utlån | 0 | Avdrag på eksterne lån | 946 000 000 |
| Avskriving andre utlån | 588 409 | Urealisert kursgevinst utanlandslån | 0 |
| Bruk av midlar frå eksterne lån | 1 957 652 549 | Ub Pensjonsmidlar (netto | 1 227 747 631 |
| Urealisert kurstap utanlandslån | 0 | Estimatavvik pensjonsmidlar | 0 |
| UB Pensjonsforplikting (netto) | 534 929 409 | Reversering nedskriving av fast eigedom | 0 |
| | | Aga netto pensjonsmidlar/forpliktelse | -17 029 481 |
| **31.12.2025 Balanse Kapitalkonto** | **38 160 782 491** | **31.12.2025 Balanse (underskot i kapital)** | **0** |
| Avstemming | 38 160 782 491 | | |
| Differanse | 0 | | |

## Note 3 - Vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-10, c)

| **Debet** | | | **Kredit** |
|---|---|---|---|
| IB 01.01.2025 | 185 510 | | |
| Endringar i 2025 | 0 | Endringar i 2025 | 0 |

| **Debet** | | | **Kredit** |
|---|---|---|---|
| | | UB 31.12.2025 | 185 510 |

| **Summen består av** | **(Tal i 1000)** | |
|---|---|---|
| Varelager | 40 573 | Gjort etter direktiv frå departementet |
| Renter | 50 782 | Gjort etter direktiv frå departementet |
| Momskompensasjon | -21 505 | Gjort etter direktiv frå departementet |
| Lærlingetilskot | 60 033 | |
| Feriepengar | 21 627 | |
| Oppgjer kortdatabase 2011 | 34000 | |
| **Sum** | **185 510** | |

| **Debet** | | | **Kredit** |
|---|---|---|---|
| IB 01.01.2025 | 81 007 | | |
| Endringar i 2025 | 0 | Endringar i 2025 | 0 |
| | | UB 31.12.2025 | 81 007 |

## Note 4 - Varige driftsmidlar

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-11, a)

| | **0 år** | **5 år** | **10 år** | **20 år** | **40 år** | **50 år** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Bokført verdi per 1.1.25** | **343 544 878** | **197 981 119** | **493 010 240** | **801 492 742** | **49 835 657 960** | **2 071 914 200** | **53 743 601 138** |
| Tilgang | 20 250 111 | 48 316 473 | 151 599 394 | 78 021 483 | 3 791 398 234 | -70 914 | 4 089 514 782 |
| Avgang | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avskrivingar | 0 | 65 733 344 | 82 733 591 | 67 534 724 | 1 530 554 658 | 61 209 824 | 1 807 766 140 |
| Nedskrivingar | 2 171 568 | 0 | 1 097 000 | 0 | 247 387 689 | 0 | 250 656 257 |
| Reverserte nedskr. | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | 0 år | 5 år | 10 år | 20 år | 40 år | 50 år | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Bokført verdi pr. 31.12.2025** | **361 623 421** | **180 564 248** | **560 779 043** | **811 979 501** | **51 849 113 847** | **2 010 633 463** | **55 774 693 522** |

Spesifikasjon av vesentlege finansielle leigeavtalar:

Spesifikasjon av nedskrivningar:

- VLFK har i 2025 nedskrive aktiverte salskostnader i samband med eigedomssal med kroner 2 171 568
- VLFK har i 2025 nedskrive aktiverte anleggskostnader fiskerihamner med kr 242 612 447
- VLFK har i 2025 nedskrive bygg Sotra vgs som er reve kr 4 775 242

Spesifikasjon av reverseringar:

Spesifikasjon av avgang:

## Note 5 - Aksjar og andelar

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-11, b)

| **Namn på selskap** | **Eigarpart i %** | **Bokført verdi 1.1.2025** | **Endring** | **Bokført verdi 31.12.2025** |
|---|---|---|---|---|
| AS Den Nationale Scene (17 a 1000) | 16,67 % | 17 000 | 0 | 17 000 |
| Carte Blanche AS (15 a 1000) | 15 % | 15 000 | 0 | 15 000 |
| Gløde Utvikling AS (1842 a 1) | 7,09 % | 100 000 | 0 | 100 000 |
| Opero Holding AS  (292 a 1000) | 16,64 % | 292 000 | 0 | 292 000 |
| Biblioteksentralen SA (30 a 300) | 0,78% | 9 000 | 0 | 9 000 |
| Beredt AS | 100 % | 100 000 | 0 | 100 000 |
| Kveik AS (650 a 1000) | 23,34 % | 651 015 | 0 | 651 015 |
| Valen kraftverk AS (10000 a 700) | 100 % | 7 000 000 | 0 | 7 000 000 |
| Sunnhordland Lufthavn AS (84 a 12500) | 21 % | 1 050 000 | 0 | 1 050 000 |
| Atheno AS  (100 a 1000) | 3,21 % | 100 000 | 0 | 100 000 |
| Gulen og Masfjorden Utvikling AS (6625 a 250) | 32,12 % | 1 656 250 | -1 656 250 | 0 |
| Vestnorsk Filmsenter AS (20 a 1700) | 25 % | 24 750 | 0 | 24 750 |

| Namn på selskap | Eigarpart i % | Bokført verdi 1.1.2025 | Endring | Bokført verdi 31.12.2025 |
|---|---|---|---|---|
| Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS ( 1 a 50 000) | 50 % | 50 000 | 0 | 50 000 |
| Bybanen AS (1550 a 1000) | 100 % | 1 550 000 | 0 | 1 550 000 |
| HFK Bussanlegg AS (100 a 1000) | 100 % | 100 000 | 0 | 100 000 |
| HFK Tomt Knarvik AS (197738 a 1) | 100 % | 12 300 000 | 0 | 12 300 000 |
| Sogn og Fjordane Holding AS (766980 a 1) | 20 % | 104 966 307 | 0 | 104 966 307 |
| Origod Fram AS (271789 a 1) | 23,90 % | 300 000 | 0 | 300 000 |
| Norsk Fjordhestsenter AS (a-aksjer 6 a 5000, b-aksjer 266 a 5000) | 33 % | 30 000 | 0 | 30 000 |
| Sogneprodukt AS (150 a 1000) | 20 % | 150 000 | 0 | 150 000 |
| Sognasmak AS (10 a 1000) | 6,67 % | 10 000 | 0 | 10 000 |
| Opplæringsfartøy AS (600 a 1000) | 76,50 % | 6 000 000 | -6 000 000 | 0 |
| Kunnskapsparken Vestland AS (2500 a 1000) | 38,17 % | 2 500 000 | 0 | 2 500 000 |
| Moster 2024 AS (1 a 100 000) | 50 % | 100 000 | -100 00 | 0 |
| Movia Holding AS (44415 a 1) | 12 % | 44 415 | 0 | 44 415 |
| Fremtidens hurigbåt AS (7500 a 1) | 100 % | 7 500 | -7 500 | 0 |
| Stavenger2Bergen AS | 6,76 % | 0 | 200 000 | 200 000 |
| Bob (23 andelar 200) | | 4 600 | 0 | 4 600 |
| Vestbo (4 andelar 200) | | 800 | 0 | 800 |
| OBOS (2 andelar 170) | | 340 | 0 | 340 |
| Hardanger AKS AS (117 a 1000) | 40,21 % | 3 105 000 | 0 | 3 105 000 |
| Det Vestnorske Teateret AS (240 a 250) | 60 % | 60 000 | 0 | 60 000 |
| Stend j.br.skulegard partsbrev | | 2 380 | 0 | 2 380 |
| Voss j.br.sk.gard luter Tine/Gilde | | 2 100 | 0 | 2 100 |
| E134 Haukelivegen AS (10 a 1000) | 2,17 % | 10 000 | 0 | 10 000 |
| Stend vgs., andel høgskolen på Jæren | | 5 000 | 0 | 5 000 |
| Hjeltnes gartn.sk., and.Hardangerfrukt | | 7 260 | 0 | 7 260 |

| Namn på selskap | Eigarpart i % | Bokført verdi 1.1.2025 | Endring | Bokført verdi 31.12.2025 |
|---|---|---|---|---|
| Fjord Norge AS (148 a 5000) | 17,80 % | 739 350 | 0 | 739 350 |
| Ferde AS (200 a 1000) | 33,33 % | 200 000 | 0 | 200 000 |
| Skyttel AS (1100 a 61) | 33,33 % | 1 051 622 | 0 | 1 051 622 |
| Njøs Frukt- og Bærsenter AS (10 a 10000) | 22,2 % | 100 000 | 0 | 100 000 |
| Framtidsfylket AS (17 a 1000) | 2,8 % | 17 000 | 0 | 17 000 |
| Sogn Og Fjordane Fondet AS (120 a 1000) | 39,6 % | 3 000 000 | 0 | 3 000 000 |
| Campus Førde Verftet AS (450 a 100) | 45 % | 45 000 | 0 | 45 000 |
| Kommunekraft AS (1 a 1000) | 0,31 % | 1 000 | 0 | 1 000 |
| Beredt inkludering AS (300 a 100) | 100% | 1 000 000 | 0 | 1 000 000 |
| Sentralbadet AS (5 a 5000) | 5 % | 25 000 | 0 | 25 000 |
| Bjørnafjorden utbygging AS | 100% | 0 | 91 456 000 | 91 456 000 |
| Innovasjon Norge (5,16) | 5,16 % | 1 010 526 | 0 | 1 010 526 |
| Fjord Invest Såkorn AS (19000 a 100) | 55,88 % | 20 288 450 | 0 | 20 288 450 |
| Tidligfasefond Vestland 1 AS | 30,19 % | 0 | 6 000 000 | 6 000 000 |
| Grieghallen IKS | 50 % | 500 000 | 0 | 500 000 |
| Bergen Vitensenter AS (18 a 1000) | 19 % | 18 000 | 0 | 18 000 |
| Teater Vestland AS (8 a 10000) | 80 % | 80 000 | 0 | 80 000 |
| TH Eigedom IKS | 50 % | 47 100 000 | 0 | 47 100 000 |
| Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (102 a 10000) | 33,33 % | 1 020 000 | 0 | 1 020 000 |
| Idrettsklynge Vest AS | 25 % | 7 500 | 0 | 7 500 |
| Tet Digital AS | 16,17 % | 0 | 7 000 000 | 7 000 000 |
| Sogn og Fj. Bustadbyggelag (106 and.) | | 6 000 | 0 | 6 000 |
| Leirungane BL (2 husvære) | | 280 200 | 0 | 280 200 |
| Bob Nordnesveien 131-131A Ibrl andel Nr6 | | 49 000 | 0 | 49 000 |
| AS Aasegården, obl.innskot | | 84 000 | 0 | 84 000 |
| **Sum** | | **218 943 365** | **96 892 250** | **315 835 615** |

Aksjekapitalen i Gulen og Masfjorden Utvikling a/s er seld for kr 2 374 000.

Avskrive aksjekapital i Opplæringsfartøy AS, Moster  AS og Fremtidens Hurtigbåt AS er kr 6 107 500.

Kjøp av aksjar

- kr 91 456 000 i selskapet Bjørnafjorden utbygging AS.
- kr 200 000 i selskapet Stavanger2Bergen AS.
- kr 7 000 000 i selskapet Tet Digital AS.
- kr 6 000 000 i Tidligfasefond Vestland 1 AS

## Note 6 - Utlån (finansielle anleggsmidlar)

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-11, c)

| Låntakar | Utlån pr. 31.12.2025 | Finansiert med eigne midlar | Finansiert med lån | Vesentleg tap | Mottekne avdrag 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| HFK Bussanlegg AS | 57 700 000 | | 57 700 000 | | 45 000 000 |
| Bybanen AS | 6 000 000 | | 6 000 000 | | 1 000 000 |
| Valen kraftverk AS | 7 500 000 | 23 750 000 | | | 16 250 000 |
| Sunnhordland Lufthamn AS | 600 000 | 600 000 | | | 300 000 |
| Bybanen AS 2024 | 28 000 000 | 28 000 000 | | | |
| Lån til Opplæringsfartøy AS | 0 | | | 588 000 | |
| Skanska AS - Ytre Steinsund bru | 43 003 892 | 43 003 892 | | | 33 664 740 |
| Bertelsen & Garpestad AS - Slettebrekka Hetlevik | 32 188 333 | 32 188 333 | | | 2 422 480 |
| Vassbakk & Stol AS | 7 345 000 | | | | |
| **Sum** | **134 575 000** | **36 100 000** | **98 475 000** | **588 000** | **110 312 000** |

VLFK har i 2025 lånt ut kr 18 000 000 til Bybanen AS 2024.

VLFK har i 2025 forskottert Vassbakk & Stol AS kr 7 345 000, vegprosjekt Fv 546 Storebøvegen Eidsbøen.

Selskapet Opplæringsfartøy AS er avvikla og rest lån er nedskrive.

## Note 7 - Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-11, d)

| Aktivaklasse | Anskaffelseskost | Markedsverdi 1.1. | Resultatført verdiendring | Markedsverdi 31.12 |
|---|---|---|---|---|
| Rentepapirer | 400 000 000 | | 12 508 664 | 412 508 664 |
| Aksjefond | | | | |
| Aksjer | | | | |
| Sertifikater | | | | |
| Obligasjoner | | | | |
| **Sum** | **400 000 000** | | **12 508 664** | **412 508 664** |

| Derivat | Markedsverdi 1.1 | Resultatført verdiendring | Markedsverdi 31.12 |
|---|---|---|---|
| Fra | | | |
| Kjøpt opsjon | | | |
| Solgt opsjon | | | |
| Osv. | | | |
| **Sum** | **0** | **0** | **0** |

## Note 8 - Sikring av finansielle eigendelar og forpliktingar

Budsjett og reknskapsforskrifta, § 5-11, e)

| Finansiell eigendel (sikring) | Sikringsinstrument | Formål med sikringa | Utløp sikring (år) |
|---|---|---|---|
| Aksjar | | | |
| Andelar | | | |
| Obligasjonar | | | |
| Utlån | | | |
| Sertifikat | | | |
| Gjeld | | | |
| Osv. | | | |

**Rentebyteavtaler**

Fylkeskommunen har for 2025 ingen rentebytteavtaler

Denne noten er ikkje aktuell for fylkeskommunen for 2025

## Note 9 - Lån

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-12, a)

| Eksterne lån | Bokført verdi 31.12 | Løpetid | Rentefot | Refinansiering* |
|---|---|---|---|---|
| Lånt til eigne investeringar | 18 060 300 090 | 3,6 år | 4,07 % | 4 183 000 000 |
| Lån til andre sine investeringar | | | | |
| Lån til innfriing av kausjonar | | | | |
| Lån til vidare utlån | 63 700 000 | 5,5 år | 4,85 % | |
| Finansielle leigeavtalar | | | | |

*Lån som forfell og må refinansierast i det året rekneskapen vert lagt fram.

## Note 10 - Avdrag på lån

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, b)

| Grunnlag for berekning av minimumsavdrag | Beløp |
|---|---|
| Berekna minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd | 600 624 000 |
| Korrigering for mottatte avdrag vidareutlån til avdrag andre lån | |
| Betalte avdrag | 900 000 000 |
| Differanse mellom berekna, korrigerte og betalte avdrag | -299 376 000 |
| **Grunnlag for berekning av minimumsavdrag** | |
| Bokført verdi avskrivbare anleggsmidlar 31.12 | 53 400 056 259 |
| Bokført verdi lånegjeld 31.12 | 17 539 030 512 |
| Avskrivningar | 1 807 766 140 |

$$Min.avdrag\ 2025 = Sum\ avskrivingar\ 2025 \times \frac{Sum\ lånegjeld\ 1.1}{Bokført\ verdi\ avskrivbare\ driftsmidlar\ 1.1}$$

$$Min.\ avdrag\ 2025 = 1\,807\,766\,140 \times \frac{17\,539\,030\,512}{53\,400\,056\,259} = 593\,753\,409$$

| | |
|---|---|
| Sum årets avskrivingar | 1 807 766 140 |
| Langsiktig gjeld per 1/1 i rekneskapsåret | 17 539 030 512 |
| Bokførte anleggsmidlar per 1/1 i rekneskapsåret (eks. ikkje avskrivbare eigendeler) | 53 400 056 259 |
| Ikkje avskrivbare anleggsmidlar per 1/1 | 343 544 877 |
| Berekna minimumsavdrag | 593 753 409 |
| Berekna avdrag ikkje avskrivbare anleggsmidlar ( 1/50-del) | 6 870 898 |
| Sum minimumsavdrag | 600 624 307 |

## Note 11 - Pensjon

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, c)

| Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik | Beløp |
|---|---|
| Årets pensjonsopptening, noverdi | 502 667 469 |
| Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse | 280 034 171 |
| - Forventa avkastning på pensjonsmidlane | 306 119 507 |
| Administrasjonskostnader | 23 300 574 |
| Netto pensjonskostnad (inkl. adm.) | 499 882 707 |
| Årets pensjonspremie | 630 847 171 |
| Årets premieavvik | -130 964 464 |
| **Amortiseringsperioder** | |
| Premieavvik over 15 år | 5 241 409 |
| Premieavvik over 10 år | 0 |
| Premieavvik over 7 år | 89 285 869 |

| Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik | Beløp |
|---|---|
| Sum amortisert premieavvik | 94 527 278 |
| **Årets samlede pensjonskostnad (summen av netto pensjonskostnad og amortiseringskostnader.)** | **594 409 985** |

| Premiefond | Beløp |
|---|---|
| Innestående på premiefond 01.01. | 349 123 915 |
| Tilført premiefondet i løpet av året | 234 776 724 |
| Bruk av premiefondet i løpet av året | 100 000 000 |
| Innestående på premiefond 31.12. | 483 900 639 |

| Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser | Beløp | Arbeidsgjevaravgift |
|---|---|---|
| Brutto påløpte pensjonsforpliktelser pr. 31.12. | 7 810 353 436 | |
| Pensjonsmidler pr. 31.12. | 7 694 254 962 | |
| Netto pensjonsforpliktelser pr. 31.12. | 116 098 474 | 35 634 172 |

| Beregningsforutsetninger | Storebrand | SPK | KLP |
|---|---|---|---|
| Forventet avkastning pensjonsmidler | 4,50 % | 4,00 % | 4,50 % |
| Diskonteringsrente | 4,00 % | 4,00 % | 4,00 % |
| Forventa årleg lønsvekst | 2,97 % | 2,97 % | 2,97 % |
| Forventet årlig G- og pensjonsregulering | 2,97 % | 2,97 % | 2,97 % |

## Note 12 - Garantiar gitt av fylkeskommunen

| Garantien er stilt for | Føremål | Type garanti | Vedteken garantiramme | Saldo 31.12 | Forventa låneopptak (utover saldo) | Tillegg for renter og omkostn. | Godkjenning | Utløp |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ferde AS | Bømlopakken | Sjøvskuldnar | 620 000 | 450 000 | 170 000 | 10 % | Godkjent | 2039 |
| Ferde AS | Kvammapakken | Sjøvskuldnar | 370 000 | 30 000 | 0 | 10 % | Godkjent | 2030 |
| Ferde AS | Hardangerbrua | Sjøvskuldnar | 1 430 000 | 500 000 | 0 | 10 % | Godkjent | 2029 |

| Garantien er stilt for | Føremål | Type garanti | Vedteken garantiramme | Saldo 31.12 | Forventa låneopptak (utover saldo) | Tillegg for renter og omkostn. | Godkjenning | Utløp |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ferde AS | Nordhordlandspakken | Sjøvskuldnar | 750 000 | 350 000 | 400 000 | 10 % | Godkjent | 2032 |
| Ferde AS | Bypakke Bergen | Sjøvskuldnar | 6 100 000 | 4 500 000 | 0 | 10 % | Godkjent | 2037 |
| Ferde AS | E39 Svegatjørn-Rådal | Sjøvskuldnar | 3 175 000 | 2 851 585 | 0 | 10 % | Godkjent | 2038 |
| Ferde AS | Askøypakken | Sjøvskuldnar | 575 000 | 50 000 | 375 000 | 10 % | Godkjent | 2035 |
| Ferde AS | Førdepakken | Sjøvskuldnar | 600 000 | 0 | 600 000 | | Godkjent | 2033 |
| Ferde AS | Sotrasambandet | Sjøvskuldnar | 2 700 000 | 0 | 2 700 000 | 10 % | Godkjent | 2040 |
| Ferde AS | Kvinnheradpakken | Sjøvskuldnar | 170 000 | 170 000 | 0 | 10 % | Godkjent | 2040 |
| Ferde AS | Røldal-Seljestad | Sjøvskuldnar | 622 000 | 0 | 622 000 | 10 % | Godkjent | ca 2050 |
| Ferde AS | E16 Arna - Stanghelle | Sjøvskuldnar | 8 910 000 | 0 | 8 910 000 | 10 % | | ca 2055 |
| Det Vestnorske Teateret | Bygning | Sjøvskuldnar | 70 000 | 57 396 | 0 | 10 % | Godkjent | 2042 |
| KODE Kunstmuseer og Komponisthjem | Magasin, el-ferje | Simpel | 50 000 | 46 583 | 0 | 10 % | Godkjent | 2050 |
| KODE Kunstmuseer og Komponisthjem | Rasmus Meyers Alle 3, klimatiltak, magasin | sjølvskuldnar | 33 000 | 0 | 33 000 | 10 % | | ca 2065 |

| Garantien er stilt for | Føremål | Type garanti | Vedteken garantiramme | Saldo 31.12 | Forventa låneopptak (utover saldo) | Tillegg for renter og omkostn. | Godkjenning | Utløp |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum garantier/lån ved kausjon** | | | **26 175 000** | **7 970 557** | **13 810 000** | | | |

## Note 13 - Vesentlege bundne fond

Budsjett- og rekneskapsforskrifta, § 5-13, a)

| Bundne driftsfond | Bokført verdi 1.1 | Avsetning | Bruk | Bokført verdi 31.12 |
|---|---|---|---|---|
| INV - Eksterne midlar drift | - | -10 000 000 | - | -10 000 000 |
| INV, Skjønnstilskot KDD "Jakob" 2024 *) | -67 000 000 | - | - | -67 000 000 |
| KII - Den kulturelle skulesekken | -39 667 675 | -45 739 767 | 39 667 675 | -45 739 767 |
| KII - HFK Idrettsprosjekt | -10 083 868 | -2 533 926 | 376 954 | -12 240 840 |
| KII - SFFK Bunde drifts- vedlikehaldsfond kunstmuset | -20 380 093 | -1 710 947 | - | -22 091 040 |
| KII - SFFK Spelemidlar - kulturbygg | -8 140 001 | -10 009 623 | - | -18 149 624 |
| KII - Spelemidlar Vestland | -69 893 934 | -13 561 004 | 1 | -83 454 937 |
| MOK - Bedre kollektivtilbud | -49 281 533 | -131 200 000 | 90 413 740 | -90 067 793 |
| MOK - Belønningsmidler til byvekstavtaler (Skyss+komm) | -31 178 424 | -441 800 000 | 424 015 000 | -48 963 424 |
| MOK - TT | -23 857 528 | -61 574 279 | 45 235 000 | -40 196 807 |
| NPI - Breiband VLFK | -36 337 467 | -54 689 612 | 11 851 725 | -79 175 354 |
| NPI - HFK 160302 HNH-statlege overføringar | -10 691 703 | -54 571 | - | -10 746 274 |
| NPI - HFK 160305 Næringsretta utviklingstiltak | -6 556 081 | -7 606 569 | - | -14 162 650 |

| Bundne driftsfond | Bokført verdi 1.1 | Avsetning | Bruk | Bokført verdi 31.12 |
|---|---|---|---|---|
| NPI - Landbruk | -14 289 463 | -10 481 670 | 1 856 924 | -22 914 209 |
| NPI - SFFK Vassforvaltning | -17 323 125 | -1 694 842 | 3 031 706 | -15 986 261 |
| NPI - Statlege midlar - programkategori 13.5 | -14 873 470 | -19 364 801 | 3 797 216 | -30 441 055 |
| OPK - Fellesprosjekt skular | -359 970 060 | -336 570 443 | 376 154 577 | -320 385 926 |
| OPK - Landslinjene for anlegg (koordinator) | - | -39 936 367 | - | -39 936 367 |
| OPK - Skular - eksterne midlar | -78 883 368 | -109 411 630 | 85 220 333 | -103 074 665 |
| OPK - Undervisningsfond Måløy vgs (tidl. SFFK Mareko) | -32 701 929 | -7 075 757 | - | -39 777 686 |

| Bundne investeringsfond | Bokført verdi 1.1 | Avsetning | Bruk | Bokført verdi 31.12 |
|---|---|---|---|---|
| Belønningsmidlar til investering **) | -15 507 000 | - | - | -15 507 000 |
| INV - Rassikringsmidlar ***) | -169 368 509 | - | - | -169 368 509 |
| INV - Overskytande bompenger Halsnøysambandet | -14 024 626 | - | 13 585 | -14 011 041 |
| INV - Utbetring av fv 5158 | -63 245 459 | - | 3 878 010 | -59 367 449 |

Oversyn viser bundne fond med saldo over 10 millionar kroner pr 31.12.2025

Årsak til at det ikkje har vore brukt av fondet i rekneskapsåret:

*) Tilskot skal nyttast til finanisering av to bruer, ligg inne i økonomiplanperioden

**) Statlege midlar i samsvar med byverksavtalen mellom staten, fylkeskommunen og kommunar i bergensområdet.

Deler av summen skal vidareførast til finansiering av tiltak i kommunane avtalen omfattar.

***)  Skal nyttast til finanisering av nye prosjekt når dei kjem i gang

## Note 14 - Sjølvkost

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-13, b)

Ikkje aktuell for Vestland fylkeskommune

## Note 15 - Sal av aksjar

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-13, c)

| Sal av aksjar klassifisert som finansielle anleggsmidlar | Del ført i driftsrekneskapen (opptente resultat) | Del ført i investeringsrekneskapen (utdeling av innskutts kapital mv.) |
|---|---|---|
| Gulen og Masfjorden Utvikling AS | | 2 374 000 |
| **Sum** | | **2 374 000** |

## Note 16 - Ytingar til leiande personar

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-13, d)

| | Fast løn | Fast godtgjersle | Bonus | Anna godtgjersle |
|---|---|---|---|---|
| Fylkesdirektør | 2 280 756 | - | - | - |
| Fylkesordførar | - | 1 440 381 | - | - |
| Fylkesvaraordførar | - | 1 140 302 | - | - |

## Note 17 - Revisjon

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-13, e)

| | Godtgjersle |
|---|---|
| Rekneskapsrevisjon | 1 451 278 |
| Forvaltningsrevisjon | 1 965 491 |
| Eigarskapskontroll | 484 720 |
| Rådgjeving | 27 832 |
| **Sum** | **3 929 321** |

Alle tal er utan mva

## Note 18 - Forskottering av fylkesvegar

Budsjett- og rekneskapsforskrifta §5-15 1. ledd første punktum

**Forskottering fylkesvegar pr. 31.12.2025**

| Forskottert av | Fv | Nytt fv nr | Prosjekt | Vedtekne forskot pr 31.12.22 | Innbetalt (utført) 31.12.22 | Rest å rekv./utføre | Gjeld pr. 31.12.25 | Forpliktelse 31.12.25 | Rest å rekv./utføre |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Block Watne AS* | 212 | 5246 | Follese skole, trafikksikring | 15 000 | - | 15 000 | 15 000 | 15 000 | 15 000 |
| Askøy kommune* | 212 | 5246 | Hetlevik | 15 000 | - | 15 000 | 15 000 | 15 000 | 15 000 |
| Wimoh AS, v/Frank Mohn AS ** | 563 | 578 | Rundkøyring Florvåg | 1 500 | 1 500 | - | 1 500 | 1 500 | - |
| Voss kommune* | 310 | 5392 | Bordalsvegen | 7 750 | - | 7 750 | | 7 750 | 7 750 |
| **Sum** | | | | **39 250** | **1 500** | **37 750** | **1 500** | **39 750** | |

Alle beløp er i 1000 kr

*) Det er inngått avtalar om forskottering, men tiltaka er ikkje bygd

**) Attståande forskottering til utbetaling

## Note 19 - Resultatoppstilling for maritime og offshorerelaterte sikringskurs

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-14

Tryggleikssenteret ved Måløy vidaregåande skule har spesielle forhold knytt til inntening. Sjøfolk må fornye tryggleikskompetansen fortløpande.

Det er eigne kurs for matros- og fiskarfaget, og eigne for styrmann, maskinist og skippar.

Utanom grunnkurs er det konvensjonskrav som medfører at ulike tryggleikskurs må fornyast kvart 5. år. Krav om tryggleikskurs vedkjem og havbruk.

| | Tal | Prosentfordeling | Kurs |
|---|---:|---:|---:|
| Eksterne deltakarar | 524 | 74,22 % | |
| Elevar Måløy vgs | 149 | 21,10 % | |
| Studentar Fagskulen | 33 | 4,67 % | |
| **Sum** | **706** | **100 %** | **125** |

| **Måløy vgs. tryggleiksopplæring** | **Rekneskap 2025** | **Rekneskap 2024** |
|---|---:|---:|
| Lønsutgifter | 2 838 592 | 2 708 890 |
| Driftsutgifter | 4 144 450 | 4 961 698 |
| Investeringskostnad | 1 613 463 | 359 000 |
| Sal og refusjonar | -9 268 047 | -9 179 802 |
| **Sum** | **-671 542** | **-1 150 214** |

## Note 20 - Tannhelsetenesta

Budsjett- og rekneskapsforskrift, §15-15 1.ledd andre punktum Forskrift om krav til å føre atskilte regnskaper mv. av 19.12.2014, § 5, jf. budsjett- og regnskapsforskriften

| | Tannhelse total | Prioritert gruppe | Betalande pasientar |
|---|---:|---:|---:|
| Driftsutgifter | 583 220 838 | 558 321 602 | 24 899 236 |
| Driftsinntekter | -80 140 242 | -58 757 937 | -21 382 305 |
| Finansutgifter | 20 496 431 | 19 143 667 | 1 352 764 |
| **Resultat** | 523 577 027 | 518 707 332 | **4 869 695** |

Rekneskapen for 2025 syner eit underskot for betalande pasientar (Gruppe V) på 4,8 mill kr. Tala syner dei samla rekneskapsførte inntektene og kostnadane på tannklinikkane.

# Vedlegg

## Energi og klima

I 2024 vart det slept ut 6,2 millionar tonn CO2-ekvivalentar i Vestland, opp 1 prosent frå året før. Det største direkte utsleppet av klimagass i Vestland kjem frå industri, olje og gass. Utslepp frå denne sektoren utgjer over halvparten av dei direkte klimagassutsleppa i regionen, etterfølgt av sjøfart og vegtrafikk (kjelde: Miljødirektoratet, figur 1).

Utvikling i utsleppa over tid viser at vegtrafikk, avfall og avløp og energiforsyning er dei sektorane som har hatt mest nedgang samla sett. Sidan 2020 fall utslepp frå energiforsyning med 79 prosent, då kraftvarmeverket på Mongstad stoppa. Avfall og avløp har redusert utsleppa med 14 prosent, og vegtrafikk gjekk ned med 10 prosent frå 2020 til 2024. Klimagassutslepp frå sjøfart og luftfart har derimot auka i fireårsperioden.

For industri, olje og gass er det stor nedgang i utslepp per produserte eining innanfor metallproduksjon, men auka produksjon gjer at nedgangen samla sett ikkje er like stor. Dashbord Grøn region Vestland viser status og utviklingstrekk for fleire tema knytt til grøn omstilling i industrien i Vestland.




Klimaomstilling heng ofte saman med auka bruk av fornybar energi i transport, industri, bygg og anlegg eller tenesteyting. I Vestland vart det produsert 36 431 GWh i 2024, delt på produksjon av vasskraft, vind-, sol- og varme (figur 2). Det blir eksportert om lag 14 TWh med fornybar energi frå anlegg i Vestland per år.




Figur 3 viser korleis energibruken i Vestland deler seg på forbrukargrupper.




## Klimarekneskap for fylkeskommunen som verksemd

Klimarekneskapen hjelper verksemda med å få oversyn over kor vi har dei største kjeldene til klimagassutslepp og til å vurdere behov for ytterlegare tiltak for å redusere desse. Utsleppet er estimert av Asplan Viak med utgangspunkt i KOSTRA-rekneskapen, og supplert med fysiske data frå verksemda

når det gjeld forbruk av fossile drivstoff og energibruk i verksemda og for direkte utslepp frå kollektivtrafikken.

## Direkte og indirekte utslepp

Klimarekneskapen viser både direkte og indirekte utslepp frå verksemda. Dei direkte utsleppa (scope 1) kjem frå forbruk av fossil energi i eigne køyretøy og maskinar og til oppvarming av bygg. Indirekte utslepp kjem frå energiforbruket (scope 2) og frå anskaffingar (scope 3), der utsleppa hovudsakleg oppstår i leverandørkjeda.

Direkte utslepp skal til null, medan indirekte utslepp skal reduserast så mykje som råd. For fylkeskommunen som verksemd betyr klimamåla til Vestland (jf. regional plan for klima) at dei direkte utsleppa i scope 1 skal til null, medan vi vil minmere dei indirekte utsleppa (scope 2 og 3) mest mogleg. Fylkeskommunen skal framleis levere gode tenester til innbyggjarane i Vestland, og all aktivitet kjem med eit miljøavtrykk. Målet er berekraftige og miljøvenlege løysingar og aktivitet, der kombinasjonen av teknologiomstilling, lågare forbruk, delingskultur og sirkulære løysingar bidreg til eit berekraftig lågutsleppssamfunn.

## Klimafotavtrykk frå verksemda

Det totale klimagassutsleppet frå verksemda er estimert til 263 645 tonn CO2e i 2025, ned 1 prosent frå året før. Dei største utsleppa frå fylkeskommunal verksemd i 2025:

- Kollektivttenesta både på land, sjø og bane, som saman utgjer om lag 56 prosent av det totale utsleppet.
- Fylkesvegar som står for 24 prosent av utsleppa. Bygg og infrastruktur dominerer, med nokre små bidrag frå energiforbruk og kjøp av andre tenester.
- Vidaregåande opplæring som står for 15 prosent av dei totale utsleppa. Den største posten er bygg og infrastruktur, etterfølgt av forbruksmateriell og utstyr. Energibruk, reise og transport i eigne køyretøy har også bidrege.




Klimafotavtrykket viser nedgang sidan 2020. Det kjem i hovudsak frå reduserte utslepp i kollektivtransporten. Det er usikkerheit knytt til samanlikning av klimafotavtrykk over tid. På sikt er det trong for å innhente klimarekneskap på prosjektnivå og frå underleverandørar på driftsavtaler, for meir nøyaktige vurderingar. Det er likevel grunnlag for å seie at klimatiltak i verksemda i perioden 2020–2025, særleg innan elektrifisering av ferjer og buss, har hatt god effekt og bidrege til stor nedgang i utsleppa.

## Nøkkeltal for direkte utslepp

Direkte utslepp frå den fylkeskommunale verksemda er knytt til fossile brensler til eigen køyretøyflåte og opplæringsfartøy, i tillegg til oppvarming av bygg. Estimert til 1 471 tCO2e i 2025 (Asplan Viak).

| Tonn CO2e | |
|---|---|
| Diesel | 1362 |
| Bensin | 33 |
| Biodiesel | 0 |
| Fyringsolje | 6 |

| Tonn CO2e | |
|---|---|
| Gass | 71 |
| **Total** | **1 471** |

- **Direkte klimagassutslepp frå mobil energibruk i fylkeskommunen gjekk ned med 3 prosent i 2025**. Utsleppet for diesel og bensinforbruk i 2025 er estimert til 1395 tonn CO2-ekvivalentar, mot 1439 tonn CO2-ekvivalentar i 2024. Einingar i verksemda som disponerer tenestebilar, arbeidsmaskinar og opplæringsfartøy (båtar) rapporterer sjølv om forbruk. Totaltalet inkluderer 16,2 tonn CO2-ekvivalentar som leigebilselskapa rapporterte for fylkeskommunen i 2025, ned 36 prosent frå 25,2 tCO2 i 2024.
- **Elbildelen i fylkeskommunen går opp**: Fylkeskommunen disponerte 538 køyretøy i 2025 (jf. figur 6). No er 62 prosent av dei eigde eller leasa personbilane elektriske, opp frå 48 prosent ved utgangen av 2024. Delen elektriske varebilar gjekk opp frå 17 prosent i 2024 til 26 prosent i 2025. Det er innanfor leasede personbilar vi ser den største omstillinga til nullutsleppskøyretøy.
- Elbilandelen for bruk av leigebil varierer mellom 3 prosent (gjennom Berg Hansen reisebyrå) og 76 prosent (gjennom HYRE). I gjennomsnittet utgjer elbilar 55 prosent av talet på bilar vi leiger.
- Bruk av gass til oppvarming resulterte i utslepp på 71 tonn CO2-ekvivalentar, i 2025. Direkte klimagassutslepp frå stasjonær energibruk i fylkeskommunen kjem frå oppvarming i vidaregåande skule.




## Nøkkeltal for indirekte utslepp frå energi

Indirekte utslepp knytt til innkjøpt energi er estimert til 10 591 tCO2e i 2025 med lokasjonsbasert metode og nordisk elektrisitetsmiks (Asplan Viak). Med marknadsbasert metode for å rekne ut klimafotavtrykk, blir klimagassutslepp frå scope 2 redusert til 945 tonn CO2e. Det skuldast at det er kjøpt opphavsgaranti for el-forbruket i 2025 (jf. GHG-protokollen).

| Tonn CO2e | |
|---|---|
| Straum (lokasjonsbasert) | 9646 |
| Fjernvarme og bio | 945 |
| Straum (markedsbasert - kjøp av opprinnelsesgaranti) | 0 |

Vestland fylkeskommune kjøper energi frå ulike leverandørar. Eigenprodusert fornybar energi (sol og termisk) og energieffektivisering kan erstatte innkjøpt energi og medverkar slik til å få ned utsleppet frå innkjøpt energi, dersom forbruksmønster og teknisk standard elles er uendra.

Minst like viktig er at Vestland fylkeskommune bygger nybygg med høge krav til energiyting. Passivhus, der maksimalt energibehov er vesentleg betre enn lovkrav og energireduserande tiltak ved rehabilitering, er standard i prosjekta til fylkeskommunen. Det bidrar også til at energiytinga til bygningsmassen betrar seg over tid.

Tabellen under syner ei oversikt over energi (kWh) fordelt på ulike kjelder, som er brukt i på vidaregåande skular, fylkesadministrasjonen og tannklinikkar.

| | Elektrisitet | LPG | Fjernvarme | Bio-olje | Biomasse | Fjernkjøling | Solenergi |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skular | 41 262 676 | 308 150 | 12 139 248 | 19 000 | 2 170 099 | 412 533 | 1 011 365 |
| Adm. bygg | 1 871 222 | | 933 151 | | | 246 404 | 129 978 |
| Tannklinikkar | 533 288 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum** | **43 667 186** | **308 150** | **13 072 398** | **19 000** | **2 170 099** | **658 937** | **1 141 342** |

- **For bygga til vidaregåande skular i Vestland har energieffektiviteten betra seg dei siste ti åra og var i 2025 på 117,5 kWh/m².** Energieffektiviteten er rekna som graddagskorrigert tilført energi (elektrisitet, fjernvarme, bio-olje, gass og flis) pr kvm oppvarma areal.



- **Innkjøpt elektrisitet i 2025 var om lag som året før,** og enda på 99 798 405kWh. Ishavskraft er leverandør av elektrisitet.
  Fylkesvegnettet brukte 51,68 GWh i 2025, som tilsvarer 52 prosent av den innkjøpte elektrisiteten. Forbruket omfattar mellom anna drift av tunnelar, veglys, skredvarslingsanlegg, ferjekaier, toalett og venterom. Når oppgraderinga er ferdig, er det forventa at elektrisitetsforbruket til veglys vil bli redusert med om lag 9 GWh.
- Innkjøpt fjernvarme blir nytta i 14 vidaregåande skular, tre av dei har varmeleveranse frå flisfyring.
- **Fylkeskommunen får meir energi ut enn innkjøpt mengde elektrisitet skulle tilseie**. Det blir mogleg ved at innkjøpt elektrisitet også blir brukt til å drive varmepumper som hentar endå meir energi frå vatn, luft eller grunn, til dømes frå geobrønnar. Eit døme er Firda vidaregåande skule, som henta 373 604 kWh med geotermisk energi frå geobrønnane sine i 2025. Til dette ble det brukt 182 601 kWh innkjøpt elektrisitet.

| Dømer energiløysingar | Vidaregåande skular og fylkesbygg |
|---|---|
| Geobrønnar (vatn-vatn varmepumper) | Sogndal avd. Kaupanger (ViteMeir), Stord, Firda, Flora, Måløy, Dale, Fusa og Førde avd. Mo. |
| Løysingar med vatn til vatn-varmepumpe | Askøy, Bergen katedralskule, Eid, Leikanger fylkeshus og Kabuso. |
| Luft til vatn-varmepumpe | Austevoll, Kvam, Kvinnherad, Odda, Osterøy vidaregåande skular, Os gymnas, Sogn jord- og hagebruksskule og Haukås bussanlegg |

- **Eigenprodusert solenergi til fylkeskommunale bygg dobla frå 2024 til 2025:** I 2025 er det produsert 1,186 GWh elektrisitet frå solcelleanlegga, som er monterte på elleve vidaregåande skular, fylkeshuset på Leikanger og Vestlandshuset i Bergen, meir enn ei dobling sidan 2024
- Nye solcelleanlegg vart sette i drift på Førde vgs. (avdeling Mo jordbruksskole), Kvam, Olsvikåsen, Sandsli og Stord vidaregåande skular i 2025, i tillegg til på fylkeshuset på Leikanger. Det er estimert at alle dei 13 solcelle-anlegga som no er i drift, til saman produserte 1 185 661 kWh i 2025. Om lag 900 000 kWh vart nytta av fylkeskommunen sjølv, medan overskotet vart seld i marknaden.




## Nøkkeltal for indirekte utslepp knytt til innkjøpte varer og tenester (scope 3)

Desse utsleppa er estimerte til 251 565 tCO2e i 2025 og står for den største delen (95 prosent) av klimagassutsleppa frå fylkeskommunen. Dette er knytt til tenesteinnkjøp av kollektivtransport, drift- og vedlikehaldskontraktar på fylkesvegane, utbygging av ny veginfrastruktur, fylkesbygg og bybane. I tillegg kjem forbruk og innkjøp av varer og utstyr som til dømes IT-utstyr, mat og drikke og møblar. Her oppstår klimagassutsleppa både frå produksjon av varene vi kjøper inn, transport under leveranse og bruk i driftsfasen.

| Scope 3 - tonn CO2e estimert frå KOSTRA-rekneskapen | tonn CO2e |
|---|---:|
| Varekjøp (ink. IT-utstyr, møblar, mat og andre forbruksvarer) | 18 018 |
| Bygg | 52 873 |
| Transport og reise (tenestereiser) | 5 981 |
| Tenestekjøp (inkl. kollektivtenester) | 174 692 |
| **Sum** | **251 565** |

**Kollektivtrafikk - energi og klimagassutslepp**

Vegtransporten står for ein stor del av klimagassutsleppa. Kollektivtrafikk har ei nøkkelrolle i å avgrense utslepp ved å tilby befolkninga eit alternativ til privatbil, og høgare reisetal er dermed i seg sjølv eit viktig bidrag til klimaresultata.

Den fylkeskommunale kollektivtransporten i Vestland hadde eit samla direkte klimagassutslepp på om lag 100 000 tonn CO2-ekvivalentar i 2025. Utsleppet gjekk tilbake med kring 1 prosent frå året før.

I utviklingsplanen for Vestland heiter det at Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Ein stor del av klimagassutsleppa i Vestland har kome og kjem frå energibruk i transportsektoren. Å gå over til nullutsleppsdrift i kollektivtransporten og mobilitetssystemet elles er difor eit naudsynt bidrag for å nå både regionale og nasjonale klimamål. I 2019 var CO2-utsleppet frå fylkeskommunal kollektivtransport på 157 000 tonn. Dei siste åra har dette gått markant nedover.




| Klimagassutslepp etter transportmiddel som køyrer for Skyss (tonn CO2) | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Endring 24–25** |
| **Buss** | 43 600 | 27 900 | 18 000 | 21 100 | 35 800 | 35 400 | 32 700 | -8 % |
| **Båt** | 46 300 | 44 100 | 44 700 | 47 400 | 47 100 | 43 700 | 45 500 | 4 % |
| **Ferje** | 67 000 | 49 600 | 33 100 | 23 300 | 18 500 | 19 600 | 19 400 | -1 % |
| **Bybanen** | 200 | 200 | 200 | 200 | 1 400 | 200 | 200 | 0 % |

| Klimagassutslepp etter transportmiddel som køyrer for Skyss (tonn CO2) | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Totalsum** | **156 900** | **121 600** | **95 800** | **91 800** | **101 400** | **98 700** | **97 600** | -1 % |

## Ferje

Ferjekontraktane for sambanda i Hordaland, som blei starta opp i perioden 2018–2020, førte til ein reduksjon på heile 86 prosent i klimagassutsleppa frå ferjene mellom 2016 og 2022. Etter anbodskonkurranse vart det i desember 2024 tildelt nye ferjekontraktar for sju samband med oppstart i november 2027. Desse kontraktane inneber eit krav om å redusere klimagassutsleppa med minst 65 prosent i høve dagens drift på sambanda. Når desse ferjene kjem i drift, vil dei bidra til å redusere dei resterande utsleppa frå ferjene i Vestland med om lag 40 prosent (jf. figur 9).




## Buss

Ved hjelp av elektrifisering, biogass og omsettingskravet har vi kutta klimagassutsleppet frå buss i Vestland med om lag 30 prosent frå 2018 til 2024. Variasjonen i utslepp i denne perioden heng saman med endringar i bruk av biodrivstoff. Det vart innført biodrivstoff i konvensjonelle dieselbussar i fleire kontraktar frå 2019, men tiltaket vart seinare reversert etter tilråding frå Miljødirektoratet. Direktoratet har vurdert at 100 prosent biodrivstoff ikkje førte til utsleppskutt utover omsetningskravet. I tråd med tilrådingane stiller fylkeskommunen derfor ikkje lenger krav om 100 prosent biodrivstoff.

I juni 2025 vart det starta opp nye busskontraktar i Hardanger/Voss, Nordfjord og Modalen/Vaksdal. Her har vi teke i bruk elektriske bussar, som bidreg til utsleppskutt. Utover dette er det stilt krav om minst 60 prosent utsleppskutt i busskontraktane for Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland, og om lag 40 prosent utsleppskutt i busskontrakten for Nordhordland. Til saman forventar vi med desse tiltaka at dei resterande utsleppa frå bussane i heile fylke vil gå ned med 25 prosent samanlikna med 2024 (jf. figur 10).

Straum til elektriske bussar vert kjøpt inn med opphavsgarantiar som gjev svært låge utslepp i høve energiforbruket.




## Bybane

Bybanen er særskilt effektiv. Dei to linjene står for meir enn kvar fjerde reise med buss og bane, medan klimagassutsleppet frå drifta utgjer ein svært liten del av klimagassutsleppet til kollektivtransporten i Vestland.

Endringar i klimagassutslepp for bybanen dei siste åra heng saman med at det ikkje var kjøpt opphavsgaranti i 2023 for køyrestraumen. Sjå Bybanen AS sin eigen berekraftsrapport for fleire detaljar.

## Båt

Klimagassutsleppet frå båt er framleis stabilt høgt. Den første driftskontrakten med nye hybridelektriske fartøy starta opp i mai 2024. Etableringa av ladeinfrastruktur vart forsinka, og kontrakten har vore prega av lågare el-grad enn forventa. Klimagassutsleppa frå drifta av dei hybridelektriske båtane har likefullt gått ned. I 2025 starta også drifta i kontrakten for Askøyruta og Nordhordlandsruta. Her har dei heil- og delelektriske fartøya vorte forsinka frå verft. Utsleppsauken i 2025 skuldast andre svingingar i dieselbruk.

Med dei nye elektriske båtane vi no tek i bruk, reknar vi  med utsleppskutt på 10 prosent samanlikna med 2025.




## Samla prognose for kollektiv

Skyss har som målsetting å basere alle transportmidlar på nullutsleppsteknologi. Ved utgangen av 2024 er det vedteke å lyse ut konkurransar og inngå kontraktar som samla sett vil kutte det resterande klimagassutsleppet med over 20 000 tonn eller 22 prosent i åra framover:

| Utslettskutt frå komande kontraktar | Tonn CO2 |
|---|---|
| Båtrutene til Askøy og Nordhordland, med oppstart frå januar 2025 | 2 700 |
| Busskontraktar Hardanger/Voss, Modalen/Vaksdal og Nordfjord frå juni 2025 (gjenståande heilårseffekt 2026) | 2 300 |
| Busskontrakter Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland frå juni 2026 | 4 200 |
| Ferjekontraktar Sogn og Fjordane, Hisarøy og Osterøy frå november 2027 | 7 800 |
| Busskontrakt Nordhordland frå august 2027 | 1 400 |

Dei resterande klimagassutsleppa er i stor grad knytte til lange båtruter og busskontraktane i bergensområdet. Dette er kontraktar som skal fornyast innan 2032.




Utsleppsfaktoren for straum representerer gjennomsnittleg kraftmiks i det nordiske eller europeiske kraftnettet, som inneheld både fornybare og ikkje-fornybare kjelder. Fornybar straum har opphavsgaranti, som sikrar at tilsvarande volum kjem frå fornybare kjelder som vasskraft, vindkraft eller solkraft. Det gir ein lågare utsleppsfaktor samanlikna med den generelle kraftmiksen.

Følgjande utsleppsfaktorar er lagt til grunn for berekninga:

| | MJ | kWh | kg CO2eq/kWh (inkl CH4 og N2O) |
|---|---|---|---|
| MGO (tonn) | 42 700 | 11 861 | 0,267 |
| Biodiesel (tonn) | 44 100 | 12 250 | 0,142 |
| Autodiesel (liter) | 36,2 | 10,1 | 0,267 |
| Berekraftsertifisert biodrivstoff (liter) | 32,31 | 8,98 | 0,107 |
| Avansert biodrivstoff (liter) | 34,3 | 9,53 | 0,053 |
| Naturgass (sm3) | 35,42 | 9,84 | 0,233 |
| Biogass (sm3) | 35,42 | 9,84 | 0,020 |
| Straum (kWh) | 3,6 | 1 | 0,075 |
| Straum (kWh – bybanen) | 3,6 | 1 | 0,047 |
| Fornybar straum (kWh) | 3,6 | 1 | 0,011 |

## Eigedom og Utbygging

Avdeling for eigedom og utbygging har i 2025 arbeidd for å etablere ei meir heilskapleg tilnærming til berekraftarbeid både for bygg og bybane. For byggporteføljen er det etablert porteføljemål for klimafotavtrykk, utsleppsfri byggjeplass og oppdaterte krav til energiyting og ombruk i prosjekt. Bybanen utbygging har validert berekraftstrategien opp mot gjeldande utviklingsplan for å sikre at arbeidet stettar dei overordna måla for Vestland.

Alle nye utbyggingsprosjekt har prosjektspesifikke klimakrav tilpassa prosjekta sin storleik, geografi og klimapåverknad. Gjennomgåande er det søkjelys på å skape bygg med lågt energiforbruk og berekraftig energiforsyning ved bruk av bergvarme og solceller. Dei største prosjekta har òg nytta BREEAM-sertifisering for å sikre ei brei berekraftsprofil. I 2025 hadde avdelinga tre slike prosjekt pågåande:

- **Stord vgs** .vart ferdigstilt og opna i 2025. Tabell 4 viser klima- og miljøkrav som vart stilte i prosjektet. Krava vart innfridde, og bygget oppnådde nivået BREEAM Excellent. Av konkrete miljøtiltak kan vi nemne 41 prosent reduksjon av klimagassutslepp frå nye materialar, krav til avfallsmengder, sorteringsgrad og utsleppsfrie maskinar.

| **Klima- og miljøkrav i byggeprosjekt for Stord vgs.** | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **BREEAM-krav** | | **Avfallsmengde (kg/m2)** | | **Sorteringsgrad (%)** | | **Reduksjon av utslepp frå nye materialar %** | | **Utsleppsfrie maskinar (av total energibruk)** | |
| *Krav* | *Status* | *Krav* | *Resultat* | *Krav* | *Resultat* | *Krav* | *Resultat* | *Krav* | *Resultat* |
| Excellent >70% versjon 2016 | **Ferdig**: 82,3% | < 25 | 19,4 | 90 | 95,1 | 40 % | 41 % | 10 % | 14 % |

- **Kvam vgs**. er ferdigstilt, og ligg an til å oppnå krav til BREEAM Excellent og klimagassreduksjon, avfall og utsleppsfrie maskinar.
- **Langhaugen vgs**. vil vere i full produksjon ut 2026 med krav til BREEAM Excellent og klimagassreduksjon, avfall og utsleppsfrie maskinar.

**Bybanen utbygging** sine fysiske aktivitetar var i 2025 avgrensa til grunnundersøkingar for byggjetrinn 5 og riving av nokre få innløyste hus. Innanfor planlegging og prosjektering er mellom anna det innført eit system for klimastyrt prosjektering og førebuande arbeider for å leggje til rette for utsleppsfrie anleggsplassar i byggjetrinn 5.

## Fylkesvegar – utbygging, drift og vedlikehald

Avdeling for infrastruktur og veg (INV) har eit klart mål om å forvalte, drifte, vedlikehalde og utvikle eit trygt, tilgjengeleg og framtidsretta fylkesvegnett som bidreg til berekraftig samfunnsutvikling (jf Berekraftstrategi INV).

Avdelinga har bidrege til ei meir berekraftig utvikling gjennom styrkt bruk av klima- og miljøkrav i anskaffingar, satsing på sirkulære løysingar og deltaking i nasjonale og regionale innovasjons- og utviklingsnettverk. Det er mellom anna stilt krav til klimagassbudsjett og -rekneskap i prosjekt, arbeidd

med BREEAM infrastructure-sertifisering og kartlagt moglegheiter for elektrifisering av drift og utbygging.

Klimafotavtrykket til utbyggingsprosjekt er hovudsakleg påverka av materialbruk (indirekte utslepp) og forbrenning av drivstoff (direkte utslepp) under anleggsfasen. Dei direkte klimagassutsleppa står vanlegvis for ein mindre del av det totale klimafotavtrykket til eit anleggsprosjekt på grunn av dei høge utsleppa knytt til byggematerialar, som til dømes betong, stål og asfalt. I reine driftskontraktar vil til dømes utslepp frå køyretøy nesten alltid vere den primære kjelda til klima og miljøbelasting.

Rapporteringsverktøyet til avdeling for infrastruktur og veg blir stadig betre. Tabellen viser klimagassutslepp frå bruk av drivstoff i utbyggingsprosjekt, driftskontraktar og vedlikehald og elektro. Det er rapportert frå mange fleire prosjekt i 2025 enn i 2024, og vi kan difor ikkje samanlikne med tal frå fjoråret.

| 2025 | Tonn Co2-e | Kommentar |
|---|---:|---|
| Utbygging | 5 267 | Det er registrert klimagassutslepp frå 27 utbyggingsprosjekt |
| Drift | 1 213 | Statistikk frå sju driftskontraktar. Av tekniske årsaker manglar utslepp for fire av dei totalt elleve driftskontraktane på fylkesvegnettet |
| Vedlikehald og elektro | 1 456 | Statistikk for drivstoffbruk i vedlikehald- og elektrokontraktar. |
| **Sum** | **7 936** | |

**Asfalt:** Klimagassutsleppa frå dekkeleggingskontraktar, det vil seie utskifting av asfalt, var i 2025 på totalt 1 736 tonn $CO_2$-ekvivalentar. Det omfattar utslepp frå fjerning av gamal asfalt og legging av ny asfalt, inkludert utslepp knytte til materialproduksjon, transport og utlegging, i tillegg til riving, transport og avfallsbehandling av gammal asfalt.

**Masseutskifting:** I 2025 vart 13,1 km med veg masseutskifta ved bruk av knusefres. Denne metoden reduserer klimagassutsleppa med 80–95 prosent samanlikna med konvensjonell masseutskifting.

**Avfall:** I 2025 var den totale avfallsmengda for infrastruktur og veg si drift og utbyggingsprosjekt 12 796 tonn. Sorteringsgraden i 2025 var 56 prosent.

### Forretningsreiser

Det vart floge 4 610 395 km for Vestland fylkeskommune i 2025. Reiser i Noreg utgjer ein aukande del, medan reiser i Norden og Europa minkar både i absolutte tal og relativ del av reisene. Statistikken inkluderer reiser for politikarar, tilsette og elevar.

- Klimagassutslepp frå flyreisene er rekna ut av reisebyrået med Travel Impact Metodikk. Tala frå 2024 er justerte til å kunne samanliknast med 2025. Den absolutte utsleppsauken er størst for innlands flyreiser, som står for 62 prosent av utsleppa, men utgjer 73 prosent av talet på reiser.

| Flyreiser i tonn CO2 | 2024 | 2025 |
|---|---|---|
| Europa | 162,6 | 172,5 |
| Innland | 321 | 415,7 |
| Interkontinental | 12,3 | 30,1 |
| Norden | 57,8 | 50,6 |
| | **553,7** | **668,9** |

- 10 829 hotellovernattingar i 2025 er av reisebyrået estimert til 32,49 tonn CO2-utslepp.
- 177 tenestereiser med tog i 2025 er rapportert å ha medført utslepp av 1,58 tonn CO2.

### Transporttenester i leveransar til fylkeskommunen

Klimagassutslepp som skuldast bruk av fossile drivstoff for å transportere innkjøp fram til fylkeskommunen blir forsøkt minimert gjennom kontraktane.

Renovasjonsarbeidet som fylkeskommunen kjøper inn til lokasjonane sine, førte totalt til utslepp av 64,9 tCO2 frå transporten. Renovasjonsselskapet BIR brukar rutegåande elektrisk komprimatorbil i Bergen og medverkar slik til å redusere klimagassutsleppa.

Klimagassutslepp frå leveransar knytt til anskaffing av IKT-utstyr, matvarer med meir medførte utslepp av 40,6 tonn CO2-ekvivalentar. Auken på 14,5 prosent sidan 2024 skuldast at fleire leverandørar no leverer tal for klimagassutslepp transportdelen av leveransen.

### Avfall generert i drift

Klimafotavtrykk frå avfallet Vestland fylkeskommune har levert i 2025 er 664 tonn CO2-ekvivalentar. 2025 er første året renovasjonsselskapa opplyser om kva klimagassutslepp som er knytt til avfallsfraksjonane dei har henta frå lokasjonane til fylkeskommunen.

## Ressursbruk og sirkularitet

Å redusere ressursbruken og bidra til ein meir sirkulær økonomi, kan redusere klimagassutsleppa og press på naturen og skape meir berekraftige forretningsmodellar. Staten har fastsett eit nasjonalt samfunnsoppdrag for sirkulær økonomi, som legg  politiske føringar for meir ombruk, deling og ressursutnytting i heile samfunnet. Vestland fylkeskommune deltek aktivt og har vore ein pådrivar i dette arbeidet gjennom Grøn region Vestland (jf. PS 2025/49826-1). Krav om sirkularitet, der ressursar blir tatt vare på gjennom reparasjon, gjenbruk og materialgjenvinning, kjem også med i fleire og fleire anskaffingar i regi av fylkeskommunen.

## Resirkulering og gjenbruk av IT-utstyr i verksemda

Fylkeskommunen har avtale om resirkulering og gjenbruk av IT-utstyr. Avtalepartnaren vår har ansvar for sikker sletting av data og for å handtere avfall. Foxway set saman produkt for å gjere dei fungerande igjen før eit vidare sal. Overskotet av salet går tilbake til Vestland fylkeskommune.

I løpet av 2025 vart det spart 355 tonn CO2-ekvivalentar gjennom denne ordninga. 1573 einingar vart leverte til Foxway for gjenbruk og 2372 einingar vart resirkulerte etter innlevering til Foxway frå fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune kjøper ikkje sjølv ombrukt utstyr pga. IKT-sikkerheit. Fylkeskommunen er avhengig av at utstyret kan sikkerheitsoppdaterast, og at det inneheld komponentar som støtter aktuelle sikkerheitsmekanismar. Som hovudregel blir utstyr ikkje brukt utover garantitid. Unntak er der det er politisk bestemt at pc-ane til tilsette skal skiftast ut kvart femte år. Men oppstår det skade eller at pc-en sluttar å fungere av andre årsaker mellom garantitid utløp og tid for utskifting, vil det bli erstatta med eit nytt produkt.

## Sirkulære møblar

Ny rammeavtale for møbelinnkjøp vart signert i juni 2025. Avtalen gir høve til å kjøpe brukte møblar og tenester knytte til reparasjon og redesign av møblar. Innkjøpsseksjonen har utarbeidd ein rutine som ligg i kvalitetsportalen, med tittelen Framgangsmåte for å dekkja behov for møblar.

I byggjeprosjekt blir effektkalkulatoren til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) nytta for å berekna $CO_2$-utslepp knytt til møblar. Kvart prosjekt får ein eigen rapport. Kalkulatoren har berre eit avgrensa utval møblar som kan leggjast inn, noko som betyr at det faktiske $CO_2$-tal ikkje er heilt presist. Likevel gir kalkulatoren ein god indikasjon på korleis vi ligg an i arbeidet med gjenbruk.

Dei første tala gjeld Kvam vidaregåande skule og Stord vidaregåande skule (avdeling Vabakkjen):

- **Stord vidaregåande skule:** Ved bruk av effektkalkulatoren DFØ har for anskaffing av møblar viser utrekningane at ein har spart om lag 3 268 kg $CO_2$ ved å gjenbruka møblar på Vabakkjen. Det er ikkje kjøpt inn brukte møblar i dette prosjektet, men vi har fått ein del nesten nye kontormøblar gratis frå privat sektor.
- **Kvam vidaregåande skule:** Prosjektet viser at vi til slutt har spart om lag 4 063 kg $CO_2$ ved å gjenbruke møblar ved Kvam vidaregåande skule. Også her er det ikkje kjøpt inn brukte møblar. I likskap med prosjektet på Stord har vi fått nesten nye kontormøblar gratis frå privat sektor.

## Avfall frå verksemda

Avfall frå Vestland fylkeskommune var på1774 tonn i 2025. Det er ein auke på 1,9 prosent sidan 2024. Endring i bruk av vidaregåande skular og aktivitetar på landbruk og fiskeri gir variasjon i tala mellom åra.

- Kjeldesorteringsgraden steig til 53 prosent i 2025, opp frå 48 prosent i 2024.
- Det vart sortert ut 325,8 tonn matavfall i 2025, ein auke på 7 prosent frå 2024. Noko av forklaringa er at registreringa av dette avfallet har blitt betre. Men framleis blir ikkje alt matavfallet registrert.

- 16,4 tonn plast vart registrert av renovasjonsselskapa frå Vestland fylkeskommune i 2025. Det er omtrent som snittet dei siste seks åra, men svingar frå år til år. Noko usikkerheit kan kome av rutinar, men blanda landbruksplast og folieplast er framleis dei største voluma.

### Miljøsertifiserte leverandørar

- Innkjøp frå leverandørar som har eit sertifisert miljøleiingsystem (målt i kroner) utgjorde 86,5 prosent av totalen for fylkeskommunen i 2025 (avgrensa til innkjøp over 2 millionar kroner).
- 59 prosent av desse leverandørane av varer og tenester  hadde eit sertifisert miljøleiingssystem i 2025.

## Klimarisiko

Det er i 2025 starta eit arbeid med å utarbeide klimarisikoanalyse for Vestland. Ved å identifisere ulike typar klimarisiko, kan regional planlegging og samfunnsutvikling redusere sårbarheita og styrka omstillingsevna. I førebels utgreiing er klimarisikoen i Vestland tett knytt til konkrete næringar – petroleum, metallindustri, havbruk, jordbruk og transport. Risikoen oppstår i samverknaden mellom fysisk klimabelastning, politisk styrt omstilling og internasjonale marknadsendringar.

Norsk Klimaservicesenter har laga klimaprofilar avgrensa til klimafarar i kvart fylke. Klimaendringane vil for Vestland særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleikar, jordskred og flaumskrei og havnivåstiging og stormflod.

- Transport og energi peiker seg ut som gjennomgåande risikofaktorar for heile fylket. Vegtrafikk og sjøfart må gjennom teknologisk omstilling til nye drivstoff og nullutsleppsløysingar, samstundes som Vestland har store avstandar, høg bilavhengigheit og infrastruktur i flaum- og skredutsette område. Tilgang på fornybar kraft og nettkapasitet er kritisk føresetnad for fleire  område i Vestland.
- Petroleumsnæringa står for svært høg verdiskaping og mange arbeidsplassar, men møter omfattande overgangsrisiko gjennom strengare klimakrav, høgare $CO_2$-prisar, redusert etterspurnad etter fossil energi og usikkerheit knytt til teknologi som karbonfangst og -lagring.
- Metallindustrien og annan kraftkrevjande industri er utsett for auka kvoteprisar, høgare energikostnader og krav om nullutslepp, samstundes som delar av denne industrien – som aluminium, ferrolegeringar og andre materialar til fornybar teknologi – kan få auka etterspurnad i lågutsleppssamfunnet.
- Matsystemet i Vestland – som omfattar jordbruk, havbruk, næringsmiddelindustri og transport – er eit tydeleg døme på korleis fleire risikotypar verkar saman. Sårbarheita ligg i koplinga mellom produksjon, foredling, transport og internasjonal handel.

Vestland fylkeskommune er i startfasen med å vurdere klimarisiko for eiga verksemd og dotterforetak. Auka fare for flaum og ras blir vurdert både i høve til fylkesvegar og annan aktivitet. Arbeidet med klimarisikoanalyse både på regionalt og verksemdsnivå vil utviklast vidare i 2026.

Eigarskapsemeldinga del I slår fast: "*Der kunnskapsgrunnlaget om framtidsutsiktene er usikre, vil førevar-prinsippet tilsei ei forsiktig tilnærming i samband med utviding av eksisterande-, eller etablering*

*av ny verksemd som kan ha innverknad på klima og/eller naturmangfald, jf. m.a. slik dette prinsippet kjem til uttrykk i naturmangfaldslova. (s. 6)."*

## Natur og areal

Arealendringar er den største trusselen mot naturen i Vestland. Dei fører til store klimagassutslepp og fjernar økosystemtenester som det vestlandske samfunnet er avhengig av. Vi forsterkar naturrisikoen i Vestland når vi bygger ned eller forringar natur vi treng og samtidig bidrar arealendringane til klimagassutslepp. Dette er ein nasjonal tendens, og Noreg er det landet i Europa som bygger ned mest natur per innbyggar[1].

Areal er etterspurt i samfunnsutviklinga spesielt tilknytt omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Vi må difor forvalte areala i Vestland klokt og effektivt med omsyn til natur og klima. I Vestland har vi mål om at klima og naturmangfald er premiss for samfunnsutviklinga. Dette er særleg forankra i strategi 9 og 4 i Utviklingsplanen. Følgjande avsnitt viser særlege innsatsar fylkeskommunen gjer for å følgje opp strategiane, med ynskje om å redusere vår negative påverknad på natur og medverke til at andre gjer det same.

### Naturen i Vestland – Verd å ta vare på

Vestland fylke har ein verdifull og variert natur. Vi har flest vegetasjonsgeografiske regionar av alle fylka i Norge, og fylket åleine har fleire slike enn nokon av dei andre nordiske landa.

Vi forvaltar natur med nasjonal og internasjonal verdi, slik som vassdrag, nordleg regnskog, gamle kulturlandskap med styvingstre, leveområda for den siste villreinstammen i Europa og vestnorske fjordlandskap med verdsarvstatus. Vi har store nasjonalparkar, men vi har verna berre 4% av landareala som ligg under 1000 meter[2]. Det er her det store naturmangfaldet finst. Vi husar 1155 unike raudlista artar i Vestland, som er ein fjerdedel av alle raudlista artar som finst i Noreg[3].

Stort sett alle hovudøkosystema i Vestland har blitt forringa sidan 1990. Det viser Miljødirektoratet sin Naturindeks som visar utvikling og tilstand for det biologiske mangfaldet basert på ein rekke indikatorar. I perioden 1990-2020 har alle hovudøkosystema på land blitt forringa i Vestland (inkludert Rogaland og Vestland), mens indeksar for ferskvatn og kystvatn har vore meir stabile[4].

Økosystema i Vestland har ein dårlegare tilstand samanlikna med resten av Noreg. Dette gjeld særleg for fjell, våtmark og opent lågland og er per 2024, sjå figur 1. Arealbruk og inngrep er det som har hatt størst negativ påverknad for Naturindekset i alle økosystema på land dei siste tjuve årene. I tillegg er framande artar og klimaendringar store truslar for økosystema i låglandet og på fjellet.




## Areala i Vestland - Arealrekneskap for planlegging og forvalting

Vi får oversikt over areala gjennom arealrekneskap. Arealrekneskap syner korleis areala er fordelt i ulike typar og korleis vi planlegg å forvalte dei til utbygging og samferdsel. Dette gir og oversikt over planstatus, naturtypar og karbonlagring. Arealrekneskap er forankra i nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, og er òg ein del av handlingsprogrammet i regional plan for klima.

Vi har utarbeidd eit eige arealrekneskap for fylket. Den inneheld ei kartløysing og statistikkrapport som viser arealdisponeringa i Vestland, sjå tabell 1. Det viser storleiken av arealtypane, kva arealtype dei er og kva vi planlegg å bygge ut, kalla planreserven. Planreserven er naturareal som risikerer å bli bygd ut gjennom planar i kommunane. Planreserven er inkludert i den totale arealfordeling til Vestland vist i kolonne to «Totalt areal 2025».

Vestland har planreservar på i alt 236 385 daa – tilsvarande arealet til Osterøy kommune. Planreserven er på tvers av alle kommunar. Den omfattar m.a. areal sett av til bustader, fritidsbustader, tenesteyting, idrettsanlegg og næring. Bygger ein ut planreservar vil fordelinga mellom arealtypane endre seg som vist i kolonne fire «Endring i totalt areal ved realisering av planreserve». Blir alle planreservar bygd ut, vil bebygd areal i Vestland fylke auke med 64%.

Det er mest planreservar i skog, open fastmark og myr. Blir alle planreservane i desse areala bygd ut, vil dei minke med høvesvis 1,4% , 0,3% og 2,1 %. Bygger vi ut alle planreservar som ligg i dyrka mark vil arealet (daa) med fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite minke med høvesvis 1,8%, 2,3% og 2,1%.

| Arealtype | Totalt areal 2025 (dekar) | Planreserve (dekar) | Endring i areal | Samla $CO_2e$ (tonn) |
|---|---|---|---|---|
| Bebygd | 356 207 | - | 64 % | 0 |
| Samferdsel | 201 057 | - | 3,9 % | 0 |
| Fulldyrka jord | 483 260 | 8 593 | -1,8 % | 490 493 |
| Overflatedyrka jord | 122 565 | 2 813 | -2,3 % | 128 973 |
| Innmarksbeite | 421 086 | 8 690 | -2,1 % | 397 125 |
| Skog | 9 067 931 | 123 872 | -1,4 % | 9 613 273 |
| Open fastmark | 19 314 143 | 65 125 | -0,3 % | 0 |
| Myr | 772 395 | 15 957 | -2,1 % | 4 668 237 |
| Snøisbre | 1 137 846 | 4 862 | -0,4 % | 0 |
| Ferskvatn | 1 983 149 | 209 | 0 % | 0 |
| Hav | 9 143 592 | 5879 | -0,1 % | 0 |
| **Totalt innanfor 1 nautisk mil** | **43 003 231** | **236 385** | | **15 298 101** |

Tabell 1: Arealrekneskap for Vestland fylke etter det fylkeskommunale arealrekneskapet (SSB, AR5/AR50). «Planreserve» viser planreservar som ligg i dei ulike arealtypane og er inkludert i det totale areal. Kolonna “endring i areal” viser endring i arealfordelinga ved realisering av planreservar. Siste kolonne “samla $CO_2e$” omfattar klimakonsekvens ved utbygging: utslepp av CO2 ved arealendring pluss tapt karbonlager.

I arealrekneskapet kan ein sjå formål for planreservane som er planlagt. For Vestland fylke er dei største planreservane er reservert til følgjande arealformål:

1. bustadar: 8498 fotballbanar (60 763 daa),
2. fritidsbustadar: 7947 fotballbanar (56 822 daa),
3. idrettsanlegg: 7072 fotballbanar (50 568 daa) og
4. næringsverksemd: 4692 fotballbanar (33 549 daa).

## Arealforvalting påverkar klimagassutslepp

Bygger vi ut alle planreservar i Vestland vil det sleppe ut over 15,3 millionar tonn CO2e over 75 år[5]**.** Alle areal med jordsmonn og vegetasjon lagrar karbon i eit naturleg karbonlager. Når vi bygger ut areal vil karbonet gradvis forsvinne frå jordsmonn samt bli avgit frå død ved og øydelagt vegetasjon over tid.

Når vi bygger ut natur mistar vi karbonlageret no og for framtida. Arealendringar gir både utslepp ved nedbygginga og reduserer karbonlagringa i naturen og det framtidige opptak og karbonlager. Når vi vurderer klimaeffekten av arealendringar er difor både tap av eit framtidig karbonlager pluss det løypande karbonutslepp frå nedbygd natur talt med. Siste kolonne i tabell 1 viser klimakonsekvensen

over 75 år om planreserven i Vestland blir 100% bygd ut. Det inkluderer kunn arealbruken og ikkje sjølve tiltaket (materiale, byggemaskiner, mv.).

Vi har dei største planreservane i skog og myr, å bygge ut desse vil føre til dei største karbonutsleppa. Den siste kolonna i tabell 1 viser at realisering av planreservane i skog og myr vil ha dei største karbonutslepp inklusiv tapte karbonlagre, høvesvis 9,6 millionar og 4,7 millionar tonn CO2e over 75 år. Det er her dei største planreservane i Vestland ligg, saman med open fastmark. Blir mange av desse realisert vil størstedelen av karbonlagerane i Vestland forsvinne og store mengder klimagassar bli sluppen ut.

Vestland sitt karbonopptak i naturen minkar. Karbonopptaket i Vestland sine areal er i dag på 1,82 millionar tonn CO2e årleg[6]. Det har minka med 770 000 tonn over ei 10-åreg periode som vi viste i årsmeldinga i fjor. Dette er en nasjonal tendens[7], og som figur 2 viser har karbonopptaket i den norske naturen gått ned sidan 2010.




## Arealrekneskap er óg eit verktøy for kommunane

Kommunane er rådd til å ta i bruk arealrekneskap i kommuneplanarbeidet av Kommunal- og distriktsdepartementet**.** Gjennom prosjektet Arealrekneskap for utsleppsreduksjon, finansiert med Klimasats-midlar, publiserte vi i 2025 ein rettleiar om arealrekneskap retta mot kommunane i Vestland. Prosjektet var i samarbeid med kommunane Voss, Sunnfjord, Aurland og Vik, og gir ein samanliknbar metodikk som fleire kommunar kan bruke.

Verktøya for arealrekneskap blir vidareutvikla gjennom prosjektet NYVEST. I 2025 vert det oppdatert med nye løysingar, blant anna ei utvida kartløysing med meir naturinformasjon og filter på ulike planar, planformål og bustadinformasjon. Det har óg blitt utvikla ei kartløysing som samanliknar vedtatt og ny føreslått kommuneplan. I løpet av 2025 nytta 16 kommunar seg av dette tilbodet ved rulleringsarbeid. Analysane visualiserer og talfester endringar mellom planane, og aukar merksemd på reduksjon av overflødige planreservar.

Det blir jobba for å samordne arealrekneskap på tvers av fylkeskommunane. Dette er blant anna gjennom deltaking i fagutval for ReGIS og i Naturgruppa under fylkesplansjefskollegiet, med mål om felles metodikk, betre samanliknbarheit og sterkare fagleg koordinering nasjonalt.

Planreservane i kommunane syner og eit behov for areal til utbygging til dømes til bustad. Ei løysing for å ta vare på natur og samstundast innfri behov for utbygging er å nytte grå areal. I 2025 har Vestland fylkeskommune starta prosjektet «Grå areal: Transformasjon og restaurering» saman med Akershus, Agder og Østfold fylkeskommune. Prosjektet skal utarbeide ein metode for å kartfeste transformasjonspotensialet av grå areal, og gi ein rettleier for kommunar for å auke bruk av grå areal.

## Arealbruken til fylkeskommunen som verksemd

Som verksemd eig Vestland fylkeskommune areal som svarar til over 20.000 fotballbanar (143 505 dekar). Dette er veg med tilhøyrande areal rundt, skular og andre bygg med tilhøyrande areal rundt. Tabell 2 viser areal fylkeskommunen eig ifølgje eigedomsregisteret (2025), og korleis arealet er fordelt på ulike arealtypar (AR5). Dette tala har auka med 1209 dekar sidan i fjor, som skuldast både endring i metoden og innkjøp av nye areal.

Fylkeskommunen har flest planreservar i open fastmark, skog og dyrka mark. I alt har fylkeskommunen planreservar på 236 fotballbanar (1688 dekar), sjå kolonne tre. Blir dei bygd ut vil arealtypane auke eller minke med prosenttalet vist i kolonne fire. Det er fylkeskommunen som eig planreservane, men andre aktørar kan ha interesser i planreserven på eigedomane våre. Når vi eig areala har vi større moglegheit til å påverke framtida for desse planreservane.

| Arealtype | Totalt areal 2025 (dekar) | Planreserve (dekar) | Endring i areal | Samla $CO_2e$ (tonn) |
|---|---:|---:|---:|---:|
| Bebygd | 2 421 | 2 | 59,6 % | 0 |
| Samferdsel | 47 052 | 2 | 0,5 % | 0 |
| Fulldyrka jord | 3 616 | 108 | -3,0 % | 5 657 |
| Overflatedyrka jord | 717 | 12 | -1,6 % | 533 |
| Innmarksbeite | 2 356 | 29 | -1,2 % | 1 325 |
| Skog | 25 274 | 618 | -2,5 % | 48 332 |
| Open fastmark | 56 974 | 876 | -1,5 % | 0 |
| Myr | 1 979 | 37 | -1,8 % | 10 652 |
| Ferskvatn | 4 105 | 2 | -0,1 % | 0 |
| Hav | 219 | 2 | -1,0% | 0 |
| **Totalt innanfor 1 nautisk mil** | **144 714** | **1 688** | | **66 498** |

Tabell 2: Arealrekneskap for fylkeskommunen. Kolonnen «Planreserve» viser planreservar som ligg i dei arealtypane fylkeskommunen eigar (per 2025) og er inkludert i dagens arealfordeling (totalt areal 2025).

Av tabellen ser ein at viss vi i fylkeskommunen bygger ut alle våre planreservar vil arealtypen bebygd vokse med 59,6%. Samferdsel vil kunn vokse med 0,5%. Denne forskjellen har fleire grunnar som er forklart i vedlegg 1.

## Infrastruktur og veg – naturkonsekvensar og artsrike vegkantar

**I 2025 presenterte vi for andre gong naturkonsekvensar til nokon av fylkeskommunen sine prosjekt i økonomiplanen.** Dette er etter at fylkestinget i 2023 vedtok at «*I kommande økonomiplanar skal fylkesdirektøren synleggjere naturkonsekvensane av fylkeskommunen sine budsjettvedtak.”.* I 2025 vart synleggjeringa *definert som* tre utvalde prosjekt frå investeringsbudsjettet til infrastruktur og veg: Heilevang (rassikring/tunnel), Austrepollen til Nordrepollen (rassikring) og Atløysambandet (ferjeavløysing).

Ni prosjekt hos Infrastruktur og veg frå to økonomiplanperiodar brukar samla 540 fotballbanar (3864 dekar). I fjor blei naturkonsekvensane til seks prosjekt i investeringsbudsjettet vurdert. Dei er vist i denne kartløysinga. Tabell 3 summerer funna over naturkonsekvensar for prosjekta i året og fjoråret sine investeringsbudsjett. Den viser korleis arealbruken til prosjekta er fordelt mellom allereie utbygd areal (grå areal), natur og dyrka mark. Det er ulike tal og type prosjekt og ikkje direkte samanliknbart. Likevel gir det eit innblikk i VLFK sin arealbruk og påverknad på natur.

Sjølv om berre tre prosjekt er vurdert i investeringsbudsjettet 2026-2030 blir sju gonger så mykje raudlista natur bygd ned. Tabell 3 viser òg at dei seks prosjekta vurdert i fjor nytta meir enn tre gonger så mykje grå areal samanlikna med dei tre prosjekta vurdert i økonomiplanen 2025. Sjå vedlegg 1 om raudlista artar som blir påverka.

| Investeringsbudsjettet til infrastruktur og veg | 2025-2029 6 prosjekt* | 2026-2030 3 prosjekt** |
|---|---|---|
| Del grå areal | 27 % | 8 % |
| Arealbruk i natur | 1 877 (262) | 1194 (167) |
| Raudlista natur | 59 (8) | 404 (56) |
| Utvalde naturtypar | 12 (2) | 237 (33) |
| Skog (utan fv. 5202) | 801 (112) | 265 (37) |
| Myr (utan fv. 5202) | 23 (3) | 31 (4) |
| Dyrka mark (utan fv. 5202) | 240 (34) | 147 (21) |
| **Sama arealbruk, daa** | **2 573 (360)** | **1 291 (180)** |

Tabell 3: Dekar natur og dyrka mark som ligg innan reguleringsplan og som vil bli påverka gjennom prosjekt vedtatt i investeringsbudsjettet til INV for høvesvis 2025-2029 og 2026-2030. Alle tal i parentes visar areal i fotballbanar. Samla arealbruk er basert på Nasjonalt grunnkart for arealanalyse (NIBIO, SSB, Kartverket og Miljødirektoratet).

**Seks prosjekt: fv. 541 Hestaneset - Sakseid – Ekornsæter, fv. 548 Skånevig – Nesvågen - Flesjo, fv. 565 Alversund bru, fv. 609 Heilevang, fv. 5310 Fosse - Moldekleiv, fv. 5402 Bavallsvegen. **Tre prosjekt: Atløysambandet, Fv. 609 Heilevang, Fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen.*

Arbeidet med naturkonsekvensar for budsjettvedtak er framleis under utvikling. Fleire planer i Infrastruktur og veg skal bli vurdert i framtida. Erfaringar til no viser at naturkonsekvensar bør bli synleggjort tidlegare i planprosessane for å ta vare på viktige naturverdiar og inngå i avgjerdsgrunnlaget før politiske prioriteringar.

Ikkje alle kartlagde naturverdiar blir gjort tilgjengeleg i riktige databasar, og det krev mykje arbeid å få tak i dei. Dette har vi erfart gjennom kartlegginga vår, i tillegg til at naturverdiar først vart kartlagt etter planvedtak. Dette svekker det nasjonale kunnskapsgrunnlaget om natur og kontrollinstansane sitt høve for å kontrollere naturomsyn i planprosessen. Det oppfyller heller ikkje forventingane i naturmangfaldlova § 8 om eit rimeleg kunnskapsgrunnlag.

Infrastruktur og veg har kartlagt 1300 km artsrike vegkantar i 2025. Her vart det kartlagt 1300 km med vegkant i område for Nordhordland driftskontrakt. Kartlegginga skjedde etter NiN-metodikk og 17 område kvalifiserte til naturtypen eng-aktig sterkt endra fastmark (artsrik vegkant). Desse varierte i storleik frå 122-1300 km2. Mykje av kartlegginga skjer frå bil der ein går ut og sjekkar område som ser ut til å oppfylle krava og skal ikkje bli rekna som ei komplett artskartlegging. På same område vart det gjort over 300 registreringar av fem typar framande artar, m.a. parkslirekne, hagelupin og gyvel. Områda vert lagt inn i Nasjonal vegdatabase (NVDB) saman med skjøtselsråd som driftskontrakta skal følgje.

Infrastruktur og veg har starta arbeid med handtering av framande artar. Ein tiltaksplan utarbeida av konsulent skal bli retta spesielt mot massehandtering i INV sine utbyggingsprosjekt og lage klare føringar for handtering av framande artar i ulike fasar av prosjekta (plan – prosjektering – utbygging). Til dømes tiltak som tidleg kantslått for artar som spreier seg med frø, varmt vann på massar og plantevernmidlar.

## Eigedom og utbygging - naturkonsekvensar

Økonomiplanen presenterte òg ei oversikt over dei større nybygg eller rehabiliteringar med påbygg planlagt i perioden 2026-2029. Denne visar at Eigedom og utbygging primært nytter allereie utbygde areal (grå areal), byggjeklare tomter eller tomter som er tilrettelagde gjennom større prosjekt der andre er planeigar. Prosjekta er primært nybygg, eller rehabilitering med nybygg knytt til.

Eigedom og utbygging nyttar mykje allereie utbygd areal (grå areal) til kommande prosjekt. Det viser tabell 4. Prosjekta inneberer rehabilitering, nybygg på same tomt, ombygging eller mindre tilbygg på eksisterande bygg.

*Tabell 4: Type av arealbruk for prosjekt hos Eigedom og utbygging med nybygg eller rehabiliteringar med påbygg, perioden 2026-2029.*

| Type arealbruk | Tall prosjekt |
|---|---:|
| Allereie utbygd areal (grå areal) | 8 |
| Byggeklar tomt | 9 |
| Uberørt areal/ natur | 1 |
| Uavklart tomt | 2 |

Ni prosjekt skal nytte byggeklare tomter, der arealet har blitt tilrettelagt før fylkeskommunen valte tomta. Det kan vere areala vert planert, grusa eller fylt ut av grunneigar for at det er lett å ta i bruk for utbyggar. Her er det ikkje klart kven som har ansvaret for naturkonsekvensane. Ifølgje BREEAM-NOR sin definisjon kan slike tomter ikkje gå under grå areal. For to av prosjekta planlagt i byggeklare tomter er det som del av større reguleringsplanar der andre aktørar er tiltakseigar og planansvar.

Eigedom og utbygging arbeider for nye rutinar for tomteval med vurdering av naturkonsekvensar. I 2025 vert det starta arbeid for nye rutinar for å inkludere naturkonsekvensar i val av tomter samt plassering av bygget på tomta. Vurderinga inkluderer blant anna CO2-utslepp ved naturinngrep, inngrep i natur- og vassmiljø samt fragmentering av naturområde.

## Vatn og marine ressursar

Skal vi sikre vidare verdiskaping i akvakulturnæringa er miljømessig berekraft avgjerande. Klimaendringar gir varmare sjøvatn og meir ekstremvær og krev tilpassing gjennom innovative løysingar og ny teknologi, saman med god sikkerheitsstyring og beredskap.

Norsk akvakultur må bli vridd i ein meir berekraftig retning. Reguleringar, økonomiske insentiv og arealplanlegging må bidra til å avgrense dei negative påverknadane frå akvakultur på miljøet, og dei negative effektane av klimaendringar på akvakultur.

Vestland fylkeskommune jobbar med ein «Styrka marin innsats» der vi har samla aktørar frå offentleg verksemd, næringsliv og kunnskapsmiljø, for å løyse desse og andre utfordringar innan akvakultur. Saman ønskjer vi å skape meir verdi samtidig som det gir mindre avtrykk på omgjevnadane våre.

Kunnskapsgrunnlaget er svært viktig for å treffe gode avgjerder. I 2025 har vi m.a. bidratt til at nye marine grunnkart vart utarbeida til fylkesatlas og fått utgreia ei rapport om berekraftig omstilling av sjømatproduksjonen i Nordhordland. Rapporten viser at det er mogleg å redusere lusesmitte og behovet for avlusing ved å bruke lukka merdar på strategisk valde lokalitetar. Vi har og sikra at område rundt Stadtlandet vart kartlagt. Dette viste eit rikt og variert mangfald, både på blautbotn og på hardbotn. 18 nye delområde av marint naturmangfald vart registrert. To område vart vurdert å vere av svært stor verdi, tre av stor verdi, tolv av middels verdi og to noko verdi.

### Miljøtilstanden i elvar, innsjøar og kystvatn i Vestland

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Planprogram for ein oppdatert vassforvaltningsplan (2028–2033) og eit dokumentet kalla Hovudutfordringar i Vestland vassregion var på høyring og vedteken i 2025.

Mange vassførekomstar har god tilstand, men fleire utfordringar gjer det vanskeleg å nå miljømåla. Målet for dei fleste vassførekomstane i gjeldande plan er å ha anten god eller svært god økologisk (og kjemisk) tilstand innan 2027.

Dei største utfordringane er overgjødsling, miljøgifter, påverknad frå oppdrettsnæringa, fysiske inngrep som vasskraftutbygging og påverknad frå sur nedbør. Manglande gjennomføring av tiltak fører til at fleire vassførekomstar ikkje når måla sine innan fristen for gjeldande plan (2027). Klimaendringar

forsterkar problema, og det er behov for betre samarbeid og fleire målretta tiltak for å sikre betre vassmiljø i framtida.

Vassførekomstane i Vestland vassregion er sterkt fysisk påverka samstundes som dei har samfunnsnyttige formål. Alt vatn i Vestland er delt inn i mindre einingar kalla vassførekomstar. Tabell 5 viser korleis dei fordeler seg på ulike kategoriar for overflatevatn og grunnvatn. Miljøtilstanden er vurdert for alle vassførekomstar og det er satt eit miljømål for dei. I følgje tabellen er 20 % av vassførekomstane er *sterkt modifiserte vassførekomstar.* Dette er stort sett vassførekomstar i regulerte vassdrag knytt til vasskraftanlegg. Miljømåla for desse er lågare enn standard miljømål.

*Tabell 5: Vassførekomstane i Vestland fordelt på kategoriar. SMVF er Sterkt Modifiserte Vassførekomstar, i praksis er dette regulerte vassdrag. I 2025 vart inndelinga av vassførekomstar i elv meir findelt. Kjelde: vann-nett.no (02.03.2026)*

| Type vassførekomst | Tall vassforventningar | Av desse: tall SMVF | Areal / Lengde |
|---|---:|---:|---|
| Kystvatn | 283 | 2 | 9 085 km2 |
| Grunnvatn | 334 | 0 | 351 km2 |
| Innsjøar | 1086 | 324 | 1 122 km2 |
| Elver og bakkefelt | 4 048 | 659 | 163 152 km |
| **Totalt** | **5 751** | **985** | |

For elva i Vestland har vi nådd miljømålet for vel 50 % av vassførekomstane i elv og 70 % av elva målt km. Det kan ein sjå av grøn og blå farge i figurane under. Miljømålet er å nå minst *god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand* i naturlege vassførekomstar (standard miljømål) og *godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand* i dei *sterkt modifiserte vassførekomstane*. Nokre av desse igjen har unntak frå å nå miljømålet *godt potensial* dvs. dei *har mindre strenge miljømål* t.d. tørrlagde elvestrekningar i regulerte vassdrag.

For innsjøar har vi nådd miljømåla for 65 % av tal vassførekomstar og vel 70 % for areal av innsjøane. Gul, oransje og raud farge betyr at tilstanden er dårlegare enn god tilstand/godt potensiale dvs. miljømåla er ikkje nådd. For desse vassførekomstane må tiltak gjennomførast for å nå miljømåla. Sektorstyresmakter er ansvarleg for å gjennomføre tiltak for å nå alle miljømål.

For kystvatn har vi nådd miljømåla for 50 % av tal vassførekomstar og 65 % når areal av kystvatnet vert lagt til grunn. Kystvatn er delt inn i store vassførekomstar, medan vassførekomstane i elv er svært findelt har mange tal vassførekomstar.







*Figur 4: Oversikt over økologisk tilstand og potensial målt i areal (innsjøar og kystvatn)/ lengde (elv) i prosent, areal (km2) og lengde (km) er oppgitt med tal for dei ulike fargane i figuren. (Kjelde: vann-nett.no 02.03.2026)*

## Vedlegg 1: Meir om dataa brukt i kapitlet

**Arealrekneskap for Vestland fylke**
I fjor viste arealrekneskapet ein planreserve på 238 174 daa. Endringane til i år kan skuldast endringar i arealressursekartet eller reguleringsplaner, og er ikkje naudsynt på grunn av planvask.

**Arealrekneskap for Vestland fylkeskommune**
Låge tal for planreserve for samferdsel kan forklarast på fleire måtar. Ein av grunnane er at i planreserverekninga for samferdsel er det lagt til grunn at inntil 5 meter av omkringliggande areal vert rekna som tilknytt veganlegget, til dømes grøfter, skulder og skjeringar. Desse areala er dermed antatt å vere sterkt forringa av tiltaket, sjølv om dei i AR5 framleis kan vere klassifiserte som naturareal. Ei anna årsak ligg i i at samferdselsplanar på KPA- og KDP-nivå er ofte synt som linjer og store soner. Ei utrekning av planreserve i desse sonene ville levert eit urealistisk høgt tal på potensielle arealinngrep. Tala som er inkludert i samferdsel, gjeld arelformålsflater (i all hovdsak i reguleringsplanar) tilknytt samferdselsformål. Ein siste årsak er at areal til samferdsel ofte er baka inn i andre planformål, til dømes bustadbygging og næring. For desse areala kunne ein ha rekna at 30% tilfaller samferdsel ved ferdigstilling.

**Naturkonsekvensar av fylkeskommunen sitt budsjett**
Tabell 3 viser oversikt over dekar natur og dyrka mark som vil bli påverka gjennom prosjekt vedtatt i investeringsbudsjettet til INV for høvesvis 2025-2029 og 2026-2030. Areala for utvalde og raudlista naturtypar er basert på kartet arter av nasjonal forvaltningsinteresse (punktobservasjonar) og naturtypar – verdsette (områdeobservasjonar) etter Miljødirektoratet sin instruks (sjå produktark).

Utvalde naturtypar (sjå produktark naturtyper - verdsatte) er enten trua i Noreg, viktig for ein eller fleire prioriterte artar, trua internasjonalt eller har ein vesentleg andel av si naturlege utbreiing i Noreg, t.d. kystlynghei og slåttemark.

Arealtala som ligg i skog, myr og dyrka mark er basert på arealrekneskap. Prosjekta i fjoråret sin økonomiplan er basert på Agder metoden (data SSB arealbruk, AR5 og AR50). Prosjekta i årets økonomiplan er basert på grunnkart for arealanalyse.

**Raudlista artar** blir òg påverka ved alle prosjekta. Men tal for observerte raudlista artar i områda varierer mykje om ein ser på observasjonar registrert i Artsdatabanken eller KU-vurderingar og ytre miljøplanar. Til dømes er det ingen raudlista artar registrert i Artsdatabanken for Atløysambandet. Men ved feltkartlegging gjennomført i samband med ytre miljøplanen er det registrert over 500 observasjonar av raudlista fugleartar[9] samt så mange førekomstar av ask (sterkt trua) at dei ikkje blei talt[10].

I tillegg varierer tall for observasjonar i Artsdatabanken mykje då det avheng av kor det er folk som registrerer artar. Grunna dei store tilfeldige variasjonane er det ikkje samanstilla ein oversikt over raudlisteartar for prosjekta.

Alle naturobservasjonar i analysen er basert på online kartdata. Analysen viser berre naturtypar og artar som har blitt kartført digitalt – dette er ofte ein liten representasjon av naturen som faktisk er til stades.

**Referensar**

---

[1] Europa fra grønt til grått: Nordmenn bygger ned mest natur, viser europeisk kartlegging lasta ned 02.03.26

[2] SSB (2023), Statsforvalteren i Vestland (2025).

[3] Artsdatabanken (2021, 24. november). Norsk rødliste for arter 2021. Lasta ned 11.02.2026

[4] Naturindeks.no/ lasta ned 03.02.2026

[5] Ettermiljødirektoratet sin rettleiar M1941 (forenkla berekingsmetode). Anna metode end i fjor, og tala kan ikkje bli samanlikna med fjoråret sine.

[6] Utslipp og opptak fra skog og arealbruk: For kommune - miljodirektoratet.no lasta ned 02.03.26

[7] Klimatiltak i Norge 2026: Veivalg og utslippsbaner mot 2050 - miljodirektoratet.no

[8] basert på Nasjonalt grunnkart for arealanalyse (NIBIO, SSB, Kartverket og Miljødirektoratet).

[9] Fagrapport på fugl - Atløysambandet Ytre Miljøplan, Rambøll (2025)

[10] Fagrapport om terrestriske naturverdier - Atløysambandet Ytre Miljøplan, Rambøll (2025)